



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 28.11.2017
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Kantina er stengt grunna sjukdom – ikkje matsservering.

Fosnavåg, 22.11.2017

Camilla Storøy
fung.ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 203/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 204/17	Protokoll frå førre møte
PS 205/17	Delegerte saker
PS 206/17	Søknad om startlån
PS 207/17	Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 - tredje handsaming
PS 208/17	Vurdering av interkommunalt samarbeid med Vanylven og Sande om barnevern
PS 209/17	Slutthandsaming: Fosnavåg hamn, indre hamn, gnr. 34, bnr. 379 m. fl.
PS 210/17	Omregulering frå parkering til park/leik. Høyring/offentleg ettersyn.
PS 211/17	Rapport vedkomande resultat og evaluering av 10-FAKTOR 2017 i Herøy kommune Delegerte saker frå avdelingane
DS 30/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 31/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 32/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 33/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 34/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 35/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 36/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 37/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 38/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 39/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 40/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn
DS 41/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 42/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 43/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 44/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 45/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 46/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 47/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 48/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017

DS 49/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 50/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 51/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 52/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 53/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 54/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 55/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 56/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 57/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 58/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 59/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 60/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 61/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 62/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 63/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 64/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 65/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 66/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn
DS 67/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 68/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 69/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 70/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017
DS 71/17	Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017

PS 203/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 204/17 Protokoll frå førre møte

PS 205/17 Delegerte saker



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2017/715
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
207/17	Formannskapet	28.11.2017
	Kommunestyret	14.12.2017

BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021 - TREDJE HANDSAMING

Tilråding:

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2017 (runda av til næraste kr 5.000,-).

	2017	2018
POLITISK LEIING	4.050	4.080
ADMINISTRATIV LEIING	3.380	1.795
STAB	44.240	46.010
Servicetorg	2.960	3.185
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	2.180	3.930
Økonomiavdeling	5.650	5.700
Personal- og org.avdeling	7.810	7.425
IKT	6.760	6.610
Eigedom	18.880	19.160
OPPVEKST	180.230	182.550
Barnehageavdeling	67.140	67.920
Grunnskuleavdeling	113.090	114.630
HELSE OG OMSORG	198.885	205.365
Administrasjon helse og omsorg		1.310
Barn, familie, helse (ink NAV og flykting)	48.600	47.455
Pleie- og omsorgsavd	109.315	108.320
Bu- og habiliteringsavd	40.970	39.700

Tenestekoordinering		8.580
SAMFUNNSUTVIKLING	30.550	32.980
Kulturavdelinga	8.620	8.315
Utviklingsavdelinga	21.930	7.655
Brannvernsavdelinga		8.800
Anleggs- og driftsavdelinga		8.210
OVERFØRINGSKAPITTELET	13.260	12.580
ØHJELP, MOTTA	(1.180)	

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattøre for år 2018.
3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
 - a. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2018.
Kr 2.910,- for heil plass + matpengar kr 350,-.
 - b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarende kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
 - c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
 - d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
 - Timepris: kr 370,- (kr 360,- i 2017)
 - 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2017)
 - 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2017)
 - 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2017)
 - Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2017)
 - e) Leige tryggleiksalarmar kr 330,- per måned (kr 320,- i 2017).
 - f) Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
 - g) Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
 - h) Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 90,- i 2017)
 - i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)
 - j) Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn (kr 3.600,- per mnd i 2017)
 - k) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.050,- (kr 1.940,- per døgn i 2017). Prisen må bereknast eksagt når budsjettet til PO er vedteke – når tilrådinga til kommunestyret er kjent).
 - l) Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.500,- (kr 3.400,-) gjeldande frå 01.08.2018. Andre prisar aukar med 3% frå 01.08.2018
 - m) Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.625,- (kr 2.500,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.160,- per mnd (2.055,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.530,- (kr 1.455,-).Ferie SFO aukar med 5% Alt gjeldande frå 01.08.2018.
 - n) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2018 gjennom egne vedtak i kommunestyret.

- o) Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling vert uendra frå 2017 til 2018
- p) *Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nevnt over aukar med 3,0%*

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

- 5. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2017, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unyttta ramme til 2018.
- 6. Budsjettet for 2018 fører til slike nye faste stillingsheimlar:
 - a) 950% nye stillingar i Pleie- og omsorgsavdelinga
- 7. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
- 8. Kommunestyret ber om at det vert gjort ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kan redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Dette er tiltak som skal kome i tillegg til rammereduksjonane for sektorane.
- 9. Kommunestyret ber om at det innan 31.03.2018 vert lagt fram ei sak om sal av kommunale bustader og andre kommunale eigedomar.

Inntekter frå sal av kommunale bustadar skal avsettast på investeringsfond for reinvestering i nye bustadprosjekt kommunen er byggherre for eller deltakar i på anna vis.
- 10. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
- 11. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggest fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).
- 12. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
- 13. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 99,08 mill for 2018. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet (lånesummen kan bli justert ned til innstillingsmøtet i formannskapet).
- 14. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.
- 15. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2018. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
- 16. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.

17. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2018 og økonomiplanen for perioden 2018-2021 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Særutskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Vest Kontroll AS
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Avdelingane, her
- Kyrkjeleg Fellesråd

Vedlegg:

- **Budsjettkommentarar frå avdelingane**
- **Uttale frå Eldrerådet**
- **Uttale frå Komite for oppvekst**

Etter møtet i formannskapet 21.11.2017

I høve til sist møte i formannskapet har ein avdekkja ein feil i lønsbudsjetteringa innan avdeling for Tenestekoordinering under sektor for Helse og omsorg. Her var lønskostnadar tilsvarande 1,5 årsverk tatt med 2 gongar. Dette utgjer kr 965.000,- og rådmannen reduserer bruk av disposisjonsfond tilsvarande.

Vi har også gjort ei endring i bevillinga til Utviklingsavdelinga i sektor for Samfunnsutvikling. Her er netto budsjettet auka med kr 1.270.000,- som er Herøy kommune sin netto kostnad med å drifte landsbrukskontoret. Overføringskapittelet er redusert med tilsvarande sum.

Under punkt 9 i tilrådinga har det etter formannskapet sitt ynskje blitt gjort ei slik tilføyning i første avsnitt: og andre kommunale eigedomar.

Saksopplysningar:

1.0 Innleiing

Herøy er – og skal framleis vere – ein god kommune å leve, jobbe, besøkje og drive næringsliv i. Inntrykket er at innbyggjarane stort sett er godt nøgde med tenestetilbodet. Det har vi undersøkt nærare i 2017. Sjølv om kommunen fekk eit godt økonomisk resultat i 2016, er kommuneøkonomien sårbar. Vi har fleire utfordringar vi må løyse i åra som kjem.

2.1 Slik står det til i kommunen

Stor optimisme har prega næringslivet i kommunen ei stund og det har vore god aktivitet i mange næringar. Det har vore god skatteinngang og positiv folketalsutvikling. Dei siste par åra har situasjonen, særleg i offshore-næringa, endra seg dramatisk.

- Over 7000 mista jobben i norske reiarlag i 2016, og det vil bli fleire oppseiingar i 2017.
- Av om lag 550 offshore service-skip ligg no 170 av desse i opplag. Dette tilsvarar meir enn kvart fjerde offshoreskip.
- Det einaste segmentet som forventar vekst i omsetjing i 2017 er deep sea-reiarlaga.

Utviklinga i offshore/supply

	1990	2010	2015	2016
Tal på fartøy	12	95	122	100
Tal på tilsette	3-400	2600	3400	2800

Fangstutviklinga for Herøy-flåten

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Ringnot	528	575	495	644	775	588	511	551	645	772
Reke/torsk	330	356	372	408	477	375	359	451	514	321
Pelag. trål	120	113	114	159	126	82	77	80	131	134
Autoline	69	68	61	36	42	40	27	46	52	81
Sjark	39	41	34	34	41	41	36	40	42	62
Sum	1086	1153	1076	1281	1461	1126	1010	1168	1384	1370

Kommune-NM

NHO lagar årleg eit kommune-NM der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Kunnskapsbasen gir indikasjonar på utviklinga for den enkelte kommune, men også den relative utviklinga i samanlikning med dei andre kommunane.

Kommune	TOTAL		Næringsliv		Arbeids- Marknad		Demografi		Kompe- tanse		Kommune- økonomi	
	2010	2016	2010	2016	2010	2016	2010	2016	2010	2016	2010	2016
Herøy	112	135	16	20	242	315	172	189	205	222	128	129

Tabellen viser at Herøy ligg ganske bra an i forhold til andre kommunar når det gjeld attraktivitet og vekstkraft. Kommunen har likevel hatt ein tilbakegang totalt sett frå 2010 til 2016.

<https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/kommunenm/>

Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar

Kommunen har gjennomført fleire partnerskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebyggjer m.m.

Folketalsutviklinga

Utvikling av folketalet pr. 01.01:

År	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Folketal	8957	8972	8934	8847	8847	8727	8533	8383

Herøy kommune har ein uttalt ambisjon om å auke folketalet (10.000 innbyggjarar innan 2020).

Folkehelse

Folkehelseinstituttet har utarbeidd folkehelseprofilar for kommunane.

Profilane er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden, og faktorar som påverkar denne:

- Det er færre barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt enn landsnivået.
- Ungdomskuleelevane som oppgir å vere nøgde med lokalmiljøet, er likt med landsnivået.
- Antibiotikabruken i Herøy er høgare enn landsnivået.

<http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1515&sp=2&PDFaar=2017>

2.2 Kommunal økonomi

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	-5,1 %	-6,2 %	0,6 %	6,1 %
Ulstein	8,5 %	1,8 %	2,8 %	1,6 %
Hareid	2,0 %	1,8 %	2,6 %	4,1 %
Volda	0,4 %	1,9 %	3,1 %	2,7 %
Skaun	6,5 %	5,1 %	8,6 %	6,8 %
Kostragruppe 08	2,7 %	0,9 %	2,6 %	4,0 %

Netto driftsresultat i kommunekonsernet utgjorde 6 % av driftsinntektene i Herøy i 2016. Det er over bransjenorma på 2 %. Det er samstundes 2 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 og nest høgast blant samanlikningskommunane. 2016 er det beste året kommunane har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat. Netto driftsresultat er ikkje korrigert for RDA-midlar.

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond

	Lånegjeld	Disp fond
2017	841.200.000	40.357.000
2016	840.261.000	17.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	2,1 %	1,8 %	1,3 %	2,5 %
Ulstein	2,2 %	4,7 %	3,7 %	4,3 %
Hareid	0,0 %	0,0 %	0,4 %	1,0 %
Volda	0,7 %	2,3 %	4,9 %	7,9 %
Skaun	15,4 %	17,1 %	20,1 %	27,3 %
Kostragruppe 08	5,2 %	5,5 %	5,8 %	7,7 %

Disposisjonsfondet er kommunen sine reserver for å dekke uføresette utgifter og sviktande inntekter. Det bør utgjere 5-10 % av driftsinntektene.

Herøy har eit disposisjonsfond i 2017 på ca 6 %..

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	81,6 %	94,4 %	99,2 %	105,7 %
Ulstein	160,4 %	187,8 %	192,2 %	195,1 %
Hareid	90,8 %	88,1 %	86,6 %	81,1 %
Volda	98,1 %	89,9 %	93,0 %	99,7 %
Skaun	54,0 %	66,5 %	95,1 %	97,3 %

	2013	2014	2015	2016
Kostragruppe 08	81,6 %	86,5 %	89,6 %	92,4 %

Netto lånegjeld bør heldast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 % av årlege driftsinntekter.

Herøy har mykje lånegjeld. Netto lånegjeld i kommunen er 106 prosent av driftsinntektene i 2016. Det er 13 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og nest høgast av samanlikningskommunane. Lånegjelda (gjeldsgraden) har auka kraftig dei siste fire åra.

3. Framtidsutsikter

3.1 Vurdering av framtidsutsikter

Vi har utfordringar framfor oss, men gode føresetnader for å lukkast. Kompetansen, motivasjonen og omstillingsevna som finst i Herøy, vil vere avgjerande.

Samfunn

Som samfunnsaktør har Herøy kommune ei viktig rolle. I Herøy samarbeider politikk, administrasjon, kultur og næringsliv godt gjennom mange uformelle arenaer for felles nytte.

Kommunen kan vere ein pådrivar for å motverke effektane ein lågare aktivitet i næringslivet skaper. Kommunen sin økonomiske status vil sette grenser for tiltak for å stimulere næringsaktivitet. I så måte hastar det å forbetre økonomien vår.

Framskrivning av folketalet

SSB presenterte 2016 nye befolkningsframskrivningar. Framskrivningane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivninga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst.

	Eldre + 80	Born 0-5	Born 6-15
2016	461	605	1153
2020	473	599	1156
2021	470	598	1138
2022	488	604	1125
2023	496	606	1126
2024	512	610	1104
2025	533	608	1100
2030	665	597	1098
2035	791	581	1102
2040	893	576	1087

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskrivning av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

Sterke og svake sider – moglegheiter og trugslar

Gjennomgang av status og utfordringar kan oppsummerast i oppstillinga nedanfor:

Sterke sider notid	Moglegheiter framtid
<ul style="list-style-type: none">- Fosnavåg – potensial for å verte ein attraktiv småby og reisemål.- Tydlege og omforeinte mål og satsingsområde for samfunnsutviklinga.- Sterkt næringsliv.- Samarbeid kommune, næringsliv, frivillige organisasjonar.	<ul style="list-style-type: none">- Omstilling og effektivisering.- Inntekspotensial.- Fosnavåg – potensial for å verte ein attraktiv småby og reisemål.- Vidare satsing på infrastruktur.- Vidare satsing på kompetanse og næringsutvikling.

Svake sider notid	Trugslar framtid
<ul style="list-style-type: none"> - For høgt kommunalt tenestnivå. - Ujamm tenestekvalitet, for svak brukarorientering. - Dårlig standard på den kommunale bygningsmassen. - Einsidig næringsliv. 	<ul style="list-style-type: none"> - Manglande evne til å prioritere vidare satsing på nærings- og samfunnsutvikling. - Manglande evne og vilje til å ta grep som gir varige reduksjonar i driftsnivået/auke inntektene. - Om næringslivet ikkje klar å omstille seg

Medverknad

Det er mange i Herøy som ynskjer å bidra til lokalsamfunnet, og kommunen må vere ein koordinerande, konstruktiv og positiv samarbeidspart. Medverknad frå innbyggjarane er vitalt for å lukkast som kommune i framtida. Her har Herøy gode føresetnader.

Medarbeidarar

Motivasjon og kompetanse er viktig for alle kunnskapsbedrifter. Herøy kommune tar dette på alvor og har gjennomført mange kompetanseprogram innanfor fagområda. I tillegg har vi prioritert å fokusere på leiging som eit eige fag.

Læring og fornying

Medan læring dei siste åra i hovudsak har føregått på individnivå, vil vi i framtida sjå meir på den organisatoriske læringa. Omorganisering skal vere på plass i løpet av 2017. Vi skal evaluere endringane opp mot tidlegare praksis over dei neste åra. Målet er å få full gevinstrealisering av desse endringane.

Økonomi

Resultatmessig er kommunen i balanse, men vi treng mindreforbruk over tid for å skaffe oss det handlingsromet vi treng for å møte nye utfordringar og ta ein meir aktiv del i samfunnsutviklinga.

4. Fokusområde samfunnsutvikling

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga:

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking.
Status 2017	8 957 innbyggjarar.	Innbyggjarundersøkinga 2017.	Innbyggjarundersøkinga 2017.
Ambisjon 2021	10 000 innbyggjarar	Betre enn landssnittet.	Betre enn landssnittet.
Resultatmål 2018	9 000 innbyggjarar	Betre enn landssnittet.	Betre enn landssnittet.

4.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel.

Visjonen

Herøy – ei båtlengd føre

Kommunen skal gjere medvitne val om kvar vi skal vere i forkant, og kvar andre kan drage utviklinga vidare.

Kommunen skal vere nyskapande og attraktiv med lokal identitet og regional slagkraft. Vi skal vidareutvikle kommunen innafor havbasert verdiskaping.

Misjonen (oppdraget)

Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Kommunen skal vere ein attraktiv kommune å busetje seg i gjennom:

- eit attraktivt og definert sentrum, attraktive bygder og bustadområde
- ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad
- eit framifrå kultur- og idrettsmiljø.

Innbyggjarane skal oppleve gode tenester av høg kvalitet. Kommunen skal vektleggje og gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggjarane. Ny teknologi og andre og smartare måtar å arbeide på, skal takast i bruk innafor dei ulike tenesteområda.

Reiselivet i kommunen har stort potensial som kan gi positive ringverknader i ei samordna satsing.

Styringsprinsipp

I samfunnsdelen av kommuneplanen er det formulert fylgjande styringsprinsipp:

- samhandling
- kommunikasjon
- medverknad
- nytenking

Kommunen skal vise evne til **samhandling** mellom ulike nivå, eksternt og internt.

Kommunen skal vere tydeleg i **kommunikasjonen** sin, eksternt og internt.

Kommunen skal gjennom **medverknad** vere open for dialog med ulike aktørar for å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutviklinga på lang sikt.

Kommunen skal ha mot til å **tenkje nytt** slik at vi kan finne løysingar som betre samsvarar med innbyggjarane sine behov. Det kan handle om nye funksjonar, problemløysing, service og utvikling.

Satsingsområde

I samfunnsdelen i **Kommuneplan for Herøy 2013-2025** er det peika ut fem satsingsområde:

Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling

Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde. For at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengige av eit sentrum som utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurde. Sentrumsutvikling og samfunnsutvikling er såleis to sider av same sak.

Infrastruktur

Med infrastruktur meiner vi strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere. Døme: vegsystemet til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele-/fibernet.

Kompetanse og næringsutvikling

Herøy kommune har prosentvis færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning enn fylket og landet. Nye arbeidsplassar vert stadig meir kompetanseintensive.

Rekruttering, busetjing og inkludering

Herøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling siste åra og det er mykje på grunn av utanlandsk innvandring. Sentrums- og samfunnsutviklinga er avhengig av folketalsvekst.

Barn, unge og identitetsbygging

Barn og unge som satsingsområde, tek utgangspunkt i at trivsel i oppveksten aukar sjansen for tilbakeflytting seinare.

I kommuneplanen er det utarbeidd målsetjingar og strategiar for kvart satsingsområde. Det er også utarbeidd ein **handlingsdel** til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske verktøyet for å sikre at kommunen arbeider mot målsetjingane som er sett i samfunnsdelen. Handlingsdelen skal konkretisere tiltak knytt til visjonen og målsetjingane i planen.

 Ferdig  Igangsett

Satsingsområde og tiltak		Tiltak som vil ha føringar for arealdelen	Status
Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling			
1	Arkitektkonkurransse og reguleringsplan for <i>Byutviklingsprosjektet</i> skal realiserast i planperioden	X	
2	Kommunen skal leggje til rette for etablering av nytt omsorgssenter	X	
3	Det skal leggjast til rette for kjøpesenter i sentrum	X	

4	Kommunen skal halde på nisjebutikkane i sentrum		
5	Kommunen vil sikre at grunnplanet på bygningar i Fosnavåg i størst mogleg grad er øyremerkt detaljhandel		
6	Det skal leggjast til rette for næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg		
7	Det skal etablerast områder for fritidsbustadar med tilknytning til sentrum og sjøen	X	
8	Felles kantine for arbeidsplassane i Fosnavåg. Samle offentlege og private tilsette i eit «allbrukshus» i Fosnavåg		
9	Etablere sosiale møtestadar i sentrum med sitjeplassar og leikeområde		
10	Gjere delar av sentrum bilfritt		
11	Det skal leggjast til rette for bustadbygging i alle bygdelag	X	
12	Etablere eit eldresenter i sentrum		
13	Byggje ungdomsbustadar i sentrum	X	
14	Kommunen skal opparbeide seg tilstrekkeleg kommunal bustadmasse for å dekkje egne behov		
15	Det skal leggjast til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg	X	
16	Utvikle grøntområder i sentrum og aktivisere Parken		
17	Utvikle kai og strandområdet på Leikong	X	
18	Vidareutvikle Heid tursti og området rundt	X	
19	Opparbeide trapp frå Ura til Heid	X	
20	Vidareutvikle og betre turstien rundt Djupvikvatnet	X	
21	Promotere tilbodet om bygdevandring med lokalhistorikar i tilknytning til dei årlege festivalane		
Infrastruktur			
1	Etablere hurtigbåtanløp: Fosnavåg by – Ålesund	X	
2	Vurdere å etablere djupvasskai i Fosnavåg	X	
3	Skape ei meir framtidretta løysing for kryssing av Vaulane mellom Bergsøya – Nerlandsøya og Leinøya – Remøya	X	
4	Busetjing skal etablerast i størst mogleg grad i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen	X	
5	Kommunen skal ha eit tettare samarbeid med nabokommunane om infrastrukturutvikling		
6	Arbeide for ei realisering av Hafast		
7	Etablere gangsti rundt Myklebustvatnet	X	
8	Vurdere innføring av hamneavgift		
9	Realisere eit samband mellom Vågsholmen og sentrum		
10	Mudring og miljøopprydding av Fosnavåg hamn		
11	Starte opp arbeid med opprusting av Dragsundbrua saman med Ulstein kommune	X	
12	Starte opp arbeid med ny veg frå Koppen, langs sørsida av Skinneset og bru over Frøystadvågen til Mjølstadneset	X	
13	Realisering av innfartsveg til Fosnavåg		
14	Det skal vere god standard på dei kommunale vegane gjennom forsvarleg vedlikehald		
15	Herøy kommune skal arbeide for ein ferjefri kyststamveg		
16	Herøy kommune skal leggje til rette for at bygdelag kan etablere gangstiar og helseløyper for å fremje folkehelsa	X	
17	Vurdere organisatorisk overtaking av vassverka		

18	Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn		
19	Organisere reinhald i sentrum		
20	Planleggje og byggje ut ei samanhengande hamnepromenade frå indre til ytre del av Vågen		
21	Etablere ei ordning med bybuss og buss mellom bygdene og sentrum for barn, ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
22	Betre tilkomsten til Fosnavåg, fjerne «flaskehalsar»		
23	Tilrettelegging for å nytte masseuttak og deponi på ein forsvarleg måte	X	
24	Kommunen vil arbeide for å gjere sentrum meir tilgjengeleg for menneske med nedsett funksjonsevne		
25	Etablere nye parkeringsplassar i sentrum		
26	Etablere gangsamband mellom Fosnavåg sentrum og kulturhusområdet		
27	Bygge saman midtre og vestre kai på Mjølstadneset		
Kompetanse og næringsutvikling			
1	Herøy kommune skal bygge sterke fagmiljø i organisasjonen		
2	Skape kopling mellom næringslivet i Herøy og kompetansemiljøa i Volda og Ålesund		
3	Synleggjere og satse på høgt utdanna kvinner		
4	Vidareutvikle næringsbygg for utleige		
5	Etablere felles næringshage/inkubator for unge gründerar		
6	Mobilisere og bygge opp under eldsjeler		
7	Sterkare satsing på «ungt entreprenørskap» i skulen		
8	Satse på miljøvenleg turismeretta næring	X	
9	Utvikle strategisk handlingsplan for å knyte forretning mot dei kreative og kunstneriske kreftene i kommunen		
10	Styrke den internasjonale orienteringa innan den vidaregåande skulen		
11	Halde på og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule som dekkjer den lokale og regionale arbeidsmarknaden sine behov		
12	Styrkje spisskompetansen innan næringsutvikling i kommunen og etablere stilling som «nærings sjef»		
13	Legge til rette for gode næringsareal	X	
14	Verne om og vidareutvikle havbruksnæringa	X	
15	Etablere eit inkubasjonsmiljø for å trekke til seg høgt utdanna arbeidskraft		
16	Ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorg		
17	God drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse		
18	Kulturhuset skal renoverast i planperioden		
19	Kulturhuset skal utviklast til eit «kompetansesenter» for kreative krefter		
20	Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv som er attraktivt for jenter		
21	Herøy VGS skal vere ein attraktiv arbeidsplass med tilsette med høgteknologisk kompetanse innan helse og maritim sektor		
22	Vere med i eit felles prosjekt for Søre Sunnmøre om felles arbeidsmarknadstrategi og utarbeide informasjonsbrosjyre til studentar ved vidaregåande og høgskule		

23	Ta i bruk området sør for Fv. 654 i Myrvåg til massedeponi/næringsføremål		
Rekruttering, busetting og inkludering			
1	Herøy kommune skal vere aktivt ute og nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå dei rette målgruppene og promotere kommunen som ein attraktiv bu- og arbeidsstad		
2	Nytte den kompetansen som arbeidsinnvandrarak har med seg frå heimlandet		
3	Rekruttere høgt utdanna arbeidskraft frå utlandet og Noreg til kommunen		
4	Det skal vere god kvalitet på norskopplæringa til innvandarane		
5	Fremje arbeid, bustad og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg		
6	Langsiktig satsing på ungdomen som framtidig arbeidskraft og kompetanse		
7	Etablere ein vennskapsby i til dømes Litauen, Latvia, Estland eller Polen		
8	Tilflyttarak skal kunne busette seg både i Fosnavåg og på bygdene	X	
9	Der skal vere attraktive tomter i alle bygdelag	X	
10	Bustadmarknaden i Myrvåg skal vidareutviklast	X	
11	Bulystprosjektet skal auke kunnskapen knytt til andre kulturar og forholdet til innvandring		
12	Talet på arbeidsinnvandrarak som vel å busette seg i kommunen skal aukast		
13	Drive opplysningsarbeid og spreie informasjon om høve for stipend og andre ordningar		
14	Styrke samarbeidet mellom næringslivet og vidaregåande skule om td. simulatoropplæring		
15	Få tilbake utdanningsprogramet teknisk teikning ved Herøy VGS		
16	Utvexle vidaregåande elevar med utlandet og ta i mot utvexlingslevar frå andre land		
17	Meir aktiv oppfølging av herøyværingar som reiser ut for å ta utdanning		
Barn, unge og identitetsbygging			
1	Barnehage og skule skal inkludere alle barn og unge på ein god måte med tilrettelagt informasjonsmatriell		
2	Kommunen skal ha god dekning av helsetenester for alle barn og unge		
3	Kommunen skal intervernere tidleg der barn og unge har problem		
4	Rekruttere personar med førskulelærarutdanning i alle pedagogiske stillingar i barnehagane		
5	Kommunen vil arbeide for å få fleire profesjonar innan barnehage og skule		
6	Auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette i barnehagane		
7	Utarbeide tiltak for å imøtekome krava til fysisk utforming av barnehagar og skulebygg		
8	Styrke spesialiseringa for vern av barn		
9	Auke og vidareutvikle kompetansen til lærarak og		

	førskulelærarar		
10	Tydeleggjere samanhengane mellom barn sin oppvekst, skule, vidaregåande og inngangen til arbeidslivet		
11	Ta i bruk ny teknologi i barnehage og skule		
12	Herøy kommune vil leggje til rette for at barn og unge får informasjon om Herøy si fortid og notid og etablere ein indentitetskjenne til kommunen		
13	Etablere ordning med ungdomsbuss på kvelds-/ nattestid		
14	Innføre kinesisk som valfag i skulen		
15	Styrke yrkesrettleiinga i skulen mot lokale bedrifter		
16	Ny skule i området ved Blåhaugen		
17	Rekruttere fleire mannlege rollemodellar i barnehage og skule		
18	Planlegge ny idrettshall ved Einedalen skule		
19	Etablere moderne badeplassar		

4.2 Innbyggjarundersøkinga 2017:

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om **møte med kommunen** (3,7) og **tillit** (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultatane samsvarar også med resultatane for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Når det gjeld frie kommentarar, vert hotell, konserthus, kino, badeland og turstiar trekte fram av mange som område der kommunen har lukkast. Når det gjeld område kommunen ikkje har lukkast, er Skarabakken, Fosnavåg hamn, pumpehuset på Almenningen, bruene, NAV og vedlikehald av vegar gjengangarar.

4.3 Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla. Vi har størst avvik på fylgjande spørsmål:

- Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4).
- Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5).
- I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med **respekt** (-0,7).

<http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/bk/lokaldemokrati/>

5. Fokusområde Organisasjon

Kommunen har gjennomført ei evaluering etter Kommunekompasset og Kommunebarometeret. I tillegg er det gjennomført endringar i den administrative organiseringa i kommunen.

Kommunen gjennomførte Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompasser i sidan 2010. Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast med økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi. Til dømes: digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommunekompasset.	Oppfølging arbeidsgjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommunekompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2021	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2018	400 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.

5.1 Medarbeidarar

Personalpolitikk og opplæring

Sjukefråverstala og resultat frå medarbeidarundersøkingar, arbeidsplass- og arbeidshelseundersøkingar vert nytta som indikatorar på trivsel og motivasjon.


Det vart i 2016 bestemt at ein skal gjennomføre medarbeidarundersøkinga 10-Faktor i første halvår av 2017.

5.2 Organisasjonsutvikling

Herøy kommune vart evaluert etter Kommunekompasset i 2016. Resultata er jamt over middels gode. Det kan vere at kommunen har ein vesentleg gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

KS-K rår til at kommunen systematiserer styringsinformasjonen som allereie finst, med fokus på resultat og indikatorstyring. I tillegg bør ein hente inn og systematisere **brukarperspektivet, innbyggjarperspektivet og medarbeidarperspektivet** i langt større grad. Konsulenten rår til at denne styringsinformasjonen vert sett inn i ei årshjultenking for oppfølging, dialog, evaluering og utvikling basert på brukar-, medarbeidar- og innbyggjarundersøkingar kombinert med objektiv informasjon om kvalitet og økonomi. Dette for at kommunen får utvikle seg i eit heilskapleg styrings- og utviklingsperspektiv. På denne måten kan ein få lagt eit godt grunnlag for både å utvikle dialogen og samspelet med innbyggjarane, men også ein god prosess saman med politikarane med planarbeid og tilbakerapportering på korleis kommunen jobbar, kva ein prioriterer og kva som vert levert av resultat. Dermed ser ein ikkje berre på mengda, men også kvaliteten på dei tenestene som vert leverte.

I tillegg bør ein sette systematisk fokus på kommunen sitt arbeid med demokrati, deltaking og serviceperspektivet, då skåren på desse områda er vesentleg under landsgjennomsnittet.



Alle områda vil vere viktig for utviklingsarbeidet i Herøy kommune, men i perioden denne utviklingsstrategien fokuserer på (2017-2019), så ynskjer vi å ha særleg fokus på områda vedtekne i K-sak 142/16 :

- Område 1 Offentlegheit og demokrati
- Område 2 Tilgjengeleg, innbyggjar- og brukarorientering
- Område 4 Leiarskap, ansvar og delegasjon
- Område 5 Resultatfokus og effektivitet

Medarbeidarundersøkinga (10-Faktor) 2017:

Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. I forhold til landssnittet kjem kommunen best ut når det gjeld oppgåvemotivasjon og fleksibilitetsvilje. Med oppgåvemotivasjon meiner ein motivasjon for oppgåva i seg sjølv, dvs om oppgåvene vert opplevde som ei drivkraft og som spanande og stimulerande. Med

fleksibilitetsvilje meiner ein medarbeidaren si vilje til å vere fleksibel på jobb og tilpasse måten sin å jobbe på til nye behov og krav.

I forhold til landssnittet kjem kommunen dårlegast ut i forhold til relevant kompetanseutvikling. Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rusta til å utføre oppgåvene sine med høg kvalitet, og er avgjerande for kvaliteten på dei tenestene som vert leverte, uansett kva type teneste vi snakkar om.

Herøy kommune til liks med landssnittet scorar total sett lavast på faktoren relevant kompetanseutvikling og høgast på faktoren nytteorientert motivasjon. Nytteorientert motivasjon er motivasjon for å gjere noko nyttig og verdifullt for andre, også kalla prososial motivasjon. Det er ei viktig drivkraft for mange og har ei rekkje godt dokumenterte, positive effektar.

6 Fokusområde Økonomi

Enkelte i kommunen har teke i bruk ein slik økonomisk HANDLINGSREGEL:

- Netto dr. res. 1,75 % av skatt + rammetilskott. (om lag 11,7 mill.)
- Driftsfond 5 % av skatt + rammetilskot. (om lag 25 mill.)
- 20 % eigenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i høve til inntektene.
- Lånegjelda er høg.
- Disposisjonsfondet er for lite.

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av skatt + rammetilskott innan 2020.	Disposisjonsfondet skal vere på minimum 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2016	3,70 % eks RDA	17.492.000
Ambisjon 2021	1,75 %	30.000.000
Resultatmål 2018	1,00 %	30.000.000

6.1 Nøkkeltal

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond:

	Lånegjeld	Disp fond
2017	841.200.000	40.357.000
2016	840.261.000	17.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000


Netto driftsutgifter

	Herøy (M. og R.)	Ulstein	Hareid	Volda	Skaun	Kostragr 08
Pleie og omsorg	15 159	13 581	14 600	17 479	13 750	15 510
Grunnskole	12 733	13 218	13 547	13 198	13 307	12 937
Barnehage	7 858	8 465	8 471	8 113	8 140	8 022
Adm, styring og fellesutgifter	4 648	4 298	5 760	4 700	4 533	3 957
Sosiale tjenester	3 402	2 171	1 449	1 874	2 429	2 759
Kommunehelse	2 529	2 444	1 894	2 236	2 180	2 387
Barnevern	1 721	2 461	1 653	2 036	1 186	2 070
Kultur og idrett	2 267	1 706	1 242	1 101	1 677	1 867
Plan, kulturminner, natur og	703	589	806	765	869	585

nærmiljø						
Andre områder	4 043	3 017	1 984	2 662	2 302	2 230
Brann og ulykkesvern	1 148	729	897	1 009	414	712
Kommunale boliger	478	-264	-583	-354	-15	-3
Samferdsel	1 511	1 710	945	1 379	1 166	845
Næringsforv. og konsesjonskraft	116	223	58	-155	229	101
Kirke	790	619	667	783	508	575
Totalt	54 063	51 950	51 406	54 164	50 373	52 324


Netto driftsutgifter i Herøy i 2016 var 54.063 kroner per innbyggjar. I denne analysen held vi utanfor funksjonane 170-173 felles pensjonspostar, 275 intro.ordninga og 240-257 VAR-sektoren. Utgiftene er korrigerert for elevar i private skular og eventuelt vertskommunetilskot for PU-institusjoner. Korrigerert for utgiftsbehov var utgiftene 54.063 kroner. Det er omlag 1.700 kroner meir enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 og nest høgast blant samanlikningskommunane.

Utgiftsbehov



Kommunale rekneskap må korrigerast for ulikskap i utgiftsbehov før samanlikning. I denne tabellen utarbeidd av Framsikt analyse brukar ein behovsberekninga i statsbudsjettet (utgiftsutjamninga). Utgiftsbehovet gjeld ulikskapar i demografi, geografi og sosiale forhold. KMD har berekna Herøy sitt behov til 102 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar. Det er fire prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8. Herøy har fire tenester med behov over 100% (landsgjennomsnittet). Det er grunnskule, PLO, helse og

administrasjon (sjå figuren over). Ein meiner at behovet er nokonlunde likt i alle kommunar når det gjeld tekniske tenester og kultur/kyrkje.




	Ulstein	Hareid	Volda	Skaun	Kostragr 08
Pleie og omsorg	14,9	5,3	-21,9	13,3	-3,3
Grunnskole	-6,3	-8,0	-4,8	-7,1	-1,2
Barnehage	-4,9	-4,9	-2,1	-2,3	-1,3
Adm, styring og fellesutgifter	3,1	-9,9	-0,5	1,0	6,1
Sosiale tjenester	7,6	12,1	9,5	6,0	4,0
Kommunehelse	0,8	5,9	2,7	3,2	1,3
Barnevern	-5,3	0,5	-2,2	3,8	-2,5
Kultur og idrett	5,0	9,2	10,4	5,3	3,6
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1,0	-0,9	-0,6	-1,5	1,1
Andre områder	9,2	18,4	12,4	15,6	16,2
Brann og ulykkesvern	3,8	2,2	1,2	6,6	3,9
Kommunale boliger	6,6	9,5	7,5	4,4	4,3
Samferdsel	-1,8	5,1	1,2	3,1	6,0
Næringsforv. og konsesjonskraft	-1,0	0,5	2,4	-1,0	0,1
Kirke	1,5	1,1	0,1	2,5	1,9
Totalt	25,1	27,7	2,9	37,3	24,0

Figuren over syner ulikskapar i kostnader mellom Herøy og andre kommunar i million kroner. Vi ser kor mykje Herøy kan spare ved å drive med same kostnadsnivå som dei andre kommunane. Samla behovskorrigerede netto driftsutgifter i Herøy var 24 millioner kroner høgare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2016. Figuren viser også kva tenester som er dyre og billige i Herøy, samanlikna med Kommunegruppe 8 og dei andre kommunane. I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på desse tenestene: Sosial (4 mill.), administrasjon (6 mill.), helse (1 mill.), kultur (4 mill.), kyrkje (2 mill.) og diverse tekniske tenester (14 mill.). Utgiftene er lågare innafør grunnskole (1 mill.), PLO (3 mill.), barnehage (1 mill.) og barnevern (3 mill.).

6.2 Hovudtal drift

Godt driftsresultat, mykje driftsreservar og låg netto lånegjeld er viktige teikn på sunne kommunale finansar. Herøy har ikkje spesielt gode finansar. Finansane er dårlegare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2016. Netto driftsresultat er høgare enn gjennomsnittet, reservane (disposisjonsfondet) er små og kommunen har mykje netto lånegjeld.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	-5,1 %	-6,2 %	0,6 %	6,3 %
Herøy eks RDA midlar	3,4 %	-1,1 %	1,1 %	3,8 %
Ulstein	8,5 %	1,8 %	2,8 %	2,4 %
Hareid	2,0 %	1,8 %	2,6 %	4,9 %
Volda	0,4 %	1,9 %	3,1 %	2,8 %
Skaun	6,5 %	5,1 %	8,6 %	6,8 %
Kostragruppe 08	2,7 %	0,9 %	2,6 %	4,0 %

Kommunen har fått bra med RDA-midlar dei siste åra og det er ikkje tvil om at desse midlane spelar inn når ein ser på kommunens netto driftsresultat. Det største utslaget fekk ein i 2013 der dei offisielle tala er negative med 5,1 % medan dei korrigert for RDA-midlar er positive med 3,4 %. Dette året betalte kommunen ut om lag 51,1 mill. kr meir enn ein fekk inn på konto.

Korrigert for RDA-midlane utgjorde netto driftsresultat i kommunekonsernet om lag 3,8 prosent av driftsinntektene i Herøy i 2016. Det er over bransjenormen på 2 %. Det er samtidig 0,2 prosentpoeng lågare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8.

Det gjennomsnittlege netto driftsresultatet dei siste 4 åra har vore på om lag 1,8 %. Det er litt under bransjenormen på 2,0 prosent.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter




	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	2,1 %	1,8 %	1,3 %	2,5 %
Ulstein	2,2 %	4,7 %	3,7 %	4,3 %
Hareid	0,0 %	0,0 %	0,4 %	1,0 %
Volda	0,7 %	2,3 %	4,9 %	7,9 %
Skaun	15,4 %	17,1 %	20,1 %	27,3 %
Kostragruppe 08	5,2 %	5,5 %	5,8 %	7,7 %

Disposisjonsfondet er kommunen sine reserver for å dekke uføresette utgifter og sviktende inntekter. Det bør utgjøre mellom 5 og 10 % av driftsinntektene.

Herøy har eit disposisjonsfond i 2017 på om lag 6 %. Gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 er 8 prosent.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	81,6 %	94,4 %	99,2 %	105,7 %
Ulstein	160,4 %	187,8 %	192,2 %	195,1 %
Hareid	90,8 %	88,1 %	86,6 %	81,1 %
Volda	98,1 %	89,9 %	93,0 %	99,7 %
Skaun	54,0 %	66,5 %	95,1 %	97,3 %
Kostragruppe 08	81,6 %	86,5 %	89,6 %	92,4 %

Netto lånegjeld bør holdast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 % av årlege driftsinntekter.

Herøy har stor lånegjeld. Netto lånegjeld i konsernet er 106 % av driftsinntektene i 2016. Det er 13 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og nest høgast av samanlikningskommunane. Lånegjelda (gjeldsgraden) har har auka kraftig dei siste fire åra. I økonomiplanperioden 2017-2020 legg ein opp til reduserte låneopptak noko som på sikt skal verke positivt på dette nøkkeltalet.

7. Fokusområde Tenester

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Der er det formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**.

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landsnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar, Kommunebarometeret.	Avvik og klager. Tilsyn.
Status 2017		23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2021	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2018	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt

7.1 Kommunebarometeret.

Herøy hamnar på ein 217. plass i Kommunebarometeret 2017 frå Kommunal Rapport. Då har vi korrigert plasseringa med omsyn til økonomiske rammevilkår. Kommunen hamnar omtrent på midten av totaltabellen. Ser vi berre på nøkkeltalla og ignorerer økonomiske føresetnader, er kommunen på en 296. plass. Nøkkeltalla er samla sett litt svakare enn normalen i Kommune-Norge.

Herøy er berre inne på Topp 100-lista innan einingskostnader.

Kommunen har sine svakaste plasseringar innan pleie og omsorg (386. plass), helse (320. plass) og barnevern (310. plass).

Kommunal Rapport gjer nokre endringar i metoden kvart år. Nye og betre nøkkeltall kjem til, medan andre vert fjerna. Dette påverkar kommunen. Innan miljø og ressursar har endringar i kva for nøkkeltall som vert brukte, påverka negativt. Det er i tillegg viktig å hugse at mange ting ikkje blir målt. Ei god plassering eit enkelt år kan skuldast tilfeldigheiter - på same måte som ei dårleg plassering. Likevel: I hovudsak vil kommunar som ligg langt nede på ein tabell, som regel ha ein del å lære av kommunane som er i toppen av den same tabellen.

Utvikling over tid (sammenliknbar serie)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Nøkkeltallene alene	259	379	328	298	353	337	377	296
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger	153	316	295	265	297	262	317	217
Grunnskole		237	102	154	180	224	184	215
Pleie og omsorg	245	293	354	304	386	374	413	386
Barnevern	358	293	241	234	210	233	292	310
Barnehage	191	291	341	317	335	277	319	164
Helse	247	341	364	341	343	328	274	320
Sosial	132	203	162	140	184	118	235	231
Kultur	280	355	355	317	281	246	230	258
Økonomi	173	314	340	275	274	342	371	262
Kostnadsnivå			66	91	70	77	81	35
Miljø og ressurser	37	238	229	186	265	217	259	265
Saksbehandling	85	128	241	155	80	63	86	142
Vann, avløp og renovasjon	201	275	302	357	277	192	144	54

Plasseringene i denne tabellen er oppdatert med nøkkeltallene som er brukt i 2017-barometeret. Plasseringene vil derfor AVVIKE fra det som ble rapportert for ett eller flere år siden. På den annen side er tidsserien så sammenliknbar som det er mulig å få den.

Grunnskolen:

Avgangskarakterane på 10. trinn i Herøy har vore ein del under middels dei siste åra, målt mot resten av Skule-Noreg. Fråfallet på vidaregåande blant elevar frå kommunen er lavt målt mot dei fleste andre kommunar. Fråfallet for kullet som starta i 2011 (talt opp i i fjor) var ein god del lavare enn i føregåande kull. Ny statistikk indikerer at skulane i kommunen bidrar litt meir til elevane sitt resultat, enn det som er normalen.

Pleie og omsorg:

Målt mot kor mange over 80 som faktisk bur på sjukeheim, har kommunen ein middels andel plassar avsett til demente. Nasjonalt er anslaget at fire av fem gamle på sjukeheim er demente. I Herøy er 42 prosent av plassane meint for demente. Denne dekningsgraden er omtrent som for eitt år sidan. Ifølge tall frå Helsedirektoratet er det berre 73 prosent av dei med funksjonshemmingar, som får bistand til å delta i arbeid og studier. Det er ganske nær normalen. Snittet i Kommune-Norge er på 77 prosent. De beste ligg på 96 prosent. Føresett at kommunen har gode tilbod på lavare trinn i omsorgstrappa, bør dei fleste som bur på sjukeheim ha omfattende bistandsbehov. I Herøy er det 73 prosent som er i denne kategorien. Snittet er 75 prosent.

Barnevern:

Andelen saker som tar meir enn 3 månader å behandle er middels, kan kommunen bli betre? Kommune-Noreg har blitt betre dei siste åra, snittet er no 86 prosent. Sett dei fire siste åra under eitt, er statistikken middels. Få kommunar hadde ved nyttår så høg andel tiltak i heimen, det ser vi som positivt i barometeret. I 82 prosent av sakene var tiltaket i heimen i kommunen, mens snittet for heile landet var 60 prosent.

Barnehage:

Ifølge statistikken har alle barn med rett på plass, også barnehageplass. Det er bra, og slik situasjonen burde vere i dei aller fleste kommunane. Bemanningen i barnehagene i Herøy er lav målt mot dei som har best tal her. Som regel er bemanninga lavare jo større kommunen blir. Snittet er 11363 timer per årsverk. 48 prosent av andre tilsette i kommunale barnehagar har pedagogisk utdanning. Det er bra. Landsgjennomsnittet er 36 prosent. 94 prosent av barna med minoritetsbakgrunn går i barnehage, ifølge tallene. Andelen er høg. Snittet for landet er 76 prosent. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og antall minoritetsspråklege barn er ei feilkjelde.

Sosialteneste:

Stønadstida for unge mottakarar i Herøy er midt på treet. I barometeret vert kort stønadstid rekna som bra. Det må vere positivt at sosialhjelp er ei midlertidig løysing på veg mot noko meir permanent. For dei over 25 år er stønadstida omtrent som i normal kommunen. Heile 44 prosent av dei som mottar sosialhjelp, er ikkje registrert som arbeidssøkjjarar. Kvifor er det slik, og korleis kan statistikken verte betre?

Kultur:

Biblioteket har litt lavare besøk enn normalen, ifølgje statistikken. Av dei vaksne i kommunen er det berre 10 prosent som er registrert som aktive lånarar på biblioteket. Dei fleste kommunar har betre tal. Telemarksforsking set saman oversikt over kor mange kulturarbeidarar det er i kommunane, privat eller offentleg. I Herøy er sysselsettinga litt under normalen målt mot folketalet.

Økonomi:

Resultatet var ein del betre enn for eitt år sidan. Målt over de siste fire åra har drifta gått i pluss. Kommunen har litt pengar på 'bok' i form av disposisjonsfond, men det bør definitivt bli vesentleg større for å kunne vere ein buffer i rekneskapen. Har kommunestyret eit vedtatt mål for kor stort disposisjonsfondet bør vere? Netto renteeksponert gjeld er mykje høgare enn landsgjennomsnittet (37 prosent), målt mot brutto driftsinntekter.

Kostnadsnivå:

Netto utgifter til grunnskulen (korrigert for utgiftsbehovet) i Herøy er lave. Innan pleie og omsorg ligg kostnadene litt under det som er normalnivået. Barnehagekostnadene er litt under det som er normalnivået.

7.2 Brukarundersøkingar 2017:

- **Barnehage**

Gjennomsnittresultatet ved dei to førre målingane var 5,3. (1 er dårlegast, 6 er best) Gjennomsnittresultatet i landet i 2017 er 5,2. I Herøy er gjennomsnittresultatet 5,4.

- **Legeteneste**

Brukarundersøking er gjennomført ved den private legetenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge og informasjon.

- **Fysioterapi**

Brukarundersøking er gjennomført ved den private fysioterapitenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge.

- **PU**

Herøy kommune får ein poengscore på 4,4 poeng, mot landet som har 4,6 poeng.

På kategorien trivsel, som er kategorien Herøy kommune scorar desidert lågast på samanlikna med landet, gjeld dette tilbakemeldingar på jobb/dagaktivitet, fritid og ferietilbod. Det er særskilt på ferietilbod vi kjem dårleg ut, med ein score på 2,9 poeng mot landet som har 4,1 poeng på dette spørsmålet. Trivselen i bustaden er derimot høg, med ein score på 5,1.

Når det gjeld brukarmedverknad, som er den kategorien med lågast poengscore totalt sett både i Herøy og i landet, kjem vi betre ut enn landet på spørsmål om brukaren er med å bestemme innhaldet i individuell plan og om brukaren veit kven som er koordinator. Det spørsmålet vi kjem dårlegast ut på i Herøy, er om brukarmedverknad vert ivaretatt på annan måte enn gjennom individuell plan. Her får vi ein score på 3,6 medan snittet i landet er 4,4.

- **Ungdata**

Ungdata er eitt av fleire verktøy som gir oss informasjon om status i oppvekstmiljøet. Vi har i tillegg andre både kvantitative og kvalitative verktøy som vi må nytte når vi skal oppsummere status som grunnlag for strategiar og tiltak.

Resultata frå Ungdata vil bli brukt vidare både på leiarnivå i den enkelte fagavdeling, samt i det tverrfaglege arbeidet, med analyse og vurdering av årsaker og tiltak. I dette arbeidet vil den rapporten som vert kalla Trendrapport Herøy 2017 vere nyttig. Denne viser ei samanlikning mellom svara i 2014 og 2017, og viser dermed positiv og negativ utvikling.

- **Innbyggjarundersøking**

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultata samsvarar også med resultata for landsgjennomsnittet. Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet

7.3 Tilsyn og klagesaker.

Så langt i 2017 har det vore gjennomført 23 tilsyn med til saman 60 avvik. 19 tilsyn har gått på bygningar, 1 på skatt, 1 på sentraladministrasjon og 1 på ROP (rus/psykiatri).

Det ligg ikkje føre ein samla oversikt over klagesaker i 2017.

8 Endringsbehov

8.1 Kommuneopplegget 2018 Prop 1 S.

I statsbudsjettet (Prop 1 S) seier Kommunal- og moderniseringsdepartementet at hovudutfordringane er:

- Levande lokaldemokrati
- Ein enklare kvardag for folk flest
- Eit sterkare sosialt sikkerheitsnett

Regjeringens økonomiske opplegg for kommunesektoren skal gjere kommunene og fylkeskommunen i stand til å tilby fleire og betre tenester.

Veksten i dei samla inntektene i kommunesektoren er på om lag 4,6 mrd kroner. Realveksten i frie inntekter er om lag 3,8 mrd kr. Av sistnemnde sum går 3,6 mrd kr til primærkommunane.

	Komprp 2018 i mrd kr	Statsbudsj 2018 i mrd kr
Vekst frie inntekter	3,8 – 4,3	3,80
Opptrappingsplan rus	0,30	0,30
Tidleg innsats barnehage/skule	0,20	0,20
Førebyggjande tiltak barn/unge	0,20	0,20
Ferjefylker	0,10	0,10
Demografi	2,20	2,20
Pensjonskostnadar	0,35	0,35
Handlingsrom	0,45-0,95	0,45

Det inneber at det er eit handlingsrom for kommunesektoren (kommunar og fylker) på om lag 450,0 mill kr innanfor den samla veksten i frie inntekter.

Herøy kommune vil få eit negativt handlingsrom frå 2017 til 2018 fordi vi har ein reduksjon i faktiske skatteinntekter frå 2016 til 2017.

Regjeringa si berekning av auka handlingsrom tek ikkje omsyn til auken i innslagspunktet i toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester med kr 50.000,- utover lønsveksten. Dette utslaget har også tilbakevirkande kraft slik at det også vil gjelde for rekneskapsåret 2017. For Herøy kommune utgjør dette ein auka kostnad/mindreinntekt på om lag 0,75 mill kr. I praksis betyr det at kommunesektorer ikkje får auka handlingsrom i 2018.

Dei statlege satsingane innanfor veksten i frie inntekter i 2018 er

- Opptrappingsplan rusfeltet 300 mill kr
- Tidleg innsats i skule og barnehage 200 mill kr
- Førebyggjande tiltak for barn, unge, familier 200 mill kr
- Særskilt fordeling til ferjefylka 100 mill kr

I 2017 vart inntektssystemet til kommunane lagt om. Ein kan gjennom denne endringa slå fast at Herøy kommune er ein av taparane på omlegginga og har samla sett for 2017 og 2018 hatt den dårlegaste utviklinga av frie inntekter av kommunane i Møre og Romsdal

Til slutt kan ein nemne at regjeringa sin tiltakspakke for Sør- og Vestlandet vert avvikla.

8.2 Evaluering av helse- og omsorgstenesta

Ressurssenteret for omstilling (RO) presenterte evalueringsrapporten for helse og omsorgstenestene i kommunestyret 31.08.17. RO meiner at kommunen må arbeide vidare med:

- Klargjere strategiar for helse og omsorg politisk og organisasjonsmessig – gå gjennom konsekvensar og einast om ideologi, retning, konsekvensar og prioriteringar.
- Det bør spesielt jobbast med innretning av tenestetilbodet innan pleie og omsorg – er innretninga i dag bærekraftig? (Heimetenester – institusjonsdrift, sjukeheimane si rolle og funksjon).
- Satsing på førebygging, folkehelse, meistring, rehabilitering – i alle tenester – kva må til?
- Klargjering og systematisering av arbeid med velferdsteknologi – kompetanseheving og frå ord til handling.
- Heilskapleg, koordinerte tenester for å sikre rettstryggleik, kvalitet i sakshandsaminga, likebehandling og tildelingspraksis
- Barnevern – fristar, sakshandsaming og undersøkingar
- Kompetanse psykisk helse/rus – framtidig behov
- Brukarmedverknad og brukarfokus – jfr brukarundersøkingar og nasjonale mål – viktig og korleis
- Frivillige og nettverk – handlingsplan
- Heiltid og deltid og arbeidstidsordningar
- Gode endringsprosessar med vekt på medarbeidarskap, involvering, samhandling, tverrfagleg – for å oppnå ønska effektar av endringa i organisasjonsstrukturen.
- Kompetanseutvikling og mobilisering – læringsmiljø – kompetanseplan i forhold til framtidig behov – strategisk kompetanseplan?
- Organisatoriske tilpassingar på bakgrunn av tenesteutvikling/behov.

Evalueringa vert fylgd opp med planlegging av tiltak i samarbeid med RO:

8.3 Ressursbruk

I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på desse tenestene:

- **Administrasjon**

I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på administrasjon (6 mill. mill.kr). Dette skuldast delvis at vi ikkje er flinke nok til å føre kostnadar mellom funksjonane og mange av leiarane ute er løna frå funksjon 120 i staden for at dei også er fordelt ut på funksjonane der dei jobbar. Om lag 2 mill kr gjeld avskrivningar (IKT utstyr for heile organisasjonen med meir.)

- **Helse**

I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på helse (1,3 mill.),

- **Sosiale tenester**

I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på sosial (4 mill.kr). Delar av dette skudast feilføringar. Bl.a. alle kostnadar knytt til lærlingar (lønn) er ført på dette området i staden for at det er fordelt ut på dei tenestene der dei faktisk arbeider (omsorg, barnehage, SFO osv).

- **Kultur og idrett**

I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på kultur (3,6 mill.kr). Det meste av dette skuldast høge avskrivingskostnadar

- **Kommunale bustader**

I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på kommunale bustader (4,3 mill kr).

- **Samferdsel**

I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på samferdsel (6,0 mill kr). Det meste skuldast høge avskrivingskostandar.

- **Kyrkje**

I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på kyrkje (2 mill.)

- **Brann**

I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på Brann og redning (3,9 mill kr)

I F-sak 16/17 gjorde formannskapet vedtak om å legge fram eiga politisk sak med forslag til revidert brannordning og ROS-analyse innan 01.07.2017. Saka skal også omfatte økonomiske konsekvensar m.m.

8.4 Andre forhold

- **Interkommunalt samarbeid**

Vanylven kommune har teke initiativ til interkommunalt samarbeid med Herøy på fleire tenesteområde. Sande kommune er også invitert til å vere med på samarbeidet.

- **Bygningsmessige tiltak**

Kommunen har store utfordringar når det gjeld standard på bygningsmassen.

- **Bustadpolitikken/kjøp/sal av hus**

I K-sak 44/16 vart kommunedelplan for bustadpolitikken 2015-2019 vedteken. I strategien i planen heiter det m.a.:

«Herøy kommune skal selge utleigebustadar til leigetakarane til takst og reinvestere eventuell salsgevinst i nye byggeprosjekt for å sikre vidareutviklinga av bustadmassen, herunder auka tilgang på kommunale utleigebustadar.»

- **Organisasjonsutvikling**

Kommunekompasset, innbyggjarundersøkinga, lokaldemokratiundersøkinga, brukarundersøkingane og medarbeidarundersøkinga (10-faktor) har peika på område der kommunen har eit utviklingspotensial. Dette skal fylgjast opp på ein systematisk måte i heile organisasjonen.

9 Økonomiplan drift 2018-2021

- Økonomiplan drift for 2018-2021 syner korleis Herøy kommune kan redusere sine driftskostnader med med om lag 20,6 mill kr i 2018.
- Dei største endringane skjer gjennom eit nedtrekk i avdelingane sine rammer med 1,75% av netto lønskostnader
- Gjennom budsjettforslaget blir det fremja forslag til ei auke av dei faste stillingane med 9,50 årsverk i Pleie og Omsorg. Samstundes ligg det inne forslag om at ei vakant stilling i Servicetorget forblir vakant ei stund til og at ein held vakant 1,4 årsverk i økonomiavdelinga og dokumentserveret ei tid framover for å sjå om desse ressursane bør fordelast annleis i stabseininga eller om dette er noko ein må sjå i samanheng med evt samarbeid med Vanylven kommune.

I hovudtal kan dette settast opp slik:

	2018	2019	2020	2021
Innsparingar				
Rammeinnsparing	7 450	7 450	7 450	7 450
Vakansar/stillingsred.	920	620	620	620
Andre driftsinnsparingar	0	0	0	0
Sum innsparingar drift	8 395	8 095	8 095	8 095
Kalk renter/avskrivning VAR	400	800	1 200	1 600
Bruk av fonds	10 855			
Ytterlegare driftsreduksjonar		2 000	4 000	6 000
Bruk av fonds/eigedomsskatt		11 555	11 755	12 755
Sum auka innt/red kostn	11 255	14 355	16 955	20 355
Tot innsparing/auka innt	19 650	22 450	25 050	28 450
Skal finansiere:				
Driftsrammer høgare enn inntekter til fordeling	14 380	14 380	14 380	14 380
Nye tiltak	3 770	3 870	3 570	3 870
Auka renter/avdrag	1 500	4 200	7 100	10 200
Sum til inndekning	19 650	22 450	25 050	28 450
Diff	0	0	0	0

Eit deltaljert oppsett inkludert innsparingar, nye tiltak og bruk av disp fond: per område vert slik

Nye tiltak (1000 NOK)		2018	2019	2020	2021	Årsverk
10	Politisk leiing/Folkevalgte					
	Auka utgifter val		-300		-300	
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	20	20	20	20	
	SUM	20	-280	20	-280	

12	Administrativ leing	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	25	25	25	25	
	SUM	25	25	25	25	-

13	Servicetorget	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	Framleis vakanse i 100% stilling	620	620	620	620	1,0
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	55	55	55	55	
	Befolkningsvarsling	-60	-40	-40	-40	
	SUM	615	635	635	635	1,0

14	Dokumentsenter, pol. Sekretariat, innkjøp, stabsleing	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	60% vakanse i 5 mnd	120				0,25
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	60	60	60	60	
	SUM	180	60	60	60	0

15	Økonomiavdelinga	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	90	90	90	90	
	80% Stillingsreduksjon (sjå kommentar) i 5 mnd	180				0,3
	SUM	270	90	90	90	0,3

16	Personal- og organisasjonsavdelinga	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	115	115	115	115	
	SUM	115	115	115	115	0

18	Andre overføringer	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	Rameinnsparing Kyrkjeleg fellesråd	150	150	150	150	
	SUM	150	150	150	150	0

21	Barnehageavdelinga	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	370	370	370	370	
	SUM	370	370	370	370	0

22	Skuleavdelinga	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	1 980	1 980	1 980	1 980	
	SUM	1 980	1 980	1 980	1 980	0

30	Administrasjon Helse og omsorg	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	20	20	20	20	
	SUM	20	20	20	20	

31	Avd for Barn, Familie og Helse	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	525	525	525	525	
	SUM	525	525	525	525	0

32	Pleie- og omsorgsavdelinga	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	2 030	2 030	2 030	2 030	
	950% stillingar Brukarstyrt personleg assistent	-7 530	-7 530	-7 530	-7 530	9,50
	Øyremerka statstilskott ressurskrevjande brukarar	4 000	4 000	4 000	4 000	
	SUM	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500	0,8

33	Bu og habiliteringsavdelinga	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	840	840	840	840	
	SUM	840	840	840	840	0

35	Tenestekoordinering	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	90	90	90	90	
	SUM	90	90	90	90	

38	NAV, sosial og flyktning	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	190	190	190	190	
	SUM	190	190	190	190	0

40	Kulturavdelinga	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	145	145	145	145	
	SUM	145	145	145	145	0

50	Utviklingsavdelinga	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	125	125	125	125	
	Felles digitaliseringsstrategi	-180				
	SUM	-55	125	125	125	0

50	Brannvern og feiing	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	130	130	130	130	
	SUM	130	130	130	130	

51	Anleggs- og driftsavdelinga	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	130	130	130	130	
	SUM	130	130	130	130	

60	Eigedomsavdelinga	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	1,75% nedtrekk av lønsramme/vakansar	360	360	360	360	
	SUM	360	360	360	360	0

90	Skatt, ramme, finans m.m.	2018	2019	2020	2021	Årsverk
	Auka kalkulatoriske renter/avskrivning VAR omr.	400	800	1 200	1 600	
	SUM	400	800	1 200	1 600	0
	SUM TOTALT	5 000	5 000	5 700	5 800	1,6

9.1 Kommenterar til omstillingar og kutt-tiltak

Generelt

For alle områder vert det foreslått eit nedtrekk på 1,75% av netto lønskostnadar i 2018 (1,5% i 2017) ut frå behovet om å få balanse mellom inntekter og utgifter. Kyrkjeleg fellesting må redusere sitt framlagde budsjett med kr 150.000,-.

Servicetorget

Servicetorget har hatt ei vakant stilling i 2017. For 2018 var opprinneleg forslag (i budsjett 2017 økonomiplan 2017/2018) å auke opp med 50% frå 2018. Rådmannen ser ikkje at kommunen har økonomi til å prioritere dette i 2018 og foreslår å halde heile stillinga vakant også komande år.

Befolkningsvarsling vert nytta for å informere og varsle heile eller delar av befolkninga før, under og etter ei katastrofe - og ved evakuering av heile eller delar av den norske befolkninga. Bruksområder kan t.d. vere brot på vassledning, straumbrot, feiing, gravearbeid, invitasjon til informasjonsmøter.

Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga får ei 80% stilling ledig frå 01.01.2018. I budsjettforslaget for 2018 ligg det inne vakanse i stillinga fram til 1. juni. Grunnen til dette er at ein må sjå behovet for heile stabseininga under eit og at ein enno ikkje veit kva samarbeidsprosjektet med Vanylven kommune vil resultere i. Innlagt innsparing i budsjett 2018 er kr 180.000,-.

Dokumentsenter

Dokumentsenteret får 60% vakanse frå 01.01.2018. I budsjettforslaget for 2018 ligg det inne vakanse i stillinga fram til 1. juni. Grunnen til dette er at ein må sjå behovet for heile stabseininga under eit og at ein enno ikkje veit kva samarbeidsprosjektet med Vanylven kommune vil resultere i. Innlagt innsparing i budsjett 2018 er kr 125.000,-.

Pleie- og omsorgsavdelinga

Pleie og omsorgsavdelinga har 2 ressurskrevjande brukarar/pasientar som har behov tilsvarende 1:1 bemanning døgnet rundt. Estimert årsverk i bruk per person er 4,75 i turnus. Behovet vil vere vedvarande. 4,75 årsverk er omgjort til BPA.

Vi må lyse ut dei resterande 4,75 årsverk og bygge opp kompetanse i eigen organisasjon. Vi ber om oppretting av heimlar til tilsetjing. Dette gjeld totalt 9,5 årsverk. Vi får refundert i overkant av 50% av kostnadane gjennom ordninga for ressurskrevjande brukarar. Dette er kostnadar vi allereie betalar.

Utviklingsavdelinga

Bakgrunn for tiltaket er besøk i Bergen kommune 6.10.2017 der kommunane (Herøy, Ulstein, Volda og Ørsta) konkluderte med at vedtatt digitaliseringstrategi som KS sammen

med KMD har utarbeidd er vert å vere med på. Ein ser store gevinstar med å vere med på dette.

Frå KS sine sider:

«Digitaliseringsstrategien setter retning og mål for KS og kommunenes og fylkeskommunenes arbeid frem mot 2020. Helt avgjørende for å nå målene om økt digitalisering er at vi innad i sektoren samarbeider og samordner innsatsen. Et viktig delmål for en mer samordnet kommunal sektor er å etablere digitale fellesløsninger. Å finansiere disse er hovedformålet med den nye finansieringsordningen. Det har vært og er en god dialog om ordningen mellom kommunal sektor og staten. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har signalisert at de vil bidra med 125 millioner kroner fordelt over to år, forutsatt at kommunal sektor bidrar med minst like mye. KS vil bidra med inntil 40 millioner kroner. Storbynettverket og de ti største kommunene har signalisert at de vil bidra med til sammen 35 millioner kroner. For å etablere ordningen, og for å utløse midlene fra KMD, er det nødvendig at vi reiser tilstrekkelig kapital. KS inviterer derfor alle sine medlemmer til å delta med et engangsbeløp på henholdsvis 20 kroner per innbygger for kommuner og 5 kroner per innbygger for fylkeskommuner. Hvis alle kommuner og fylkeskommuner blir med, vil ordningen disponere ca. 250 millioner kroner».

For Herøy kommune inneber dette:

9000 innbyggjarar x 20 kr = 180 000 kroner.

DRIFTSOVERSIKT (Tall i 1000kr)	Budsjett	Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan
	2018	2019	2020	2021
Skatt på inntekt og formue	265 500	265 500	265 500	265 500
Rammetilskott	214 300	214 300	214 300	214 300
Rammeinntekt i statsbudsjettet	479 800	479 800	479 800	479 800
Eigedomsskatt		-	-	-
Rentekompensasjon, Husbanken	2 200	2 200	2 200	2 200
SUM FRIE INNTEKTER	482 000	482 000	482 000	482 000
Rente- og gebyrkostnader	-12 250	-12 250	-12 250	-12 250
Avdragskostnader	-23 500	-23 500	-23 500	-23 500
Rente- og gebyrinntekter	2 370	2 370	2 370	2 370
Aksjeutbytte Tussa	5 250	5 250	5 250	5 250
Netto inntekt Aktiv Forvaltning	3 600	3 600	3 600	3 600
Netto kostnader avskrivning	3 500	3 500	3 500	3 500
Netto kostnader formidlingslån	0	0	0	0
Netto rente og finanskostnader	- 21 030	-21 030	-21 030	-21 030
Nto pensjonsavvik/amortisering av pensjonsav.	14 690	14 690	14 690	14 690
Sum andre poster	14 690	14 690	14 690	14 690
TIL FORDELING	475 660	475 600	475 600	475 600
Politisk leing	-4 100	-4 100	-4 100	-4 100
Administrativ leing	-1 820	-1 820	-1 820	-1 820
STAB				
Servicetorget	- 3 800	-3 800	-3 800	-3 800
Dokumentsenter og politisk sekretariat	-4 110	-4 110	-4 110	-4 110
Økonomiavdelinga	-5 970	-5 970	-5 970	-5 970
Personal- og organisasjonsavdelinga	- 7 540	-7 540	-7 540	-7 540
IKT	-6 610	-6 610	-6 610	-6 610
Eigedom	-19 520	-19 520	-19 520	-19 520
Andre Overføringar (Kyrkje, revisjon m.m)	-14 050	-14 050	-14 050	-14 050

OPPVEKST				
Barnehageavdelinga	-68 290	-68 290	-68 290	-68 290
Grunnskuleavdelinga	--116 610	-116 610	-116 610	-116 610
HELSE OG OMSORG				
Administrasjon Helse og omsorg	-1 330	-1 330	-1 330	-1 330
Avdeling for Barn, Familie og Helse	-40 390	-40 390	-40 390	-40 390
Pleie- og omsorgsavdelinga	- 106 820	-106 820	-106 820	-106 820
Bu- og habiliteringsavdelinga	- 40 540	-40 540	-40 540	-40 540
Tenestekoordinerer	-9 660	-9 660	-9 660	-9 660
NAV (Sosial/flyktning)	-7 780	-7 780	-7 780	-7 780
SAMFUNNSUTVIKLING				
Kulturavdelinga	-8 460	-8 460	-8 460	-8 460
Utviklingsavdelinga	-6 330	-6 330	-6 330	-6 330
Brannvern	-8 930	-8 930	-8 930	-8 930
Anleggs- og driftsavdelinga	-8 340	-8 340	-8 340	-8 340
Sum fordelt til driftsrammer	-491 000	-491 000	-491 000	-491 000
Avsetjing til disposisjonsfond				
Bruk av bundne fond				
Bruk av disposisjonsfond	11 815			
Ytterlegare driftsreduksjonar/nedbemanning		2 000	4 000	6 000
Auka inntekter / bruk av fonds		12 515	12 715	13 715
Overføring til investeringsrekneskapen				
Netto disposisjoner	11 815	14 515	16 715	19 715
Balanse	- 3 525	- 825	1 375	4 375
Tiltak som skildra (innsparing/nye tiltak)	5 025	5 025	5 725	5 825
Til renter og avdrag	-1 500	-4 200	-7 100	-10 200

Ein forventar relative stabile inntekter i økonomiplanperioden. Med bakgrunn av dei 2 siste års overbudsjettering av skatt og ramme har vi for 2018 lagt oss på faktisk skatteinntang 2017 + statens prognose for skattevekst 2018 og rekna rammetilskotet ut i frå det. Det viser ein vekst i frie inntekter frå vårt budsjett 2017 til vårt budsjett i 2018 på kr 1.600.000,-.

Basert på vedtak K-sak 112/17 (Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021 – Investeringsiltak i kommunale bygg) og K-sak 121/17 (Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021 – Investeringsiltak i Anleggsprosjekt) samt nokre små investeringar frå Helse og omsorg og Oppvekst blir investeringane i økonomiplanperioden store. Brutto investeringar i 4 års perioden blir på i overkant av 400,0 mill kr eks vidareutlån. Det gjer at vi framover får ein stor auke i finanskostnadane som må finansierast gjennom reduksjonar i driftsrammene og/eller nye inntekter.

For å få både budsjett og økonomiplan i balanse har ein saldert den med bruk av disposisjonsfond på minimum 11,8 mill kr i 2018. Underskotet i økonomiplanen (2019-2021) må finansierast ved hjelp av driftsreduksjonar, bruk av fonds og evt nye inntekter. Skal sistnemnde vere aktuelt må ein gjere vedtak om det minst 1 år før inntektene kan krevjast inn. Slik dagens framlegg til budsjett og økonomiplan ligg føre klarer ein ikkje målsetjinga om eit netto driftsresultat på 1,75%. I tillegg vil kommunen sine fonds bli redusert monaleg.

Grunnen til at ein har valt å bruke disposisjonsfond i salderinga er at rådmannen finn det uforsvarleg å redusere avdelingane sine rammer meir enn dei 1,75% som er foreslått.

Den samla utviklinga i rente og avdragskostnadane ser de i tabellen nedanfor forutsett at dei skisserte investeringsprosjekta vert vedtatt i økonomiplanperioda.

	2017	2018	2019	2020	2021
Renteutgifter	-12 540	-12 960	-13 810	-14 860	-16 090
Avdragsutgifter	-22 850	-24 030	-25 780	-27 630	-29 500
Brutto finanskostnader	-35 390	-36 990	-39 990	-42 490	-45 590
Utbytte Tussa AS	4 140	5 250	5 250	5 250	5 250
Renteinntekter bank	2 100	2 370	2 370	2 370	2 370
Aktiv forvaltning	3 500	3 600	3 600	3 600	3 600
Netto finanskostnader	-25 650	-25 770	-28 770	-31 270	-34 370

Sum netto finanskostnadar skal ligge innanfor den økonomiske handlingsregelen som seier at maks 5% av brutto driftsinntekter skal gå til finans. For Herøy kommune vil den passere **7% i løpet av økonomiplanperioden.**

Med dette budsjettet og denne økonomiplanen vil Herøy kommune ikkje klare handlingsregelen om at netto driftsresultat skal vere på minimum 1,75%.

9.2 Konsekvens av underdekning i budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021.

Konsekvensen av å fastsetje eit årsbudsjett utan at alle utgifter er dekkja inn på budsjettet i alle dei 4 åra i økonomiplanperioden, medfører statleg kontroll av kommunestyret sitt budsjettvedtak. Herøy kommune vil då bli registrert i kontrollregimet kjent som «Robek-registeret». I praksis betyr dette at fylkesmannen skal godkjenne følgjande:

- Vedtak om opptak av lån og finansiell leasing
- Vedtak om leige av
 - Bygningar
 - Anlegg, og
 - Varige driftsmidlar som kan påføre kommunar utgifter ut over dei fire neste budsjettår.

Rådmannen viser til kommunelovens § 60 i si heilheit.

Kommuneloven § 60. Statlig kontroll og godkjenning av økonomiske forpliktelser.

1. Vedtak om opptak av lån eller vedtak om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen eller fylkeskommunen utgifter ut over de fire neste budsjettår, er ikke gyldig før det er godkjent av departementet, dersom:
 - a. kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette et årsbudsjett uten at alle utgifter er dekket inn på budsjettet,
 - b. kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette en økonomiplan uten at alle utgifter er dekket inn på økonomiplanen,
 - c. kommunestyret eller fylkestinget etter § 48 nr. 4 har vedtatt at et regnskapsmessig underskudd skal fordeles ut over det påfølgende budsjettår etter at regnskapet er framlagt, eller
 - d. kommunen eller fylkeskommunen ikke følger vedtatt plan for dekning av underskudd.
2. Dersom et av vilkårene i første ledd bokstav a-d er oppfylt, skal departementet føre kontroll med lovligheten av kommunestyrets eller fylkestingets budsjettvedtak.
3. Departementet skal opprette et register over alle kommuner og fylkeskommuner som er underlagt godkjenning. Enhver har rett til å gjøre seg kjent med det som er registrert i registeret, og få utskrift av dette.
4. Inntil den enkelte kommune eller fylkeskommune er registrert i registeret, kan departementet ikke iverksette godkjenning etter nr. 1. I forhold til rettsregler som lar det være avgjørende for tredjepersons rettsstilling om denne kjente til eller ikke kjente til et

forhold, anses det som er registrert etter denne bestemmelse for å ha kommet til tredjepersons kunnskap.

5. Kommuner og fylkeskommuner som inngår kontrakter som krever godkjenning, må orientere sine medkontrahenter om at de er satt under betinget kontroll og godkjenning.

Dersom ei av eigarkommunane i eit interkommunalt selskap er underlagt reglane i kommunelovens §60, skal selskapets vedtak om låneopptak, godkjennast av Fylkesmannen.

9.3 Usikre faktorar

I talgrunnlaget har ein lagt til grunn stabile føresetnader m.o.t. bl.a. lønn og driftskostnadar. Ein føreset også at statens rammeføresetnadar er føreseielege, sjølv om det har synt seg å ikkje stemme heilt dei siste åra.

Usikre faktorar vil m.a. vere:

- Skatteinntektene og rammetilskotet
- Overføring av tilskot til private barnehagar
- Pensjonspremien og pensjonsavviket/amortiseringa av pensjonsavviket
- Fleire ressurskrevjande brukarar
- Utviklinga i sosialhjelpa
- Lønsoppgjeret
- Resultatet i rekneskapen for 2017
- Skjør balansesituasjon

Om utviklinga innan desse områda gjer at ein ikkje kan halde rammene må ein kome attende til det i budsjettkontrollrapportane eller i eigne saker.

10 Økonomiplan investeringar 2018-2021

- I 4-årsperioden foreslår rådmannen investeringar på totalt 431,5 mill kr eks mva. Dette er om lag 224,0 mill meir enn i gjeldande økonomiplan.
- Av desse investeringane vil om lag 348,6 mill kr belaste kommunebudsjettet med driftskonsekvensar, 37,5 mill kr gjeld sjølvkostområda og om lag 25,5 mill kr vil vere finansielle investeringar (vidareutlån + Eigenkapitalinnskott KLP).
- Vert forslaget til økonomiplan følgt vil finanskostnadane berre auke frå dagens nivå på 35,4 mill kr til om lag kl 45,9 mill kr i 2021.

Då føreset ein uendra rentenivå i heile økonomiplanperioden, medan Norges Bank si prognose er at renta vil auke frå 2019. Ein vekst i renta på 1% i 2021 vil auke kommunens rentekostnadar med om lag 11,0 mill kr. Den største einskildinvesteringa i perioden er nye utleigebustadar, men desse vil først vere aktuelle å bygg i slutten av økonomiplanperioda.

10.1 Hovudtal

Hovudtabellen for investeringane med tilhøyrande finansieringsplan ser de nedanfor:

Investeringsbudsjett eks mva	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan	Perioden samla
	2018	2019	2020	2021	2018-2021
Investering kommune	96 580	91 725	100 475	79 825	368 605
Investering VAR området	7 500	10 000	10 000	10 000	37 500
Finansinvesteringar	6 350	6 350	6 350	6 350	25 400
Brutto finansiseringsbehov	110 430	108 075	116 825	96 175	431 505
Bruk av lån	99 080	96 725	105 475	84 825	386 105
Salsinntekter/bruk av kap fond	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Vidareutlån (husbanken)	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Bruk av kapitalfond	1 350	1 350	1 350	1 350	5 400
Sum finansiering	110 430	108 075	116 825	96 175	431 505

10.2 Utviklinga i gjeld og finanskostnadar

Dei forslaga til investeringar som rådmannen legg fram er viktige for at næringslivet skal utvikle seg og for at folk vil busetje seg i kommunen. Det er sjølvstyk slik at ved å bygge nye formålsbygg kunne tenestestrukturen blitt meir moderne og driftskostnadane bli redusert på sikt, men per i dag har kommunen ikkje driftsinntekter til å kunne forsvare auka finanskostnadar. Investeringane som er foreslått i 4 års perioda vil auke gjeldsnivået i kommunen med heile 244,9 mill kr, slik at vi ved utgangen av økonomiplanperioden har ei gjeld per innbyggjar på i overkant av kr 120.000,-

Gjeldsutvikling	2018	2019	2020	2021
Brutto gjeld 01.01	841 000	883 750	954 695	1 032 540
Ny gjeld i perioden	99 080	96 725	105 475	84 825
Oppheving av forskotteringar *)	-32 300			
Årlege avdrag	-24 030	-25 780	-27 630	-29 500
Årlege gjeldsauke	42 750	70 945	77 845	55 325
Netto gjeld pr. 31.12	883 750	954.695	1 032 540	1.085.865

*) I 2016 lånte vi om lag 13,5 mill kr til forskottering av utbygginga i Skarabakken. Slik det ser ut no vil slik forskottering ikkje vere nødvendig og vi kan nytte låneopptaket til andre

prosjekt på 2018 investeringane. Vi voner også at vi får utbetalt forskotteringa av Frøystadtoppen på 18,8 mill kr og kan redusere låneopptaket i 2018 tilsvarende 32,3 mill kr

10.3 Investeringsprogram 2018-2021

På dei neste sidene vert dei foreslåtte investeringstiltaka for 2018-2021 presentert. Dei største tiltaka/prosjekta (over 10,0 mill kr) er slik:

Tiltak	Mill.kroner
Kommunale bustadar	51,50
Brannstasjon	33,00
VAR Området	30,00
Nye kaier Mjølstadneset	21,00
Fleirbrukshall Einedalen	16,00
Bustadfelt Stokksund	15,00
EPC	14,00
Herøy omsorgssenter Raud/Grøn	13,20
Bergsøy skule Borga	12,00
Myklebuståsen utbygging	11,50
Nytt industriområde Eggesbønes	11,00
Kulturhus og idrettshall	10,45
Vidare utbygging Dragsund byggefelt	10,00
Ei mengd mindre tiltak	149,95

Investeringsformål	2018		2019		2020		2021		Sum i perioden
	Invest.	Finans.	Invest.	Finans.	Invest.	Finans.	Invest.	Finans.	
Diverse småprosjekt									
IKT investeringar	2000		2000		2000		2000		8000
SSIKT Investeringar (vår del)	1800								1800
Utbygging Infrastruktur									
Velferdsteknologi	500								500
Prosjekt eRom	125								125
Inventar og utstyr oppvekst	500		325		225		125		1175
Inventar og utstyr sjukeheimane	200		200		200		200		800
Inv. kyrkje. fellesråd (gravplassar, stolar amfi)	1750		3000		5000		3000		12750
Bil til Teknisk vakt	250								250
Ny vaktbil for vaktberedskap	600								600
Spylehengar	600								600
Traktor Bergsøy stadion	500								500
Videokonferanseutstyr	150								150
Møblar kulturhuset	150								150
ATV med hengar			200						200
Flishoggar			500						500

Hengar for kjemikalieuts. og overflateredn.			100					100
Hjulgravemaskin			1700					1700
Høgderedskap brannvesenet **)			3000					3000
Ny lastebil			2500					2500
Ny kartlegging			200					200
Anleggsprosjekt								
Byutvikling	5000		5000		5000			15000
Generelt Mjølstadneset	3750							3750
Grøft for overvatn Huldalsvegen	350							350
Infrastruktur Bø-Arhaug	500		6500					7000
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750		750					1500
Nye kaier Mjølstadneset *)	21000							21000
Oppgradering av veg Kleppeåsen	300		700					1000
Oppgradering i Parken	250							250
Parkeringsplass Fosnavåg sentrum	1625							1625
Relokalisering av Herøy vidaregåande skule	250							250
Telenor basestasjon på Runde	1000							1000
Trafikktryggingstiltak	1500		1500		1500			4500
Leikeplassar i bustadfelt	250							250
Lisjevatnet i Dragsund	750							750
Avskjerande grøft på Kvalsund			500					500
Bergsøy kunstgrasbane			500		2500			3000
Myklebuståsen utbygging			5750		5750			11500
Ny bru til Herøy gard			300		3000			3300
Ny kaihøgde på ytre Almenningskai			500		5500			6000
Nytt industriområde på Eggesbønes			5500		5500			11000
Vidare utbygging av Dragsund Byggefelt			500		9500			10000
Bustadfelt i Stokksund					500		14500	15000
Mindre park.plass (HC prioritert) Frøystad					1000			1000
Tursti Myklebustvatnet					1200			1200
Jektenaust m.m.					2100			2100

Ny veg Flusund							5000		5000
Oppgradering av Grønhaugvegen							1250		1250
Oppgradering av veg til Marine Sales							750		750
Turveg Djupvikvatnet							3000		3000
Byggeprosjekt									
Bergslia Barnehage	150		1000						1150
Bergsøy skule	2000		2000		4000		4000		12000
Bergsøy skule Blåhaugen	3000								3000
Moltu skule	150								150
Stokksund skule	1150								1150
Ytre Herøy Ungdomsskule			500		5500				6000
Nedre Dragsund 2	1000								1000
Herøy Rådhus	3000		1500						4500
Brannsikring kommunale bygg	1000		1000		1000		1000		4000
Asbestsanering og nye golv	1000		1000		1000		1000		4000
Desentralisert ventilasjon	2000		2000		2000		2000		8000
Asfaltering av uteområder	500		500		500		500		2000
Leikeplassar	500		500		500		500		2000
Herøy Helsesenter	100								100
Herøy omsorgssenter Raud/Grøn	200		5000		4000		4000		13200
Herøy omsorgssenter, Gul (riving)	1000								1000
Myrvåg Omsorgssenter	250				5000				5250
Sjukeheimsvegen 14	500								500
Stornesvegen 30-36	500								500
Kommunale Bustadar					18500		33000		51500
Fosnavåg driftsbasis/brannstasjon	250				5000				5250
Herøy kulturhus og idrettshall	1450		2000		3000		4000		10450
Herøy Gard	300								300
EPC Tiltak Rammeløyving	7000		7000						14000
Fleirbrukshall Einedalen - prosjekt 51408	8000		8000						16000
Brannstasjon - Prosjekt 61604	15000		18000						33000
Finansiering									
Sal av tomter etc		-5000		-5000		-5000		-5000	-20000

INVESTERING KOMMUNE	96580	-5000	91725	-5000	100475	-5000	79825	-5000	348605
Utbyggingar i flg Kloakkrammeplanen	7 500		10 000		10 000		10 000		37 500
INVESTERINGAR I VAR OMRÅDET	7 500		10 000		10 000		10 000		37 500

Vidareutlån formidlingslån	5000		5000		5000		5000		20000
Lån		-5000		-5000		-5000		-5000	-20000
Eigenkapitalinnskott KLP	1350		1350		1350		1350		5400
Bruk av fond		-1350		-1350		-1350		-1350	-5400
FINANSINVESTERINGAR	6350	-6350	6350	-6350	6350	-6350	6350	-6350	0

*) Det vil bli søkt om statlege midlar til bygging av nye kaier Mjølstadneset. Om vi får slike tilskott vil lånebehovet bli redusert.

**) Her er det snakk om samarbeid med andre brannvesen i området. Tvilstomt om dette innkjøpet skjer i 2018 men det er tatt med for å syne behovet.

Det er også slik at det kan bli ein del tomtosal i perioda som vil gjere at lånebehovet ikkje vert så stort som skissert, men vi har valgt å ikkje ta med slike faktorar før faktisk sal skjer.

IKT-investeringar

Vi har valt å dele summen i to. Lokalt treng ein om lag 2,0 mill kr til utstyr som PC-ar, arbeidsstasjonar, I-pad og anna nødvendig utstyr. SSIKT har sitt eige investeringsprogram der Herøy kommune sin del utgjør om lag 1,8 mill kr i 2018.

Inventar og utstyr grunnskuleavdelinga

Diverse kjøp som kvar må utgjere over kr 100.000,-

Inventar/utstyr sjukeheimane

Større utstyr til bl.a. kjøkken samt oppgradering av evt pasientsenger med meir.

Utstyr/inventar Kulturhus/idrettshall

Nytt møblement i «foajen» på kulturhuset

Utbygging infrastruktur velferdsteknologi

Husbanken har finansieringsløyning for oppgradering av kommunale bygg i høve velferdsteknologi. Ordninga dekkjer 55% av kostnadane og har av andre kommunar vore brukt t.d. til kabling og basisinfrastruktur for velferdsteknologi (switchar og aksesspunkt), knappar, sensorar med meir.

Prosjekt eRom

Det bli innført eRom ved Myrvåg omsorgssenter i samarbeid med SSIKT. Det Herøy lokalt må budsjettere er kostnad på brett og lisens på 15 brett. Om tiltaket skal utrullast til andre avdelingar må lisens (2100 pr brett) og kostnad på brett (6000 pr brett) takast med i budsjett frå 2019.

Kyrkjeleg fellesråd

Gjeld oppgradering Interiør Indre Herøy kyrkje, ferdigstilling Amfi Herøy kyrkje (stolar i kjellaren), utviding av Flusund gravplass og Leikanger Kyrkjegard.

Byutvikling

Løyving som i økonomiplan for 2018-2020. Midlar til å realisere tiltak i byutviklingsprosjektet.

Avskjærande grøft Kvalsund

Det skal gravast ei grøft for å lede overvatn frå byggefeltet og til elva som kryssar Teigevegen, elva har utløp i sjøen ved småbåthamna. Dette er eit prosjekt som ein ser som naudsynt for å betre problem med overvatn i og gjennom byggefeltet.

Grøft for overvatn i Huldalsvegen

Eksisterande kanal i Huldalsvegen er i dårleg stand og overvatnet skal leggest i rør.

Ladepunkt for elbil i sentrum

Opprette moglegheit for lading av elbilar i sentrum.

Leikeplassar i bustadfelt

Grunnarbeid på leikeplassar i kommunale felt

Ny kaihøgde ytre Almenningsskai

I tråd med K-sak 37/17. Omfang er ikkje avklart pr. dags dato, men konsulent skal sjå på og vurdere eksisterande konstruksjon, samt moglegheiter for heving av nivå i samband med pågåande anleggsarbeid for å flytte pumpestasjonen. Kostnadsalkyle er derfor usikker då omfang ikkje er kjent. Heving av nivå medfører også tilstelling og tilpassing til kringliggande bygg/plass.

Oppgradering av parken

Etablering av tømestasjon for bubilar.

Telenor basestasjon Runde

Kommunen sitt bidrag i samband med etablering av basestasjon for telenor på Langeneset.

Trafikktryggingsplan

Finansiering av tiltak etter gjeldande trafikktryggingsplan.

Tursti Myklebustvatnet

Sti med belysning om lag frå Blåhaugen til idrettsområde.

Tursti Djupvikvatnet

Sti med belysning rund delar av Djupvikvatnet (resterande del er eksisterande veg i dag).

Lisjevatnet i Dragsund

Har vore lekkasjar i fyllingar og i terskelen i fleire år. Her er planen å legge duk og støype terskelen for å få vatnet tett og opp til ønska nivå.

Bergsøy kunstgrasbane

Det er behov for rehabilitering av kunstgrasbana. Idrettlaget skal bygge hall på delar av bana, dette tiltaket gjeld oppgradering av dekke på restarealet ute.

Avlaupsplan

Midlane vert løyvd etter gjeldande handlingsplan for avlaup. Denne skal rullerast i 2018, eventuelle endringar i prioriterte tiltak og summar vert å oppdatere ved budsjetthandsaming i 2018. For 2021 er det stipulert ein sum då det ikkje ligg føre prioriterte tiltak endå.

Dragsund bustadfelt

Vidare utbygging av infrastruktur i eksisterande felt, kommunen eig arealet.

Bø/Arhaug

Utbygging av infrastruktur i regulert felt, kommunen eig delar av arealet. Pr. dags dato er det ikkje utbygd med offentleg avlaup, tiltaket heng difor saman med prioritering av utbygging utanfor feltet i handlingsplan for avlaups som skal rullerast i 2018. Det er ikkje ført fram vatn til området, grendalaget er i dialog med Herøy Vasslag SA med sikte på å løyse det.

Stokksund

Større privat reguleringsplan, kommunen eig ikkje noko areal for bustadtomter. Inneberer også oppgradering av kommunal veg fram til området og etablering av avlaupsløysing utanfor feltet.

Myklebuståsen

Utbygging i privat regi. Forhandling om utbyggingsavtale for kommunal overtaking av anlegg for drift og vedlikehald er oppstarta. Utbyggar har søkt kommunen om 11,5 mill kr. i støtte, her har vi delt det i to då utbygginga kan skje etappevis. Denne posten er avhengig av at prosessen med utbyggar går slik at støtta kan giast som investering, politisk vedtak om støtte og at utbygginga vert realisert. Vi vel å synleggjere summen i budsjettssamanheng sidan søknad om støtte er motteken og vi ser det som viktig at det ikkje kjem inn utanom budsjetthandsaming.

Mindre parkeringsplass Frøystad

Innregulert offentleg parkeringsplass i Frøystad bustadfelt.

Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar

Det er ymse snuplassar og andre tiltak for å betre/rette opp infrastruktur i eksisterande felt.

Bru til Herøy Gard

Dagens bru er i dårleg stand. Summen er delt i to for å kunne starte prosjektering året før bygging.

Veg Flusund

I samband med privat utbygging etter reguleringsplan for Indre Bergsøy må ein pårekna at kommunen må stå for delar av infrastrukturen utanfor feltet. Prosjektet er avhengig av at privat utbyggar realisera sine planar.

Kai Mjølstadneset

I samband med ei større utbygging på austleg del av Mjølstadneset, vil det vere behov for to nye kaier. Kommunen har søkt om støtte til 50% av summen, men signala så langt er negative. Total kostnadsalkyle ligg difor til grunn.

Oppgradering av Grønhaugvegen

Fleire bustadprosjekt er under planlegging i området og det kan medføre behov for oppgradering av eksisterande kommunal veg som pr. i dag er smal.

Oppgradering av veg ved Kleppeåsen

Tidlegare har delar av den kommunale vegen over Kleppeåsen blitt utbetra. Dette prosjektet gjeld oppgradering vidare.

Oppgradering av veg til Marine Sales

Kommunal veg til næringsområdet ved Marine Sales treng oppgradering.

Parkeringsplass Fosnavåg sentrum

Innregulert parkeringsplass mellom parken og Djupedalen.

Grunnarbeid jektenaust/p-plass

Dette omfattar grunnarbeid for oppføring av naust til sunnmørsjekta Anna Olava og utviding av parkeringsplassen ved Herøy Gard med etablering av kaifront (ikkje sjølvje naustet). Prosjektet er forankra politisk i K-sak 105/16 der kommunen gir si tilslutning til å utvikle

Herøy kystmuseum med etablering av naust med formidlingsbygg til jekta. Prosjektet er eit samarbeid med stiftinga Sunnmøre Museum og det vert pr. i dag arbeida med innsamling av midlar til bygging av naustet. Det er utarbeidd skisser og prosjektet kan sjåast på som oppstarta. Det har også kome til informasjon om at støtte til Myklebuståsen kan skyvast eit år fram, det vil seie til 2020/2021. Vi finn soleis å kunne setje prosjektet med grunnarbeid for jektenaust/p-plass i 2019.

ATV med hengar

For å kunne utføre arbeid knytt til turstiane i kommunen

Flishoggar

For å forenkle arbeidet med vedlikehald etc langs kommunale vegar

Traktor Idrettsområdet/Havila Stadion

Dagens traktor er av eldre dato, er mykje i bruk og ofte ute av drift.

Ny kommandobil/bil for vaktberedskap

Eksisterande kommandobil er 6 år gammal og klar for utskifting.

Den gamle bilen, som vert utskifta, er det et sterkt behov for som stasjonsbil med oppgåver som: førebyggjande brannvern - branntilsyn, kampanjer, skuleopplæring m.m.

Beredskapsoppgåver som: førsteutrykking med hjartestartar, utkjøring av hengar for kjemikalie/overflateredningsutstyr og ev. anna utstyr i komande aksjonar.

Ny lastebil

Utskifting av eksisterande lastebil m/kran ved uteseksjonen

Bil til teknisk vakt

Vil betre tenesta då ein får samla alt utstyr i ein bil.

Spylehengar

Spylehengar for drift og vedlikehald av avlaupsanlegg

Hengar for kjemikaleutstyr og overflateredning

For å muliggjere ein rask og effektiv innsats innanfor overflateredning og kjemikaleulykker. Med ein slik hengar vil utstyret ligge klart til å fraktast ut på skadested.

Meis, maske og luftflaskevaskar

Herøy brann og redning må ha slik maskin for å reingjere meiser og luftflasker effektivt og på ein tilfredsstillande måte i samsvar med HMS-reglane.

Må ha slikt utstyr i ny brannstasjon i 2019.

Videokonferanseutstyr

Interkommunalt samarbeidsprosjekt på tilsyn og oppfølging på fagområda plan, byggesak og oppmåling krev godt videokonferanseutstyr på avdelinga.

Erfaringstal frå innkjøp tidlegare i år viser at vi får godt utstyr til ca. 150.000,-

Brannsikring av kommunale bygg

Budsjettpost for lukking av branntekniske avvik i kommunale bygg. Kommunen sin bygningsmasse er i dårleg forfatning og det er behov for midlar i heile økonomiplanperioden for å lukke avvik som har direkte konsekvens for liv og helse.

Asbestsanering og golvbelegg

Budsjettpost for sanering av asbest i kommunale bygg og tilhøyrande legging av nytt golvdekke då dei aller fleste kartlagde asbestforekomstane er knytt til golvbelegg og tilhøyrande lim. Arbeidstilsynet har pålagt oss å kartlegge kommunale bygg oppført fram til 1987. Kartlegginga pågår og vi vil sanere asbestforekomstar etter alvorsgrad.

Desentralisert ventilasjon

Budsjettpost for etablering av desentralisert ventilasjon i kommunale skulebygg. Eit prøveprosjekt ved Bergsøy skule Borga og syner svært gode resultat. Vi tilrår, i samarbeid med Sektor Oppvekst, å arbeide vidare med desentralisert ventilasjon ved Bergsøy skule Borga og Ytre Herøy ungdomsskule.

Asfaltering av uteområde

Budsjettpost for asfaltering av uteområde ved kommunale bygg. Særleg ved fleire skular og barnehagar er uteområdet heilt eller delvis grusa med den konsekvens dette får for reinhald og slitasje på bygg og brukarar.

Oppgradering av leikeapparat

Budsjettpost for oppgradering av leikeapparat ved kommunale skular og barnehagar. Sjølv om kommunen over ei periode på 4 år har oppgradert det vesentlege av leikeplassutstyr, vil det framleis vere behov for ein budsjettpost for dette også vidare.

Herøy rådhus

Tiltaket omhandlar etablering av ny rullestolrampe og naudsynt ombygging av hovudinngang samt rehabilitering av eksisterande personalheis.

Nedre Dragsund 2

Tiltaket omhandlar naudsynt ombygging for vidare utleige. Vi har no utarbeida forslag til inndeling av bygget i mindre seksjonar då det over tid har vist seg vanskeleg å finne aktørar som er interessert i større areal. Pt. er vi såleis i forhandlingar med fleire aktørar som samla vil fylle størstedelen av bygget med aktivitet.

Bergslia barnehage

Tiltaket omhandlar planlegging av tilbygg for utviding av storbarnsavdeling i front samt generelt lagerbehov. Barnehagen sin arkitektur er så pass krevjande at vi i fyrste omgang ber om planleggingsmidlar for å få skissert ei løysing som kan fungere funksjonelt og arkitektonisk med tenkt gjennomføring i 2019.

Bergsøy skule Borga

Tiltaket omfattar naudsynte tiltak for å forlengje levetida til bygget, særleg rehabilitering av yttertak og fasade, nye vindauge og planlegging av nytt varmeanlegg for bygget då oljefyr som varmekjelde er forbode frå 2020. Avsette midlar er difor foreslått dobla for perioden 2020 og 2021, samanlikna med 2018 og 2019. Desentralisert ventilasjon er også eit prioritert tiltak ved bygget, men vert gjennomført via den generelle løyvinga til dette.

Bergsøy skule Blåhaugen

Tiltaket omfattar tilbygg for grupperom. Sektor Oppvekst ber om prioritet for dette prosjektet. Prosjektet vert difor søkt igangsett i 2018.

Moltu skule

Tiltaket omfattar naudsynt solskjerming ved bygget.

Stokksund skule

Tiltaket omfattar nye vindu for byggetrinn 1 – ungdomsskulen.

Ytre Herøy ungdomsskule

Tiltaket omhandlar planlegging av tilbygg for grupperom og telefonrom samt generell lydisolering av administrasjonsdelen då det er svært lytt inn til undervisningsrom og pauserom for undervisningspersonalet. Desentralisert ventilasjon er også eit prioritert tiltak ved bygget, men vert gjennomført via den generelle løyvinga til dette.

Herøy helsesenter

Tiltaket omhandlar bygging av plating ved pauserommet til Herøy helsesenter, slik at dei tilsette kan ha pause utandørs i fint ver. Pr i dag er det ikkje tilrettelagt for dette ved bygget.

Herøy omsorgssenter - Raud og Grøn avdeling

Tiltaket omfattar fullsprinkling av bygget og utskifting av dører til pasientrom.

Prosjektet innebær også at himling og belysning i fellesareal må oppgraderast. Tiltaket er naudsynt for å sikre ei forsvarleg branntryggleik ved bygget.

Prosjektering av fullsprinkling er under utarbeiding, men vert truleg ikkje ferdigstilt tidnok til budsjettprosessen. Vi ber difor om ei rammeløyving for dette og kjem attende med ei spesifikk sak så snart prosjekteringa er ferdigstilt.

Prosjektet er krevjande, men naudsynt.

Herøy omsorgssenter – Gul

Tiltaket gjeld miljøsanering og riving av bygget.

Myrvåg omsorgssenter

Planleggingsmidlar for rehabilitering av kjøkkenfløy. Tiltaket er naudsynt mellom anna for å sikre ein forsvarleg situasjon knytt til båretransport.

Sjukeheimsvegen 14

Tiltaket omhandlar rehabilitering av fasadar og yttertak. Bygget er eigna som framtidig hardbruksbustad og tiltak vil bidra til at bygget kan fungere for dette formålet. Rehabilitering av leilegheiter vert gjennomført ved leigetakarskifte.

Fosnavåg driftsbasis / brannstasjon

Planleggingsmidlar for ombygging av eksisterande driftsbasis for sektor Samfunnsutvikling si driftsavdeling. Planlegging omhandlar særleg skillet mellom rein/urein garderobe, som har dei same grunnleggande manglande knytt til garderobeforhold som Herøy brann og redning. Arbeidstilsynet har som kjent gitt pålegg om utbetring av tilsvarande avvik for brannstasjon. Det er berre tilfeldig at tilsvarande pålegg ikkje er gitt for driftsbasen generelt.

Tiltaket er tenkt gjennomført i 2020, som er det fyrste sannsynlege tidspunkt for rehabilitering føresett at ny hovudbrannstasjon vert bygd og ferdigstilt seinast i 2019.

Herøy kulturhus og idrettshall

Tiltaket omfattar rehabilitering av publikumstolett i vestibyle underetasje, utskifting av sportsdekket i Herøyhallen og planleggingsmidlar for rehabilitering av fasade og vindauge.

Fasaden står på skade og må rehabiliterast i løpet av få år. Det store bygningsvolumet sett i samheng med Sunnmørsbadet Fosnavåg AS medfører at fasaderehabiliteringa må skisserast for å sikre ei heilskapleg arkitektonisk løysing. På grunn av den store kostnaden har vi valt å splitte prosjektet opp i byggetrinn for å redusere investeringskostnaden pr. år.

I økonomiplanperioda vil det også vere behov for andre oppgraderingstiltak ved bygget. Dette omfattar særleg tiltak knytt til festsalen og Herøyhallen.

Herøy gard

Brannsikring er fortsatt eit naudsynt tema, særleg i form av utandørs sprinkling av fasadar.

Særleg om prosjekt 51408 - Gymsal/ fleirbrukshall

I K-sak 110/17 vart det 28.09.2017 gjort slikt vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet for fleirbrukshall 25x 45 m. ved Einedalen skule.
2. Fleirbrukshallen vert lagt til tomta ved SFO.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.
4. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet som totalentreprise i samsvar med gjeldande reglement, føresettt naudsynt finansiering.

Særleg om prosjekt 70018 – Energisparekontrakter EPC

Herøy kommune har inngått kontrakt med AF Miljø og Energiteknikk AS om kartlegging av bygningsmassen med tanke på eit eventuelt etterfylgjande samarbeid om gjennomføring av energiltak i kommunale bygg med garantert energisparing.

Det er i gjeldande økonomiplan avsett kr. 15 mill. i 2018 og 2019 for gjennomføring av tiltak. Vi har etter ei vurdering av førebelse rapportar frå leverandøren vår konkludert med at vi kan tilrå ein redusert investeringspost.

Særleg om prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon

I K-sak 111/17 vart det gjort slikt vedtak 28.09.2017:

1. Kommunestyret godkjenner forprosjekt for ny hovudbrannstasjon.
2. Kommunestyret ber administrasjonen sjå etter alternative tomter.
3. Saka kjem tilbake til kommunestyret i neste møte.

Det er i skrivande stund ikkje valt tomt.

11 Vurdering og konklusjon

Herøy kommune har ein ambisjon om å vere «ei båtlegd føre» og vere «ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i». Kommunestyret har vidare vedteke ein strategi for utvikling av lokalsamfunnet og organisasjonsutvikling gjennom Samfunnsdelen av Kommuneplanen og Kommunekompasset.

Kommunekompasset, medarbeidarundersøkinga, brukarundersøkingane, innbyggjarundersøkinga og lokaldemokratiundersøkinga viser at kommunen er ein gjennomsnittskommune på dei aller fleste område. Samanfatta er inntrykket frå undersøkingane at kommunen har utfordringar på fylgjande hovudområde.

- Manglande samhandling internt i administrasjonen, mellom politikk og administrasjon og mellom kommune og eksterne aktørar.
- Mangel på respekt mellom kommune og innbyggjarane, mellom politikk og administrasjon og mellom politikarane.
- Mangel på tillit mellom kommune og innbyggjarane, mellom politikk og administrasjon og mellom politikarane.

Dette må takast på alvor og settast inn tiltak for å

- **Styrkje samhandlinga** på alle plan
- **Byggje respekt** internt og eksternt
- **Byggje tillit** internt og eksternt.

Det er krevjande å finne ein balanse mellom stramme, men fagleg forsvarlege rammer for tenestetilbodet, og investeringsrammer som legg til rette for utvikling, busetjing, næringsetablering og sikrar ein forsvarleg standard på bygningsmassen.

I rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan er det prøvd å synleggjere kva for investeringar det er behov for dersom kommunen skal forlenge levetida for eksisterande bygningmasse med forsvarleg standard og ha ei strategisk satsing for busetjing og næringsetablering.

Investeringsbudsjettet:

Rådmannen har prioritert investeringar som kan gje næringsetablering, sentrumsutvikling, bulyst og folketalsvekst og dermed sikre vekst i skattegrunnlaget og rammetilskot i tillegg til å sikre ein forsvarleg standard på bygningsmassen.

I investeringsbudsjettet er det lagt inn 2 nybygg:

- Ny brannstasjon
- Fleirbrukshall ved Einedalen skule

Dette er nybygg som har pressa seg fram pga Arbeidstilsynet sine krav og ved at Einedalen skule ikkje har gymsal/Herøyhallen er sprengd.

Kommunedelplanen for bustadpolitikk vart vedteken i K-sak 14/16. Kommunen har 140 utleigebustader rundt i kommunen. I planarbeidet kom ein fram til kommunen kan selje 30 bueiningar og bruke midlane til å reinvestere i 18 nye einingar. Det er ein føresetnad at kommunen sel bustadane til dei som bur der i dag for at forholdet mellom behov for bustad og tilgjengelege bustader ikkje skal verte forverra.

Driftsbudsjettet:

KOSTRA- rapportane konkluderer med at Herøy kommune på mange område ser ut til å vere ein effektiv driven kommune. Men tabellen på side 22 kan tyde på at her framleis er noko å hente.

Gjennom 2016 og 2017 har administrasjonen arbeidd med å skape balanse mellom kommunen sine utgifter og inntekter m.a.

- Kritisk vurdert tenestenivået i forhold til standarden i dag og kva som er forsvarlege tenester.
- Analysert den administrative organiseringa og bruk av administrative ressursar.

I 2016 vart det trekt inn fylgjande stillingar:

- 1,0 stilling som folkehelsekoordinator/kulturarbeidar
- 0,3 stilling økonomi/personal

I 2017 står fylgjande stillingar vakante:

- 1,0 stilling rådmann/assisterande rådmann
- 1,0 stilling Servicetorget

I tillegg er 0,8 stilling i administrasjonen i pleie og omsorg inndratt.

I 2018 vil eg rå til at

- 1,0 stilling som assisterande rådmann vert inndratt
- 1,0 stilling i Servicetorget vert ståande vakant
- 1,4 stillingar vert ståande vakante i økonomiavdelinga/dokumentsenteret fram til avklaring rundt samarbeidsprosjektet med Vanylven (1. Juni 2018).

Eit budsjett og ein økonomiplan skal vere eit styringsverktøy og om det ikkje er reelt, vil det heller ikkje vere eit styringsverktøy for administrasjon og politikarar.

Rådmannen ser no at tillegg til til vakansar og rammeinnsparingar er det behov for permanente innsparingstiltak som vil ha innsparingseffektar på lenger sikt (utover det enkelte budsjettår). Eg kjem difor med framlegg om at det vert gjort ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kan redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Dette er tiltak som skal kome i tillegg til rammereduksjonane for sektorane.

Herøy kommune er ein av relativt få kommunar som enno ikkje har innført eigedomsskatt. Det gjer at driftsrammene (når ein tek omsyn til løns- og prisvekst) minkar år for år. Dette kombinert med auka kostnadar knytt til renter og avdrag gjer at kommunen er pressa økonomisk. Trass i dette har kommunen klart seg brukbart dei siste åra, mykje takka vere lojale tilsette og tillitsvalde.

Eigedomsskatt frå 2019 vil kunne gi ei inntekt på om lag 8-10 mill kr per år forutsett ein skatt på 1 promille av formuesverdien.

Dersom det i løpet av 2018 ikkje lukkast å finne tiltak som meir permanent reduserer kostnadene/aukar inntektene, ser eg ikkje anna råd enn at kommunen må vurdere innføring av eigedomsskatt.

12 Foreslåtte tiltak som per no ikkje er ein del av budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Driftstiltak førebels ute av lista

Driftsformål m/finansiering	2018	AVD
	Kostnad	
Auka betaling til Sunnmørsbadet AS	300	Pol leing
Ny stilling Personalarbeid	700	Stab
Barnehage, spesialpedagogisk hjelp	400	Oppvekst
Ekstra assistentar funksjonh barn i barnehage	1250	Oppvekst
Erstatte ubunden til for pedagogar i Barneh	615	Oppvekst
Auka tid til leing i skulen	445	Oppvekst
Digitale læremiddel	150	Oppvekst
Spesialundervisning grunnskule	600	Oppvekst
Meir hjelpepersonale Myrvåg legesenter	590	Helse og omsorg
Endra avtaler fastlegar	1500	Helse og omsorg
Interkommunal TIBIR satsing	120	Helse og omsorg
Oppreisingsordning tidlegare barneheimsbr	400	Helse og omsorg
Rekruteringsplan fastlegar	300	Helse og omsorg
Styrking barnevern	735	Helse og omsorg
Styrking av fysioterapitenesta	545	Helse og omsorg
Styrking psykisk helsevern	1110	Helse og omsorg
Tilskott skulehelsetenesta	1540	Helse og omsorg
Kvardagsrehabiliteringsteam oppretting	820	Helse og omsorg
Auka brukarbehov avlastninga	940	Helse og omsorg
Familiestøtte, miljøarbeid	150	Helse og omsorg
Reasfaltering av vegar	500	Samfunnsavd
Auka vedlikehald løpande byggdrift	300	Stab
Auka løyving planlagt vedlikehald	1000	Stab
Auka løyving rehabilitering av utleigebust.	150	Stab
SUM REGISTRERTE YNSKJER OM AUKA DRIFT	15160	

Fosnavåg, 22.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

BUDSJETT- OG
ØKONOMIPLAN-
KOMMENTARAR

2018

OG

2018-2021

FRÅ AVDELINGANE

INNHALDSLISTE

Politisk og administrativ leing	1
Stab	
Stab, innkjøp og dokumentsenter	2
Servicetorget	6
Økonomiavdelinga	8
Personal- og organisasjonsavdelinga	10
IKT avdelinga	12
Eigedomsavdelinga	16
Investeringstiltak i kommunale bygg 2018-2021	
K-sak 112/17	26
Oppvekst	41
Helse og omsorg	50
Samfunnsutvikling	59
Tilleggsnotat til K-sak 121/17	65
Felles Digitaliseringsstrategi	69
Kyrkjeleg Fellestråd	70



NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Rådmannen

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
18.09.2017

BUDSJETTKOMMENTARAR. ANSVAR 1011, 1012 OG 1221.

Ansvar 1011 Politisk leing

I samsvar med vedtaket i F-sak 117/17 Godtgjersle til ordførar under sjukedom er løyvinga på dette ansvaret oppjustert med ca 300.000 kr.

Ansvar 1012 Valg

Det er ikkje budsjettert med noko på dette ansvaret i 2018 då det ikkje er valår (det er løyvd 366.000 kr på dette ansvaret i 2017).

Ansvar 1221 Rådmann/assisterande rådmann

I samband med omorganiseringa gjekk stillinga som assisterande rådmann ut. Løyvinga på dette ansvaret er difor redusert med ca 1,0 mill. kr i 2018 i forhold til 2017.

Med helsing

Olaus-Jon Kopperstad



NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Kommunalsjef stab

Saksnr
2017/715


Arkivkode
124

Dato
07.09.2017

BUDSJETTNOTAT KOMMUNALSJEF STAB, INNKJØP OG DOKUMENTSENTER

1. Generelt

Organisasjonskart Stab, Herøy kommune per 1. juli 2017:



2. Ansvar og oppgåver

Kommunalsjef Stab har fått delegert overordna mynde for stabstenestene i Herøy kommune frå rådmannen. Kommunalsjef Stab har delegert mynde til avdelingsleiarane i Stab innanfor respektive fagområde. Dokumentsenter/politisk sekretariat og Innkjøp er organisert direkte under Kommunalsjef Stab.

Dokumentsenteret og politisk sekretariat har ansvaret for kommunen sitt sak- og arkivsystem, intern fagstøtte, sekretariatfunksjonen ved politiske møte og er kommunen sitt valsekretariat.

Innkjøp skal syte for tenlege og samordna innkjøpsrutinar i Herøy kommune i tråd med gjeldande lov- og regelverk, gjennomføre anbodskonkurransar og koordinere innkjøpsverksemda. Innkjøp driv rådgjeving og har oversyn over gjeldande avtalar. Innkjøp har ansvar for dialogen med innkjøpssamarbeidet ved Ålesund kommune.

3. Utviklingsmål tenester

Utviklingsmåla for Stab generelt må sjåast i lys av vedtaket som kommunestyret gjorde den 31. august 2017:

«Herøy kommune er positive til å utarbeide ein interkommunalt samarbeidsavtale med Vanylven kommune på stabsnivå, med felles leiar for fagfelta økonomi og personal- og organisasjon frå 1. januar 2018.

Herøy kommune og Vanylven kommune ynskjer å utarbeide samarbeidsavtale med mål om å etablere eit felles servicekontor og dokument/arkiv i Vanylven kommune. Herøy kommune skal ved eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgande evaluering.»

Uavhengig av samarbeid med Vanylven kommune, skal Dokumentsenter/politisk sekretariat og innkjøp støtte og syte for å lever gode tenester innanfor sine respektive fag- og ansvarsområder, jf. ovanfor.

På noverande tidspunkt er det ikkje råd å sei noko konkret, anna enn at arbeidet med prosessen har byrja og ein skal etablere arbeidsgrupper basert på fag.

Konkretisering av utviklingsmåla for 2018 vert gjort i årsplan.

4. Utfordringar og overordna vurderingar

Nedgang av ressursar:

Utfordringa for Dokumentsenteret/politisk sekretariat er nedgang ressursar grunna delvis oppseiingar. Fagområdet «eig» i utgangspunktet 2,5 stillingar. Frå 1. januar 2018 vil det verte redusert med 0,6 stillingar til samla 1,9 stillingar.

Ope landskap:

Det har kome innspel om at kontorlokale (ope landskap) i rådmannsfløya ikkje er optimalt for Dokumentsenteret/politisk sekretariat. I den samanhang vert det peika på støy og trafikk, som påverkar konsentrasjonen og arbeidsmiljøet m.m.

5. Konsekvensar av vidareføringa av verksemda

Nedgang ressursar:

Kommunalsjef Stab kan vanskeleg sjå føre seg at Dokumentsenteret/politisk sekretariat kan støtte sine arbeidsoppgåver og ansvar på ein fagleg forsvarleg måte utan at det vert i verksett tiltak. Det er to alternative tiltak som synest nærliggande:

- a) Rekruttering av ny medarbeidar i 60% stilling.
- b) Samarbeid med Vanylven kommune der ansvar og oppgåvefordeling vert organisert slik at rekruttering ikkje vert naudsynt.

Ope landskap:

Kommunalsjef Stab kan vanskeleg sjå føre seg at Dokumentsenteret/politisk sekretariat kan støtte sine arbeidsoppgåver og ansvar på ein fagleg forsvarleg måte utan at det vert i verksett tiltak. Det er to alternative tiltak som synest nærliggande:

- a) Ombygging til cellekontor eller oppsett av skiljeveggar.
- b) Ein vurderer i fyrste omgang om ein kan finne tenlege løysingar på noko sikt, ved å sjå på det totale kontorbehovet samla og fri-stilling av andre kontor ved rådhuset.

6. Konsekvensar ved omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester

Det vert synt til det som er skrive over, og saksframlegg 2017/760 og Kommunestyrevedtak av 31. august 2017 om samarbeid med Vanylven kommune.

7. Forslag til endringer og nye tiltak

Det vert synt til det som er skrive over, og saksframlegg 2017/760 og Kommunestyrevedtak av 31. august 2017 om samarbeid med Vanylven kommune.

8. Kommentarer til drift og investering

- a) Ombygging til cellekontor eller oppsett av skiljeveggar.

Grovt prisestimat er sett til kring 100 000,- ved bygging av cellekontor eller skiljeveggar.

- b) Rekruttering av ny medarbeidar i 60% stilling.

Dette ligg innanfor forslaget til budsjettet for 2018, og er slik sett ei vidareføring av budsjettet frå 2017.

- c) Auka lisenskostand på kr. 63 000,- som fylgje av at IKT-avdelinga i vert overført til SSIKT.

Lisenskostandar for Ephorte, som tidlegare har blitt budsjettert over IKT-budsjettet, vert overført til budsjettet for Dokumentsenteret/politisk sekretariat, som «eigar» av programmet.

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Kommunalsjef Stab

Fosnavåg 22.09.17.



NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Servicetorget

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
20.09.2017

BUDSJETTKOMMENTAR SERVICETORGET

1. Generelt

Servicetorget vart frå 01.01.2017 ei avdeling i seksjon Stab. Arbeids- og ansvarsområda er uendra.

31. august 2017 vart det gjort vedtak i kommunestyret om å starte arbeidet med ein intensjonsavtale om samarbeid med Vanylven kommune på stabsnivå. Servicetorget og oppgåver lagt til Servicetorget vert ein del av det som skal vurderast. Samarbeidsprosjektet skal gå over 2 år.

Servicetorget er ofte det fyrste kontakten innbyggjarane har med kommunen. Servicetorget skal gi god service, yte gode tenester overfor innbyggjarane og sørge for skjerming av baklandet slik at dei får arbeidsro til sine oppgåver.

2. Utfordringar

Servicetorget har i snart 2 år hatt vakanse i 100 % stilling.

Ved oppstart av Servicetorget hadde ein 5,5 stillingsheimlar. I dag har ein 4,5 stillingsheimlar.

Vakansen i servicetorget er ei 50 % stillinga som har vore i Servicetorget sidan oppstart for over 15 år sidan (50 % vart flytta til anna avdeling på eit tidlegare tidspunkt). 50 % vart oppretta i samband med bygging av Fosnavåg konserthus.

Etter at stillinga vart halde vakant har arbeidsoppgåvene vore uendra. Ein opplever heller at arbeidsmengda har auka innanfor enkelte områder.

Ein har vanskar med å få gjort dei oppgåvene ein skal utføre og gjere det ein får gjort på ein fagleg god måte. Det er ikkje rom til å tenke vidareutvikling og forbetring av tenestene.

Med bemanninga ein har er personalressursane bunde opp i opningstida 08.00-16.00. Ein har stor vanskar med å få trekke seg tilbake for å arbeide skjerna eller få fagleg påfyll ved å ha organisert opplæring og kurs.

Redusert bemanning har ført til stor slitasje på dei tilsette. Drifta kan ikkje halde fram med same nivå innanfor dei rammene ein har.

3. Konsekvensar av vidareføring av verksemda

Om ein framleis skal halde fram med vakanse i Servicetorget må det settast iverk tiltak slik at ein unngår ytterlegare belastning for dei tilsette.

For innbyggjarane i kommunen har Servicetorget ein viktig rolle. Det er personalressursen som jobbar i Servicetorget som er den store ressursen med sin kompetanse om organisasjonen og tenestene som vert utført.

Innbyggjarane får mange tenester utført på ein plass og det er stort fokus på god service og positiv omdømebygging for kommunen. Skal Servicetorget i framtida yte gode faglege tenester, vere denne arenaen for innbyggjarane og ressursen for kommunen, er det viktig at ein har naudsynte personalressursar for å utføre oppgåvene.

4. Omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester

Servicetorget er positiv til omstilling og arbeidet som er starta om samarbeid med Vanylven.

I ein overgangsperiode ser ein at dette vil krevje ekstra fokus og meirarbeid.

Det vert synt til det som er skrive over med tanke på standardreduksjon og nedlegging av tenester.

5. Drift og investering

Med bakgrunn i det som er skrive over er det viktig at som er vakanse vert tatt inn i budsjettet og stilling lyst ut.

Servicetorget har ikkje lagt fram investeringstilbak, men vil, om rammene gir rom for det, ha fokus på fleire digitale møteplassar for innbyggjarane. Eksempel kan vere chat.



NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Økonomiavdelinga

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
04.10.2017

BUDSJETTKOMMENTARAR ØKONOMIAVDELINGA 2018-2021

1. Generelt

Økonomiavdelinga frå 01.01.2017 ei avdeling i seksjon Stab. Arbeids- og ansvarsområda er uendra.

31. august 2017 vart det gjort vedtak i kommunestyret om å starte arbeidet med ein intensjonsavtale om samarbeid med Vanylven kommune på stabsnivå. Økonomiavdelinga og oppgåver lagt til avdelinga vert ein del av det som skal vurderast. Samarbeidsprosjektet skal gå over 2 år.

Økonomiavdelinga er ei avdeling som har mykje kontakt med andre avdelingar i kommunen og opp mot innbyggjarane og verksemdene i kommunen (spesielt skatt).

2. Utfordringar

For økonomiavdelinga sin del (eks skatt) er utfordringane knytt til endring av regelverk og nye måtar å utføre arbeidsoppgåvene på.

Vi fører frekneskapen til fellesrådet, sokna, landbrukskontoret og opplæringskontoret for lærlingar i tillegg til Herøy kommune sin rekneskap. Organisasjonsendringane kommunen har vore gjennom siste året har ført til mykje ekstraarbeid for oss med omsyn til nye oppbyggingar i rekneskapssystemet Agresso.

Trass i utvida arbeidoppgåver, endra regelverk etc har utviklinga i talet på årsverk blitt redusert dei siste åra. Med dagens bemanning klarer vi å utføre dei arbeidsoppgåvene vi er sett til å løyse, men internkursing, internkontroll etc vert nedprioritert.

3. Konsekvensar av vidareføring av verksemda

Med dagens budsjett og dagens bemanning skal vi klare å utføre det arbeidet vi er sett til å gjere med det omfang og den kvalitet vi har i dag.

4. Omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester

Økonomiavdelinga er avventande til samarbeidsprosjektet med Vanylven kommune. Dette fordi vi per i dag veit for lite om kva endringar som blir resultatet av prosessen og kva meirarbeid dette kan føre til for avdeling – både når det gjeld økonomi og skatt.

I økonomiavdelinga blir det ei 0,8% stilling vakant frå 01.01.2018. Kva som vil skje med denne er usikkert per dato, men om den blir ståande vakant vil det resultere i mindre kontrollarbeid, mindre saksførebuing og store utfordringar knytt til å arbeide inn mot samarbeidet med Vanylven.

5. Drift og investering

Ingen spesielle tiltak med unntak av evt tilsetjing i vakant stilling.

Med helsing

Geir Egil Olsen



NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Personal- og organisasjonsavdelinga

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
19.09.2017

BUDSJETTNOTAT PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

1. Generelt

Budsjettkommentarane byggjer på signal om endringar i rammevilkår og dei organisasjonsendringar som har skjedd det siste året.

2. Ansvar og oppgåver

Personal- og organisasjonsavdelinga har ein stab-, støtte- og utviklingsfunksjon innanfor nemnte område. Vi kan i hovudsak dele desse fagområda i tre, der lønn-, personal- og organisasjonsarbeid ligg innanfor fagfeltet som Personal- og organisasjonsavdelinga skal vere med på å utvikle og styrkje, samt vere pådrivar og rådgjevar for. Avdelinga har også ei viktig rolle med å vere relasjonsbyggjar mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar Herøy kommune.

Personal- og organisasjonsavdelinga har ansvar for å følge opp og vere i dialog med eksterne samarbeidspartnarar i høve til pensjon, sjukepengar, IA, oppfølging av tilsette og bedriftshelseteneste.

3. Utviklingsmål tenester

Uavhengig av om samarbeidet med Vanylven vert effektivt eller ikkje, er målet for Personal- og organisasjonsavdelinga å levere gode tenester til kundane våre ved å vere med på å utvikle organisasjonen gjennom opplæring og rettleiing som hevar kvaliteten på tenestene. Med dette meiner vi at vi skal levere riktige tenester til riktig tid, og det same må gjelde for dei interne kundane våre.

Tenestene våre er avhengig av at vi utnyttar eksisterande system betre og at vi tek i bruk nye.

10.

Mange av dei tenestene som Personal- og organisasjonsavdelinga jobbar med er ikkje direkte kvantifiserbare, og resultatane oppstår i relasjon og samarbeid med andre sektorar, avdelingar eller seksjonar.

4. Utfordringar og overordna vurderingar

Personal- og organisasjonsavdelinga har frå 01.07.17 mindre personalressursar til å utføre dei forventa tenestene i organisasjonen, noko som gjer at kapasiteten vert redusert. I tillegg til at kapasiteten er redusert, er også kompetansen ved avdelinga redusert. Mindre kompetanse gjer at vi blir dårlegare rusta til å meistre komplekse oppgåver og oppgåver som stiller krav til formell kompetanse.

Korleis vi skal handtere desse utfordringane vil vere avhengig av om det blir eit samarbeid med Vanylven eller om det blir Herøy kommune sine interne og eksterne rammevilkår som legg føringane.

5. Konsekvensar av vidareføring av verksemda

Med utgangspunkt i personalsituasjonen må avdelinga gjere val om kva tenester som skal prioriteras og til kva «kvalitet» vi skal tilby tenestene. Det er også eit spørsmål om å jobbe smartare. Det er likevel eit gap mellom det som er forventa at vi skal levere og dei ressursane som vi disponerer.

Dersom vi ser situasjonen for avdelinga i Herøy kommune isolert sett, vil det vere naudsynt å rekruttere eller omdisponere ressursar som ligg til Stab for å kvalifisere til dei oppgåvene som skal utførast.

6. Konsekvensar ved omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester

Sjå punkta ovanfor.

7. Forslag til endringar og nye tiltak

Sjå punkta ovanfor.

8. Kommenterar til drift og investering

I budsjett for 2018 er det føreslått å styrkje talet på tilsette med ei 100% st. Behovet for ressursar må likevel sjåast i forhold til eit eventuelt samarbeid med Vanylven og dei samla ressursane og kompetansen som då er til rådvelde.

Med helsing

Ann Kristin Eiken



NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: IKT-avdelinga

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
22.09.2017

BUDSJETTKOMMENTARAR 2018 IKT-AVDELINGA

1. Generelt

21.08.2017 vart det gjort vedtak i kommunestyret om organisering av interkommunalt IKT-samarbeid SSIKT. Nye vedtekter og ny organisering for Søre Sunnmøre IKT vert etablert frå 01.01.2018. Dette inneber overføring av IKT-personell frå Herøy kommune til SSIKT.

2. Ansvar og oppgåver

SSIKT tilbyr standardiserte IKT-tenester som skal støtte dei tilsette i Herøy kommune i sitt daglege virke. Avdelinga leverer eit breitt spekter av IKT-tenester og har ansvar for infrastruktur, applikasjonar, telefoni og brukarstøtte.

SSIKT skal støtte opp om effektiv tenesteproduksjon og levere trygge og stabile IKT-tenester. I tillegg til dagleg brukarstøtte har avdelinga ansvar for planlegging, installasjon og operasjonell drift av infrastruktur, telefoni, maskin- og programvare.

SSIKT skal sikre at kommuneleiinga får strategiske råd i arbeidet med digitalisering av kommunale tenester, samt sørge for økonomisk og effektiv drift av eksisterande løysingar.

- Utarbeide IKT-strategi og digitaliseringsstrategi
- Drift og vedlikehald av kommunens IKT-system (applikasjon, nettverk, maskinpark)
- Innkjøp av IT-utstyr

- Leverandøravtalar, lisenshandsaming
- Brukarstøtte
- Bistå i byggeprosjekt
- Telefoni, samhandling

3. Utviklingsmål tenester

SSIKT vil nytte punkta i tenestenivåavtalen (SLA) som utviklingsmål for 2018. Dette er ein avtale mellom SSIKT og Herøy kommune som avklarar kva oppgåver som ligg til SSIKT og kva nivå ein skal levere på. Avtala seier i tillegg noko om kva det er forventa at kvar enkelt brukar av systemet må kunne sjølv. Eit av dei viktigaste punkta i det vidare arbeidet med SSIKT er at vi har ein felles og heilskapleg plan på kva vi skal levere, til kva tid og på kva nivå.

Vi skal måle oss sjølve på:

- Responstid på brukarstøtte (både telefon og e-post)
- Løysingstid på ulike saker ut frå kategori (kritisk, høg, normal og låg)
- Oppetid på dei ulike fagprogramma.
- Oppetid på nettverk.

4. utfordringar og overordna vurderingar

Kommunen vert stadig meir avhengig av IKT for å løyse sine oppgåver og levere gode tenestar til innbyggjarane. Områder der ein nyttar IKT vert fleire og utfordringar med å prioritere og standardisere vert større. Utviklinga har gått frå ei rekke frittståande fagsystem og applikasjonar, til krav om integrerte løysingar der informasjonen vert utveksla på tvers av organisasjon og forvaltningsnivå. Det er klare forventingar om fleire digitaliserte og meir tilpassa tenester for innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og tilsette.

Samordning av IKT-ressursane og felles ressursar på utbygging og drift skal gi meir stabil og sikker drift. Rett utnytta, aukar det kommunane si evne til å møte teknologiske krav og utfordringar, og vil styrke arbeidet innanfor digitalisering og drift, spesielt av dei døgnkontinuerlege tenestene.

5. Konsekvensar av vidareføringa av verksemda

Overføring av IKT-personell frå kommunane til SSIKT frå 01.01.2018, vil føre med seg endra kostnader i IKT samarbeidet. Alle kommunar må betale for IKT personell etter avtalt fordelingsnøkkel, men dei vil få reduksjon i eigne budsjett ut frå lønnskostnaden for det IKT-personalet dei fører over til SSIKT. Endringa vil gje ulike utslag avhengig av kor mange IKT-tilsette frå den enkelte kommune som går inn i ordninga og lønsvivået som varierer noko mellom samarbeidskommunane.

13500 - Kjøp frå kommunar

Justert i forhold til siste versjon av driftsbudsjettet for SSIKT. Det kan kome mindre endringar.

6. Konsekvensar ved omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester.

Omorganisering av IKT-ressursar opp mot SSIKT vert i verksett 01.01.2018. Avdelinga stiller seg positiv til denne omorganiseringa og ser det som naudsynt for å kunne levere solide tenester med dei ressursane ein har til rådvelde.

7. Forslag til endringar og nye tiltak

a) Driftstiltak
Sjå punkta ovanfor.

b) Investeringsiltak

IKT-avdelinga ynskjer å behalde den årlege lokale investeringsramma på 2 000 000. Det er framleis naudsynt med lokalt investeringsbudsjett av denne størrelsen då kommunen må dekke lokale kostnader knytt til:

- Kabling av bygg
- Datamaskiner, tynne klientar og skjermar, nettverkskomponentar samt anna IKT utstyr
- Projektor, smartboards og liknande
- Kabling av bygg, utbygging av trådlaust nettverk
- Kabling mellom bygg, fiber, og liknande
- Andre lokale prosjekt som kan knytast til IKT

8. Kommentarer til drift og investering.

Tala i budsjettforslaget er i samsvar med gjeldande kostnader knytt til kjøp av tenester frå SSIKT pr. d.d.
Kjønt innkjøp av varer og tenester er prisjustert for 2018.

Med helsing

Guro Gausemel



NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Eigedomsavdelinga

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
07.09.2017

BUDSJETTKOMMENTAR 2018 - EIGEDOMSAVDELINGA

1. GENERELT

Budsjettkommentar 2018 er utarbeida av eigedomsleiar etter drøffingar med avdelingstab, herunder også verneomboda for seksjon Reinhald og verneombodet for seksjon Byggdrift.

Når det gjeld kap. 7 er også forslag til investeringsplan for 2018-2021 drøfta med rådmannens leiargruppe, den einskilde sektor og med hovudverneombodet

2. ANSVAR OG OPPGÅVER

Eigedomsavdelinga er ansvarleg for forvaltning, drift, vedlikehald og vidare utvikling av kommunens bebygde eigedomar. Avdelinga sitt ansvarsområde er såleis knytt til kommunale formålsbygg og utleigebustadar i heile livsløpet, frå fyrste spadetak via forvaltning, utleige, teknisk drift og reinhald, vedlikehald, ombygging, tilbygging og anna oppgradering til eventuell miljøsanering og riving.

Eigedomsavdelinga er også ansvarleg for startlån og tilskot til etablering og tilpassing samt mindre serviceoppgåver (primært kantinedrift ved Herøy rådhus).

Organisasjonskartet er oppdatert pr.01.09.2017 og fyl som vedlegg 1 til budsjettkommentaren.

16

3. UTVIKLINGSMÅL FOR TENESTENE

Det er ei målsetting i egedomsavdelinga sin årsplan for 2017 å utarbeide delmål og/eller nøkkeltal for tenesteutviklinga. Det er utarbeida slike førebelse forslag:

Generelt

1. Sakshandsaming skal vere i samsvar med lov og føreskrift.

Indikator: Klager på sakshandsaminga.

Byggdrift

1. Alle bygningsmessige avvik skal registrerast i Famac.

Indikator: Avvik meldt pr. e-post, telefon eller på anna vis.

2. Direkte innmeldte avvik skal ikkje overstige 600 avvik pr. år.

Indikator: Avviksrapport i Famac.

3. Alle planlagte arbeidsoppgåver skal registrerast som aktivitetar i Famac. Uforutsette oppgåver skal registrerast med mindre det vurderast som unødvendig.

Indikator: Arbeidsoppgåver som ikkje er registrert, men som seksjon Byggdrift likevel jobbar med.

4. Gjennomføringsgraden for eigenkontroll skal minimum vere 50 %.

Indikator: Aktivitetsrapport i Famac.

5. Avsetning til løpande byggdrift skal minimum vere på kr. 30 pr. m2 (basert på totalt 64 000 m2 BTA kommunal bygningsmasse).

Indikator: Budsjettvedtak for det einssilde år.

Bustadforvaltning

1. Bustadar skal klargjerast for utleige innan 30 dagar etter tilbakelevering frå leigetakar.

Indikator: Dato for utkwittering av aktivitet i Famac.

2. Det skal utarbeidast buopplæringsplan for alle nye kontraktsforhold i gjennomgangsbustadar.

Indikator: Antall buopplæringsplanar sett opp mot antall nye kontrakter.

3. Det skal gjennomførast årleg tilsyn i gjennomgangsbustadar.

Indikator: Utkwittering av aktivitet i Famac.

Prosjekt

1. Budsjettpost for planlagt vedlikehald skal minimum vere kr. 100 pr. m² BTA (basert på totalt 64 000 m² BTA kommunal bygningsmasse).

Indikator: Årleg budsjettvedtak.

2. Alle vedlikehalds- og investeringstiltak skal gjennomførast i samråd med brukarane og verneombodet.

Indikator: Famac Prosjekt.

3. Alle vedlikehalds- og investeringstiltak skal evaluerast etter gjennomføring.

Indikator: Evalueringsrapport.

Reinhold

1. Kveldsarbeid skal reduserast til det naudsynte minimum.

Indikator: Arbeidstid for den einskilde reinholdar.

2. Åleinearbeid skal reduserast til det naudsynte minimum.

Indikator: Organisering av arbeidet.

3. Reinhaldsplan for kommunale bygg skal digitaliserast.

Indikator: Antall reinhaldarar med tilgang til digital reinhaldsplan på nettbrett.

4. Samla reinhaldskostnad skal ikkje overstige 325 kr. pr m2 BRA (basert på 40 000 m2 reinhaldt areal)

Indikator: Årleg budsjettvedtak.

* * *

Underliggende faktagrunnlag er ikkje kvalitetssikra ved ferdigstilling av budsjettkommentar. Ovannemnde delmål og indikatorar er difor førebelse.

4. UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

Bemanningssituasjon ift. krav om internkontroll

Eigedomsavdelinga har eit omfattande ansvar for internkontroll knytt til kommunal bygningsmasse. Dette ansvaret omfattar heile vårt ansvarsområde, men er særleg omfattande for seksjon Byggedrift og fagområda Bygning, Basseng, Brann, Elektro, Heis og Leikeplass, mellom anna.

Eigedomsleiar har i fleire år argumentert for at internkontrollansvaret skal gjennomførast og dokumenterast i form av ein driftsplan. Driftsplanen inneber at det vert gjennomført regelmessig internkontroll i kommunale bygg etter ein 14-dagars syklus.

Omfanget av internkontrollen må tilpassast det konkrete bygg og vil variere frå besøk til besøk, avhengig av årstid og kva krav det ein skilde fagområde stiller til internkontroll. All internkontroll skal registrerast og dokumenterast som aktivitetar i Famac. Avvik som vert avdekkja under tilsynet og avvik som er innmeldt på førehand skal søkast lukkast under tilsynsbesøket.

Ovannemnde organisering er naudsynt for å kunne fylgje dei krav som vert stilt i lovverk og frå tilsynsmyndigheiter. samt for å kunne gjennomføre førebyggjande tilsyn ved kommunale bygg. Det bør vere eit mål for Herøy kommune å avdekke bygningsmessig skade – eksempelvis på tak - så tidleg som råd og - aller helst - før vatnet renn gjennom taket. Ovannemnde organisering vil også sikre betre forutsigbarheit for brukarane av kommunale bygg om kva dei kan forvente av tenester.

19

Vi har den seinare tid fått nye pålegg frå offentlege tilsynsmyndigheiter om å iverksette internkontroll av elektriske anlegg. Tilsvarande pålegg har vi fått innanfor andre fagområde, og då særleg brann. Ovannemnde er såleis ikkje berre noko eigedomsavdelinga sjølv har funne på, men som offentlege myndigheiter har fokus på innanfor fleire av våre fagområde.

Seksjon Byggdrift har også ansvaret for klargjering av utleigebustadar for ny utleige. Ei ny stilling vil kunne redusere klargjeringstida, dels fordi ein med ei ny stilling har større moglegheit for å avdekke uheldige buforhold under kontraktperioda samstundes som vi ved etterfylgjande klargjering for ny utleige kan nytte eigne personalressursar i større grad enn no. Dermed får vi også utført meir arbeid for dei midlane som vert løyvd til rehabilitering av bustadar, noko vi i hovudsak løyser i dag gjennom innleige av eksternt personell.

Driftstiltak 1: Ny 100 % fast stilling som byggdriftar

Vi har i fleire år argumentert for ei ny 100 % fast stilling som byggdriftar for å løyse ovannemnde oppgåver, men tiltaket har ikkje vorte prioritert i behandlinga av det årlege budsjettet. Etter omorganiseringa av reinhaldet i kommunale bygg (ansvar 6051) meiner vi no å finne rom for ei ny stilling innanfor eksisterande budsjett. Difor ber vi om samtykke til at ny 100 % fast stilling vert oppretta, føresett finansiering innanfor eksisterande ramme.

Kommunale bygg og teknisk levetid

Den tekniske levetida er overskrida for mange bygg med påfylgjande auka risiko for samanbrot av einiskilde bygningsdelar som resultat, sjå vedlegg 2. Vi nyttar Herøy omsorgssenter – raud og grøn avdeling – som døme; det siste året har vore prega av teknisk samanbrot i sirkulasjonsledningane over himling, med stadig fleire vasslekkasjar i bygget. Samstundes vert eksisterande himling meir og meir utslitt og har medført både fare for personskade og lettare personskade.

Bygg som i utgangspunktet ikkje har overskride levetida er også er prega av til dels dårleg kvalitet. Dette skuldast dårleg planlegging og val av kvalitet ved utbygging og for lita budsjettavsetning til planlagt vedlikehald.

Driftstiltak 2: Auka løyving til løpande byggdrift

For eigedomsavdelinga inneber ovannemnde at risikoen for uføresette hendingar aukar. Dette stel tid frå alt som er planlagt, aukar kostnadane og risikoen for budsjettsprekk. Avdelingsbudsjettet for dette har vore på 1 mill. kroner sidan 2002 og har i fleire år vorte overskride. Vi har – som for driftstiltak 1 ovanfor – argumentert for dette utan å få prioritert og har no – etter omorganisering av reinhaldet – funne rom for ei delvis oppfinansiering via eiga ramme til totalt kr. 1 700 000.

Budsjettramman bør vere på kr. 2 mill. Vi ber difor om kr. 300 000 i nye driftsmidlar for dette formål.

Auka løyving til rehabilitering av utleigebustadar

Eigedomsavdelinga har i sine budsjett avsett kr. 500 000 til rehabilitering av utleigebustadar. Midlane vart i si tid henta frå budsjettet for planlagt vedlikehald, som vart redusert tilsvarande. Kommunale utleigebustadar kan primært rehabiliterast ved leigetakaraskifte. Det er difor vanskeleg å planlegge tidspunkt for rehabilitering. Gjennom ei generell avsetning til slike tiltak kan vi derimot gjennomføre naudsynte tiltak ved leigetakaraskifte. Sett i samanheng med tilsetning av ny byggdriftar kan vi også rehabilitere billegare enn når vi leiger inn eksterne til dette.

Driftstiltak 3: Auka løyving til rehabilitering av utleigebustadar

Kommunale bustadar er utsett for stor belastning, mellom anna fordi den einskilde leigetakar har kortare butid enn før og fordi buevna generelt er lågare enn gjennomsnittet. Vi har – som for driftstiltak 1 ovanfor – argumentert for dette i tidlegare budsjettprosessar utan å få prioritert og har no – etter omorganisering av reinhaldet – funne rom for ei delvis finansiering via eiga ramme til kr. 850 000.

Budsjetttramma bør vere på kr. 1 mill. Vi ber difor om kr. 150 000 i nye driftsmidlar for dette formål.

Driftstiltak 4: Statleg finansiering av rehabilitering av flyktningbustadar

Bustadar reservert for flyktingar er særleg utsette for slitasje og skadar. Dette skuldast den sterkt varierende buevna blant flyktingar generelt. Samstundes som eigedomsavdelinga har måtta finansiere klargjering og rehabilitering av slike bustadar over eige budsjett, har Herøy kommune finansiert andre tiltak over statlege integreringstilskot. Rådmannen har i budsjettendringssak hausten 2017 tilrådt å løyve deler av integreringstilskotet for flyktingar til rehabilitering av utleigebustad og ber om at dette prinsippet vert generelt vedtaksfesta i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.

Planlagt vedlikehald

Planlagt vedlikehald omfattar bygningsmessige tiltak som er naudsynte for å oppretthalde gjeldande kvalitetsnivå eller for å skifte ut bygningsdelar basert på teknisk levetid. Vedlikehaldsbudsjettet har dei siste åra blitt stadig redusert på grunn av lønsutviklinga, auka byggekostnadar og andre forhold som har gjort det naudsynt å redusere budsjettet for å sikre andre forhold i avdelinga.

Driftstiltak 5: Budsjett for planlagt vedlikehald skal vere minimum kr. 70 pr. m2 bygningsmasse BTA.

Budsjettet bør vere på minimum kr. 70 pr. m2 BTA bygningsmasse for å oppretthalde vedlikehaldet på eit forsvarleg nivå og for å hindre ytterlegare negativt vedlikehaldsetterslep. Basert på ei samla bygningsmasse på 64 000 m2 BTA er budsjettet i dag på omlag 40 kr. pr. m2 BTA. Ei auka til kr. 70 pr. m2. medfører årleg vedlikehald for totalt kr. 4,4 mill. Vi har i forslaget til

21

budsjett for 2018 funne rom for totalt kr. 3 000 000,-, noko som inneber ei avsetning på kr. 47 pr. m2.

Budsjettramma bør aukast til kr. 4 mill. Vi ber difor om kr. 1 mill. i nye driftsmidlar for dette formål.

Driftsfinansiering av prosjektleiarlønn

Eigedomsavdelinga si prosjektgruppe er finansiert over investeringsbudsjettet. Det inneber for det fyrste at vedtak om finansiering av kommunale byggeprosjekt må ta omsyn til dette. Likeins må arbeidsoppgåvene tilpassast krava frå kommunerevisjonen. Det betyr i all hovudsak at prosjektgruppa berre kan arbeide med dei arbeidsoppgåvene som ein innleigd konsulent ville gjort. Det betyr at alle oppgåver knytt til byggeprosjektets innleiande fase, ligg til eigedomsleiar å gjennomføre.

Driftstiltak 6: Delvis driftsfinansiering av prosjektleiarløn

For å betre ovannemnde situasjon, vert delar av prosjektleiarlønna finansiert over driftsbudsjettet. For 2017 har vi frå økonomiavdelinga fått aksept for å belaste bunde fond med totalt kr. 140 000. For budsjett- og økonomiplanperioda 2018-2021 vert 90 % av prosjektlønna refundert drifta, noko som inneber at 10 % av arbeidstida vert driftsfinansiert. Vedlikehaldsbudsjettet vert difor redusert tilsvarande, jf. driftstiltak 5 ovanfor.

Bassenget ved Stokksund skule

Bassenget ved Stokksund skule er i dårleg forfatning, både bygningsmessig og teknisk. Eigedomsavdelinga legg til grunn at bassenget kan driftast eit år til, før det må stengast for rehabilitering.

Drift av bassenget er arbeidskrevjande då det krev dagleg tilsyn. I tillegg har forfallet påført avdelinga store driftskostnadar siste år. Mellom anna måtte bassenget stengast for ei lengre periode vinteren 2017, noko som sjølvstøtt også reduserte bassengtilbodet for elevane i same periode.

Driftstiltak 7: Nedlegging av bassenget

Nedlegging av bassenget i Stokksund vil redusere driftskostnadane for eigedomsavdelinga og frigjere arbeidstid til andre oppgåver. Samstundes vil ei slik nedlegging føre til at sektor Oppvekst får nye utfordringar, i form av at badetilbodet må stettast via ein revidert avtale med Sunnmørsbadet Fosnavåg. Dei driftsmessige konsekvensane av ei nedlegging av bassenget må såleis greiast ut før endeleg vedtak vert gjort.

Mindre investeringar

Dei siste åra har avdelinga fått berre løyvingar til mindre investeringstiltak medan større byggeprosjekt står på vent.

22

Dei krav som vert stilt til offentleg anskaffelse og sikkerheit, helse og arbeidsmiljø, inneber at mindre investeringstiltak kan vere like krevjande å gjennomføre som store prosjekt. I tillegg kan dei verte meir kostnadskrevjande for kommunen på lang sikt, då ein ikkje nyttar ressursane godt nok. Eit døme på det er investeringar ved Bergsøy skule Borga, som i år mellom anna inneber at vi no sett opp rigg på heile sydvest-veggen for å reparere taket mm. Riggen åleine er kostnadsberekna til omlag kr. 250 000,- og burde vore nytta til å gjere større tiltak i staden for småflikking. Men det har vi ikkje pengar til.

Likeins kan små tiltak gjere det vanskeleg å trekke grenser mtp. estetikk og arkitektur. Når halvparten av dørene i eit bygg vert skifta ut, skal ein då ta utgangspunkt i den stil som allereie er i bygget, eller skal ein fornye seg og håpe at resten av bygget vert prioritert ved seinare høve?

* * *

Ovannemnde utfordringsbilde og driftstiltak er meint dels som orientering om korleis vi løysar utfordringane innanfor eiga budsjettamme (driftstiltak 1, 2, 3, 5 og 6), tiltak der vi ber om ekstra midlar (driftstiltak 2, 3 og 5) dels ei orientering om vedtak vi kjem til å argumentere for i budsjettprosessen (driftstiltak 4) og tiltak vi meiner må greiast ut med tanke på neste års budsjettprosess (driftstiltak 7).

Ovannemnde driftstiltak inneber såleis at vi ikkje ber om ekstra driftsmidlar i 2018, men orienterer om at vi prøver å løyse situasjonen så godt råd er innanfor eksisterande ramme.

5. KONSEKVENSAV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

Vidareføring av verksemda med dagens budsjettamme og bemanningsnivå innebær særleg:

- Mangelfull internkontroll av kommunale bygg. Stadig pålegg frå offentleg tilsyn og mulig dagmulkt og overtredelsesgebyr som resultat.
- Budsjettoverskridingar knytt til løpande byggdrift, eventuelt kvalitetssinking i form av utsetting av naudsynte tiltak. Det kan vi ikkje gjere når vatnet renn gjennom taket, sirkulasjonsledningar over himling sprekk, himling fell ned og skadar folk eller brannalarmanlegget slutter å fungere. Dermed kan vi verte tvungne til å redusere planlagt vedlikehald i staden, noko som igjen aukar risikoen for nye uforutsette hendingar.

6. KONSEKVENSNAR VED OMSTILLING, NEDBEMANNING, NEDLEGGING AV TENESTER

Omstilling

Eigedomsavdelinga er organisert slik den bør vere. Vi viser då særleg til at vi no har ansvaret for kommunale bygg frå fyrste spadetak til siste grabbetak og at vi er utskilt som eiga resultateining, adskilt frå dei tenesteytande avdelingane.

Dette er viktig å oppretthalde, mellom anna med tanke på rollefordeling opp mot forskrift om brannførebyggin og skillet mellom eigedomsforvaltar og tenesteproduksjonen elles. Ei slik inndeling er og i samsvar med kommunal eigedomsforvaltning regionalt og nasjonalt.

Ei eventuell omorganisering til kommunalt eigedomsselskap er under utgreiing; sak om dette vert fremma til politisk handsaming i løpet av hausten 2017.

Nedbemanning

Nedbemanning er ikkje tilrådeleg. Vi er allereie underbemanna. Dette fører pt. til klager frå tilsette på høgt arbeidspress og klager frå brukarar på saksbehandlingstid.

Nedlegging av tenester

Nedlegging av tenester er ikkje tilrådeleg. Vi kan ikkje legge ned ansvaret for kommunale byggeprosjekt eller tilsvarande ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunens bygningsmasse.

7. FORSLAG TIL NYE DRIFTSTILTAK OG INVESTERINGSTILTAK

Forslag til driftstiltak

Eigedomsavdelinga viser til utfordringsbildet ovanfor og dei driftstiltak vi der gjer greie for.

Forslag til investeringstiltak

Eigedomsavdelinga har utarbeida forslag til investeringar for budsjett- og økonomiplanperioda 2018-2021. Denne vert handsama som eiga sak i kommunestyret 28.09.2017. Tiltaka vert også registrert inn i Arena.

8. KOMMENTARAR TIL DRIFT OG INVESTERING

Eigedomsavdelinga har ingen ytterlegare merknader. Våre kommentarar til nye tiltak er gitt under kap. 7.

24

Med helsing

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Vedlegg

1. Organisasjonskart – Eigedomsavdelinga
2. Kommunale bygg - levetid

Kopi
Avdelingsstab

25



Eigedomsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2017/715
		Arkiv:	124

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
145/17	Formannskapet	19.09.2017
112/17	Kommunestyret	28.09.2017

BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2019-2021 - INVESTERINGSTILTAK I KOMMUNALE BYGG

Tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til investeringsplanen for kommunale bygg slik det går fram av saksutgreinga.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å arbeide vidare med budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021 basert på ei årleg investeringsramme for kommunale bygg på kr. 50 mill.

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust og prosjektleiar Rolf Henning Hide møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.09.2017

1. Kommunestyret sluttar seg til investeringsplanen for kommunale bygg slik det går fram av saksutgreinga.

26

2. Kommunestyret ber rådmannen om å arbeide vidare med budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021 basert på ei årleg investeringsramme for kommunale bygg på kr. 50 mill.

Møtebehandling:

Runar Stave kom med framlegg om eit slikt tilleggspkt. 3:

Herøy kommunestyre tek forbehold om at Enova støtte vert godkjent før ein godkjenner EPC-prosjekt eller Enova saker på utsida av EPC prosjekt, dette der søknad til Enova ligg føre.

Det vart røysta punktvis.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Framlagt tilleggspunkt 3 frå Runar Stave vart vedteke mot 3 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 28.09.2017

1. Kommunestyret sluttar seg til investeringsplanen for kommunale bygg slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å arbeide vidare med budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021 basert på ei årleg investeringsramme for kommunale bygg på kr. 50 mill.
3. Herøy kommunestyre tek forbehold om at Enova støtte vert godkjent før ein godkjenner EPC-prosjekt eller Enova saker på utsida av EPC prosjekt, dette der søknad til Enova ligg føre.

Særutskrift:

Rådmannens leiargruppe

Eigedomsavdelinga

Hovudverneombodet

27

Samandrag av saka:

Saka gjeld budsjett- og økonomiplan for 2018-2021 – forslag til investeringsplan for kommunale bygg.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Som grunnlag for budsjettprosessen hausten 2018, er det utarbeidd ei oversikt over behov for investeringstiltak i kommunale bygg. Dette som faktisk underlag for etterfylgjande drøftingar fram mot kommunestyret si budsjettbehandling og budsjettvedtak i desember.

Eigedomsavdelinga presenterte førebels kartlegging av investeringsbehov i formannskapetets møte 06.06.2017 og i rådmannen si leiargruppe 15.08.2017. Det har deretter vore drøftingsmøte med hovudverneombodet og den einkilde kommunalsjef, og dei avdelingsleiargar og verneombod kommunalsjef har invitert med i prosessen.

Saka omtalar også kostnader knytt til prosjekt 51408 Fleirbrukshall, prosjekt 61604 Hovudbrannstasjon og prosjekt 70020 Energisparekontrakter, sjølv om desse vert handsama i eigne saker. Dette for å sikre ei heilskapleg tilråding til investeringar i kommunale bygg for den komande økonomiplanperioden..

Førebels investeringsramme

Saka byggjer på ei slik førebels investeringsramme:

Tabell 1				
Budsjett	2018	2019	2020	2021
Generell finansieringspost	- 50 000 000	- 50 000 000	- 50 000 000	- 50 000 000

Ein investeringsplan som over vil vere svært positivt for Eigedomsavdelinga sin arbeidsdag. Eit føreseieleg budsjett gir oss muligheit til å jobbe planmessig over investeringsbudsjettet, både med prioriterte prosjekt og for å redusere vedlikehaldsetterslepet ved kommunale bygg.

Eit føreseieleg investeringsbudsjett er også viktig for dei tilsette då omfanget av investeringsbudsjettet er avgjerande for finansieringa av arbeidsforholdet for eigedomsavdelinga si prosjektgruppe.

28

Investerings tiltak – generelle tiltak

Eigedomsavdelinga har behov for slike generelle investeringspostar:

Tabell 2

Generelle investeringspostar	2018	2019	2020	2021
Brannsikring av kommunale bygg	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Asbestsanering og golvbelegg	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Desentralisert ventilasjon	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Asfaltering av uteområde	500 000	500 000	500 000	500 000
Oppgradering av leikeapparat	500 000	500 000	500 000	500 000
Sum	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000

Prioritering av tiltak innafor dei ulike budsjettkategoriane vert drøfta med dei ulike sektorane og vernetenesta og handsama i plan- og byggenemnda før gjennomføring. Nokon moment vil vi likevel framheve her:

Brannsikring av kommunale bygg

Budsjettpost for lukking av branntekniske avvik i kommunale bygg. Kommunen sin bygningsmasse er i dårleg forfatning og det er behov for midlar i heile økonomiplanperioden for å lukke avvik som har direkte konsekvens for liv og helse.

Asbestsanering og golvbelegg

Budsjettpost for sanering av asbest i kommunale bygg og tilhøyrande legging av nytt golvdekkje då dei aller fleste kartlagde asbestforekomstane er knytt til golvbelegg og tilhøyrande lim. Arbeidstilsynet har pålagt oss å kartlegge kommunale bygg oppført fram til 1987. Kartlegginga pågår og vi vil sanere asbestforekomstar etter alvorsgrad.

Desentralisert ventilasjon

Budsjettpost for etablering av desentralisert ventilasjon i kommunale skulebygg. Eit prøveprosjekt ved Bergsøy skule Borga og syner svært gode resultat. Vi tilrår, i samarbeid med Sektor Oppvekst, å arbeide vidare med desentralisert ventilasjon ved Bergsøy skule Borga og Ytre Herøy ungdomsskule.

Asfaltering av uteområde

Budsjettpost for asfaltering av uteområde ved kommunale bygg. Særleg ved fleire skular og barnehagar er uteområdet heilt eller delvis grusa med den konsekvens dette får for reinhald og slitasje på bygg og brukarar.

Oppgradering av leikeapparat

Budsjettpost for oppgradering av leikeapparat ved kommunale skular og barnehagar. Sjølv om kommunen over ei periode på 4 år har oppgradert det vesentlege av leikeplassutstyr, vil det framleis vere behov for ein budsjettpost for dette også vidare.

Saksframstillinga vidare omfattar dei konkrete tiltaka rådmannen, etter drøftingar med dei ulike sektorane, tilrår prioritert.


Investeringsiltak – Sektor Stab

Sektor Stab omfattar Dokumentsenter og politisk sekretariat, Personal- og organisasjonsavdelinga, Servicetorget, Økonomiavdelinga og Egedomsavdelinga. Stab omfattar også innkjøp, som ikkje er organisert som eiga avdeling men underlagt kommunalsjef direkte.

Sektor Stab	2018	2019	2020	2021
Herøy rådhus	3 000 000	1 500 000		
Industrivegen 19				
Nedre Dragsund 2	1 000 000			
Sum	4 000 000	1 500 000		

Herøy rådhus


Tiltaket omhandlar etablering av ny rullestolrampe og naudsynt ombygging av hovudingang samt rehabilitering av eksisterande personalheis.



Norconsult 


Sivilarkitekt Jon-Erik Vasshaug i Norconsult har utarbeidd forslag til rullestolrampe og ny heisløysing og presiserer at "råhuset er et flott bygg med fine volum og en markert hovudingang. Når det introduseres en rampe i dette området må den utføres med omtanke". Difor vert det tilrådd å etablere ei meir forseggjort løysing for rullestolrampe enn dei rimelegaste løysingane marknaden tilbyr.

30



Norconsult 

For personheisa sin del, må eksisterande heissjakt utvidast for å etablere ei heis som er godkjent etter krava i dag. Dette medfører flytting av bøttekott, fordelingskap for el-forsyning mm. og er den einaste tilrådelege løysinga dersom ein ikkje ynskjer å etablere ny heissjakt. Sistnemnde alternativ vert ikkje tilrådd av både økonomiske og arkitektoniske forhold.



31

Industrivegen 19

Bygget vert truleg leigd ut i 2017 til næringsaktør som sjølv gjennomfører naudsynt ombygging til si verksemd. Vi ber difor ikkje om tilretteleggingsmidlar for dette bygget.

Nedre Dragsund 2

Tiltaket omhandlar naudsynt ombygging for vidare utleige. Vi har no utarbeida forslag til inndeling av bygget i mindre seksjonar då det over tid har vist seg vanskeleg å finne aktørar som er interessert i større areal. Pt. er vi såleis i forhandlingar med fleire aktørar som samla vil fylla størstedelen av bygget med aktivitet.

Investeringstiltak – Sektor Oppvekst

Sektor Oppvekst omfattar Barnehageavdelinga, Grunnskuleavdelinga, PPT, Kulturskule og Vaksenopplæring, herunder også Internasjonal skule.

Tabell 4

Sektor Oppvekst	2018	2019	2020	2021
Bergslia barnehage	150 000	1 000 000		
Moltu barnehage				
Myrsnipa barnehage				
Nerlandsøy skule				
Bergsøy skule Borga	2 000 000	2 000 000	4 000 000	4 000 000
Bergsøy skule Blåhaugen	3 000 000			
Einedalen skule				
Moltu skule	150 000			
Stokksund skule	1 150 000			
Leikanger skule og grendahus				
Ytre Herøy ungdomsskule		500 000	5 500 000	
Sum	6 450 000	3 500 000	9 500 000	4 000 000

Bergslia barnehage

Tiltaket omhandlar planlegging av tilbygg for utviding av storbarnsavdeling i front samt generelt lagerbehov. Barnehagen sin arkitektur er så pass krevjande at vi i fyrste omgang ber om planleggingsmidlar for å få skissert ei løysing som kan fungere funksjonelt og arkitektonisk med tenkt gjennomføring i 2019.

Bergsøy skule Borga

Tiltaket omfattar naudsynte tiltak for å forlengje levetida til bygget, særleg rehabilitering av yttertak og fasade, nye vindauge og planlegging av nytt varmeanlegg for bygget då oljefyr som varmekjelde er forbode frå 2020. Avsette midlar er difor foreslått dubla for perioden 2020 og 2021, samanlikna med 2018 og

32

2019. Desentralisert ventilasjon er også eit prioritert tiltak ved bygget, men vert gjennomført via den generelle løyvinga til dette.

Bergsøy skule Blåhaugen

Tiltaket omfattar tilbygg for grupperom. Sektor Oppvekst ber om prioritet for dette prosjektet. Prosjektet vert difor søkt igangsett i 2018.

Moltu skule

Tiltaket omfattar naudsynt solskjerming ved bygget.

Stokksund skule

Tiltaket omfattar nye vindu for byggetrinn 1 – ungdomsskulen.

Ytre Herøy ungdomsskule

Tiltaket omhandlar planlegging av tilbygg for grupperom og telefonrom samt generell lydisolering av administrasjonsdelen då det er svært lytt inn til undervisningsrom og pauserom for undervisningspersonalet. Desentralisert ventilasjon er også eit prioritert tiltak ved bygget, men vert gjennomført via den generelle løyvinga til dette.

Investeringstiltak – Sektor Helse og omsorg

For sektor Helse og omsorg er oversikta delt i tre. Tabell 5 omfattar formålsbygg medan tabell 6 og 7 omfattar omsorgsbustadar og gjennomgangsbustadar.

Tabell 5	2018	2019	2020	2021
Sektor Helse og omsorg				
Solheim dagsenter				
Herøy helsesenter	100 000			
Sjukeheimsvegen 5D Heimeteneste				
Herøy omsorgssenter, raud/grøn	200 000	5 000 000	4 000 000	4 000 000
Herøy omsorgssenter, gul	1 000 000			
Herøy omsorgssenter, blå				
Myrvåg omsorgssenter	250 000		5 000 000	
Herøy produksjon				
Sum	1 550 000	5 000 000	9 000 000	4 000 000

Herøy helsesenter

Tiltaket omhandlar bygging av platting ved pauserommet til Herøy helsesenter, slik at dei tilsette kan ha pause utandørs i fint ver. Pr i dag er det ikkje tilrettelagt for dette ved bygget.

Herøy omsorgssenter - Raud og Grøn avdeling

Tiltaket omfattar fullsprinkling av bygget og utskifting av dører til pasientrom.

Prosjektet innebær også at himling og belysning i fellesareal må oppgraderast. Tiltaket er naudsynt for å sikre ei forsvarleg branntryggleik ved bygget.

33

Prosjektering av fullsprinkling er under utarbeiding, men vert truleg ikkje ferdigstilt tidssnok til budsjettprosessen. Vi ber difor om ei rammeløyving for dette og kjem attende med ei spesifikk sak så snart prosjekteringa er ferdigstilt.

Prosjektet er krevjande, men naudsynt.

Herøy omsorgssenter – Gul

Tiltaket gjeld miljøsanering og riving av bygget.

Myrvåg omsorgssenter

Planleggingsmidlar for rehabilitering av kjøkkenfløy. Tiltaket er naudsynt mellom anna for å sikre ein forsvarleg situasjon knytt til båretransport.

* * *

For sektor Helse- og omsorg er det av praktiske årsaker ein eigen tabell 6 for omsorgsbustadar. Sjølv om det ikkje vert foreslått særskilde tiltak for alle desse bygga, vert tabellen presentert i sin heilskap for å synleggjere kva bygg dette omhandlar.

Tabell 6

Sektor Helse og omsorg	2018	2019	2020	2021
Holmsildgata 16				
Klokkargardvegen 6-20 Solheim				
Kvithaug Smyra 4 Toftetunet				
Myrvågtoppen 33-59				
Ospenesvegen 5				
Sjukaheimsvegen 5 E, Eggesbøtun				
Sjukaheimsvegen 6, Nestun				
Sjukaheimsvegen 7, Tun i Tun				
Sjukaheimsvegen 9, Tun i Tun				
Sjukaheimsvegen 11, Tun i Tun				
Sjukaheimsvegen 13, Tun i Tun				
Toftestøvegen 11				
Øvre Myklebust 1, Myklebusttun				
Sum				

34

For sektor Helse- og omsorg er det av praktiske årsaker ein eigen tabell 7 for gjennomgangsbustadar. Sjølv om det ikkje vert foreslått særskilde tiltak for alle desse bygga, vert tabellen presentert i sin heilskap for å synleggjere kva bygg dette omhandlar.

Sektor Helse og omsorg	2018	2019	2020	2021
Eggesbøvegen 1				
Eggesbøvegen 9				
Eggesbøvegen 53				
Igesundvegen 21				
Rabbegjerdet 3				
Sjukeheimsvegen 10				
Sjukeheimsvegen 14	500 000			
Solbergvegen 2-4				
Solbergvegen 6-8				
Storebakken 3				
Storenesvegen 30-36	500 000			
Tjørvgåvegen 274-276				
Trolldalsvegen 16-18				
Trolldalsvegen 20-22				
Vatnevegen 6				
Øvre Myklebust 15				
Sum	1 000 000			

Eggesbøvegen 1

Bygget vert rive hausten 2017.

Sjukeheimsvegen 14

Tiltaket omhandlar rehabilitering av fasadar og yttertak. Bygget er eigna som framtidig hardbruksbustad og tiltak vil bidra til at bygget kan fungere for dette formålet. Rehabilitering av leilegheiter vert gjennomført ved leigetakarskifte.

Storenesvegen 30-36

Tiltaket omhandlar naudsynt rehabilitering av yttertak og fasadekledning. Bygget inneheld 4 bueningar, står på skade og må prioriterast dersom det skal kunne nyttast vidare.

35

Særleg om strategi for busetting i gjennomgangsbustad

Som del av budsjettvedtaket i desember, ynskjer også Eigedomsavdelinga generell fullmakt til å avhende gjennomgangsbustadar.

Føresetnaden for fullmakta er at vedtak om sal ligg til rådmann som øvste administrative leiar og at eventuell salsgevinst vert avsett på bunde fond for reinvestering i nye kommunale bustadar.

Gjennomgangsbustadar er meint som eit mellombels butilbod for personar som av ulike årsaker ikkje klarer å skaffe seg bustad sjølv. Målsettinga med ovannemde tankegang er at kommunen skal ha ei meir tilpassa portefølgje av bustadar enn i dag og at leigetakar i aukande grad kan ende opp som eigar av bustaden.

Ein salsmodell byggjer såleis på at salsgevinst vert reinvestert i nye prosjekt og saman med husbankfinansiering og estimert husleige dekkjer det vesentlege av investeringskostnaden for kommunen. Modellen inneber såleis at bustadar vert selde utan samstundes å auke behovet for kommunale bustadar, men frigjev midlar til reinvestering i prosjekt som er tenlege for kommunen.

Modellen medfører også at kommunen over tid får ei bustadmasse som er betre tilpassa behovet og at kommunen vert ein meir aktiv bustadeigar rundt omkring i kommunen.

I samanheng med dette ber vi i forslaget til økonomiplan om ein budsjettpost i 2020 og 2021 til investering i nye bustadar. Målsettinga er å bidra til auka bustadbygging i Fosnavåg sentrum gjennom kjøp av bueiningar i eitt eller fleire prosjekt under planlegging. Tiltaket må såleis sjåast i samanheng med byutviklingsprosjektet i regi av sektor Samfunnsutvikling.

Finansiering av flyktningbustadar via statleg tilskot

Som del av budsjettvedtaket i desember, er det ynskje om eit prinsippvedtak om at tilrettelegging for busetting av flyktingar skal finansierast over det statlege tilskotet til den einskilde flykting. Dette inneber at statlege midlar også kan finansiere rehabilitering, ombygging og anna tilrettelegging for at spesifikke bustadar skal kunne tene som husvære for flyktingar.

Investerings tiltak – Sektor Samfunnsutvikling

Sektor Samfunnsutvikling omfattar Fosnavåg driftsbasis og brannstasjon, Herøy kulturhus og idrettshall, Fosnavåg konserthus og kino og Herøy gard:

Tabell 8

Sektor Samfunnsutvikling	2018	2019	2020	2021
Fosnavåg driftsbasis / brannstasjon	250 000		5 000 000	
Herøy kulturhus og idrettshall	1 450 000	2 000 000	3 000 000	4 000 000
Fosnavåg konserthus og kino				
Herøy gard	300 000			
Sum	2 000 000	2 000 000	8 000 000	4 000 000

Fosnavåg driftsbasis / brannstasjon

Planleggingsmidlar for ombygging av eksisterande driftsbasis for sektor Samfunnsutvikling si driftsavdeling. Planlegging omhandlar særleg skillet mellom rein/urein garderobe, som har dei same grunnleggande manglande knytt til garderobeforhold som Herøy brann og redning. Arbeidstilsynet har som kjent gitt pålegg om utbetring av tilsvarande avvik for brannstasjon. Det er berre tilfeldig at tilsvarande pålegg ikkje er gitt for driftsbasisen generelt.

Tiltaket er tenkt gjennomført i 2020, som er det fyrste sannsynlege tidspunkt for rehabilitering føresett at ny hovudbrannstasjon vert bygd og ferdigstilt seinast i 2019.

Herøy kulturhus og idrettshall

Tiltaket omfattar rehabilitering av publikumstolett i vestibyle underetasje, utskifting av sportsdekket i Herøyhallen og planleggingsmidlar for rehabilitering av fasade og vindauge.

Fasaden står på skade og må rehabiliterast i løpet av få år. Det store bygningsvolumet sett i samanheng med Sunnmørsbadet Fosnavåg AS medfører at fasaderehabiliteringa må skisserast for å sikre ei heilskapleg arkitektonisk løysing. På grunn av den store kostnaden har vi valt å splitte prosjektet opp i byggetrinn for å redusere investeringskostnaden pr. år.

I økonomiplanperioda vil det også vere behov for andre oppgraderings tiltak ved bygget. Dette omfattar særleg tiltak knytt til festsalen og Herøyhallen.

Herøy gard

Brannsikring er fortsatt eit naudsynt tema, særleg i form av utandørs sprinkling av fasadar.

37

Særleg om prosjekt 51408 - Gymsal/ fleirbrukshall

Det er utarbeidd byggeprogram for gymsal eller fleirbrukshall ved Einedalen skule og vurdert bygging av fleirbrukshall ved Herøy kulturhus og idrettshall.

Byggeprogram vert oversendt til politisk handsaming som eiga sak, men kostnadskalkylane for det alternativ rådmannen har tilrådd, er teke inn i oversiktstabellen under samanfatning, for oversikta sin del.

Særleg om prosjekt 70018 – Energisparekontrakter EPC

Herøy kommune har inngått kontrakt med AF Miljø og Energiteknikk AS om kartlegging av bygningsmassen med tanke på eit eventuelt etterfylgjande samarbeid om gjennomføring av energiltak i kommunale bygg med garantert energisparing.

Det er i gjeldande økonomiplan avsett kr. 15 mill. i 2018 og 2019 for gjennomføring av tiltak. Vi har etter ei vurdering av førebelse rapportar frå leverandøren vår konkludert med at vi kan tilrå ein redusert investeringspost.

Tabell 9	2018	2019	2020	2021
EPC				
Rammeløyving	7 000 000	7 000 000		
Sum	7 000 000	7 000 000		

Forslaget til ramme kan reduserast, avhengig av kva investeringsramme kommunestyret legg opp til generelt. Rådmannen kan såleis tilrå eit alternativt budsjett på kr. 7 mill. i kvart av åra 2018 og 2019 føresett ei stabil og forsvarleg investeringsramme generelt for kommunale bygg i åra framover.

Særleg om prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon

Det er utarbeidd eit forprosjekt for ny hovudbrannstasjon og eit alternativt forprosjekt for rehabilitering og tilbygg til eksisterande driftsbasis og brannstasjon.

Forprosjektet vert oversendt til politisk handsaming i eiga sak, men kostnadskalkylane for det alternativ rådmannen har tilrådd, er teke inn i oversiktstabellen under samanfatning, for oversikta sin del.

38

Samanfatning

Ovannemnde oversikt medfører slikt forslag til investeringsbudsjett bygg for 2018-2021:

Budsjett	2018	2019	2020	2021
Generelle tiltak	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Sektor Stab	4 000 000	1 500 000		
Sektor Oppvekst	6 450 000	3 500 000	9 500 000	4 000 000
Sektor Helse og omsorg	2 550 000	5 000 000	9 000 000	4 000 000
Sektor Samfunnsutvikling	2 000 000	2 000 000	8 000 000	4 000 000
Delsum	20 000 000	17 000 000	31 500 000	17 000 000

Prosjekt 51408 - Gymsal/fleirbrukshall, prosjekt 61604 - Hovudbrannstasjon - og prosjekt 70020 EPC syner ikkje ovannemnde tabell då kalkylane er avhengig av kva alternativ kommunestyret vel. Men tek vi inn kalkylane i samsvar med tilråding frå rådmann, så vert samla budsjett slik:

Budsjett	2018	2019	2020	2021
Generelle tiltak	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Sektor Stab	4 000 000	1 500 000		
Sektor Oppvekst	6 450 000	3 500 000	9 500 000	4 000 000
Sektor Helse og omsorg	2 550 000	5 000 000	9 000 000	4 000 000
Sektor Samfunnsutvikling	2 000 000	2 000 000	8 000 000	4 000 000
Delsum	20 000 000	17 000 000	31 500 000	17 000 000
Prosjekt 51408 – Fleirbrukshall	8 000 000	8 000 000		
Prosjekt 61604 – Brannstasjon	15 000 000	18 000 000		
Prosjekt 70018 – EPC	7 000 000	7 000 000		
Kommunale bustadar			18 500 000	33 000 000
Sum	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000

For dei bygga som det ikkje er knytt konkrete tiltak til, syner vi til dei generelle budsjettpostane ovanfor samt EPC-prosjektet. Endeleg prioritering vil gå fram av kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember 2017 og kommunestyret si handsaming av EPC-prosjektet i februar 2018.

39

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å slutte seg til investeringsplanen for kommunale bygg.

Rådmannen vil særleg peike på det ansvaret Arbeidstilsynet har pålagt Herøy kommune som arbeidsgjevar å fylgje opp med tanke på det fysiske arbeidsmiljøet for dei tilsette ved Herøy brann og redning. Det vert fremma eiga sak om dette der kommunestyret må ta stilling til forprosjekt for ny brannstasjon kontra forprosjekt for rehabilitering og tilbygg til eksisterande stasjon.

Rådmannen syner også til at fleirbrukshallprosjektet no er utgreidd og kalkulert på nytt og at det kan sjå ut til at ein kan kome i mål med dette prosjektet gjennom delfinansiering via tippemiddel og RDA-midlar samt alternativ byggemetodikk for å redusere kostnadane.

Konsekvensar for folkehelse:

Investeringar i kommunale bygg er med på å betre funksjonaliteten, trivselen og omdømmet for Herøy som ein stad å bu, besøke og arbeide. Generelle budsjettpostar knytt til asbestsanering og brannsikring bidreg også til dette.

Konsekvensar for beredskap:

Brannsikring av kommunale bygg reduserer risikoen for brann, personskader og dødsfall. Eit forsvarleg fysisk arbeidsmiljø for dei tilsette i Herøy brann og redning er viktig for å oppretthalde ein forsvarleg brannberedskap.

Konsekvensar for drift:

Ei investeringsramme på kr. 50 mill. kvart år i økonomiplanperioden medfører auke i driftsbudsjettet på omlag kr. 2,4 mill.

Fosnavåg, 17.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

4/0



NOTAT

Til:

Frå: Skuleavdelinga

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
20.09.2017

BUDSJETTKOMMENTAR OPPVEKST 2018

1. SEKTOR OPPVEKST

Barnehage

Herøy har 4 kommunale og 5 private barnehagar. I tillegg til å drive dei kommunale barnehagane, har kommunen tilsynsansvar og ansvar for driftstilskot til dei ikkje kommunale barnehagane.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen, ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, i tråd med barnehagelova og rammeplan.

Grunnskule

Herøy kommune har 5 barneskular, 1 ungdomsskule og 1 kombinert skule 1-10, alle med unntak av ungdomsskulen, også med skulefritidsordning. I tillegg er Herøy vertskommune for 1 privat barne- og ungdomsskule. Dette inneber at kommunen gjer vedtak om spesialundervisning og dekkjer kostnadene til dette, samt at vi har det overordna ansvaret for gjennomføring av eksamen.

Grunnskulen skal legge til rette for fagleg og sosial kompetanse i tråd med opplæringslova, kunnskapsløftet og læreplanane, og elles yte lovpålagde tenester.

Herøy kulturskule

Avdelinga underviser i musikalske og kunstneriske uttrykk, som instrument, song, dans, drama, teikning, m.m. Tilrettelegging av tilboda vert gjort i tråd med behov og påmelding, samt tilgjengeleg kompetanse og kapasitet. Det er utarbeidd nasjonal rammeplan for kulturskulane. Kulturskuletilbodet er heimla i opplæringslova.

Internasjonal skule/vaksenopplæringa

Avdelinga underviser innvandrarak og flyktningar i norsk og samfunnsfag. Flyktningar og ekteskapsinnvandrarak har plikt til slik opplæring, som då er gratis. Arbeidsinnvandrarak får

4/1

tilbod om opplæring, mot eigenbetaling. Undervisning i norsk og samfunnsfag for flyktningar, inngår i det samla introduksjonsprogrammet, heimla i introduksjonslova.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

PPT arbeider inn mot både barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og vaksne med rett til spesialundervisning.

Tenesta er eit sakkunnig organ med vurdering og tilråding om tiltak og ressursar for elevar som ikkje kan gjere seg nytte av ordinær undervisning. Dei tilsette er elles rådgivarar for skule- og barnehagetilsette og foreldre når det gjeld å legge til rette for elevar med særlege behov. Utviklinga går mot at PPT i større grad enn før, skal arbeide systemretta, som grunnlag for å utvikle gode læringsmiljø.

Det er 240 tilsette i Sektor Oppvekst. Vi har ca. 108 barn i kommunale og 327 i private barnehagar. Det er ca 1100 elevar i grunnskulen, ca.90 elevar på Internasjonal skule og ca 565 elevplassar/410 elevar i kulturskulen.

Talet på tilsette er relativt stabilt samla sett, men årleg justert opp eller ned etter tal på barn i barnehage, skule og SFO, samt særlege behov som tilseier rettar etter barnehage- eller opplæringslova.

2. LOWVERKET

Barnehagelova og Opplæringslova med forskrifter utgjer det viktigaste styringsverktøyet for arbeidet i sektoren. Dette lowverket vert stadig endra, slik at krava og ansvaret til kommunen som barnehage- og skuleeigar aukar.

For barnehage og kulturskule har ein i tillegg nasjonale rammeplanar som gir føring for arbeidet lokalt.

Kunnskapsløftet legg nasjonale føringar for innhaldet i undervisninga i grunnskulen (læreplanar), samt fastset kompetansemål for elevar på ulike årstrinn.

I tillegg til Barnehagelova og Opplæringslova, kjem dei generelle lowverka som styrer kommunen si verksemd.

Sektor Oppvekst ber om slik budsjetttramme for 2018:

Budsjettpost	Budsjett 2018 (førebelso lal)	Budsjett 2017
Barnehage		
Brutto driftsutgifter	72262	71275
Brutto driftsinntekter	4349	4134
Netto driftsramme	67911	67140
Avvik i kr. frå førre budsjettår	771	
Avvik i % frå førre budsjettår	1%	
Grunnskule, kulturskule, vaksenopplæring, PPT		
Brutto driftsutgifter	137396	133699
Brutto driftsinntekter	18693	19695

42

Netto driftsramme	118700	113998
Avvik i kr. frå førre budsjettår	4,7 mill *	
Avvik i % frå førre budsjettår	4%	

***Forklaring på veksten:**

Nedtrekket frå 2017 er tatt ut; 1,6 mill for grunnskule m.m. og 290' for barnehage. Grunnskule: Tilskot på 2,1 mill til tidleg innsats er fordelt og ligg som utgift i framskrive budsjett. Tilskotet vert vidareført i den statlege ramma til kommunen, og er derfor ikkje vidareført som inntekt.

3. MERKNADER TIL BUDSJETTFORSLAGET

Inntekter:

Inntektene i Sektor Oppvekst kjem frå refusjonar av sjukelønn og foreldrepengar, refusjonar frå andre kommunar og fylkeskommunen, statstilskot til ulike formål og brukarbetaling.

For 2018 vil der vere ei vidareføring av statleg tilskot til tidleg innsats på 1.-4.årstrinn, noko som vart innført i 2017. For 2018 er det meldt å kome i ramma til kommunen, og ikkje som øyremerka tilskot som i 2017.

Brukarbetaling, der vi kan påverke inntektsnivået, er:

1) SFO i grunnskulen.

SFO i Herøy har over år hatt ein sats på lavt eller middels nivå samanlikna med andre kommunar i regionen. Satsane vart auka med 3% frå 1.august 2017, men andre kommunar har auka meir. SFO Herøy har no absolutt lavast sats i regionen når det gjeld betaling for full plass: Herøy 2.500, Ulstein 2.700, Volda 2.800, Ørsta 2.830, Hareid 2.950.

Med bakgrunn i auka utgifter, burde også vi ha auka opp satsane vesentleg meir.

Konsekvensen kan då bli at SFO i krinsane Moltu, Nerlandsøy og Leikanger får så få barn av det vert for kostbart å halde oppe tilbodet, alternativt at opningstida vert for kort i forhold til kva foreldra treng.

På bakgrunn av dette foreslår vi ein gradvis høgare auke i satsane, med 5% frå 1.august 2018, dvs.at full plass vert kr. 2.625. Søskenmoderasjon som før.

2) Kulturskulen.

Det vart utarbeidd ei omfattande sak i samband med budsjett 2015, der ein gjorde greie for både auke i satsar, og omlegging av rabattsystemet.

Tilrådinga vart vedtatt av kommunestyret, gjort gjeldande frå 1.august 2015.

43

Det er kommunar i regionen som har høgare satsar enn Herøy, som ligg omtrent middels. Vi har vurdert nøye om vi no skal auke satsane slik at vi nærmar oss toppen - basert på politiske signal om å ta ut inntekspotensialet. Når vi likevel ikkje vil tilrå dette, er det av omsyn til det viktige arbeidet kulturskulen gjer på det haldningsskapande området, samt verdien av den opplæringa skulen gir. Vi vil ikkje tilrå eit kostnadsnivå som medfører at mange barn vert ståande utanfor eit kulturskuletilbod. For 2018 foreslår vi ein auke i alle satsar på ca 3%, og ein elevplass vil då bli auka frå kr.3.400 til kr.3.500 gjeldande frå 1.aug 2018. Vi vil elles gjere ei ny vurdering av rabattsatsane.

3) Internasjonal skule

Skulen får statleg tilskot for opplæring av flyktingar og innvandrarak med rett og plikt til norskopplæring. Dette er eit tilskot vi ikkje kan styre, anna enn ved å ha så store grupper som forsvarleg, og ved dette drive så driftsøkonomisk som råd.

I tillegg gir skulen tilbod til vaksne arbeidsinnvandrarak, som betaler etter faste satsar. Desse satsane vert med jamne mellomrom vurdert og justert basert på prisar i kommunane rundt oss, samt for å sikre at ein så langt råd balanserer utgifter og inntekter. I tillegg må vi heile tida vurdere kva desse som lærer norsk frivillig, har evne og vilje til å betale for tenestene. Det er svært viktig at dei møter opp på skule og lærer seg norsk, for å kunne bli den samfunnsressursen vi vil at dei skal verte. Også her ser ein bemanning og satsar i samanheng, og prøver å drive så driftsøkonomisk som råd.

Vi tilrår ingen endring i satsar for 2018, men held fram med kr.140 pr.time på dagtid og kr.150 pr.time på kveldstid.

4) Barnehage

For barnehagen gjeld nasjonale satsar, som vert endeleg bestemt i samband med statsbudsjettet. For 2018 er desse estimert til å bli kr.2.790 pr.mnd.

Utgifter:

Budsjettet er basert på ei framskriving frå 2017, med justering basert på erfaringstal, for at budsjettet skal bli så reelt som råd.

Ein har prøvd å ta ned utgifter der det er muleg, men her er lite å skjere. Dette med bakgrunn i stadig innsparing og stram drift over lengre tid, og jfr rapportar som viser at både barnehage og grunnskule driv effektivt.

Skal det kuttast meir på utgifter, må ein vurdere strukturen både for barnehage og grunnskule. Dette vil igjen medføre investeringar i bygg, og vert dermed ei politisk sak å vurdere i eit framtidsperspektiv.

4. ENDRINGAR MED KONSEKVEN SAR FOR 2018

1. Nasjonal føring for styrking av begynnaropplæringa /tidleg innsats. Kommunen har fått tilskot til å auke opp pedagogtettleiken i 2017. Om øyremekinga forsvinn, og tilskotet vert lagt i kommunen si ramme, må ein syte for at dette vert lagt til grunnskulen si ramme.
2. I'pad i begynneropplæringa. Det er nytta midlar frå fond og omfordeling innan grunnskule, til å køyre i gang satsinga for 1. og 2.trinn hausten 2017. Vi må ta høgde for ei vidareføring av I'pad som læringsverktøy for dei minste også frå hausten 2018, om vi ser at dette gir forventa resultat.
3. Auke i spesialundervisninga i barnehage og grunnskule, relatert til fleire barn med særlege og komplekse behov. Det er behov for meir midlar, for å unngå ein altfor stor reduksjon av det ordinære tilbodet.
4. Tilsetjing av 150% støttepedagogar i barnehageseksjonen frå 1.august '17, for å styrke tidleg innsats og førebyggjande arbeid i kommunale og private barnehage. Dette har ein fått til gjennom omprioritering av budsjettmidlar, som tidlegare har vore fordelt ut på dei ulike barnehagane etter søknad om ekstra assistentressurs.
5. Ny forskrift om auka pedagogtettleik i barnehage, gjeldande frå 1.august 2017. Ekstra tilskot for hausten 2017, og men er meldt lagt inn i kommunen si rammeoverføring frå staten for 2018. Kommunen er ansvarleg for å betale ut tilskot etter faste satsar til private barnehagar.

5.SÆRLEGE UTFORDRINGAR

Ressursar og kompetanse til spesialundervisning

Ein har siste åra registrert ein stor auke i barn med store og samansette behov, og med rett til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

Ein har så langt dekt behovet gjennom omdisponering innanfor eige budsjett, men ser no at det i for stor grad tappar det ordinære tilbodet og reduserer rektor sitt handlingsrom for organisering av tilpassa opplæring.

45

Digital utvikling i skule og samfunn

Krava til digitale ferdigheiter aukar, både i læreplanar og i arbeidslivet. Skal vi ruste elevane våre for framtida, må vi henge med.

I tillegg ser ein verdien av å nytte digitale læremiddel som I'pad i opplæringa, og har gjort gode erfaringar med dette.

Ved å bruke digitale læremiddel, når ein tre mål: Betre tilpassa opplæring, auka læring og større digitale ferdigheiter.

Gode og målretta leiarar

Både litteratur og forskning omtalar leiaren som ein avgjerande faktor for læring og utvikling. Sektor Oppvekst brukar mykje tid og ressursar til leiaropplæring og leiarstøtte. Men dette er ikkje nok. Ein leiar treng også tid til å gjere jobben sin. Tid til å vere leiar og ikkje berre administratorar. Tid til å organisere og leie fagleg utvikling. Tid til å rettleie sine tilsette, til å sjå dei og gi dei tilbakemelding. Tid til å utøve meistringsleiing - jfr 10-faktor-undersøkinga.

Med stadig meir pålagde administrative oppgåver frå både nasjonalt og lokalt nivå, er tid til leiing ei utfordring som må påpeikast.

Det gjeld alle leiarar, men særleg rektorane i grunnskulen, og særleg dei som også har undervisning i stillinga si.

Forsvarlege barnehage- og skulebygg

Fleire av barnehagane og skulane våre er fortsatt ikkje godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern. Dei to største utfordringane er relatert til Bergsøy skule avd. Borga og Ytre Herøy ungdomsskule. Men der er fleire utfordringar, både i barnehage og skule.

Lokala til kulturskulen i kjellaren på kulturhuset, er pr idag ikkje eigna til framtidig utvikling av kulturskulen. Der er lavt under taket, dårleg luft/inneklima og for lite areal.

6.PRIORITERTE DRIFTSTILTAK FOR NÅ MÅLA FOR 2018

1) Spesialpedagogisk hjelp barnehage

Ein har siste året registrert ein stor auke i barn med store og samansette behov, og med rett til spesialpedagogisk hjelp i heim og i barnehage.

Det er behov for å midlertidig auke opp bemanninga med timar tilsvarande ca 50% stilling spesialpedagog på dette området.

Sum kr.300.000.

MÅ-tiltak gjennomført frå august'17. Ligg i framskrive budsjett.

Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre tiltaket:

46

Tiltaket er allerede gjennomført, pga lovfesta rettar og behov for spesialpedagogisk kompetanse. Bemanningsnorm gjorde omdisponering av ressursar umuleg.

2) **Spesialundervisning i grunnskulen**

Vi har siste par åra sett ein auke i barn med store og samansette behov, med rett til spesialundervisning i skulen. Til no har auken blitt dekt gjennom omprioritering av midlar frå det ordinære til det spesielle. Ein meiner no at grensa er nådd for kor mykje ein kan redusere det ordinære, utan at konsekvensane vert negativt merkbare.

Det vil vere behov for å auke opp spesialundervisninga med nye midlar, i første omgang for 2018.

Sum kr.600.000

Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre tiltaket:

Ei ytterlegare innstramming av det ordinære undervisningstilbodet til elevane. Dette vil medføre endå mindre tidleg innsats og tilpassa opplæring, som igjen vil kunne medføre fleire elevar med negativ utvikling som vil kunne bli tilrådd rett til spesialundervisning. Negativ spiral.

3) **Digitale læremiddel i grunnskulen**

Ipad-satsinga i Herøyskulen skulle vere kjend. Gode erfaringar, gjer at vi ønskjer å auke opp satsinga til å gjelde alle 1.klassingar kvart år framover. Dette til medføre auka kostnader til leasing av brett. Noko vert dekt gjennom omdisponering ved redusert innkjøp av lærebøker/andre læremidlar. Kostnader til opplæring av tilsette, dekkjer vi ved eiga omdisponering av midlar.

Ein ekstra bonus om vi gjennomfører dette tiltaket, er at det vert mindre press på dei pc'ane vi har i skulen, slik at elevar får meir trening og får styrka dei digitale ferdigheitene.

Sum kr.150.000 pr.år

Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre dette:

Dårlegare tilpassa opplæring og meir behov for spesialundervisning. I tillegg vil Herøyskulen sakke akterut i teknologisk utvikling. Elevane som kjem ut herifrå, vil ikkje ha dei digitale ferdigheiter dei skal ha etter læreplan og kompetansemål. Endå viktigare er at dei vil mangle den digitale kompetanse som trengst i eit samfunns- og arbeidsliv som vert meir og meir teknologisk, ikkje minst i vår region.

4) Styrking av leiarrolla i grunnskulen

Den gamle rektorrolla har gradvis blitt endra over tid, med stadig aukande press både på ansvar og oppgåver. Likevel følgjer Herøy fortsatt den gamle reknemodellen med ressursar til rolla, der mange av rektorane fortsatt har undervisning i stillingane sine. Dette må endrast. Først og fremst for at rektorane skal kunne finne tid til å vere pedagogiske leiarar i skulekvardagen, men også for at dei ikkje skal «brenne seg ut». I tillegg ser vi at det er vanskeleg å rekruttere til rektorstillingar i Herøy.

Sum kr.450.000

Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre dette:

Svakare pedagogisk leiing i Herøyskulen, mindre effektiv organisering og drift. Endå større utfordringar med rekruttering av leiarar

5) Ekstra assistent til barn med funksjonshemming

For å gi eit lovfesta tilrettelagd barnehagetilbod til funksjonshemma barn, er det gjort vedtak om 2,7 årsverk. Tilbodet vert gitt i privat barnehage, og kommunen vi få refusjonskrav.

Sum kr.1.250.000

Konsekvens ved å ikkje gjennomføre dette:

Kostnaden vil medføre overskriding på ramma for barnehageområdet. Med bemanningsnorm i barnehagen, er der ikkje rom for å redusere ordinær bemanning for å styrke det lovfesta spesielle.

6) Ekstra pedagogtid i barnehagane, for å erstatte ubunden tid for pedagogane.

Herøy kommune satsar på tidleg innsats for å hjelpe barn som treng det så tidleg som muleg. Barnehagane satsar på å ha nok pedagogar, men kvar pedagog har fire timar per veke ubunden tid som blir tatt frå barna i forhold til om den tilsette var assistent. Pedagogane treng denne tida til planlegging og førebuing, men dess fleire pedagogar dess mindre tid til barna. For å tette dette «gapet», må vi auke opp pedagogressursen.

Sum kr.600.000

Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre tiltaket

Mindre pedagogtid for borna, og meir tid med ufaglærte. Dette medfører mindre tid til målretta, pedagogisk arbeid.

4/8

7.INVESTERINGSTILTAK FOR 2018

Utstyr og inventar i sektor Oppvekst

Skuleavdelinga fekk i 2016 og 2017 ei løyving på kr.400.000 til fornying og nyinnkjøp av inventar og utstyr i grunnskulen. Dette betydde svært mykje, både for trivsel og læringsmetodar. Vi er derimot ikkje i mål. Det er fortsatt behov for meir investering i digitale læremidlar og programvare, og det er fortsatt behov for meir oppdatering og modernisering. Vi ber derfor om ein ny sum til fordeling - ikkje berre for Grunnskule som tidlegare, men også Barnehage, Kulturskule og Internasjonal skule.

Sum kr.500.000

20. september 2017

Sølvi Lillebø Remøy

Kommunalsjef Oppvekst

49



NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Helse og omsorg

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
22.09.2017

BUDSJETTKOMMENTAR 2018. HELSE OG OMSORG

Helse og omsorg ber om slik budsjetttramme for 2018:

Budsjettpost	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Brutto driftsutgifter	253 014 651	257 962 177
Brutto driftsinntekter	54 114 651	52 207 294
Netto driftsramme	198 900 000	205 754 883
Avvik i kr. frå førre budsjettår		
Avvik i % frå førre budsjettår		

1. GENERELT

Budsjettet er vidareført etter 2017 driftsnivå. Fastløn overført frå Agresso til Arena er kontrollert og korrigert ved feil. Oppretta heimlar er korrekt. Vikarløn på kortidsfråver, ferie og variabel tilleggsløn vert evt. korrigert av systemet med prisvekst. Det same gjeld øvrige driftspostar. Desse postane er ikkje finrekna på frå vår side.

Tidligare reservert bevillingar/avsetningar pålagt sektoren på vel 3 million i 2017, er korrigert i null. Med det som utgangspunkt er veksten i budsjettet frå 2017 til 2018 like i underkant av 3,9 million. Ein del inntekter er satt i 0, til dømes frå Ø-hjelp.

50

2. ANSVAR OG OPPGÅVER

Helse og omsorg er den største sektoren i Herøy kommune. Sektoren har 4 avdelingar: Avdeling for tenestekoordinerer, avdeling for barn, familie og helse, avdeling for bu og habilitering og avdeling for pleie og omsorg.

Sektoren har ansvar for alle helse og omsorgstenester til innbyggjarar i eit livsløpperspektiv.

Sektoren har totalt 264,2 årsverk og avtalar per 01.10.17.



3. UTVIKLINGSMÅL TENESTER

Utviklingsmål for tenester er satt opp i årsplanen for Helse og omsorg.

4. UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

Sektor for helse og omsorg har generelt høgt press innan dei fleste tenestemråda. Det meste er godt kjent frå før, og også dokumentert gjennom evalueringsrapporten til Ressurssenteret for omstilling (RO) og gjennom tilsyn. Vi snakkar mellom anna om arbeidspresset i heimetenesta, flyten av pasientar til sjukeheim knytt til samhandlingsreforma, behovet for å styrke psykisk helsevern, barnevern og rehabilitering. Vi treng stadig fleire ressursar og ny kompetanse for å levere dei tenestene innbyggjarane har krav på. I nokre tilfelle er vi vel helt på grensa til å drive uforsvarleg, jf systemrevisjon frå fylkesmannen innan rus og psykisk helse.

Som vi veit har også legesituasjonen vore utfordrande i fleire år. Dei nye avtalene som vart gjeldande frå 2017 har ført til ein positiv utvikling, men det er fortsatt ledige heimlar. Tiltaka som vart nedfelt i den strategiske rekrutteringsplanen for fastleger er delvis gjennomført og planen skal evaluerast i løpet av hausten 2017. I tillegg har behovet for hjelpepersonell også auka.

5. KONSEKVEN SAR FOR VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

Tenestene er tilfredstillande:

Samhandlingsreforma har utfordra oss mykje, men vi har stort sett klart å ha god og jamn pasientflyt i Herøy kommune. Kvaliteten på tenesta er i all hovudsak bra, medan kvaliteten på institusjonsbygga kan diskuteras. Det er likevel verdt å framheve at samhandlingsreforma har gjeve oss nye utfordringar i institusjonane, i heimetenesta og helsetenesta elles, knytt til behovet for fagkompetanse og auka press. Pasientane har eit anna og meir krevjande sjukdomsbilete no enn før. Vi ser også at det er utfordrande å følgje opp rehabiliteringsbehov, psykisk helse og born og unge utan å auke ressursane i takt med behovet.

Konsekvensar av ei vidareføring av verksemda vil få konsekvensar. Det vart ikkje for budsjettet i 2017 teke omsyn til den økte drifta i heimetenesta, eller dei nye avtalane som er forhandla fram for fastlegane. Dette er tiltak som er i drift, og kommunen må betale for det. For 2017 vil manglande budsjettmidlar føre til eit negativt avvik i sektoren. RO peika i sin rapport på behovet for å styrke tenesteområda, psykisk helse og barnevern. Denne vurderinga er heilt i tråd med eigen fagleg vurdering i kommunen. Tiltaka som vert foreslått frå avdeling barn, familie og helse er såleis noko vi vurderar som nødvendige tiltak.

Vi opplever eit svært høgt press i heimetenesta. Her manglar vi fleire heimlar for å ha eit realistisk budsjett. Kostrarapporteringar knytt til pleie og omsorgstenestene viser at Herøy kommune har hatt ein sterk produktivitetsauke sidan 2009. Den gevinsten meiner vi at vi no har henta ut. Heimetenesta yter tenester i dag etter enkeltvedtak, som ikkje er budsjettert. Kommunen må betale desse kostnadene uansett budsjettgrunnlag.

Ressursenteret for omstilling (RO), trakk fram behovet for å arbeide meir førebyggjande i sin evalueringsrapport. Slik situasjonen er per i dag må vi både ha fleire tilsette i grunnbemanning, og vurdere korleis vi kan jobbe annleis enn vi gjer. Prosjekt kvardagsrehabilitering som var lagt fram i K-sak 83/16, vil vere viktig få å kome eit steg vidare for å løyse utfordringane vi ser i heimetenesta.

Helse og omsorg er vidare aktivt med i fleire prosjekt knytt til utvikling og bruk av velferdsteknologi. Vi er heile tida på jakt etter å arbeide smartare og meir effektivt. I 2017 går vi no både i gang med velferdsteknologiens ABC og inn i eit læringsnettverk for pasientforløp.

Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket:

Helse og omsorg skal som hovudregel få medhald i saker som vert overprøvd av fylkesmannen. I tillegg må ambisjonen vere å ha tilsyn, som ikkje fører til pålegg på grunn av avvik.

Brukarane er tilfreds med dei kommunale tenestene:

Helse og omsorg har planer om å gjennomføre nye brukarundersøkingar i 2018.

6. KONSEKVENSAAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER.

Helse og omsorg yt i all det vesentlege lovpålagde tenester, med individuelle vurderingar i kvar enkeltsak. Kommunen kan ikkje vurdere reduksjon i tenester ut frå kommunen sin økonomiske situasjon, eller vurdere standardreduksjon på generelt grunnlag.

Kommunen si plikt er å vurdere kva den einskilde innbyggjar har rett til, av nødvendig helsehjelp. Ein ser ikkje at det er mogleg å skalere ned tenester, utan at innbyggjarar vert skadelidne.

Helse og omsorg vurderar likevel kontinuerlig om vi kan arbeide meir effektivt, for å løyse fleire oppgåver utan tilsvarande auke i ressursane.

7. FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK

MÅ-tiltak drift 2018

(Må-tiltak betyr at tiltaka er i drift, og har kostnader vi må betale)

Driftstiltak 1 – Oppretting av heimel til auka ressursbruk for driftsteknikar tilsvarande 0,5 årsverk. Arbeidsmengda som ligg til driftsteknikar har auka for kvart år, i tråd med det aukande behovet for oppfølging av teknisk utstyr. Slik situasjonen er i dag, er det ikkje mogleg å løyse oppgåvene med kun 1,5 årsverk. Her har vi brukt ekstravikar heile 2016 og 2017 for å klare arbeidsmengda. Avdeling for tenestekoordinering har omprioritert midlar for å klare å løyse denne utfordringa. Avdelinga ber kun om oppretting av heimel til 0,5 årsverk til driftsteknikar. Stillinga vert dekt inn via omprioritering innan eige budsjett i avdelinga.

Kostnad: Er dekt inn i avdelinga, med omprioritering i budsjettet.

Driftstiltak 2 – Oppretting av heimel til 9,5 årsverk i heimetenesta (4,75 årsverk i heimetenesta og 4,75 årsverk til BPA) til ressurskrevjande pasientar med kontinuerleg 1:1 bemanning. Tiltaka er i drift med bakgrunn i enkeltvedtak på lovpålagde helse og omsorgstenester. Behovet er vedvarande.

Kostnad: Kostnaden er omlag 3.500.000,- etter refusjon frå staten.

Driftstiltak 3 – Endra avtalar med fastlegane etter reforhandling i 2016. Ei avtaleendring var heilt naudsynt for å behalde og rekruttere fastlegar i kommunen. Endringar i avtalen vart ikkje kostnadsjustert i budsjettet for 2017, men er kostnadar vi må betale.

Kostnad: Kostnaden er omlag 1.500.000 per år.

Driftstiltak 4 – Oppretting av heimel til 1,3 årsverk til avlastning for born i bu og habiliteringsavdelinga. Tiltaka er i drift med bakgrunn i enkeltvedtak på lovpålagde helse og omsorgstenester. Behovet er vedvarande.

Kostnad: Kostnaden er omlag 900.000,- per år.

ØNSKA-tiltak drift 2018

(Tiltak som er sterkt naudsynte for å levere forsvarlege tenester)

Driftstiltak 1 – Styrking innan psykisk helsevern

Utfordringane innan psykisk helsetenester er stadig aukande. Både evalueringsrapporten frå RO og tilsynet frå Fylkesmannen syner at vi har behov for å prioritere dette området sterkare.

Kostnad: Kostnaden blir omlag 1.100.000 per år.

Driftstiltak 2 – Oppretthalde stilling i barneverntenesta

Kommunen har i fleire år fått midlar til styrking av barneverntenesta. Per i dag (2017) betalar fylkesmannen tilskot til ei 100% stilling. Det er ikkje forventa at tilskotet vert vidareført i 2018. Kommunen må difor sjølv budsjettere kostnaden, om vi skal halde oppe det nivået vi har i dag på tenestelevering. Med tanke på RO sin rapport, viser det seg også her, at vi treng dei ressursane vi har.

Kostnad: Kostnaden blir omlag 730.000,- per år.

Driftstiltak 3 – Prosjekt kvardagsrehabilitering

Viser til K-sak 83/16, der prosjektet skulle sjåast i samanheng med budsjettarbeidet.

Det er behov for eit kjernepersonale med, ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleier i 60 % kvar som er ressurspersonar i kvardagsrehabiliteringa. Dette kjernepersonale kaller vi motorteam. Disse bør ha kompetanse og vidareutdanning innan rehabilitering, der rolla er å kunne kartlegge behov, opplæring, holdningsendring, organisering. Heimetrenerane blir heimetenesta i det enkelte distrikt. I desse stillingane som motorteam bør det opprettast nye stillingar.

Til saman er det behov for 1,8 årsverk. I Arena er 1, 2 av desse årsverka foreslått oppretta i avdeling for pleie og omsorg, medan resten ligg inne som styrking av fysioterapitenesta i avdeling for barn, familie og helse.

Kostnad: Kostnad samla sett er om lag 1.200.000,- per år.

Driftstiltak 4 – Auke av hjelpepersonell ved Myrvåg legesenter

Ved Myrvåg legesenter er det auka med ein fastlege det siste året. Det er for låg bemanning til å klare arbeidsbehovet i dag, og det er naudsynt for bruk av ekstrainnleige. I tillegg er det ulik opningstid på dei to legesentra. For å gi likt

tilbod til innbyggjarane, må ein auke stillingsressursen med ei 100% stilling.

Kostnad: Kostnaden er om lag 580.000,- per år.

Andre ønska tiltak:

(Tiltak som vil gje eit betre tilbod enn det vi har i dag)

Driftstiltak 1 - Det er og lagt inn eit beløp for tiltak i rekrutteringsprosessen for fastlegar. Rekrutteringsprosessen er ikkje endeleg i mål og det er og særskild viktig å ha tiltak for å behalde dei tilsette legane.

Kostnad: Kostnaden er 300.000,- per år.

Driftstiltak 2 - Familiestøtte. Viser til K-sak 96/17 der kommunestyret handsama sak om familiestøtte og var positive til å få set i gong ordninga. Helse og omsorgskomiteen har vore initiativtakar for å få på plass ei serviceteneste for særleg utsette familiar.

Kostnad: Kostnaden er berekna til 150.000,- per år.

Driftstiltak 3 – Auke i driftstilskot for psykomotorisk fysioterapi frå 60% til 90%, for å kunne gi tilbod til fleire.

Kostnad: Kostnaden er berekna til 126.000,- per år

Driftstiltak 4 - Oppreisningsordning for barnevernsbarn, skuleheimsbarn og fosterbarn er vedteke som felles ordninga i Møre og Romsdal. Kommunen har hatt utbetaling i 2017 og vil måtte pårekne også å få ei utbetaling i 2018.

Kostnad: På bakgrunn av erfaring det oppført kr. 400.000,- for 2018.

Driftstiltak 5- Styrking av interkommunalt tiltak for særst utsette barn (TIBIR) med 50% stilling til PMTO-terapeut.

Kostnad: 120.000,- for Herøy kommune per år.

MA-tiltak investering 2018

(Tiltak som viser seg nødvendig på grunn av slitasje og forventet utvikling)

Investeringsiltak 1 – Vidareføring av posten til utskifting av utstyr på 200.000,- Grunngeving for prioritering: Det er behov for stadig fornying av utstyr til store kostnader.

Investeringsiltak 2 – Herøy vert pilot for eRom i Myrvåg. Arbeidet er i samarbeid med SSIKT. Herøy må lokalt budsjettere for prisen på nettbrett og lisens per rom.

8. KOMMENTAR TIL DRIFT OG INVESTERING

Forslag til tiltak på drift er delt opp etter

- 1: Om dei er i drift og effektuert per d.d
- 2: Ønska tiltak for å drive fagleg forsvarleg innan gjeldande lov og regelverk.
- 3: Ønska tiltak som vil gje eit betre tilbod.

Forslag til investering er foreslått etter det vi ser på som høgst nødvendig knytt til slitasje, og eit velferdsteknologiprojekt i samarbeid med SSIKT, der Myrvåg skal vere pilot på eRom.

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef Helse og omsorg



NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
03.10.2017

BUDSJETTKOMMENTAR SAMFUNNSUTVIKLING

BUDSJETTKOMMENTAR 2018

Ansvar

Kultur: 4011,4012,4015,4021,4031,4032,4033,4041,4051,4061,4062

Utvikling: 5011,5061,5062

Anlegg og drift: 5111-5113, 5121-5126,5131 og 5132

Budsjettpost	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Brutto driftsutgifter (40,50 og 51)	62 713	66 203
Brutto driftsinntekter	-32 039	-34 344
Netto driftsramme	30 674	31 857
Avvik i kr. frå førre budsjettår		1183
Avvik i % frå førre budsjettår		3,8%

1 GENERELT

Sektor for samfunnsutvikling sitt ansvarsområde er mangfaldig og omfatter planlegging, næringsutvikling, byggesaksbehandling, kartverk/oppmåling, grunnnerv, folkehelse, utbygging av anlegg, kommunal teknisk drift, brannvern og oppgåver knytt til kulturområder.


59

2 ANSVAR OG OPPGÅVER

Avdelinga har for tida 37 tilsette inklusiv kommunalsjef. I tillegg kjem deltidstillingar i brannvern og kultur. I 2016 vart Utviklingsavdelinga og Anlegg og driftsavdelinga slått saman til ei ny avdeling og i 2017 kom Herøy brann og redning og kulturavdelinga til.

På plansida har avdelinga ansvaret for all planlegging i medhald av plan- og bygningslova og avdelinga yter bistand til andre avdelingar ved utarbeiding av sektorovergrepande planar. Øvrig saksbehandling som avdelinga har ansvaret for dispensasjonar, delesaker, alle former for byggesaker, oppmåling og utarbeiding av matrikkelbrev for alle nye eigedomar og all utvikling og ajourhald av det kommunale kartverket. Ein stor del av avdelinga er og anleggsprosjekt og kommunalteknisk drift. Brannvern med si beredskap og forebyggande avdeling er ein del sektoren.

Kulturavdelinga samarbeidar med enkeltpersonar, lag og organisasjonar, offentlige einingar og næringsliv for å bidra til gode kulturopplevingar for innbyggjarar og besøkande. Avdelinga driftar fleire kulturarenaer og samarbeider om arrangement på andre sine arenaer. I tillegg forvaltar avdelinga tilskotsmidlar og bidreg med rådgiving og kompetanse innan kulturfeltet. Kulturavdelinga består av: kulturkontor, barne- og ungdomsarbeid, frivilligsentral, kulturhus, idrettshall, folkebibliotek, konserthus og kino.



3. UTVIKLINGSMÅL TENESTER

Utviklingsmål for tenester er satt opp i årsplanen for sektor for samfunnsutvikling.

60

4 UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

Dagens struktur med ny sektor for samfunnsutvikling har naturleg nok medført at ein på nytt må sy organisasjonen saman så effektiv som mulig. I samband med etablering av den nye sektoren vart det lyst ut stillingar internt og alle posisjonar er bemanna idag. Ein har stor tru på at organisasjonen er godt rusta til å møte framtidige utfordringar og ein er opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på.

Det vil framleis vere utfordrande å løyse alle oppgåver avdelinga har med dei ressursane som ligg i budsjettamma. Fleire tenester ligg ikkje på eit tilfredstillande nivå, men avdelinga er offensiv med omsyn til å sjå nye måter å arbeide på og drive mest mogleg ressurseffektivt.

5 KONSEKVEN SAR AV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

Ein vurderer det både som tenleg og akseptabelt å vidareføre dagens nivå i sektoren. Viktige og sentrale element i drift av avdelinga er å sjå forbetringar som gir rom for tenesteutvikling for innbyggjarane og ha fleksible rammer slik at tildette ressursar vert utnytta best mogleg sett i forhold til dei utfordringar ein har til eikvar tid. Eit mogleg samarbeid med andre kommunar på ulike tenesteområder kan og få betyding for det komande året.

5 KONSEKVEN SAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER

Vanskeleg å sjå kva som skal kunne leggst ned av tilbod som sektoren utfører i dag. Slik ein vurderer det vil det mest realistiske vere å legge til rette for å greie seg med den bemanning ein har i dag uten å auke antall stillingsheimlar i avdelinga. Fokus på å omstille, omstrukturere arbeidsområder vil vere naturleg i samband med naturleg avgang i avdelinga.

6 FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK

Det er lagt inn 1 nytt driftstiltak for sektoren:

Område 51-

- Reasfaltering – ein vurderer det som naudsynt og auke drifta med kr 500 000

Stort behov for reasfaltering av kommunale vegar som ikkje kan gå på investering. Ein bør setje av 500 000 kroner årleg til dette føremålet.

61

7 KOMMENTARAR TIL DRIFT OG INVESTERING

Tiltak som er lista opp ovanfor i punkt 6 er vurdert som naudsynte.

Forslag til investeringstiltak i 2018 og økonomiplanperioda

Ubrukte midler frå tidlegare år overføres til 2018. Ein viser elles til fullstendig investeringsoversikt på budsjettssystemet (investeringar utover det som er omtalt som anleggsprosjekt)

Samla oversikt:

Tabell 7				
Samanfatning	2018	2019	2020	2021
Generelle tiltak	10 715 000	14 900 000	7 700 000	3 000 000
Avlaupsplan	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Bustadfelt	0	6 250 000	15 250 000	22 000 000
Næringsområde	3 750 000	5 500 000	5 500 000	
Samferdselstiltak	23 375 000	6 050 000	4 000 000	3 000 000
Sum (avrunda)	46 000 000	43 000 000	43 000 000	38 000 000

Generelle tiltak:

Tabell 2				
Generelle tiltak	2018	2019	2020	2021
Byutvikling	5 000 000	5 000 000	5 000 000	
Avskjærande grøft på Kvalsund		400 000		
Grøft for overvatn i Huldalsvegen	350 000			
Ladepunkt for elbil i sentrum	965 000			
Leikeplassar i bustadfelt	250 000			
Ny kaihøgde ytre Almenningsskai	500 000	5 500 000		
Oppgradering av parken	250 000			
Telenor basestasjon på Runde	800 000			
Trafikktryggingstiltak	1 500 000	1 500 000	1 500 000	

62

Tursti Myklebustvatnet			1 200 000	
Tursti Djupvikvatnet				3 000 000
Lisjevatnet i Dragsund	600 000			
Bergsøy kunstgras	500 000	2 500 000		
Sum	10 715 000	14 900 000	7 700 000	3 000 000

Avlaupsplan:

Tabell 3

Bustadfelt	2018	2019	2020	2021
Løyving av midlar til avlaupsplanen	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Sum	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000

Bustadfelt:

Tabell 4

Bustadfelt	2018	2019	2020	2021
Dragsund bustadfelt		500 000	9 500 000	
Bø/Arhaug bustadfelt				7 000 000
Stokksund				15 000 000
Myklebuståsen		5 750 000	5 750 000	
Sum	0	6 250 000	15 250 000	22 000 000

Næringsområde:

Tabell 5

Næringsområde	2018	2019	2020	2021
Mjølstadneset	3 750 000			
Eggesbønes		5 500 000	5 500 000	
Sum	3 750 000	5 500 000	5 500 000	

Samferdselstiltak:

Tabell 6

Samferdselstiltak	2018	2019	2020	2021
Mindre parkeringsplass Frøystad			1 000 000	
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000	750 000		
Bru til Herøy gard		300 000	3 000 000	
Veg Flusund		5 000 000		
Kaier på Mjølstadneset	21 000 000			
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250 000
Oppgradering av veg Kleppeåsen				1 000 000
Oppgradering av veg til Marine Sales				750 000
Parkeringsplass Fosnavåg sentrum	1 625 000			
Sum	23 375 000	6 050 000	4 000 000	3 000 000

Særlege utfordringar i 2018

Ny omorganisering og nye strukturar i 2017 har naturleg nok medført ein del arbeid med å sy organisasjonen saman slik at overgangen skulle vere smidig og så effektiv som mulig. For 2018 er det på nytt varsla endringar i sektoren som vil ha betydning (landbruk og mogleg samarbeid med andre kommuner). Målsetjing at omstillingsprosessar skal skje gjennom ein open og transparent dialog der tilsette tek del i prosessen gjennom aktiv medverking står fast.

Det vil framleis vere utfordrande å løyse alle oppgåver avdelinga har med dei avgrensa ressursane som ligg i budsjetttramma. Fleire tenester ligg ikkje på eit tilfredstillande nivå. Avdelinga har teke på seg fleire ansvarsområder som ikkje ligg naturleg til ansvarsområdet. Dette medfører at «tid» vert pressa og ein får ikkje den effektiviteten som ein kunne ønskje innanfor avdelinga.

64



NOTAT

Til: Herøy Kommunestyre

Frå: Samfunnsutvikling

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
24.10.2017

TILLEGGSNOTAT TIL K-SAK 121/17

Viser til K-sak 121/17, alt handsama som F-sak 160/17.

Vi ser at når saka vart skriven vart eit prosjekt beklageligvis utelatt. Prosjektet er grunnarbeid jektenaust/p-plass og omfattar grunnarbeid for oppføring av naust til sunnmørsjekta Anna Olava og utviding av parkeringsplassen ved Herøy Gard med etablering av kaifront (ikkje sjølvje naustet). Prosjektet er forankra politisk i K-sak 105/16 der kommunen gir si tilslutning til å utvikle Herøy kystmuseum med etablering av naust med formidlingsbygg til jekta. Prosjektet er eit samarbeid med stiftinga Sunnmøre Museum og det vert pr. i dag arbeida med innsamling av midlar til bygging av naustet. Det er utarbeidd skisser og prosjektet kan sjåast på som oppstarta. Det har også kome til informasjon om at støtte til Myklebuståsen kan skyvast eit år fram, det vil seie til 2020/2021. Vi finn soleis å kunne setje prosjektet med grunnarbeid for jektenaust/p-plass i 2019.

I F-sak 160/17 vart lista over investeringstiltak for anleggsprosjekt endra ved at bustadfelt Bø/Arhaug vart flytta til grunnkjøp i 2018 og gjennomføring i 2019 og utbetring av veg over Kleppeåsen vart flytta til oppstart 2018 og ferdigstilling i 2019. Det vart ikkje gjort forskyving av andre tiltak. Sidan lista over anleggsprosjekt er lang og at det særskilt ligg mykje arbeid på åra 2018 og 2019 vil vi oppmode om å flytte prosjekt frå 2018/2019 til 2020/2021. Dette grunna kapasiteten til å få jobba med tiltaka dei åra dei er satt opp. Alle tiltak på lista er positive tiltak som anten vil gi tilrettelegging av næring- og bustadtomter, trafikktrygging, overvasshandtering, auka folkehelse osv. Likevel er det enkelte tiltak som ikkje er like prekære å utføre.

For å gjere lista noko meir gjennomførbar har vi følgjande forslag til prosjekt (som alle vil vere ressurskrevjande) som vi meiner kan skyvast fram i tid:

- Bergsøy kunstgras til projektering i 2019 og gjennomføring i 2020. Bana vil slik den ligg i dag kunne nyttast til trening og ved turnering. Idrettslaget har alt

65

starta arbeid med hall med nytt dekke, samt der ligg ei kunstgrasbane til vedsiden av (Havila stadion).

- Ny kaihøgde Almenningskaia til planlegging i 2019 og gjennomføring i 2020. Det er eit politisk signal om at det er ønskjeleg med ny kaihøgde, men det er ikkje prekært for funksjonen som kai pr. i dag.
- Veg Flusund vert flytta til 2021. Avhengig av framdrift i privat prosjekt, ikkje klar pt.

Nedanfor følgjer oppdatert tabelloversikt inkludert endringar gjort i formannskapet, forskyving av Myklebuståsen og nytt prosjekt grunnarbeid for jektnaust/p-plass og inkludert forslaget ovanfor:

Tabell 1				
Budsjett	2018	2019	2020	2021
Generell finansieringspost	-45 100 000	-32 000 000	-53 500 000	-40 250 000

Tabell 2				
Generelle tiltak	2018	2019	2020	2021
Byutvikling	5 000 000	5 000 000	5 000 000	
Avskjærande grøft på Kvalsund		400 000		
Grøft for overvatn i Huldalsvegen	350 000			
Ladepunkt for elbil i sentrum	965 000			
Leikeplassar i bustadfelt	250 000			
Ny kaihøgde ytre Almenningskai		500 000	5 500 000	
Oppgradering av parken	250 000			
Telenor basestasjon på Runde	800 000			
Trafikktryggingstiltak	1 500 000	1 500 000	1 500 000	
Tursti Myklebustvatnet			1 200 000	
Tursti Djupvikvatnet				3 000 000
Lisjevatnet i Dragsund	600 000			
Bergsøy kunstgras		500 000	2 500 000	
Grunnarbeid jektnaust/p-plass			2 090 000	
Sum	9 715 000	7 900 000	17 790 000	3 000 000

Tabell 3

66

Avlaupsplanen	2018	2019	2020	2021
Løyving av midlar til avlaupsplanen	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Sum	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000

Tabell 4

Bustadfelt	2018	2019	2020	2021
Dragsund bustadfelt		500 000	9 500 000	
Bø/Arhaug bustadfelt	500 000	6 500 000		
Stokksund			500 000	14 500 000
Myklebuståsen			5 750 000	5 750 000
Sum	500 000	7 000 000	15 750 000	20 250 000

Tabell 5

Næringsområde	2018	2019	2020	2021
Mjølstadneset	3 750 000			
Eggesbønes		5 500 000	5 500 000	
Sum	3 750 000	5 500 000	5 500 000	

Tabell 6

Samferdselstiltak	2018	2019	2020	2021
Mindre parkeringsplass Frøystad			1 000 000	
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000	750 000		
Bru til Herøy gard		300 000	3 000 000	
Veg Flusund				5 000 000
Kaier på Mjølstadneset	21 000 000			
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250 000
Oppgradering av veg Kleppeåsen	300 000	700 000		
Oppgradering av veg til Marine Sales				750 000
Parkeringsplass Fosnavåg sentrum	1 625 000			
Sum	23 675 000	1 750 000	4 000 000	7 000 000

Tabell 7

67

Samanfatning	2018	2019	2020	2021
Generelle tiltak	9 715 000	7 900 000	17 790 000	3 000 000
Avlaupsplan	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Bustadfelt	500 000	7 000 000	15 750 000	20 250 000
Næringsområde	3 750 000	5 500 000	5 500 000	
Samferdselstiltak	23 675 000	1 750 000	4 000 000	7 000 000
Sum (avrunda)	45 100 000	32 000 000	53 500 000	40 250 000

Med helsing

Jarl Martin Møller

Lene Søvik Huldal

68



NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
07.10.2017

BUDSJETTKOMMENTAR- FELLES DIGITALISERINGSSTRATEGI

Bakgrunn for tiltaket er besøk i Bergen kommune 6.10.2017 der kommunane (Herøy, Ulstein, Volda og Ørsta) konkluderte med at vedtatt digitaliseringstrategi som KS sammen med KMD har utarbeidd er vert å vere med på. Ein ser store gevinstar med å vere med på dette.

Frå KS sine sider:

Digitaliseringsstrategien setter retning og mål for KS og kommunenes og fylkeskommunenes arbeid frem mot 2020. Helt avgjørende for å nå målene om økt digitalisering er at vi innad i sektoren samarbeider og samordner innsatsen. Et viktig delmål for en mer samordnet kommunal sektor er å etablere digitale fellesløsninger. Å finansiere disse er hovedformålet med den nye finansieringsordningen.

Det har vært og er en god dialog om ordningen mellom kommunal sektor og staten. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har signalisert at de vil bidra med 125 millioner kroner fordelt over to år, forutsatt at kommunal sektor bidrar med minst like mye. KS vil bidra med inntil 40 millioner kroner. Storbynettverket og de ti største kommunene har signalisert at de vil bidra med til sammen 35 millioner kroner.

For å etablere ordningen, og for å utløse midlene fra KMD, er det nødvendig at vi reiser tilstrekkelig kapital. KS inviterer derfor alle sine medlemmer til å delta med et engangsbeløp på henholdsvis 20 kroner per innbygger for kommuner og 5 kroner per innbygger for fylkeskommuner. Hvis alle kommuner og fylkeskommuner blir med, vil ordningen disponere ca. 250 millioner kroner.

For Herøy kommune inneber dette:

9000 innbyggjarar x 20 kr = 180 000 kroner.

69



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja
Herøy kyrkje
6091 Fosnavåg

Herøy kommune
her

DATO:18.09.17
ARKIV:112
REF.:

**Herøy kyrkjelege fellesråd
Administrativ framskrivning. Driftsbudsjett 2018
ØKONMIPLAN 2018-2021**

Herøy kyrkjelege fellesråd handsama saka i sitt møte 07.09.17, sak 19/17 og fatta slikt samrøystes vedtak:


1. Herøy kyrkjelege fellesråd Budsjett Administrativ framskrivning datert 01.09.17 til vitande.
2. Kyrkjeverja vert beden om å førebu sak om sikring av lause takheller på Leikanger kyrkje.

Saka vert sendt kommunen som grunnlag i budsjettarbeidet.


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

Vedlegg: Fr-sak 19/17

70



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjevevja
Lisjebøvegen 1
6091 Fosnavåg

SÆRUTSKRIFT

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD	7. SEPTEMBER 2017	SAK 19/17	ARKIV 112
----------------------------	-------------------	-----------	-----------

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD ADMINISTRATIV FRAMSKRIVING. DRIFTSBUDSJETT 2018. ØKONOMIPLAN 2018-2021

FELLESRÅDET HAR FATTA SLIKT SAMRØYSTES VEDTAK:

Herøy kyrkjelege fellesråd tek Budsjett Administrativ framskrivning datert 01.09.17 til vitande.


Kyrkjevevja vert beden om å førebu sak om sikring av lause takheller på Leikanger kyrkje.

Fosnavåg, 13.09.17


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjevevja

Ekspd.: HK

71



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjevevja
Lisjebøvegen 1
6091 Fosnavåg

F.R. SAK:19/17
ARKIV:112
SAK HANDS. Msl

ADMINISTRATIV FRAMSKRIVING HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD DRIFTSBUDSJETT 2018 ØKONOMIPLAN 2018-2021

Etter Lov om Den norske kyrkje § 15 har kommunen visse økonomiske plikter til å løyve midlar slik at fellesråda kan drifte, vedlikehalde og utvikle kyrkjekontor, kyrkjer og gravplassar. Etter same paragraf er det kyrkjeleg fellesråd som vedtek sitt eige budsjett, medan det er kommunestyret som gjennom budsjettvedtak som i hovudtrekk løyver midlar til fellesrådet.

Vedlagt fylgjer Rundskriv frå Rådmannen (vedlegg 2) med dei første føringane ein treng for å starte arbeidet med drifts- og investeringsbudsjett for 2018 og planperioden 2018-2021. Dette rundskrivet er først og fremst ein framdriftsplan for budsjettarbeidet der målet er endeleg vedtak i Herøy kommunestyre 14.12.2017.

Vi har ein god tradisjon i Herøy for å ha eit godt samarbeid gjennom budsjettprosessen, og eit mål er sjølvstøtt å få eit budsjett og ein aktivitet som er avpassa til kvarandre å kom inn i eit handlingsrom der vi unngår unødig press på større budsjettkorrigeringar i driftsåret.

Det langsiktige økonomiske målet slik det er formulert i Rundskrivet, er at kommunen over tid skal legge fram eit driftsbudsjett/resultat med 2% netto driftsresultat slik at ein skaper rom for framtidige investeringar.

Driftsbudsjett 2018

Det er ikkje trekt fram konkrete utfordringar kommunen står framom når det gjeld drift og investeringar i 2018-2021, men det er lagt opp til at drifta skal halde fram på same nivå som i dag. Det betyr m.a. at mellombelse tiltak som vart sett i verk i 2017 ikkje automatisk skal vidareførast i 2018.

Utgifter til løn skal vere knytt til oppretta stillingsheimlar, ein skal ikkje budsjettere med vikarløn (i tilfelle sjukdom) eller sjukerefusjonar. I samtale med økonomileiar i dag fekk eg opplyst at det førebels vert lagt inn 3,1% auke i løn slik ho er pr. 30.08 (etter råd frå KLP) medan det vert lagt inn 3% prisvekst. Når det gjeld fellesrådet sitt lønsbudsjett, så har ein justert opp løna pr. 1. mai (vert etterbetalt i oktober) men resultatet for dei lokale forhandlingane 2017 enno ikkje er klart.

I år, som åra før har vi enno ikkje frå KA sitt rundskriv med dei spesielle utfordringane for kyrkja.

Nye tiltak

Etter Rundskrivet skal nye tiltak vere ferdig konsekvensutgreidde før budsjettprosessen vert avslutta.

Fellesrådet har fleire ferdig utgreidde nye tiltak som ein har søkt få plass til i mange år i budsjettet.

Sokneråda og fellesrådet har gjennom mange år peika på kor viktig det er å arbeide med gode tiltak i fritida til barn og ungdom, og Herøy sokn har i mange år lønna ein tilsett gjennom innsamla midlar og med eit tilskott på kr. 100 000 frå Herøy kommune. Storleiken på dette tilskottet har ikkje vorte endra på alle desse åra medan aktiviteten og stillingsstorleik har vorte utvida. Dette gjeld stillinga til barne- og ungdomskoordinator som i dag har ein kostnad på om lag 450 000 kroner der soknerådet samlar inn ca. 350 000 kroner. Desse midlane vert nytta til å drive rusforebyggjande og meiningsfulle fritidsaktivitetar for ungdom kvar einaste fredagskveld ved drifting av Fredagstreffet. Vidare har denne tilsette ansvaret for Open Barnehage som er samling for born og vaksne kvar onsdag, dette er eit tiltak som samlar folk frå mange nasjonalitetar. I administrativ framskriving av budsjett er det no lagt inn ein reduksjon av overføringa frå Herøy sokn med kr. 100 000 (merka blå skrift).

Fellesrådet i mange år signalisert midlar til Diakon. Vi veit at einsemd og passivitet er eit aukande problem for menneske i alle aldrar, og vi vil gjerne vere med å skape betre folkehelse ved å tilby heimebesøk for nokon å prate med eller å invitere til ulike aktivitetsbehov. Ein diakon er viktig for å skape gode relasjonar til menneske som av ulike årsaker ikkje har så lett for å delta i den «vanlege» sosiale livet.

Dei siste åra har ein også beskrive behova for branntryggingstiltak i Indre Herøy og Leikanger kyrkje. Desse kyrkjene har gamle elektriske anlegg og vi har påbod om merking og utbetring av rømningsvegar. Samla vil det vere behov for kr. 100 000 til desse tiltaka, dette er aktualisert ved at det no er varsla nye branntilsyn i desse bygga (lagt inn i framskrivinga merka blå skrift)

Herøy kyrkjelege fellesråd har fått melding frå biskopen i Møre om at det vert gjennomført bispevisitas i Herøy våren 2018. Dette vil gje fellesrådet ein auka kostnad, og kyrkjeverja estimerer desse kostnadene til annonsering, bevertning og auka lønsutgifter til kr. 50 000 (merka blå skrift i budsjettet).

Vidareføring av tiltak

Gjennom dei siste åra har hatt gravplassutvidingar og oppgradering av grøntarealet på gravplassane i stort omfang. Dette gjev sjølvstøtt høgare kostnader samstundes som det er ønskeleg å høgne nivået på grøntvedlikehaldet. Dei siste åra har ein jobba for å auke vedlikehaldet på gravplassane, dette tiltaket vert vidareført også i 2018 med ei auke på kr. 100 000 (lagt inn med blå skrift).

Økonomiplan 2018-2021

Kvalsund gravplass vart ferdig utvida no i sommar, men byggerekneskapen er ikkje avslutta enno, og ein kjenner difor ikkje eksakt kor mykje som vart forbrukt.

Fellesrådet har dei siste åra hatt slik prioriteringsliste for investeringar:

- Grunnkjøp Flusund gravplass
- Utviding Leikanger kyrkjegard
- Innvendig rehabilitering av Indre Herøy kyrkje

Ad grunnkjøp Flusund

Utviding av Flusund gravplass har vore med i godkjende planar for dette området i svært lang tid. Allereie i 1990 vart dei første konkrete planane for denne utvidinga vedtekne med 2

byggesteg. Status i denne saka er p.r. d.d. Uavklart, men det er eit stort behov for utviding av denne gravplassen. Det er om lag 41 gravferder i snitt pr. år på denne gravplassen og det er i dag 100 ledige graver att på den «nye» delen av gravplassen. Utvidinga av denne gravplassen hastar verkeleg.

Ad utviding Leikanger kyrkjegard

Kommunen eig arealet der det er tenkt utviding (arealet mot Sion), og det ligg soleis til rette for å starte planleggingsarbeidet. Ei stor utfordring her vert ny tilkomst til den nedre delen av gravplassen.

Ad Indre Herøy kyrkje

Indre Herøy kyrkje feira 100 år i 2016, og kyrkja har vorte godt rehabilitert utvendig med isolasjon, kledning, måling og ny trapp. Det er eit stort behov for at dekor og innvendig veggjar samt kyrkjebenkane vert restaurert og måla, og dette bør kome på fellesrådet si prioriterte liste i åra framover med kr. 500 000 pr. år i 3 år.

I tillegg har det no kome eit nytt tiltak som gjeld Herøy kyrkje; fullføring av siste byggsetegem med stolar til amfisal i kjellaren. Dette tiltaket gjeld innkjøp av 112 stolar til amfiet i kjellaren og prisen er estimert til ca. 250 000 kroner. Dersom ein finn finansiering av dette tiltaket kan vil byggeprosjektet Herøy kyrkje verte ferdig 17 år etter ein starta planarbeidet og 13 år etter at fyrste byggesteg stod ferdig. Kyrkja med alle dei ulike funksjonane ho inneheld er unik i vårt område, kanskje til og med i landet. Ikkje mange kyrkjer kan skilte med eit stort flott kyrkjeskip, kyrkjelydssal, kapell, lokale til open barnehage, stor fritidsklubb, gymsal og no snart eit fullt utstyrt amfi med 112 sitjeplassar og godt teknisk utstyr. Dette har kome i stand etter eit godt samarbeid med kommunen, gode økonomiske løyvingar frå kommunen, gaver frå private, fiskeri og anna næringsliv samt ein iherdig dugnadsinnsats. Heile kjellaretasjen med fritidsklubb, gymsal, garderobar og amfisal er innreidd mest utan innleigd arbeidskraft og med eit enormt dugnadsarbeid.

Fellessrådet bør også fritt drøfte andre tiltak som bør prioriterast. Vedlagt fylgjer Økonomiplan 2018-2021 som kan ligge til grunn for denne drøftinga.

Avslutting

Det vidare arbeidet med budsjett/økonomiplan vert no gjort i formannskap/administrasjon i kommunen før fellesrådet får saka attende for vidare behandling.

Ei førebels administrativ framskriving viser at dersom fellesrådet skal halde oppe drifta si på 2017 nivå, basert på 3% prisvekst og 3,1% lønsvekst, nokre nye tiltak og bortfall av rentekostnader på kr. 400 000 vil det vere behov for ei løyving på kr. 7 108 000 frå Herøy kommune (budsjett 2017 kr. 6 780 000).

Framlegg til vedtak

Herøy kyrkjelege fellesråd tek Budsjett administrativ framskriving datert 01.09.19 til orientering.

Fosnavåg, 01.09.17


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

74

Budsjett 2018 adm. framskriving

Konto	Konto (T)	Rekn 2016	Budsj 2017	Forbruk 31/08/2017	BUDSIETT 2018
30100	Fastlønn	3 518 790	kr 4 230 000	kr 2 110 315	kr 4 550 000
30108	Pensjonsgjevande tillegg	37 420	kr 45 000	kr 23 563	kr 45 000
30200	Vikarar	93 898	kr 75 000	kr 24 689	kr 95 000
30209	variable tillegg vikarar	96 696	kr 100 000	kr 55 116	kr 75 000
30300	Ekstrahjelp	14 571	kr 20 000	kr 14 137	kr 30 000
30500	Anna løn			kr 10 973	
30508	Diverse lønsutbetaling	37 300		kr 22 000	
30800	Godtgjersle folkevalde	40 400	kr 40 000		kr 50 000
30802	Tapt arbeidsgodtgjersle	368	kr 5 000		kr 2 000
30900	Pensjonsinnskott	522 650	kr 685 000	kr 479 775	kr 740 000
30902	Kollektiv ulykke- og gruppelev	10 425	kr 15 000	kr 6 675	kr 15 000
30990	Arbeidsgjevaravgift	464 103	kr 520 000	kr 299 596	kr 560 000
	Sum løn	4 836 623	kr 5 735 000	kr 3 046 840	kr 6 162 000
31000	Kontormateriell	29 157	kr 16 000	kr -	
31002	Abonnement aviser og faglitter	17 837	kr 9 000	kr 9 725	
31100	Aktivitetsrelatert forbruksma	125 647	kr 35 950	kr 49 885	
31151	Serivering møter, kurs, repres	21 194	kr 25 000	kr 7 678	
31152	serivering som del av drift	3 339		kr 2 441	
31200	Anna forbruksmaterieil	101 521	kr 85 000	kr 39 899	kr 50 000
31201	Arbeidskle	9 452	kr 5 000	kr -	
31202	Velferdstiltak	1 725	kr 3 000	kr -	
31208	Diverse utgifter	534		kr 5 470	
31300	Post, banktenester, telefon	54 202	kr 55 000	kr 11 244	
31301	Telefoni	341	kr 19 000	kr 19 558	
31400	Annonser, reklame, informasj	97 760	kr 20 000	kr 39 343	
31500	Opplæring kurs (ikkje oppgäv	13 996	kr 17 000	kr 2 650	
31550	Reiseutgifter, opplæring (ikkje oppgävepliktig)			kr -	
31600	Reiseutgifter, oppgävepliktigs	111 350	kr 105 000	kr 66 421	
31603	Km godtgjersle, skattepl. del	6 421	kr -	kr 9 330	
31700	Reiseutgifter, drift av egne tra	21 402	kr 33 000	kr 15 049	
31703	Reiseutgifter, ikkje oppgävepl	5 193	kr 14 000	kr 8 987	
31800	Energi	267 537	kr 247 500	kr 172 595	

75

Konto	Konto (T)	Rekn 2016	Budsj 2017	Forbruk 31.08.2017	BUDSJETT 2018
31850	Forsikringer, vakttenester	116 058	kr 120 000	kr 120 047	
31900	Leige av lokaler og grunn	1 636	kr 2 500	kr 1 882	
31950	Avgifter, gebyr og lisensar	150 480	kr 175 000	kr 161 385	
31951	Lisenser/ serviceavgifter			kr 38 334	
32000	Kjøp og finansiell leasing av d	61 305	kr 65 000	kr 16 338	
32100	Kjøp, leige og leasing av trans	33 831	kr 40 000	kr 5 631	
32200	Leige av driftsmiddel	7 700	kr 7 000		
32300	Vedlikehold, byggjetenester o	225 665	kr 180 000	kr 31 776	kr 100 000,00
32301	Vedlikehold grøntanlegg	328 308	kr 360 000	kr 188 848	kr 100 000,00
32301	Vedlikehold grøntanlegg, drenering Flusund		kr 20 000	kr	
32350	Utgifter stell av grav	25 001			
32400	Serviceavtaler og reparasjon	74 787	kr 65 000	kr 63 473	
32500	Materiale til vedlikehold, påk	51 106	kr 25 000	kr 6 550	
32650	Vakthald og vektareneste, al	17 234	kr 18 000	kr	
32700	Andre tenester (som inngår i	295 078	kr 240 000	kr 18 100	
335000	Refusjon til sokneråd	25 606			
	Andre driftsutgifter	2 302 403	kr 2 006 950	kr 1 112 638	kr 2 350 000,00
34290	Meirverdiavgift som gir rett til	452 763	kr 350 000	kr 194 174	kr 350 000,00
	Sum mva som gir rett til mon	452 763	kr 350 000	kr 194 174	kr 350 000,00
34701	Tap på krav	25 015			
34702	Div. øre/kroneavrunding	-1		kr 2	
35000	Renteutgifter	6 825	kr 7 000	kr	kr
35001	Morarenter	1 571		kr 895	
35100	Avdragsutgifter	400 000	kr 400 000	kr	kr
	Renter/avdrag	433 411	kr 407 000	kr 896	kr
36200	Sal av varer og tenester, geby	-206	kr -20 500	kr	kr -21 000,00
36201	Gebyrinntekter Avgiftsfritt	-930	kr -5 000	kr -3 200	kr -5 000,00
36202	Trekk frå ansatte	-2 673	kr -3 000	kr -1 562	kr -3 000,00
36250	Stell av grav	-50 000	kr -75 000	kr -49 400	kr -75 000,00
36300	Husleigeinntekter/ utleige av	-59 230	kr -65 000	kr -48 290	kr -65 000,00
36400	Festeavgift	-237 515	kr -220 000	kr -382 200	kr -350 000,00
37100	Slukelønsrefusjon/ refusjonat	-275	kr	kr -11 948	
37000	Refusjonar frå staten	-2 752			

76

Konto	Konto (T)	Rekn 2016	Budsj 2017	Forbruk 31.08.2017	BUDSJETT 2018
37290	Kompensasjon moms påløpt	-452 763	kr -350 000	kr -194 174	kr -350 000,00
37500	Refusjon frå sokneråd	-158 353	kr -347 000	kr -4 788	kr -250 000,00
37700	Refusjon frå andre	-13 350		kr -7 270	
38000	Refusjon frå bispedømeråd Tr	-647 500	kr -633 450	kr -315 000	kr -635 000,00
38300	Tilskot frå kommunen/ kommun	-6 510 000	kr -6 780 000	kr -3 955 000	kr -7 108 000,00
38700	Gåver frå andre	-6 000			
39000	Renteinntekter	-5 646			
	Sum inntekter	-8 147 194	kr -8 498 950	kr -4 972 833	kr -8 862 000,00
	Sum utgifter	8 025 200	kr 8 498 950	kr 4 354 549	kr 8 862 000,00
	Res	-121 994	kr -	kr -618 284	kr -

Framlegg til Økonomiplan 2018-2021:

Nr	Tiltak	2018	2019	2020	2021
1	Oppgradering Interiør Indre Herøy kyrkje	500 000	500 000	500 000	
2	Ferdigstilling Amfi Herøy kyrkje	250 000			
3	Utviding Flusund gravplass	1000 000	1000 000	3000 000	2000 000
4	Utviding Leikanger kyrkjegard		1500 000	1500 000	1000 000
	Sum	1750 000	3000 000	5000 000	3000 000

78



Rådmannen

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/715
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
31/17	Eldrerådet	13.11.2017

BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021

Møtebehandling:

Eldrerådet tek budsjett for 2018 til vitande, men er sterkt bekymra for manglande avsett midlar til viktige oppgåver i Helse og omsorg.

KOMMENTAR TIL BUDSJETTET FOR HERØY KOMMUNE 2018

Budsjettet har vore drøfta i sak PS 31/17 i Herøy Eldreråd 13.11.2017

Generelle kommentarar:

Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan det synest som om eldreomsorga på sikt ikkje er bærekraftig verken økonomisk eller personellmessig. Dette vil sansynlegvis innebære at helse- og omsorg i framtida vil måtte gjennom store endringar å drive på. Bruk av velferdsteknologi blir viktig framover. Eldrerådet ser positivt på at helse- og omsorg er aktive på dette området.

Innan kort tid vil dei eldre utgjere ca. 20% av innbyggjarane i kommunen. 80% av desse vil kunne vere ein betydeleg ressurs for kommunen dersom det vert lagt til rette for det. 10% vil trenge ein del helsehjelp og 10% vil trenge mykje hjelp. Ut frå dette er det viktig at vi får utarbeidd ein eldreplan og frivilligplan.

Eldrerådet er uroa for at det i framtidutsiktene (side 8 i budsjettet) ikkje er nemnt noko om dement- og psykiatriutvikling.

Eldrerådet ser det som svært uheldig at kommuneplanen ikkje også har eldre som satsingsområdet når vi veit at dette blir ein stor del av kommunen sine innbyggjarar.

Visjonen burde etter eldrerådet si meining vore kalla:

*Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i **og bli eldre i.***

Det ser heller ikkje ut til at dei eldre er med i innbyggjarundersøkinga.

Til tross for høgt press innan dei fleste tenesteområda i helse- og omsorg maktar kommunen enno å tilby tilfredsstillande tenester. Eldrerådet vil gje stor honnør til dei tilsette i dei ulike avdelingane for det arbeidet dei utfører.

Eldrerådet synest det er uheldig at det ikkje er funne rom i budsjettet for tiltaket med kvardagsrehabilitering. Vi er av den formening at dette vil vere noko som framover vil kunne avlaste ressursbruken på helsetenester.

Elles meiner vi at styrking av psykisk helsevern blir viktig framover. Utfordringane synest å vere aukande på dette området, dessverre.

Eldrerådet vil også oppmode kommunen å bli flinkare til å nytte lærlingar i åra som kjem. Dette meiner vi vil vere eit godt tiltak som kan vere med å sikre rekruttering av kvalifisert personell.



Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2017/1534
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Arbeidsmiljøutvalet	27.11.2017
208/17	Formannskapet	28.11.2017
	Kommunestyret	30.11.2017

VURDERING AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID MED VANYLVEN OG SANDE OM BARNEVERN

Tilråding:

Herøy kommunestyre er positiv til å vurdere eit interkommunalt samarbeid kring barnevern med Sande og Vanylven kommune.

Herøy kommunestyre ber om ei utgreiing av, om interkommunalt samarbeid kring barnevern vil gi betre tenester og fagleg gevinst. Ein må vurdere ulike alternativ for meir forpliktande samarbeid, der ein også ser på organisering og lokalisering.

For å vurdere dette, vert det satt ned ei interkommunal arbeidsgruppe, med to representantar frå kvar kommune i tillegg til verneombod og tillitsvald.

Tidsfrist for arbeidsgruppa sitt arbeid, vert satt til 31.03.18

Særutskrift:
Seksjonsleiar barnevern
Avdelingsleiar barn, familie og helse
Kommunalsjef helse og omsorg

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Herøy kommune hatt dialog med Vanylven og Sande kommune, om å vurdere eit meir forpliktande samarbeid kring barnevernstenesta.

Kommunane er opne for å vurdere tettare samarbeid, om det kan føre til meir robuste fagmiljø, auka kompetanse og kvalitet i tenesta.

Det er ønskje om å sette ned ei arbeidsgruppe, med representantar frå alle kommunane, for å vurdere kva samarbeid som kan vere mest aktuelt for å hente ut ønskja gevinst.

Saksopplysningar:

Vanylven kommune har teke initiativ overfor Herøy og Sande kommune, for å få vurdert om det er mogleg med eit meir forpliktande samarbeid knytt til barnevernstenesta.

På grunnlag av det vart det halde eit møte på omsorgssentret 09.11.17 i Vanylven kommune, mellom leiarane av barnevernstenestene, kommunalsjefer og rådmenn i Vanylven, Herøy og Sande. Konklusjonen på dette møtet, var eit ønskje om å sette ned ei arbeidsgruppe, som skal vurdere eit meir forpliktande samarbeid på dette tenesteområde frå 2019.

Rådmannen ønskjer å forankre spørsmålet politisk i Herøy kommune, før ein sett ei arbeidsgruppe i gang med vurderingsarbeidet.

Vurdering og konklusjon:

Kombinasjonen av små og mellomstore kommunar med spreidd busetnad, store avstandar og stadig auka krav til tenesteleveransar vil skape utfordringar for kommunene i framtida. Poenget må vere å minimalisere desse utfordringane ved å samarbeide på område som kan gje eit vinn/vinn – resultat for alle partar.

Barnevern er eit fagfelt som vert stadig meir komplekst. Rus, psykiatri og diverse medisinske og andre komplekse diagnosar spelar ei stadig større rolle blant dei som søker hjelp og/eller vert henvist til barnevernet. Denne auka kompleksiteten set stadig større krav til spreiding av kompetanse – ein kompetanse som er særskilt vanskeleg/umogleg for mindre kontor å oppnå.

Når Vanylven og Sande ønskjer å få vurdert eit samarbeid med Herøy kommune, bør vi stille oss opne for å vurdere det. Herøy kommune har 6 faste stillingsheimlar knytt til barnevern. Dersom Herøy etablerer eit samarbeid med desse kommunane vil det samla innebere 11 faste stillingsheimlar, noko som vil bety heilt andre mulegheiter til spesialisering innan barnevernsområdet.

Kommunane har som felles målsetting å leggje til rette for interkommunale samarbeidsprosjekt, som skal resultere i meir kostnadseffektive og kvalitativt betre tenester til beste for innbyggjarar og medarbeidarar i begge kommunar. Rådmannen meiner at desse måla best kan nåast ved å ta ut dei stordriftsfordelene det vil vere å samarbeide.

Rådmannen meiner vidare at barnevern er eit openbart område, der det ligg til rette for samarbeid.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 22.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef helse og omsorg

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2016/769
		Arkiv:	L13

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
209/17	Formannskapet	28.11.2017
	Kommunestyret	14.12.2017

SLUTTHANDSAMING: FOSNAVÅG HAMN, INDRE HAMN, GNR. 34, BNR. 379 M. FL.

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn gnr. 34, bnr. 379 m. fl.* med plankart og føresegner datert 20.11.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Kystverket, region midt
NVE
Statens Vegvesen
Fiskeridirektoratet, region midt
Herøy fiskarlag
Fosnavåg Pelagic AS
Fosnavåg Notbøteri AS
Gerh Voldnes AS
Sævik Invest AS

Vedlegg

- 1 Revidert kart 201117
- 2 Føresegner revidert 20.11.2017
- 3 Planomtale - Indre hamn 16.11.2017
- 4 Innspel til offentlig ettersyn av planforslag
- 5 Kommentarer til innkomne merknader
- 6 Konsekvensutgreiing
- 7 ROS - Indre hamn
- 8 Planprogram_indre hamn

Samandrag av saka:

Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn er ein offentlig detaljreguleringsplan utarbeidd av Asplan Viak AS for Herøy kommune. Planen er revidert av Herøy kommune. Planen erstattar del av områdeplan for Fosnavåg hamn (Planid 201263) og legg til rette for ei omfattande utviding av næringsarealet til Fosnavåg Pelagic AS over eit massedeponi for ureine massar som skal deponerast i eit strandkantdeponi i indre hamn. Planen er nært relatert til detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, ytre hamn og er begge sentrale ledd i "deponisaka" for Fosnavåg hamn.

Rådmannen rår no til at detaljreguleringsplanen vert godkjent av kommunestyret.

Saksopplysningar:

Det vart meldt oppstart med planprogram 27.05.2016. Planforslaget med konsekvensutgreiing (KU) vart vedtatt utlagt til offentlig ettersyn i F-sak 100/17 (06.06.2017) og det kom inn seks innspel. Innspela er kommenterte (vedlagt) og motsegnene er teke til følgje og innlemma i revidert plan. Endringane som er gjort i plankartet er at deponi og kai er forkorta noko i austleg ende. Her er det teke ut om lag 1,4 daa for å imøtekomme innspel frå Gerh Voldnes AS (i høve til tidlegare avtalar) og Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Det er lagt til to nye rekkefølgjekrav i føresegnene § 7. § 7-2 legg føringar for støyfagleg utgreiing før utbygginga av deponi eller andre tiltak kan ta til. Dette går på utgreiing av støy under anleggsperiode og varig støysituasjon etter at utbygginga er ferdigstilt. § 7-3 legg føringar for skredsikring langs Nørvågvegen. Her vert det stillt krav om at muren som i dag går langs veggen skal vere komplett før ein får iverksette utbygging i planområdet. Der manglar i dag om lag 200m mur sør for Fosnavåg Pelagic AS sitt anlegg. Ny murkonstruksjon skal vere samanhengande, og ha minst same standard som eksisterande mur.

Planforslaget:

Føresegningsområde – Deponi

Areal for etablering av deponi og tilhøyrande deponering av forureina og-/ eller reine massar.

Komb1 og Komb2:

Store delar av planområdet vert sett av til føremålet «*Kombinert bebyggelse og anleggsføremål – Industri/lager/kontor (Komb)*». Komb areala er delt i to, der «*Komb1*» utgjør nytt industriareal som følgje av deponiet. «*Komb2*» er dagens industriareal til Fosnavåg Pelagic AS. Intensjonen med «*Komb*» områda er å vidareføre dagens bruk av området, med ei utviding av Fosnavåg Pelagic AS si drift innan fiskeindustri i indre hamn.

SK1:

SK1 vert sett av til etablering av kai i front av «*Komb1*» området. Dette sikrar industrien tilgang til sjø og hamnetrafikk. SK1 vert ei offentleg kai. Kaia skal vere tilgjengeleg for større køyrety for transport.

SHA1:

Hamn: Området leggst til rette for hamneverksemd, som t. d. fiskeriverksemd for bedrifter i nærleiken. Området skal ikkje brukast som lagringsplass for avfall og utrangert utstyr o. l.

HA:

Hamneområde i sjø. Dette vert sett av til eit ope sjøområde.

Merknader ved offentleg ettersyn:

Sjå eige dokument (vedlegg).

Vurdering:

Vurderingar etter Naturmangfaldslova

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Undersøkingar syner at sedimenta i hamnebassenget er forureina av miljøgifter. Jf. Miljødirektoratets portal VannMiljø er økologisk tilstand i Fosnavåg indre hamn antatt moderat pga. utslepp frå punktkjelder samt diffuse utslepp frå urban avrenning. Dette er under utbetring med at utsleppa skal koplast på kommunalt reinseanlegg. Kjemisk tilstand vert vurdert som ikkje god.

Det finst ikkje registreringar av spesielle naturtypar i planområdet eller i indre hamn jf. Miljødirektoratets Naturbase. Viktige naturtypar som nordvendt kystberg og blokkmark er registrert i skråninga sør for planområdet. Artane fiskemåke og ærfugl er observerte i Fosnavåg. Artane har særlig stor forvaltningsinteresse (nær trua - NT). Svartbak, skjærpipelerke og gråtrost er også observert. Desse kjem under kriteria ansvarsartar

§9 Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

§10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Mudring og dumping av massar gir risiko for spreiding av partiklar og forureining. Det er ein føresetnad at spreingshindrande tiltak blir etablert saman med overvaking. Det er også ein føresetnad at det ikkje skal lekke forureining frå ferdig deponi. Sterkt forureina sediment skal fjernast frå sjøbotnen. Dersom ein får betre kontroll på utsleppa til hamna, vil kvaliteten på vatnet betrast og ein unngår truleg ny sedimentering av forureina massar. Dette er vurdert å gi “stort positivt omfang”.

Det vert etablert ei ny, stor flate nord for Fosnavåg Pelagic. Flata vert om lag 9,5 daa og skal avgrensast med kaifront mot nord og aust. Kaifronten mot nord vert om lag 130 m lang. Det er foreløpig uvisst kva deponiflata kan og skal nyttast til på sikt. Etablering av deponiet reduserer den totale vassflata i indre hamn med 15,5%. Tiltaket vert omfattande i storleik i samanlikning med eksisterande fysiske strukturar elles i området.

Det er ein tradisjon for att-fylling av bukter og viker i Fosnavåg sidan dette har gått føre seg i generasjonar. Likevel rører slike endringar i stor grad ved dei lokale kjerneverdiane i landskapet. Møtet mellom sjø og land er her frå naturens side forma med variasjon og i småskala målestokk. Tilrettelegging for moderne fiskeridrift med lange rette kaier, store flater, store farty og betydeleg reduksjon av indre hamnebasseng, vil vere i utakt med dei naturgitte føresetnadene og redusere opplevingsverdien av hamna som landskapsrom. Konsekvensen er vurdert som “stor negativ” for landskapet.

§11 “Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver”

§12 “Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder”

“For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater”.

Det framgår av forprosjektet, og seinare hovudprosjektet til Kystverket kva metodar som vert valt for etablering av deponi og val av metode for mudring og dumping av forureina massar.

Støy

Informasjon om dagens situasjon er henta frå Multiconsult sin støyrapport 415161/01, som vart utarbeidd i samband med områdereguleringsplan ID-201263 for Fosnavåg hamn. For vegtrafikk er ÅDT, skilta hastigheit og tungtrafikk på fylkesvegane henta frå Nasjonal vegdatabank. For kommunale vegar er Statens vegvesen si handbok 146 nytta. For industri er det berekna med båt-trafikk til og frå to bedrifter i hamna (Notbøteriet og Fosnavåg Pelagic) gjennom eit travelt driftsdøgn. 15 båtar til/frå notbøteriet, 12 båtar mellom 07.00 og 19.00 og 3 båtar mellom 19 og 23.00. Kvar båt ligg til kai 1 time. 10 båtar til Pelagic mellom 07.00 og 19.00. Kvar båt ligg til kai 1 time. For båtar til kai over natta er det berekna for eit døgn med hjelpemotor i gang.

Konklusjonen er at det ikkje er overskridingar for vegtrafikkstøy i planområdet, det er heller ikkje overskridingar for støy frå industriverksemnd. Når det ligg båtar som har

hjelpemotorar i drift til kai over natta i hamna, vert det grenseoverskriding for ein del bustader kring hamna. Båtar som beveger seg ut og inn gjennom «kanalen» støyar også noko over grenseverdiane for bustader nær leida.

Det vil ikkje vere særleg auke i biltrafikk som følgje av mudring og deponering. Arbeida skal i hovudsak utførast frå båt. Det vil vere vesentleg støy frå mudringsfarty i hamna gjennom anleggsperioden. Berekningane som ligg føre for industristøy er truleg relevante som samanlikning då dei tek utgangspunkt i kontinuerleg aktivitet med båt frå klokka 07.00 til 23.00. Korleis drifta vert lagt opp vil vere avgjerande for det samla bildet.

Konsekvensar av støy i anleggsperioden avheng mykje av korleis arbeidet vert lagt opp. Graderinga i konsekvensutgreiinga er førebels, og delvis baserte på anslag, men vurderingane signaliserer likevel at dette er eit viktig tema som må følgjast opp vidare.

Konklusjon:

Rådmannen vurderer planforslaget som godt gjennomarbeida og viktig for vidare drift og utvikling av fiskerinæringa i Fosnavåg og for Fosnavåg som by. Planforslaget kjem i konflikt med den tradisjonelle og naturgitte utforminga av Vågen, men gir samstundes store gevinstar for næring og miljø. Rådmannen meiner at i denne saka veg omsynet til miljø og eksisterande næring i Fosnavåg tyngre enn omsynet til den naturgitte utforminga av Vågen.

Rådmannen rår til at kommunestyret eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn gnr. 34, bnr. 379 m. fl. med plankart og føresegner datert 20.11.2017


Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stillast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Fosnavåg, 16.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand



TEIKNFORKLARING


- Plandata**
- Bygninger og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)**
- Kombinert bygge- og anleggsformål
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)**
- Køyreveg
 - Fortau
 - Annan veggrunn - grøntareal
 - Hamn
 - Kai
- Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)**
- Hamneområde i sjø
- Omsynsone (PBL2008 §12-6)**
- Faresone - Ras- og skredfare
 - Faresone - Flomfare
 - Sikringsone - Frisikt
- Føresegsområde (PBL2008 §12-7)**
- #1 Føresegsområde
- Juridiske linjer og punkt PBL2008**
- Sikringsonegrense
 - Føresegsogrense
 - Planen si avgrensning
 - Faresonegrense
 - Formålsgrense
 - Byggjeline
 - Frisiktslinje
 - PÅskrift feltnavn

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart: Geovekst
 Dato for basiskart: 04.09.2017
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
 Høgdegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse m
 Kartmålestokk 1:1000



AREALPLAN ETTER PBL AV 2008
Fosnavåg hamn - indre

Herøy kommune

Nasjonal arealplan-ID
201516
 Plantype:
Detaljregulering
 Forslagsstillar:
Herøy kommune

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Kunngjeringsdato for planvedtak:	Behandlingsorgan	Motesaknr	Dato	Sign
Dato for siste revisjon av plankart:				
Planvedtak:				
Hoyring og offentlig ettersyn frå/til: 07.04.2017-26.05.2017				
Kunngjering av oppstart av planarbeidet:				
PLANEN ER UTARBEIDD AV:				

DETALJREGULERING FOSNAVÅG INDRE HAMN

FØRESEGNER

Arkivsaksnummer:

PlanID: :

Dato for siste revisjon av føresegnene : 20.11.2017

Dato for godkjenning av (vedtaksorgan) : <dato>

Føresegnene gjeld for området som på plankart datert 16.11.2017 er vist med reguleringsgrense.

§ 1 FØREMÅL FOR PLANOMRÅDET

Bygninger og anlegg

Industri/Lager/Kontor

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg

Fortau

Annan veggrunn – grøntareal

Hamn

Kai

Bruk og vern av sjø og vassdrag

Hamneområde i sjø

Føresegnområde

#1 - Deponi

Omsynssone

H140_Frisikt

H310_Ras- og skredfare

H320_Flaumsone.

§ 2 FELLESE FØRESEGNER

Alle tiltak i planområdet skal ha haldbare løysingar tilpassa staden og utført med god estetisk og funksjonell kvalitet.

Med søknad om rammeløyve skal det følge dokumentasjon som beskriv utforming og materialbruk for planlagde bygningstiltak med målsette planer, snitt og fasadar, 3D visualisering eller modell. Plan for renovasjonsløyving skal gå fram av søknaden. Saman med søknad om rammeløyve skal det følge utomhusplan i målestokk 1:500. Planane skal syne plassering av bygningar, kotehøgde ved inngangar, eksisterande og framtidig terreng, slukplassering, bil- og sykkelparkering, høgder, plassering og utforming av murer, trapper og ramper.

Ved planlegging og gjennomføring av tiltak skal det sikrast god tilgjenge for alle. Det skal gå fram av søknad om rammeløyve korleis universell utforming er ivareteke.

MD sine gjeldande retningslinjer for støy i arealplanlegging skal leggjast til grunn for anleggsperiode og driftsperiode. Meir spesifikt er dette gitt som grenseverdier i kapittel 4 i T-1442, tabell 4 og 5.

Utklipp av tabell 4 frå T-1442: "Anbefalte basis støygrenser utendørs for bygg- og anleggsvirksomhet. Alle grenser gjelder ekvivalent lydnivå i dB, innfallende lydtrykknivå gjelder utenfor rom med støvfølsom bruksformål. Støygrensene for dag og kveld skjerpes når anleggsperiodens lengde overstiger 6 uker, se Tabell 5".

Bygningstype	Støykrav på dagtid (L _{pAeq12h} 07-19)	Støykrav på kveld (L _{pAeq4h} 19-23) eller søn-/helligdag (L _{pAeq16h} 07-23)	Støykrav på natt (L _{pAeq8h} 23-07)
Boliger, fritidsboliger, sykehus, pleieinstitusjoner	65	60	45
Skole, barnehage	60 i brukstid		

Utklipp av tabell 5 frå T-1442: "Korreksjon for anleggsperiodens eller driftsfasens lengde (avrundse til hele uker/måneder). Skjerping av støygrensene fra Tabell 4 for drift som gjer støyulemper i lengre tid enn 6 uker".

Anleggsperiodens eller driftsfasens lengde	Grenseverdiene for dag og kveld i Tabell 4 skjerpes med
Fra 0 til og med 6 uker	0 dB
Fra 7 uker til og med 6 måneder	3 dB
Mer enn 6 mndr	5 dB

Vidare spesifiserer T-1442 at "dersom flere bygg- og anleggsprosjekter berører samme nabolag samtidig, eller like etter hverandre i tid, skal disse behandles som en sammenhengende anleggsperiode, forutsatt at det ikke er lenger opphold i arbeidet enn 1 måned.

Byggherre/tiltakshaver skal være ansvarlig for at de enkelte entreprenører følger opp kravene."

Jf. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sin rettleiar «Havnivåstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunal planlegging» frå sept. 2016, samt krav i TEK17, skal areal og funksjonar i sikringsklasse F1, ligge over stormflonivå kt +2,4 og funksjonar i sikringsklasse F2 ligge over stormflonivå kt +2,6 relativt til NN2000.

Geo-/miljøteknisk prosjektering skal vere ferdig før igangsettingsløyve kan gis. Av rapport for prosjektering skal det gå fram kva arbeid/tiltak som treng særskilt oppfølging i bygge- og anleggsperioden.

Med søknad om igangsettingsløyve skal følge plan for anleggsfase. Plana skal beskrive trafikkavvikling, massetransport, arbeidstider, trafikksikring for mjuke trafikantar, sikring av byggeplass, støytilhøve, vibrasjonar, reinhald og støvdemping. Vernetiltak og varslingsrutinar som skal være etablert før byggeaktivitet og anleggstrafikk kan settast i gang, skal gå fram av innsendt materiale.

Tiltak som grip inn i forureina masse krev løyve frå Fylkesmannen og Kystverket.

Alle tiltak i sjø krev løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter Plan- og bygningslova.

Dersom det under anleggsarbeid eller anna verksemd i planområdet vert oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og kulturminnevernet ved Møre og Romsdal fylkeskommune varslast omgåande jamfør Lov om kulturminne § 8.

Dersom ein under arbeid i planområdet finn kulturminne under vatn, verna iht. Kml §14 eller 4, skal arbeidet straks stansast og Sjøfartsmuseet i Bergen varslast omgåande.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

Nye bygningar skal etablerast innafor byggegrenser på plankartet. Der byggegrense ikkje er vist gjeld føremålsgrense som byggegrense. Utnyttingsgrad vert rekna som % BYA i det enkelte føremålsområdet. Tekniske oppbygg som til dømes gjerder, piper, tak-hattar og heissjakter kan tillatast for inntil 10 % av takflata 1,5 m over viste byggehøgder.

Interne trafikkareal skal vere tilpassa og dimensjonert for aktuell aktivitet.

§ 3.1 Næring

Komb1. I føremålsområdet kan det etablerast kontor, verkstad, industri og lager. Maksimal tillaten byggehøgde er kt. +14,0. Det kan byggast med saltak, pulttak eller flatt tak. Maksimal tillate BYA er 60 %. Det skal vere tilkomst til kaia (SK1) for større køyretøy. Intensjonen med arealet er å vidareutvikle/utvide dagens fiskeindustri.

Komb2. I føremålsområdet kan det etablerast kontor, verkstad, industri og lager. Maksimal tillate byggehøgde er kt. +15,0. Det kan byggast med saltak, pulttak eller flatt tak. Møne skal ha nord-sør retning. Maksimal tillate BYA er 70 %.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 4.1 Køyreveg

o_SKV1. Tilkomstveg til næringsareal (Komb.) og til areal nord for planområdet. Køyrefelt 3,0 m, skulder 0,25 m. Vegen skal opparbeidast med asfaltdekke og dimensjonerast for vogntog.

§ 4.2 Fortau

o_SF1. Området er avsett til fortau med fast dekke. Breidde 4,0m.

o_SF2. Området er avsett til fortau med fast dekke. Breidde 2,5m.

§ 4.3 Annan veggrunn - grøntareal

o_SVG

Området er avsett til snølagring. Etablering av teknisk infrastruktur og vedlikehald er tillate.

§ 4.4 Hamn

SHA1. Innafor området kan det leggjast til rette for fiskeriretta og maritim retta verksemd for bedrifter i området etter nærare avtale om bruk. Areala skal dimensjonerast slik at dei toler ferdsel av tyngre kjøretøy (VT). Området kan ikkje nyttast til lagring av utrangert utstyr, søppel, fiskeavfall og liknande.

§ 4.5 Kai

SK1. Området skal nyttast til etablering av næringskai for fiskeri- og maritim retta verksemd hjå bedrifter i området. Kaia skal ha fast dekke og vere tilpassa og dimensjonert for aktuell aktivitet. Det skal vere tilkomst til kaia over område Komb.1 for større kjøretøy.

§ 4. 6 Hamneområde i sjø

HA. Området merka "HA" gjeld hamneområde i sjø. Hamneområdet i sjø skal haldast ope for fri ferdsel i hamna og ikringliggjande sjøområde, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avgrensingar som måtte gjelde for bruken.

Alle tiltak innanfor området skal skje etter løyve frå Kystverket. Det må søkjast om løyve etter hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova. Det må liggje føre løyve frå Kystverket for all utfylling i sjø.

§ 5 FØRESEGNOMRÅDE

#1 – Deponi. I føresegnsområdet vert det tillate etablering av deponi for reine og forureina massar.

Vilkår for utforming, etablering, drift og overvaking av strandkantdeponiet vert fastsett etter søknad til Miljødirektoratet ved Fylkesmannen, innaføre dei fysiske rammene reguleringsplana angir.

§ 6 OMSYNSSONER

H140_Fri sikt. Området er bandlagt til sone for fri sikt. Installasjonar, vegetasjon, gjerde eller liknande skal ikkje ha høgde meir enn 50 cm over vegens plan.

H310_Ras- og skredfare. Område omfatta av fare for skade frå steinsprang. Byggjetiltak og aktivitet i området må vere i samsvar med krava i TEK-17. Byggjetiltak og aktivitet i området må vere i samsvar med krava i TEK-17. Tiltak i tryggleiksklassene S1 og S2 kan utførast. Tiltak i tryggingssklasse S3 er ikkje tillete jf. krava i TEK-17 og vurderingar i skredfarerapporten «Skredfarevurdering Nørdrevåg, Herøy kommune» (Asplan Viak AS, 2016).

H320_Flaumsone. Område omfatta av fare for stormflo. Reglar knytt til dette er tekne med i dei felles føresegnene.

§7 REKKEFØLGEFØRESEGNER

§ 7.1

Tette- og stabiliseringsdekke på toppen av deponerte massar (Komb.1 og SK1) skal etablerast umiddelbart etter ferdig deponering etter teknisk plan utarbeidd av Kystverket.

§ 7.2

Det skal utarbeidast ei støyfagleg utgreiing som syner kva støysituasjon ein kan forvente av anleggsarbeidet til etablering av område #1 deponi, Komb.1, Komb.2 samt områda Kai og Hamn. Det skal også utførast ei støyfagleg utgreiing for dei same områda i høve til varig situasjon etter ferdigstilling. Desse to utgreiingane skal vere ferdigstilte og godkjende før prosjekta/tiltaka/utbygginga kan startast opp.

§ 7.3

Muren langs Nørvågvegen må byggjast samanhengande for å sikre området Komb.2 mot skredfare. Dette gjeld området langs vegen på gnr. 34, bnr. 289 samt gnr.34, bnr. 164. Dette skal gjerast før nye tiltak kan gjerast innanfor Komb.2. Muren må halde minimum same standard som eksisterande mur langs Nørvågvegen.



Herøy Kommune

Planomtale. Detaljregulering deponi indre hamn Fosnavåg

Utgåve: 2

Dato: 16.11.17

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgivar: Herøy Kommune
Rapporttittel: Planomtale. Detaljregulering deponi indre hamn Fosnavåg
Utgåve/dato: 2/ 16.11.17
Filnamn: Planomtale. Detaljregulering deponi indre hamn Fosnavåg.docx
Arkiv ID
Oppdrag: 606432-01–Detaljregulering deponi Fosnavåg
Oppdragsleder: Yngvild Meinseth
Avdeling: Landskap
Fag: Reguleringsplan
Skrevet av: Yngvild Meinseth
Kvalitetskontroll: Nils Husabø
Asplan Viak AS www.asplanviak.no

FORORD

Asplan Viak AS har vore engasjerte av Herøy kommune for utarbeiding av detaljreguleringsplan med KU for massedeponi i indre hamn i Fosnavåg. Erlend Vikestrand og Jarl Martin Møller har vore kommunen sine kontaktpersonar for oppdraget. Frå Asplan Viak har Yngvild Meinseth, Alf Idar Småge, Birgit Katrine Rustad, Leif Egil Friestad, Kjell Arne Valvik, Sigurd Kjeldstrup og Gina Berge delteke i arbeidet.

Yngvild Meinseth har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Molde, 18.05.2017

Yngvild Meinseth

Oppdragsleiar

Nils Husabø

Kvalitetssikrar

Revidert: 16.11.2017

Herøy kommune

1 INNHALD

1	Innhald	3
2	Innleiing.....	5
2.1	Bakgrunn.....	5
2.2	Eigedomar i planområdet	6
2.3	Vedlegg til reguleringsplanen	6
2.4	Analyse av risiko- og sårbarheit	6
2.5	Gjeldande arealplaner	7
2.6	Andre relevante planer/føringar/strategiar	8
3	Planområdet.....	10
3.1	Staden	10
3.2	Dagens arealbruk.....	11
3.3	Staden sin karakter	12
3.4	Kulturminne og kulturmiljø	13
3.5	Naturverdiar	13
3.6	Rekreasjonsverdi	13
3.7	Universell tilgjenge	14
3.8	Trafikktilhøve.....	14
3.9	Støy	14
3.10	Grunntilhøve	15
3.11	Annan risiko eller sårbarheit.....	15
4	Samråds- og medverknadsprosess	16
5	Merknader til varsel om oppstart	17
6	Skildring av planforslaget	19
6.1	Planlagt arealbruk	19
6.2	Reguleringsføremål jf. pbl.....	19
6.3	Busetnaden sin plassering og høgde	19
6.4	Utomhusområde.....	20
6.5	Trafikk	20
7	Verknader av planforslaget.....	21


7.1	Varige og mellombelse verknader	21
8	Oppsummering.....	24
9	Kjelder.....	25

2 INNLEIING

2.1 Bakgrunn

2.1.1 Føremålet med planen

Føremålet med reguleringsplanarbeidet er primært å legge til rette for deponering av massar frå mudring av indre Fosnavåg hamn. Hamna er for grunn slik den er i dag og Kystverket har utarbeidd forprosjekt for utdjuピング til kt -8,3. Massane som skal fjernast er planlagt varig lagra i strandkantdeponi sør i Fosnavåg hamn (denne detaljreguleringsplana) og i strandkantdeponi i ytre hamn (eigen detaljreguleringsplan).




Figur 2-1 Utdjuپingsområde og indre og ytre deponi (Illustrasjon frå Kystverket sitt forprosjekt)

2.1.2 Forslagsstillar, plankonsulent

Forslagsstillar er Herøy kommune. Plankonsulent for detaljregulering er Asplan Viak AS. Kystverket, NGI, Rambøll AS, Multiconsult AS og Asplan Viak AS har utarbeidd temavurderingar som vert nytta i reguleringsplanarbeidet.

2.2 Eigedomar i planområdet



Figur 2-2 Eigedomar i planområdet (Svart stipla linje: varsla plangrense)

2.3 Vedlegg til reguleringsplanen

- Detaljreguleringsplankart
- Reguleringsføresegner
- Analyse av risiko og sårbarheit. ROS.
- Innkomne merknader
- Vedteke planprogram
- Konsekvensutgreiing
- Grunnundersøkingar sjø. 417849 – RIG-RAP-001. Multiconsult 2016
- Miljøgeologiske undersøkingar. 417849 – RIGm-RAP-OO1. Multiconsult 2016
- Skredfarevurdering. Asplan Viak 2016.

2.4 Analyse av risiko- og sårbarheit


For heile analysen sjå vedlegg.

Det førekjem jamt steinsprang frå skrenten sør for planområdet. Området er for det meste sikra med langsgåande betongmur sør for køyrevegen, men delar av planområdet manglar sikring. Eksisterande kai og busetnad i planområda ligg noko lavt i høve til tidevassflaum. Vasskvaliteten i hamnebassenget er dårleg. Indre hamn er oppført i Regional delplan for kulturminne. Hamna representerer eit samanhengande kystkulturmiljø. Kaiene i planområda vert endra/borte. Delar av hamna vert avstengd og prega av anleggsarbeid i lengre periodar i samband med mudring og deponering. Sjøbotnen i planområdet og elles i indre hamn er påvist forureina. Støy vil truleg bli ei utfordring i anleggsperioden då det ligg bustader tett på hamna. Det vil vere betydeleg risiko for spreing av forureina partiklar i anleggsperioden.

2.5 Gjeldande arealplaner

2.5.1 Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen vart godkjent i kommunestyret 30.10.2014 (planID 201250). Gjeldande områdereguleringsplan (ID 201263) legg føringane i dette planområdet.



Figur 2-3 Kommuneplanen sin arealdel.

2.5.2 Grunnlag for konsekvensutgreiing

Planarbeida er vurderte til å ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing jf. forskrifta §2, bokstav d) og f). Planprogram har vore på høyring og er vedteke.

2.5.3 Gjeldande reguleringsplan

Området som skal regulerast omfattar del av nyleg vedteke områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn, godkjent 26.03.2015 (planID 1515_2012_63). Gjeldande områdereguleringsplan syner planområdet som næringsareal for fiskeritilknytt verksemd og hamneområde i sjø.

I områderegulering 201263 vert det sett krav om eigen detaljregulering for delområda NF1-NF4. Nytt planområde omfattar NF4 og delar av NF3.



Figur 2-4 Gjeldande reguleringsplan

2.6 Andre relevante planer/føringar/strategiar

2.6.1 Kommunedelplan for fiskerihamner i Herøy

Plana peiker på at Fosnavåg bør vidareutviklast som ligge- og servicehamn for små og mellomstore båtar. Eit vesentleg tilhøve er behovet for utdjuping av indre hamn.

2.6.2 Nasjonal transportplan

Utbetringa av hamna i Fosnavåg ligg inne i NTP 2014-2023. På bakgrunn av dette har Kystverket utarbeidd forprosjekt for utdjuping av indre hamn med mudring og deponering av massar.

2.6.3 Vedtak i saka

Herøy kommunestyre vedtok å starte reguleringsarbeid for planområdet for å legge til rette for etablering av deponi 25.05.2016.

Planprogrammet vart endeleg vedteke 29.08.2016.

2.6.4 Stadanalyse Fosnavåg -2007

Stadanalysen for Fosnavåg vert sett på som eit sentralt grunnlagsdokument.

2.6.5 Kommunedelplan for avlaup – 2016-2022

Vasskvaliteten i indre hamn vert karakterisert som særleg dårleg og det vert slått fast at indre hamn ikkje kan nyttast som resipient for utslipp.

2.6.6 Arkitektkonkurranse for Fosnavåg – 2015

Herøy kommune lyste ut parallelloppdrag til tre arkitektgrupper for Fosnavåg i 2015. Bakgrunnen var ønske om gode idear for som grunnlag for framtidig arealbruk og utvikling i kommunesenteret.

3 PLANOMRÅDET

3.1 Staden



Figur 3-1 Fosnavåg



Figur 3-2 Planområde i Fosnavåg indre hamn (Svart stipla linje: varsla plangrense)

3.2 Dagens arealbruk



Figur 3-3 Mot Fosnavaag Pelagic AS



Figur 3-4 Mot aust



Figur 3-5 Frå aust mot Fosnavaag Pelagic AS

Planområdet ligg ved Fosnavåg sentrum sentralt i Herøy kommune. Fosnavåg er kommunesenteret i Herøy. Planområdet er om lag 22,4 daa og ligg inst i hamna.

På areala i og kring planområdet ligg næringsbygg knytt til fiskeri og maritim aktivitet. Fosnavaag Pelagic AS eig dei fleste bygningane innan planområdet og driv fiskemottak. Sør for planområdet ligg Nørvågvegen som er bindeleddet mellom aust- og vestsida. Utanfor den maritime busetnaden nærast hamna ligg eit belte med bustader både på aust- og vestsida av vågen. Sentrum i Fosnavåg ligg om lag 500 meter nord for planområdet på vestsida av vågen.

3.3 Staden sin karakter

Det skålforma landskapsrommet med vågen i botnen og dei bratte fjellssidene rundt har strukturert busetting og utvikling av staden. Busetnaden i indre hamn er konsentrert kring hamnebassenget. Langs den sørlege delen av hamna er dei byggbare areala særskilde knappe grunna fjellskrenten som avgrensar rett bak. Dette gir lite plass for ekstra uteareal, noko som mellom anna har gått ut over kai-tilhøva for bedriftene. Bygningane er nøkterne med lite av det ein vanlegvis vurderer som estetiske kvalitetar. Mange av bygningane står no til forfall som minner frå ei tid som var.



Figur 3-6 Frå Voldnes verft

3.4 Kulturminne og kulturmiljø



Figur 3-7 Kystkulturmiljø i indre hamn

Fosnavåg kystkulturmiljø (ID 257-34. Regional delplan) ligg inne i sjølve Fosnavågen, og vert omtala som eit fiskevær-sjøbruksanlegg med regional verdi. Det kulturhistoriske miljøet er vurdert til å ha både kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi. Regional delplan markerer kulturmiljøet som eit punkt midt i vågen og områdedefinisjonen blir av den årsak noko uklår i ein arealplanprosess. Fleire av sjøbuene i Fosnavåg og Neremslippen er regulert til bevaring. Det finst og 20 ståande SEFRAK-bygningar frå nyare tid. Objekta har verneverdi kvar for seg, men den kulturhistoriske verneverdien er størst knytt til det samanhengande kystkulturmiljøet dei inngår i.

3.5 Naturverdiar

Undersøkingar syner at sedimenta i hamnebassenget er forureina av miljøgifter. Jf. Miljødirektoratets portal VannMiljø er økologisk tilstand i Fosnavåg indre hamn antatt moderat pga. utslepp frå punktkjelder samt diffuse utslepp frå urban avrenning. Dette er under utbetring med at utsleppa skal kopløst på kommunalt reinseanlegg. Kjemisk tilstand vert vurdert som ikkje god.

Det finst ikkje registreringar av spesielle naturtypar i planområdet eller i indre hamn jf. Miljødirektoratets Naturbase. Viktig naturtype (BN00038799), nordvendt kystberg og blokkmark, er registrert i skråninga sør for planområdet.

Artane fiskemåke og ærfugl er observerte i Fosnavåg. Artane har særlig stor forvaltningsinteresse (nær trua - NT). Svartbak, skjærpipelerke og gråtrost er også observert. Desse kjem under kriteria ansvarsartar.

3.6 Rekreasjonsverdi

Størsteparten av planområdet er truleg lite egna til eller nytta som rekreasjonsområde i dag. Lengst mot vest ligg ei lita vik med nokre naust, mindre båtar og tilgang til fjøre.



Figur 3-8 Naustområde vest i planområdet

3.7 Universell tilgjenge

Området er relativt flatt med god tilkomst og godt eigna for tilrettelegging for universell tilgjenge.

3.8 Trafikktilhøve

Planområdet har køyrbar tilkomst frå Gerhard Voldnes veg. Det er tronge tilhøve for parkering samt manøvrering av større bilar inn mot Fosnavåg Pelagic. Det er ikkje andre særskilte trafikk-utfordringar knytt til planområdet. Ny innfartsveg for Fosnavåg er regulert med tunnelinnslag like vest for planområdet.

3.9 Støy

Vurderingane byggjer på utdrag frå Multiconsult sin støyrapport 415161/01.

Det er i dag ikkje overskridingar for vegtrafikkstøy i planområdet, det er heller ikkje overskridingar for støy frå industriverksemd. Når det ligg båtar som har hjelpemotorar i drift til kai over natta i hamna, vert det grenseoverskriding for ein del bustader kring hamna. Båtar som beveger seg ut og inn gjennom «kanalen» støyer også noko over grenseverdiane for bustader nær leden.

3.10 Grunntilhøve

Fleire utredningsarbeid ligg føre som grunnlag for vurdering av grunntilhøva i hamna. NGI i samarbeid med Multiconsult tok prøvar frå hamna i 2010, -rapport 20100182-00-2-R. Rambøll utførte ei utvida prøvetaking og sondering som resulterte i ny rapport frå september 2013 (M-rap.001). Multiconsult tok nye prøver sommaren 2016, 417839-RIG-RAP-001. Sedimenta i Fosnavåg indre hamn består i hovudsak av organisk materiale med skjelrestar, blaut organisk leire med høgt vassinnhald og silt eller sandlag. Anaerobe nedbrytingstilhøve. Lausmassemektigheit varierer mellom 3,2 og 10,2 m. Bergoverflata varierer mellom kt. -9,8 og 17,6. Enkelte stader er det registrert fastare masser (morene) over berg. Det er også utført kartleggingsundersøkingar for miljøtilstand i sedimenta. Tilstanden er vurdert og klassifisert ut frå Miljødirektoratets retningslinjer. Prøvene syner at sedimenta i indre hamn er forureina av miljøgifter tilsvarande tiltaksklasse 3, 4 og 5 og utgjør dermed ein risiko for økosystemet.

3.11 Annan risiko eller sårbarheit

Skred

Det er gjennomført detaljert skredfarevurdering av den bratte skrenten som dannar sørveggen kring Fosnavåg-bassenget. Delar av planområdet for ny regulering ligg innaføre NVE sine aktsemdsoner for steinsprang og snøskred (www.atlas.nve.no). Av relevante skredtypar går det fram at steinsprang er mest aktuelt i dette området. Langs store deler av vegstrekninga som avgrensar planområdet i sør (Nørvågvegen) er det bygd ein vernemur i betong. Muren er mellom 2 og 4 meter høg i bakkant. Jf. lokale informantar er muren bygd på 60-talet. Utan mur vert det vurdert at steinsprang med årleg sannsyn større enn 1/100 kan nå inn i planområdet.

Havnivåstigning og stormflo

Planområdet er vurdert som sårbart for havnivåstigning og stormflo. Eksisterande kaier og bygningar ser ut til å ligge relativt mykje lågare enn tilrådinga frå Direktoratet for sikkerheit og beredskap (DSB).

4 SAMRÅDS- OG MEDVERKNADSPROSESS

4.1.1 Varsel om oppstart

Det vart varsla oppstart av planarbeid og høyring av planprogram den 27.05.2016. Frist for innsending av merknader var 15.07.2016.

4.1.2 Planprogram

Føremålet med planprogrammet var å avklare kva problemstillingar som er vesentlege i høve til miljø, naturressursar og samfunn, og kva tema som ville krevje ytterlegare kartlegging og utgreiing.

Planprogrammet beskriv konsekvensutgreiing for naturmangfald, landskap, forureining, beredskap og ulukkerisiko, trafikktryggleik i anleggsperiode, havnivåstigning, stormflo og grunntilhøve. Manøvreringstilhøve i hamna skal også undersøkast. I tillegg er kulturmiljø vurdert.

4.1.3 Anna medverknad

Det vart halde ope informasjonsmøte om reguleringsplanarbeidet og Kystverket sitt forprosjekt i oktober.2016. Kommunen har møtt grunneigarar for avklaringar i høve til deira eigedomar.

5 MERKNADER TIL VARSEL OM OPPSTART

5.1.1 Møre og Romsdal Fylkeskommune

Merknad

Fylkeskommunen kommenter at forslag til planprogram ikkje ser ut til å fastsette/beskrive kva tema som er aktuelle å utreie i en KU. Planprogrammet bør ikkje vedtakast utan at nødvendige utredningskrav er bestemt.

Fylkeskommunen ber om at det arealknappe hamnebassenget vert vurdert opp mot funksjon for fiskebåtane som skal inn til mottaket. Vil ein båt av «normal» størrelse greitt kunne manøvrere i indre hamn etter planlagt utfylling?

Forholdet til Fosnavåg som stad bør vurderast i kulturminneperspektiv.

Svar

Planprogrammet er vedteke med utredningstema naturmangfald, landskap, forureining (sjø, land, støy, støv, lukt), beredskap og ulykkerisiko, trafikkikkerheit i anleggsperioden, havnivåstigning, stormflo og grunnforhold. Manøvreringstilhøve i hamna skal også vurderast. Tilrettelegging av nytt sentrumsnært areal som følge av deponiområdet er i utgangspunktet ikkje motivert ut frå behovet for nytt areal, men frå behovet for område for etablering av strandkantdeponi.

5.1.2 Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Merknad

Tema for konsekvens-utgreiinga er naturmangfald, landskap, forureing (sjø, land, støy og støv), beredskap og ulykkerisiko, havnivåstigning, stormflo og grunntilhøve. I tillegg bør trafikkikkerheit i anleggsperioden være et tema.

KU bør belyse forureiningsfaren under sjølve tiltaket, spesielt i forhold til luktproblematikk.

Sedimenta som skal mudrast inneheld mye organisk materiale som kan gi luktplager under mudring og deponering.

Mudring og eller dumping i sjø må skje etter særskilt løyve etter forureiningsloven frå fylkesmannen.

Er området geoteknisk stabilt? Kan området bli utsett for ras og utglidingar? Er sjøbotnen der deponiet skal ligge forureina? Det må takast prøver av sjøbotnen for å avklare dette.

Muddermassane må truleg av-vatnast. Korleis skal dette gjerast?

Svar

Trafikkikkerheit i anleggsperioden skal vurderast.

Fleire KU-tema (støy, lukt m.m.) vil være mest aktuelle for anleggsfasen og vil bli belyst både ut frå denne avgrensa perioden og med ferdig deponisituasjon.

Det er føretatt grunn- og miljø undersøkingar for området. Resultata vil bli diskutert i konsekvens-utgreiinga.

Planarbeidet vil presentere sannsynlig løysing for mudring og deponering. Temaet vil bli nærare diskutert i Kystverket sin søknad til fylkeskommunen.

5.1.3 Kystverket Midt Norge

Merknad

Varsel om oppstart vil ha særlig verknad for planlagt statlig anleggstilltak og kjem difor delvis inn på Kystverket sitt ansvarsområde. Arealavgrensinga for deponia er grunnlagt på

bakgrunn av berekning av volumet av utdjupa masse frå hamna. Sett frå anleggsteknisk ståsted er det viktig at det regulerte arealet har nok kapasitet til å ta imot massane frå Vågen. Kystverket har vurdert planprogrammet og finner at opplysingane er tilfredsstillande i forhold til Kystverket sine ansvarsområder og samsvarer med foreløpig forprosjekt for mudring av hamna.

Svar

T.e.

5.1.4 Statens vegvesen

Merknad

Statens vegvesen har ikkje merknader til varsel om oppstart.

Svar

T.e.

5.1.5 NVE

Merknad

Ved utfyllingar i sjø må det gjerast geoteknisk vurdering av grunnforholda slik at tiltaket ikkje fører til risiko for utgliding eller setningsskader.

Aktsamheitskart for skred i skrednett syner at planområdet ligger innafor potensielt fareområde for skred. Det må gjerast ei nærare vurdering av reell skredfare i forbindelse med planarbeidet. Dersom området vurderast som skredfarlig skal fareområde innarbeidas i planen og vises som omsynssone med tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik.

Dersom det er behov for sikringstiltak utanfor området som er varsla oppstart på, bør planområdet utvides til å omfatte også disse områda.

Svar

Det er utført grunnboringar i tiltaksområda. Disse gir eit godt grunnlag for vurdering av geotekniske forhold som stabilitet m.m. Skredfare skal vurderast. Vert teke opp i KU og planomtale.

5.1.6 Sævik Invest AS v/Rune Sævik

Merknad

Sævik Invest er grunneigar på nabokaia øst for planområdet og har praktisk bruk for kaia på sin eigedom. Sævik Invest er derfor opptatt av kor nær deira kai den austlege utstrekninga av deponiområdet blir.

Pga. djupneforhold og utforming av kaia til Sævik Invest må en større båt alltid legge til med bakenden mot deponiområdet. Det er viktig at det blir tilstrekkelig djupne til at dette let seg gjere også framover. Det må derfor finnast ei løysing for utforming av deponiavslutning mot øst som ikkje fyller opp med masse det nødvendige manøvreringsrommet for Sævik-kaia.

Svar

Det er ønskjeleg å unngå å nytte areal under vassflata til fylling slik at manøvreringstilhøva blir dårlegare. Løysingar for å unngå dette vil bli vurdert i Kystverkets detaljprosjektering samt gjort reie for i reguleringsplanarbeidet.

6 SKILDING AV PLANFORSLAGET

6.1 Planlagt arealbruk

Innafor planområdet skal det etablerast deponi for forureina massar frå indre Fosnavåg hamn. Massane kjem frå Kystverket si mudring for utdjuping av hamna frå kt.-6 til kt.-8,3. Deponiet skal avgrensast med spuntvegg som etter ferdig deponering av massar vil fungere som kai for næringsverksemdene i området. Deponiet vert stabilisert på toppen med fiberduk, geonett og forsterkingslag.

Planområdet i indre hamn er vidare tenkt utvikla som deponiflate omkransa av næringskai mot sjø og elles med stor grad av vidareføring av gjeldande reguleringsplan vedteke i 2015 (ID-201263)

6.2 Reguleringsføremål jf. pbl

Bygningar og anlegg

Næring: Kombinert bebyggelse og anleggsformål: Industri/lager/kontor

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg
Fortau
Annan veggrunn – grøntareal
Hamn
Kai

6.2.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag

Hamneområde i sjø

Føresegningsområde

#1 – Deponi. Forureina massar

Omsynssone

H140_Frisikt
H310_Skred
H320_Flaumsone

6.3 Busetnaden sin plassering og høgde

Det er foreløpig ikkje planlagt nye bygningar i reguleringsplanområdet, men det er ønskjeleg å regulere for mulegheiter for nyetableringar framover (Komb1). Eksisterande bygningar (Komb2) er regulerte med dagens plassering og i samsvar med dagens næringsføremål som er industri og lager knytt til fiskeria. Det vert no opna for at bygningane også kan innehalde kontor og verkstad. Det er lagt til rette for at bygningar i Komb2 kan etablerast med høgde inntil 3 etasjar og i Komb1 med inntil 2 etasjar.

6.4 Utomhusområde

Bedriftene har særs knappe uteområde i dag. Den nye reguleringsplana gir gode moglegheiter for å legge til rette for betre tilkomst og køyreareal for storbil både for bedriftene, for tilkomst til båtar som ligg til kai og for auka lagerkapasitet.

Det er planlagt kai med fast dekke i ytterkant av deponiet.

6.5 Trafikk

Reguleringsplana vil ikkje generere vesentleg meir køyrety i området.

Det er planlagt nytt parkeringsareal med utgangspunkt i berekning av behov frå Herøy kommune sin parkeringsnorm for industribygg. Med meir areal tilgjengeleg ligg det godt til rette for å etablere gode parkeringsmoglegheiter for tilsette og besøkande.

Fortau frå områdereguleringsplan 201263 er vidareført langs Nørvågvegen.

7 VERKNADER AV PLANFORSLAGET

7.1 Varige og mellombelse verknader

7.1.1 Naturmangfald

Mudring og dumping av massar gir risiko for spreining av partiklar og forureining. Det er ein føresetnad at spreingshindrande tiltak blir etablert saman med overvaking. Det er også ein føresetnad at det ikkje skal lekke forureining frå ferdig deponi. Sterkt forureina sediment skal fjernast frå sjøbotnen.

Dersom ein i tillegg til å fjerne forureina massar får betre kontroll på utsleppa til hamna, vil kvaliteten på vatnet betrast og ein unngår truleg ny sedimentering av forureina massar.

7.1.2 Landskapsbilde

Det vert etablert ei ny, stor flate framføre Fosnavaag Pelagic. Flata vert om lag 9,5 daa og skal avgrensast med kaifront mot nord og aust. Kaifronten mot nord vert om lag 130 m lang.

Etablering av deponiet reduserer den totale vassflata i indre hamn med 15,5%.

Tiltaket vert omfattande i storleik i samanlikning med eksisterande fysiske strukturar elles i området.

Det er ein tradisjon for att-fylling av bukter og viker i Fosnavåg sidan dette har gått føre seg i generasjonar. Likevel rører slike endringar i stor grad ved dei lokale kjerneverdiane i landskapet. Møtet mellom sjø og land er her frå naturens side forma med variasjon og i småskala målestokk. Tilrettelegging for moderne fiskeridrift med lange rette kaier, store flater, store farty og betydeleg reduksjon av indre hamnebaseng, vil vere i utakt med dei naturgitte føresetnadene og redusere opplevingsverdien av hamna som landskapsrom.

7.1.3 Kulturmiljø

Sjølv om tiltaket ikkje kjem i direkte konflikt med registrerte kulturminnelokalitetar innafor Fosnavåg kystkulturmiljø, vil det regionalt viktige fiskeværret og hamneområdet bli prega. Tiltaket er relativt stort i høve til hamna sin storleik. Hovedstrukturen i Fosnavåg kystkulturmiljø blir endra, noko som medfører ein negativ påverknad på kulturmiljøet. Sjøfronten ved fabrikkens innerst i Vågen blir endra, og den nære kontakten mellom fabrikkens og sjøen blir broten.

7.1.4 Skredfare

Eksisterande busetnad i planområdet er regulert til næring i gjeldande plan. Føremålet vert oppretthaldt også i ny plan. Skredfarevurderinga syner uakseptabelt farenivå i delar av næringsområdet grunna dårleg sikring for steinsprang pga. manglande mur på ein liten del av strekninga. Muren bør supplerast for å oppnå tilfredsstillande sikringsnivå i samsvar med planføremålet.

7.1.5 Havnivåstigning og stormflo

Nye tiltak vert føreset etablert i samsvar med gjeldande krav og vil difor vere sikra. Eldre kaier og bygningar ligg til dels på svært lågt nivå. Her må ein truleg rekne med noko skade.

7.1.6 Manøvreringstilhøve i hamn og innløp

Indre hamn vert djupare, men det vert noko mindre areal att til manøvrering i hamna. Kystverket nyttar i sitt forprosjekt dimensjonerande båt (Smaragd) med lengde 67m og breidde 15,8m. Smaragd stikk 7,8m djupt. Kystverket har ikkje funne det nødvendig å køyre simulering av tiltaket. Herøy kommune nyttar ein mindre båt som dimensjonerande (Hunter). Denne båten er 45 m lang og 11m brei.

Etter vurdering frå kystskipper er tilbakemeldinga at båtar på storleik med Hunter ikkje vil ha problem med å manøvrere i Fosnavåg hamn. Det er ein føresetnad at ein har kontroll på tilhøve som kan påverke manøvreringa før ein går inn. Det gjeld mellom anna kva båtar som allereie ligg i hamna, vind og flo/fjøre. Det vil også framleis vere mogleg å legge til kaia på 33/84 (like aust for deponi og spunkai), men truleg kan det vere aktuelt å inngå samarbeid om å nytte den nye spunkaia når den er etablert.

7.1.7 Grunntilhøve

For indre hamn vil grunntilhøva generelt bli betra ved at dei over tid sedimenterte massane frå utslipp til hamna vert lagt i tett deponi. Desse massane er flyktige og virvar lett opp ved manøvrering i hamna, forureinar vatnet og gir frå seg dårleg lukt. Ein kjem etter mudringa ned på meir stabil, naturleg sandbotn og nokre stader på fjell.

Det er ein føresetnad at spuntvegg skal vere stabil og at det ikkje skal lekke forureining frå ferdig deponi. Detaljar i framgangsmåte vert fastsett i teknisk plan.

I anleggsfase vil mudring og dumping av massar gi risiko for spreiding av partiklar og forureining. Tidevatn-skilnad på meir enn 1m vil generere relativt sterke straumar inn og ut av vågen, som igjen aukar risikoen for spreiding. Det er ein føresetnad at spreidingshindrande tiltak vert etablert saman med overvaking.

Ved gjennomføring av Kystverket sitt tiltak med mudring ned til kt -8,3 jf. plan, syner risikovurdering utført av Rambøll (M-rap-002) at konsentrasjonen av metaller, PAH, PCB og PBT i sedimenta vil bli redusert slik at den samla risikoen frå desse komponentane vert mindre.

7.1.8 Støy

Det vil ikkje vere særleg auke i biltrafikk som følgje av mudring og deponering. Arbeida skal i hovudsak utførast frå båt.

Det vil vere vesentleg støy frå mudringsfarty i hamna gjennom anleggsperioden. Berekningane som ligg føre for industristøy er truleg relevante som samanlikning då dei tek utgangspunkt i kontinuerleg aktivitet med båt frå klokka 07.00 til 23.00. Korleis drifta vert lagt opp vil vere avgjerande for det samla bildet. Skal transporten til og frå bedriftene oppretthaldas også i anleggsperioden slik at ein får støy både frå fiskefarty og mudringsfarty? Truleg vil ein også av andre årsaker måtte tilpasse slik at hamna vil vere stengt for fiskefarty når mudringa går føre seg.

Støy-utfordringa knytt til båtar ved kai over natt med hjelpemotor i gang vil truleg vere aktuell også i anleggsfase då ein har farty og mannskap som skal opphalde seg i Fosnavåg i lengre periode. Dette må løysast i plan for gjennomføring. Rapporten som ligg føre syner at dette truleg vil vere den største støy-ulempa.

7.1.9 Støv, lukt

Dei forureina massane inneheld mykje organisk materiale som truleg vil gi ein luktproblematikk under arbeidet, både ved mudring og deponering. Det vil og kunne bli eit problem med svevestøv etter kvart som massane tørker ut i deponiet.

Det er fleire bustader og meir aktivitet kring områda i indre hamn, og fleire vil truleg bli ramma av desse ulempene her enn i ytre hamn.

7.1.10 Trafikksikkerheit

Arbeidet med mudring og deponering er planlagt utført frå båt og vil ikkje i særleg grad påverke trafikken på land. Det vil bli noko transport av anleggsutstyr på bil i samband med prosjektet.

8 OPPSUMMERING

Grunntilhøva (stabilitet og miljøtilstand) vert betra ved at ein får djupare botn og meir stabil og roleg sandbotn/berg etter mudring.

Støy i anleggsfase har potensiale til å verte eit vesentleg problem og må takast omsyn til. Det er mange bebuarar kring hamnebasenget.

Lukt kan truleg bli eit problem i anleggsfasen. Prøvene som er tekne opp frå indre hamn luktar ikkje godt. Dette kan det bli utfordrande å gjere noko med. Det kan også bli støv frå dei flyktige massane ein tek opp om desse tørkar ut utan tildekking. Desse tilhøva talar for at ein bør søkje å gjere deponeringsprosessen for dei aktuelle massane så kort som råd slik at tildekking kan ta til.

Trafikksikkerheit vert ikkje vurdert som ei vesentleg problemstilling i denne saka då transport og aktivitet for ein stor del vil gå føre seg på sjø.

For naturmangfald vert mudring og deponering vurdert som særst positivt då tiltaket betrar tilhøva for artar som lever av og i sjø og sediment. Sannsyn for spreiding av kritisk forureining minkar.

For tema landskap vil etablering av deponiarealet i indre hamn vere ei betydeleg negativ varig endring. Deponiet legg beslag på 15,5 % av dagens hamneareal og grip inn i staden sin identitet som naturleg hamn forma av samspelet mellom land og sjø.

Det heilskaplege kulturmiljøet i hamna vil bli belasta av deponiet. Tiltaket sin skala, struktur og innhald kan vanskeleg tilpassast dei eksisterande kulturminnekvalitetane i miljøet kring indre hamn.

Planområdet ligg i sona for steinsprang frå skrenten sør for planområdet. Delar av planområdet vert tilstrekkeleg sikra av eksisterande betongmur, men muren dekkjer ikkje heile planområdet.

Nye tiltak i planområda vil måtte tilpasse seg krava som gjeld for havnivåstigning og stormflo. Dette vil truleg kunne løysast. Eksisterande busetnad ligg relativt lavt og her vil det kunne vere fare for skade.

Dimensjonerande farty vil greitt kunne manøvrere i hamna også etter etablering av deponi om tilhøva elles ligg til rette.

9 KJELDER

Skriftlege og digitale kjelder nytta i analysen:

- Miljødirektoratet, <http://miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>
- Gislink, <http://www.gislink.no/kart/index.html?Viewer=GisLink>
- SVV, <http://www.vegvesen.no/Fag/Teknologi/Nasjonal+vegdatbank>
- NGU. <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>
- Riksantikvaren, Kulturminnesøk - <http://www.kulturminnesok.no/>
- VannMiljø, Miljødirektoratet. <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>
- Miljøgeologiske undersøkelser, 417849-RIGm-RAP-001, Multiconsult.
- Geoteknisk datarapport, 417849-RIG-RAP-001, Multiconsult.
- M-rap-001-Kartlegging av forurenset sjøbunn i Fosnavåg – 24-09-2013 Rambøll.
- M-rap-001-MTGU Fosnavåg-11-5-2015. Rambøll
- M-rap-002-Tiltaksplan mot forurenset sjøbunn i Fosnavåg – Herøy kommune-6-12-2013. Rambøll.
- 417849-RIGm-RAP-001. Miljøgeologiske undersøkelser. Multiconsult 2016.
- 417849-RIG-RAP-001. Geoteknisk datarapport. Multiconsult 2016.
- NGI Rapport. Fosnavåg fiskerihavn. 20100182-00-2-R. 13.10.2010.
- Støyvurdering Multiconsult. 415161/01.
- Skredfarevurdering, Asplan Viak, 13.12.2016.




WV

Vår dato
17.08.2017
Dykkar dato
15.06.2017

Vår ref.
2016/3180/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG



Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan for Fosnavåg Hamn - Indre Hamn - gnr34 bnr379 m.fl.
Offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Planframlegget medfører at det blir etablert ei ny flate på om lag 9,5 dekar innerst i hamna. Flata skal avgrensast med kaifront mot nord og aust. Kaifronten mot nord vert om lag 130 meter lang, og etablering av deponiet medfører at den totale vassflata i indre hamn blir redusert med om lag 15,5 %.

Støy

Etter føresegnene skal «MD sine gjeldande retningslinjer for støy i arealplanlegging leggjast grunn for anleggsperiode og driftsperiode». Det bør konkretiserast i føresegnene kva grenseverdiar som gjeld, jf. kap 4 i T-1442, tabell 4 og 5.

Det ligg føre ei støyfagleg utgreiing frå 2015. Denne tar for seg nositasjonen, og estimerer ikkje det framtidige støybiletet knytta til utfyllinga, verken i anleggsfasen eller varig tilstand. Det må stillast krav i føresegnene, til dømes gjennom rekkefølgebestemmelsane, om ei støyfagleg utgreiing som viser kva støysituasjon ein kan forvente, og som gir grunnlag for å stille krav til kompensierende tiltak. Vi har **motsegn** til planframlegget inntil føresegnene er endra på dette punktet.

Landskapsverknader

Attfylling av snaut 10 dekar innerst i hamnebassenget vil bety ei stor landskapsmessig endring, som ifølgje konsekvensutgreiinga har stor negativ konsekvens. Vi forventar at det ligg føre gode illustrasjonar som tydelig viser landskapsverknadene frå fleire perspektiv slik at beslutningsmynde har eit godt grunnlag for å fatte endeleg vedtak i reguleringsplanen.

Samfunnstryggleik

Det er brukt tal frå DSB sin rettleiar for havnivåstigning. Vi gjer merksam på at denne høgda er utan ei lokal vurdering av vind- og bølgegpåslag som vil gjere den reelle høgda høgre. Vi saknar derfor ei synleggjering av kva vurderingar som er gjort for at ein har konkludert med at kote 2,6 er tilstrekkeleg for tiltaket.

I planomtalen er det foreslått avbøtande tiltak mot skredfare i form av betongmur. Dette er ikkje omtalt i planføresegna. Fylkesmannen minner om at det berre kan byggjast på grunn, eller opprette eller endre eigedom, dersom det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold, jf. plan- og bygningslova § 28-1. Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot skred, jf. TEK17 § 7-3. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

Konklusjon

Vi viser til merknader ovanfor. Inntil planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred og også har føresegnar som sikrar støysituasjonen, har vi **motsegn** til planen.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf. 71 25 84 89

Kopi:

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Statens vegvesen Region midt Postboks 2525 6404 MOLDE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/769	15.06.2017	71744/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	17.08.2017

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - etablering av deponi gbnr 34/379 m.fl - Fosnavåg - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

MERKNADER TIL KONSEKVENSGREIINGA

Planfaglege merknader

Vi viser til våre merknader i forbindelse med reguleringsplan for ytre hamn. Merknader knytt til sammenhengen mellom planomtale og KU gjeld tilsvarande.

Ein bør også i denne saken sjå på og gjere meir greie for stedsanalyse, arkitekt-konkurransen og sentrumsvisjonen som er laga for Fosnavåg. Ein må sjå spesielt på kva føringar det gir for reguleringa. Også i denne saka blir det viktig å ivareta små gløtt ned mot sjøen. Vi stiller spørsmålsteget ved om ei kai ut i hamnebassenget må være så "firkanta" og slik sett bli veldig ulik dei naturlige landskapsformasjonene langs land. Ved å fylle ut slik det er foreslått her vil ein øydelegge eit dramatisk landskapsrom som er eit grunnleggande bakteppe for utviklinga i Fosnavåg.

Vi ønsker også her at nullalternativet vert tydelegare, moglegheitene for kva ein kan gjere på eksisterande areal utan utfylling. Kan ein til dømes bygge i høgda framfor å fylle ut i hamnebassenget?

Vi stiller i tillegg spørsmål ved at ein ikkje har vist kva verknad planer har for tilliggande nabotomter. Ein ser at planområdet er veldig nær og kanskje noko øydeleggande for kai i aust.

Nyare tids kulturminne

Konsekvensutgreiingane er tydelege på at kulturvernverdiane vert vesentleg forringa. Vi er samde i dette. Men konsekvensutgreiinga burde vere meir konkret på kva dei spesifikke kulturverninteressene består i. Det er ikkje synleggjort noko om eventuelle avbøtande tiltak, noko som bør vere aktuelt i denne sammenhengen.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

I plankart og føresegner teiknforklaringar og oppstilling av arealføremål vere like.

Krav til uteomhusplan vere konkret på kva areal kravet gjeld og om kommunen ønsker dette samla eller etappevis, jamfør også merknader til reguleringsplan for massedeponi.

I § 2, sjuende ledd, står det at «Med søknad om igangsetningsløyve skal følgje plan for anleggsfase». Her stiller vi spørsmåltegn ved føresegna, kva betyr den? Er det også her snakk om samla for heile arealet eller etappevis?

I plankartet er det ikkje vist noko fyllingsfront og vi trur derfor at kaia er tenkt å stå på pålar. I motsett fall må fyllingsfronten vere ein del av planen.

Kulturminne frå nyare tid

Heile Fosnavåg hamn er teke med i Regional delplan for Kulturminne. Dei gamle sjøbudene er trekt fram som viktige enkeltminne saman med Nerem-slipen. Men Voldnesområdet og sjølve landskapsrommet, kaiene og andre små element er ein del av Vågen som det er ønskeleg å ivareta for framtida. Nye funksjonar treng ikkje vere i strid med dette.

Planforslaget går ut over "grunnforma" på staden, og inneber ei streng, firkanta form, som ikkje er naturleg tilpassa landskapet og som lett oppfattast som ikkje fullført. Vi kan vanskeleg tilrå planen ut frå desse føresetnadene og meiner det er potensiale for å gjere grep som minskar konflikten.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: Rådgivar kulturvern Toril Moltubakk, tlf. 71 28 03 37.

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal
Kystverket Midt-Norge
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2016/769	
- 6 JULI 2017	

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2016/3369-8

Arkiv nr.:

Sakshandsamar:
Børre Tennfjord

Dato:

04.07.2017

Fråsegn til offentlig ettersyn av Detaljregulering for Fosnavåg indre hamn, gnr.34, bnr.379 m. fl. - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket har motteke reguleringsplan for Fosnavåg indre hamn til offentlig ettersyn og uttale. Plandokumenta er skrivne den 15.juni 2017 og det er sett ein sams frist for innspel til 15.august 2017.

Om planen

I medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10, i møte den 6.juni 2017 og under F-sak 100/17 vert det vedteke å leggje fram detaljregulering med konsekvensutgreiing for Fosnavåg indre hamn, gnr.34, bnr.379 m. fl. ut til offentlig ettersyn.

Planen som er lagt fram for ettersyn dekkjer eit samla areal på 21 daa, der omlag 12 daa er sjøareal i dag. Forslaget inneber at ein legg til rette for følgjande hovudføremål;

Bygningar og anlegg
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Industri/Lager/Kontor
Køyreveg
Fortau
Annan veggrunn – grøntareal
Hamn
Kai
#1 - Deponi
H140_Frisikt
H310_Ras- og skredfare
H320_Flaumsone.

Føresegnområde
Omsynssone

Føremålet med planarbeidet er primært å legge til rette for deponering av massar frå mudring av Fosnavåg indre hamn, eit tiltak som vert planlagt og gjennomført av Kystverket. Derneft er det naudsynt å tilpasse nyvunne landareal til fiskeriretta næringsverksemdar. I dette ligg også behovet for ein ny kaifront, som erstatning for den opprinnelege.

Det er i framlegget lagt inn rekkefølgjekrav for etablering av tette- og stabiliseringsdekke på delar av arealet.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Forslagsstillar er Herøy kommune. Plankonsulent for detaljregulering er Asplan Viak AS. Kystverket, NGI, Rambøll AS, Multiconsult AS og Asplan Viak AS har utarbeidd temavurderingar som vert nytta i reguleringsplanarbeidet.

Kort om Kystverket sitt ansvar

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle. Kystverket skal gjennom sitt arbeid ivareta nasjonale interesser og føringar.

Kystverket arbeidar for å sikre god framkome, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv og sikker sjøtransport og hamneverksemd.

Kystverket har ansvaret for staten sin beredskap mot akutt forureining og hamnesikring i norske hamner med internasjonal trafikk (ISPS).

Vår vurdering

Kystverket sitt planengasjement er først og fremst kopla til sjøareala i planen og dei sjønære areala som kan seiast å ha ein verknad på ferdselstilhøva. Våre kommentarar til planarbeid er som oftast knytt til desse tilhøva.

Vedlagte reguleringsframlegg m/føresegner, vil etter Kystverket si meining ha avgjerande verknad for statlege anlegg, installasjonar, ansvars- og influensområde. Sidan dette er i ei statleg fiskerihamn, vil dette vere eit forskriftsfesta forvaltningsareal som kviler på Kystverket. Grunnlagt på dette vil det vere avgjerande for Kystverket å ha meiningar om korleis hamna skal utvikle seg og korleis ein skal ivareta fiskeriomsyna og sikre staten sine langsiktige mål.

Vi har tidlegare sendt merknadar til Herøy kommune i samband med varselet om oppstart. Vårt syn er at reguleringsframlegget stettar dei arealbindingane som skal til for å møte kravet om fiskeriretta næringsverksemd. Det er etter vårt syn ikkje naudsynt med korrigeringar eller endringar på planframlegg eller føresegner.

Reguleringsplanen kan eigengodkjennast for Kystverket sin del.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Børre Tennfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakarar:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fiskeridirektoratet Region Midt	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE



Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
17/86853-2

Dykkar referanse:
2016/769

Vår dato:
28.06.2017

Herøy kommune – Gnr. 34 bnr. 379 m.fl – Framlegg detaljreguleringsplan Fosnavåg hamn – Indre hamn – Offentleg ettersyn – Uttale

Viser til brev av 15.6.2017 frå Herøy kommune. Saka gjeld offentleg ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn – indre hamn.

Som kjent er ny innfartsveg til Fosnavåg regulert med tunnelinnslag like vest for planområdet, jf. punkt 3.8 i planomtalen. Av plandokumenta som ligg føre saknar vi ei vurdering av plasseringa og utforminga av avkøyringa til tilkomstvegen (o_SKV1) i høve til veg-/kryssløysinga for innfartsvegen. Vil reguleringa som no er fremja vere ei trygg, funksjonell og framtidretta vegløysing for heile området? Vi rår til at avkøyrings-/kryssløysinga til tilkomstvegen vert drøfta og vurdert meir i detalj gjennom planframlegget/omtalen, og då sett i samanheng med reguleringa innfartsvegen er omfatta av.

Utover dette har vi ikkje særskilde merknader til reguleringsframlegget.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonsjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030
Firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadso

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 03.07.2017 15:35:18
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Detaljplaner Indre Fosnavåg hamn. 33/5.

Fra: "Robert Voldnes" <robert@voldnes.no>
Til: "Jarl Martin Møller" <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>
Kopi: "Erlend Sporstøl Vikestrand" <erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no>
Emne: Detaljplaner Indre Fosnavåg hamn. 33/5.

Hei Jarl Martin.

Detaljreguleringsplanen for indre hamn kom i posten. Eg har lest den og studert nokre bileter og kart.

Eg legg ved bilete av det eg lurar på..

Her kan det sjå ut som om at planen akkurat tek med seg Voldnesbygget og halva kaia som høyrer til.

Vidare kan det sjå ut til at nye bygg er lagt inn til bytet og at kaia på det nye/utfylte deponi-området er tiltenkt plassert inn på 33/5. Her er det farga kartet litt uklart i det både kai og hamn er merka med blå farge.

At planområdet dekkar vår eigedom er greit, men om det blå er kai - harmonerer ikkje dette med det vi har blitt samde om, med ref. til brygger og vår framtidige bruk av sjøarealet framfor 33/5. Bygg heilt i bytet til 33/5 på det utfylte området er og lite ønska, då det vil forringe utsikt og lystilhøve forvårt kontorbygg.

Det er mogleg dette ikkje er rett. Her må de raskt kome med ei forklaring og ev ei betre teikning over området som berører 33/5.

Må minne om at både vi og nabo Sævik Invest AS har ytra oss tydeleg på at fyllinga eller kaifronten ikkje må kome so langt mot oss at den øydelegg for våre eigedomar sin bruk av sjøarealet.

Tidlegare har eg akseptert å kunne sjå på bruken av det bygsla området mot Pelagic til kai/fylling - forutsett at det vert ei grei løysing for oss – også økonomisk.

Høyrer frå dokke om dette.

Mvh

Gerh. Voldnes AS

Robert Voldnes
90658517

SKI
1.98 daa

Komb. 1
Industri/Lager/Kontor
9.25 daa
BYA = 60%
maks. byggehøyde Ht. 34

Komb. 2
7.29 daa
BYA = 70%
maks. byggehøyde Ht. 16

SHAI
1.02 daa
BYA = 60%
maks. byggehøyde Ht. 10

SKVI

H320_1

H310_1

H40_1

SH2

34.250

34.752

33.84

77

33.81

2 33.83

34.280

34.104

34.200

34.314

26

34.244

34.941

Trisik 20x45m

maakt

ST

SVG

maakt

ST

maakt

ST

maakt

ST

maakt

ST

maakt

ST

maakt

ST

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no] Sendt: 16.08.2017 09:35:21 Til: Hilde Bringsvor Skinnes Tittel: Ingen merknad til detaljreguleringsplan GBnr 34/379 mfl - Fosnavåg hamn - Herøy kommune

Fra: Systad Terje [<mailto:tes@nve.no>]

Sendt: 15. august 2017 17:40

Til: postmottak

Emne: Ingen merknad til detaljreguleringsplan GBnr 34/379 mfl - Fosnavåg hamn - Herøy kommune

NVE har ingen merknad til planen.

Med helsing

Terje Systad

Overingeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Arealplan, Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 59

E-post: tes@nve.no

Web: www.nve.no



Samanstilling av innspel til planforslag – Indre hamn.

<p>Møre og Romsdal Fylkeskommune:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Stiller spørsmål ved om ei kai ut i hamnebassenget må vere så "firkanta". Dette bryt med den naturlege forma i Vågen. Planforslaget går ut over grunnforma på staden og framstår som ikkje fullført. Det vert lett konflikt mellom kulturminne og nye konstruksjonar. Fylkeskommunen kan vanskeleg tilrå planen og meiner der kan gjerast grep som reduserer konflikten. 2. Ønskjer ei utgreiing av "nullalternativet" og moglegheitene for å nytte eksisterande areal utan utfylling. Kan ein til dømes bygge i høgda? 3. Stiller spørsmål ved kva verknader planen vil kunne ha for nabotomter, særleg "kaia i aust". 4. Plankartet manglar fyllingsfront. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kaia må vere firkanta for at deponiet skal kunne etablerast. Dette er også gjort i andre kommuner i landet. Kommunen er fult klar over at kaia ikkje er optimal i utforming, men det er dette det er gjort politisk vedtak på og som er skissert i forprosjektet frå Kystverket. 2. Formålet med planen er for det første å legge til rette for ei utfylling og deponering av ureine massar frå mudringsprosjektet i hamna. Nullalternativet vert såleis eit "ikkje-alternativ". Det er heller ikkje eit alternativ å byggje vidare på fiskeriindustrien i høgda. 3. Med "kaia i aust" tolkar Herøy kommune dette til å vere kaiene til Gerh Voldnes AS og Sævik Invest AS. Plankaret er justert noko, med ei innkorting av kai/deponi mot vest. Konflikten er dermed unngått. Ein viser også til tidlegare inngåtte avtalar med grunneigarane av desse tomtene om. 4. Deponiet har ikkje ein fyllingsfront, anna enn ein cellespunt som skal nyttast som fundament for kai. Det er difor fronten på kaia som vert fronten i praksis.
<p>Fylkesmannen i Møre og Romsdal</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Har motsegn fram til planframlegget er endra på følgjande: Det må stillast krav i føresegnene, til dømes gjennom rekkefølgjekrav, om ei støyfagleg utgreiing som viser kva støysituasjon ein kan forvente, og som gir grunnlag for å stille krav til kompensierende tiltak. KU tek ikkje føre seg framtidige estimat på støy, verken i anleggsfase eller som varig tilstand. 2. Planomtalen har skildra forslag til avbøtande tiltak mot skredfare, men dette manglar i planføresegna. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Føresegnene er endra på dette punktet. Motsegna er soleies teke til følge (sjå føresegner). 2. Det er lagt inn krav om skredsikring som rekkefølgjekrav i planføresegna.
<p>Gehr Voldnes AS</p> <p>Reagerer på at kai/deponi kjem inn på sjøarealet framfor gnr 33, bnr 5 og følgjeleg tek kai plass frå denne teigen.</p>	<p>Plankartet er justert slik at kai/deponi ikkje skal gå lenger aust enn grensa mellom gbnr. 33/ 82 og 33/5.</p>
<p>Statens vegvesen</p> <p>Saknar ei vurdering av plassering og utforming av avkøyrsla til tilkomstvegen (o_SKV1) i forhold til veg- og kryssløysing for ny innfartsveg med</p>	<p>Vegen er plassert der det i dag er ei avkøyrsla som har vore utgangspunktet for dette valet. Avkøyrsla er i dag nytta av mellom andre Fosnavåg Pelagic AS. Nord for SKV1 ligg området</p>

tunnellinslag (Planid 201246 Områdeplan – Ny innfartsveg til Fosnavåg).	SHA1 som er tenkt som hamneareal/lagringsareal. Det er ikkje tenkt oppført faste konstruksjonar her, noko som gjer det lettare å omregulere arealet ved eit seinare høve om det er naudsynt. Det vert også vist til at ein ved utarbeiding av reguleringsplanen for ny innfartsveg ikkje tok stilling til avkøyrsla til Fosnavåg Pelagic AS.
NVE	Ingen merknad
Kystverket	Ingen endringar er naudsynt

Herøy kommune, utviklingsavdelinga

16.11.2017



Herøy Kommune

Konsekvensutgreiing deponi Fosnavåg

Utgåve: 1

Dato: 18.05.2017

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgivar:	Herøy Kommune
Rapporttittel:	Konsekvensutgreiing deponi Fosnavåg
Utgåve/dato:	1/ 18.05.2017
Filnamn:	Konsekvensutgreiing deponi Fosnavåg.docx
Arkiv ID	
Oppdrag:	606432-01–Detaljregulering deponi i Fosnavåg hamn
Oppdragsleder:	Yngvild Meinseth
Avdeling:	Landskap
Fag	Reguleringsplan
Skrevet av:	Yngvild Meinseth
Kvalitetskontroll:	Nils Husabø
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

FORORD

Asplan Viak AS har vore engasjerte av Herøy kommune for utarbeiding av detaljreguleringsplan med KU for massedeponi i indre hamn i Fosnavåg. Erlend Vikestrand og Jarl Martin Møller har vore kommunen sine kontaktpersonar for oppdraget. Frå Asplan Viak har Yngvild Meinseth, Alf Idar Småge, Leif Egil Friestad, Birgit Kathrine Rustad, Kjell Arne Valvik og Sigurd Kjeldstrup delteke i arbeidet.

Yngvild Meinseth har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Molde, 18.05.2017

Yngvild Meinseth

Oppdragsleiar

Nils Husabø

Kvalitetssikrar

INNHALD

1	Samandrag.....	4
2	Innleiing.....	5
2.1	Føremål og bakgrunn	5
2.2	Planområda.....	5
2.3	Lovgrunnlag og planprogram.....	6
2.4	Planstatus	6
2.5	Alternativ til vurdering.....	9
2.6	Metodikk.....	9
2.7	Vurderte tema	11
3	KU - anleggsfase.....	12
3.1	Grunntilhøve	12
3.2	Støy	14
3.3	Støv, lukt.....	17
3.1	Trafikksikkerheit	18
4	KU – varig situasjon	20
4.1	Naturmangfald.....	20
4.2	Landskap	22
4.3	Kulturmiljø	25
4.4	Skred	27
4.5	Trafikksikkerheit	30
4.6	Havnivåstigning og stormflo	31
4.7	Manøvreringstilhøve i hamn og innløp.....	34
4.8	Konsekvensar for barn og unge	35
5	Samla vurdering av konsekvensar.....	36
5.1	Anleggsfase	36
5.2	Varig situasjon.....	37
5.3	Kommentar – samla vurdering	38
6	Referansar og grunnlagsdata	39

1 SAMANDRAG

Det er sett i gang detaljregulering av to planområde i Fosnavåg. Føremålet med planarbeidet er primært å legge til rette for deponering av mudringsmassar frå indre hamn. Massane skal fjernast frå sjøbotnen for å auke seglingsdjupna frå -6m til -8,3m. Samstundes vil ein gjennomføre ei miljømudring av den forureina hamna. Massane er tenkt plasserte i to deponi som vert regulerte i to ulike detaljreguleringsplanar. Den eine reguleringsplana vil innehalde føremålsområde som opnar for etablering av deponi heilt sør i indre hamn og den andre reguleringsplana vil gi plass til nytt deponi i eksisterande hamnelomme ved innløpet til Fosnavågen.


Føreliggande datagrunnlag for konsekvensutgreiinga er Kystverket sin forprosjektrapport for mudring og deponering, grunnundersøkingar og miljøteknisk undersøking av massar som er planlagt flytta samt grunntilhøve i hamna. Dessutan er nytta: Rapport frå skredvurdering, synfaring, tilgjengelege databasar, kommunale planar, lokale ressurspersonar.

Gjennomføring av tiltaket inneber risiko for spreining av forureining i anleggsfase. Støy i anleggsfase må også takast omsyn til. Verdier som vert varig påverka av tiltaka er primært knytt til forureining, landskap og kulturmiljø.

2 INNLEIING

2.1 Føremål og bakgrunn

Fosnavåg hamn er ei aktiv fiskerihamn med for lita djupne. Dette skaper problem for både lokal flåte og andre farty som skal levere eller nytte hamna på annan måte. Dersom hamna fortsatt skal vere levande og framtidsretta må den utdjupast. Kystverket har laga forprosjekt for korleis ei slik utdjuping kan gjennomførast. Føremålet med reguleringsplanarbeidet er å legge til rette for etablering av strandkantdeponi for lagring av mudringsmassar frå hamna. Ein stor del av massane er forureina. Mudringa vil difor også vere ei miljøopprydding av indre hamn.




Figur 2-1 Utdjupingsområde og indre og ytre deponi (frå Kystverket sitt forprosjekt)

2.2 Planområda

Det er sett i gang reguleringsplanarbeid for to ulike planområde jf. figur 2.2.

Særleg for områda i ytre hamn er det i tillegg til deponiføremålet interessant for Herøy kommune å sjå på utvikling av eit større areal. Reguleringsplangrensa er difor strekt rundt eit område som naturleg formar seg av terrenget og som vil innehalde fleire arealbrukstema.

Denne utgreiinga beskriv konsekvensar for begge reguleringsplanområda.



Figur 2-2 Planområda jf. varsel om oppstart

2.3 Lovgrunnlag og planprogram

Planarbeida er vurderte til å ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og fell inn under vilkåra for konsekvensutreiing jf. forskrifta §2, bokstav d) og f).

Planprogram har vore på høyring og er vedteke for begge planområda.

2.4 Planstatus


Indre hamn

Området som skal regulerast omfattar del av gjeldande (område)reguleringsplan for Fosnavåg hamn, godkjent 26.03.2015 (planID 1515_2012_63).



Figur 2-3 Gjeldande reguleringsplan


Kommuneplana sin arealdel. Kommuneplana vart godkjent i kommunestyret 30.10.2014 (planID 201250).




Figur 2-4 Kommuneplana sin arealdel.

Ytre hamn

Området som skal regulerast omfattar del av gjeldande reguleringsplan for Sjøside Eigedom AS, godkjent 28.11.2013 (planID 201289). Store delar av planområdet er i kommuneplana sin arealdel lagt ut til sentrumsføremål.



Figur 2-5 Eksisterende reguleringsplaner i området



Figur 2-6 Kommuneplana sin arealdel

2.5 Alternativ til vurdering

I samanlikning med 0-alternativet (dagens situasjon) skal det vurderast eitt tiltaksalternativ.

2.5.1 Alternativ 0

Indre hamn

Naturleg hamn i eit intimt landskapsrom omkransa av Tverrfjellet og Hornseten. Trongt hamnebasseng med seglingsdjupne 6 meter. Kring indre hamn finn ein næringsbygningar/bedrifter frå ulike tidsaldrar og med ulik funksjon knytt til båt og fiskeri. Nokre er aktive, men mange har avslutta drifte. Aktiv drift gjennom lang tidsperiode og dårleg nedbryting har ført til at sjøbotnen i heile indre hamn er sterkt forureina av miljøgifter og organisk materiale. Området er omfatta av nyleg vedteke reguleringsplan for sentrum og det som i dag er bygd areal er vist som framtidig næringsareal.

Ytre hamn

Ytre hamn ligg ved innseglinga til Fosnavågen omkransa av eldre næringsbygg knytt til fiskeria. Flatene kring hamna er danna av masse som er utfyllt i fleire omgangar. Området ligg sentrumsnært og er planlagt utvikla som sentrumsareal i kommuneplana sin arealdel.

2.5.2 Alternativ1

Indre hamn

Jf. reguleringsplanforslag for indre hamn. Kystverket planlegg utdjuping av heile indre hamn med eit areal på 37.000m² til kt -8,3, noko som inneber fjerning av rundt 75.000m³ fjell og lausmasse. Mengda kan auke i samband med mudring inntil eksisterande kaier og mudring av fortanning for deponiet i ytre hamn. Mesteparten av mudringsmassane er sterkt forureina lausmasser. Det vil og vere noko fjell. Massane skal plasserast i to deponi. Eit spuntdeponi inne i sjølve hamna og eit deponi med steinsjete/molo yst ved innseglinga (ytre hamn). Deponiet i ytre hamn er tenkt nytta til massane ein ikkje får plass til i indre hamn, samt evt. til anna deponibehov framover.

Deponimassane vil ha høgt vassinnhald og treng lang tid på av-vatning og stabilisering av setningar. Deponia vert difor planlagt med overhøgd og stabilisert på toppen med fiberduk, geonett og forsterkingslag.

Planområdet i indre hamn er tenkt utvikla som deponiflate omkransa av ny næringskai mot sjø og elles med stor grad av vidareføring av gjeldande regulering.

Ytre hamn

Jf. reguleringsplanforslag for ytre hamn. Eksisterande hamnelomme er planlagt avstengt mot innseglinga med steinfylling som deponimassar kan fyllast bak. Eksisterande hamn vert da fylt opp og vert borte som hamn. Dei store fyllingsflatene som ligg i planområdet i dag er planlagt utvikla med nye bustader, forretningar og ny infrastruktur. Det aktuelt å behalde delar av dagens bygningsmasse.

2.6 Metodikk

Metode for vurdering tek utgangspunkt i framgangsmåte for konsekvensutreiing av ikkje-prisette konsekvensar frå Statens vegvesen si handbok V712.

2.6.1 Vurdering av verdi

Dagens situasjon vert beskrive og verddivurdert for kvart deltema. Verddivurderinga er basert på fagtradisjonar og overordna, nasjonale føringar.

Verdi vert inndelt i kategoriane **liten, middels og stor**.

2.6.2 Omfang av endring

Omfang skal beskrive kor stor negativ eller positiv påverknad dei planlagde tiltaka har for områda som er verdisatt.

Omfang vert delt inn i kategoriane **stort negativ, middels negativ, lite/intet, middels positiv og stort positiv**.

2.6.3 Konsekvens

Vurdering av konsekvens vil være ei samstilling av verdiane vi finn i plan- og influensområda, og omfang av endring. Samanstillinga gir eit resultat langs ein skala frå særst stort positiv til særst stort negativ konsekvens, og gir eit bilde av utfordringar i planområdet og alvorsgraden av desse.

Verdi Ingen verdi	Omfang		
	Liten	Middels	Stor
Stort positivt			Meget stor positiv konsekvens (+ + + +)
			Stor positiv konsekvens (+ + +)
Middels positivt			Middels positiv konsekvens (+ +)
			Liten positiv konsekvens (+)
Lite positivt Intet omfang			Uhøvelig (0)
			Liten negativ konsekvens (-)
Middels negativt			Middels negativ konsekvens (- -)
			Stor negativ konsekvens (- - -)
Stort negativt			Mogel stor negativ konsekvens (- - - -)
			Særst stor negativ konsekvens (- - - -)

Figur 2-7 Konsekvensvifta frå Statens vegvesen si handbok V712, syner korleis verdi og omfang vert kombinert for å finne konsekvens.

- ++++ Særst stor positiv konsekvens
- +++ Stor positiv konsekvens
- ++ Middels positiv konsekvens
- + Liten positiv konsekvens
- 0 Ubetydeleg/ingen konsekvens
- Liten negativ konsekvens
- Middels negativ konsekvens
- Stor negativ konsekvens
- Særst stor negativ konsekvens

2.7 Vurderte tema

TEMA KU-anleggsfase for mudring og deponering	HOVUDPUNKT
Grunntilhøve	Geotekniske tilhøve. Stabilitet. Risiko knytt til planlagt tiltak. Er massane som skal deponerast forureina? Er planområdet forureina? Kva slags forureining? korleis vil planlagt mudring og deponering påverke situasjonen?
Støy	Vil anleggsfasen føre til endra støybilde?
Støv, lukt	Vil anleggsfasen føre til ulemper knytt til støv og lukt?
Trafikksikkerheit	Vil mudring og deponering føre til auka trafikkfare? På kva måte?
Beredskap og risiko for ulykker	Temaet vert vurdert i eigen ROS-analyse. Vedlagt.

Figur 2-8 KU-tema anleggsfase

TEMA KU-varig situasjon detaljreguleringsplaner	HOVUDPUNKT
Naturmangfald	Kva naturverdiar i tiltaksområdet vil bli påverka? Risiko og sårbarheit. Sannsynlege konsekvensar.
Landskapsbilde	Kva landskapsverdiar finns i dag? Korleis vil planlagt tiltak påverke landskapsbildet?
Kulturmiljø	Kva kulturmiljøverdiar finnes i området? Korleis vil tiltaket påverke disse?
Skredfare	Planområdet omfattast av aktsemdskart for skred. Er det reell risiko? Eventuelle konsekvensar?
Trafikksikkerheit	Vil reguleringsplanane føre til auka trafikkfare? På kva måte?
Havnivåstigning og stormflo	Konsekvensar av havnivåstigning og stormflo.
Manøvreringstilhøve i hamn og innløp	Vil planlagt tiltak føre til endra manøvreringstilhøve? På kva måte?
Beredskap og risiko for ulykker	Temaet vert vurdert i eigen ROS-analyse. Vedlagt.
Konsekvensar for barn og unge	Kva verdiar for barn og unge finns i dag? Korleis vil planlagt tiltak påverke situasjonen?

Figur 2-9 KU-tema varig situasjon

3 KU - ANLEGGSPHASE

3.1 Grunntilhøve

3.1.1 Dagens situasjon

Kriterium for vurdering av verdi:

	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Stabilitet sjø	Ustabile sedimentmassar med relativt stor mektigheit. Virvlar opp ved manøvrering. Ikkje egna for fundamentering.	Stabile lausmassar/morene	Fjell
Stabilitet land	Ustabile lausmassar. Fare for setningar/utgliding.	Stabile lausmassar	Fjell
Djupne	Båtar tek ofte botnen eller kjem ikkje inn i hamna.	Tilstrekkelig seglingsdjupne berre på flo sjø.	Tilstrekkeleg seglingsdjupne uavhengig av flo- og fjøre på store delar av hamna jf. ønska aktivitet
Miljøtilstand sjø	Tilstandsklasse 4 og 5	Tilstandsklasse 2 og 3	Reine massar
Miljøtilstand land	Tilstandsklasse 4 og 5	Tilstandsklasse 2 og 3	Reine massar

Indre hamn

Fleire utredningsarbeid ligg føre som grunnlag for vurdering av grunntilhøva i hamna. NGI i samarbeid med Multiconsult tok prøvar frå hamna i 2010, -rapport 20100182-00-2-R. Rambøll utførte ei utvida prøvetaking og sondering som resulterte i ny rapport frå september 2013 (M-rap.001). Multiconsult tok nye prøver sommaren 2016, 417839-RIG-RAP-001.

Sedimenta i Fosnavåg indre hamn består i hovudsak av organisk materiale med skjelrestar, blaut organisk leire med høgt vassinnhald og silt eller sandlag. Anaerobe nedbrytingstilhøve. Lausmassemektigheit varierer mellom 3,2 og 10,2 m. Bergoverflata varierer mellom kt. -9,8 og -17,6. Enkelte stader er det registrert fastare masser (morene) over berg.

Det er også utført kartleggingsundersøkingar for miljøtilstand i sedimenta. Tilstanden er vurdert og klassifisert ut frå Miljødirektoratets retningsliner. Prøvene syner at sedimenta i indre hamn er forureina av miljøgifter tilsvarande tiltaksklasse 3, 4 og 5 og utgjør dermed ein risiko for økosystemet.

Sedimenta i indre hamn vert vurderte til å vere ustabile/flyktige, sterkt forureina og problematiske i høve til aktiviteten i hamna.

LITEN VERDI

Ytre hamn

Prøvetaking (417839-RIG-RAP-001), syner særleg varierende lausmassemektigheit med mindre lausmasse over fjell vest i prøvetakingsområdet og større mektigheit i aust. Mektigheit varierer frå 0,1 til 15,9 m over fjell. Prøvene syner at sedimenta stort sett er sand

med mykje skjelrester. Prøvepunkt (8) syner siltig sandig leire i 5-7m djupne og vidare leirig silt i 7-8 m djupne. Vekslande lag av friksjonsmassar og finkorna massar.

Prøvene syner at også sedimenta her er forureina av miljøgifter, inntil tilstandsklasse 5 for nokre prøver, men ikkje like konsentrert og omfattande som i indre hamn.

Hamna har om lag same djupne for farty som indre hamn.

Grunntilhøva og miljøtilstand er ikkje nærare undersøkt for landområda.

LITEN VERDI

3.1.2 Omfang av endring

Indre hamn

For indre hamn vil grunntilhøva generelt bli betra ved at dei over tid sedimenterte massane frå utslepp til hamna vert lagt i tett deponi. Desse massane er flyktige og virvlar lett opp ved manøvrering i hamna, forureinar vatnet og gir frå seg dårleg lukt. Ein kjem etter mudringa ned på meir stabil, naturleg sandbotn og nokre stader på fjell.

Det er ein føresetnad at spuntvegg skal vere stabil og at det ikkje skal lekke forureining frå ferdig deponi. Detaljar i framgangsmåte for å oppnå dette er enda ikkje fastsett.

I anleggsfase vil mudring og dumping av massar gi risiko for spreining av partiklar og forureining. Tidevatn-skilnad på meir enn 1m vil generere relativt sterke straumar inn og ut av vågen, som igjen aukar risikoen for spreining. Det er ein føresetnad at spreingshindrande tiltak vert etablert saman med overvaking.

Ved gjennomføring av Kystverket sitt tiltak med mudring ned til kt -8,3 jf. plan, syner risikovurdering utført av Rambøll (M-rap-002) at konsentrasjonen av metall, PAH, PCB og PBT i sedimenta vil bli redusert slik at den samla risikoen frå desse komponentane vert mindre.

Massane skal deponerast innafor planområdet for indre og ytre hamn og avgrensast mot hamna med spuntvegg. Det er ein føresetnad at ferdig steinmolo/kai skal vere stabil slik at ein ikkje får utgliding eller setningar. For å oppnå dette er det aktuelt å enten fjerne lausmassar over fjell eller fortrenge desse med vekta av molomassane. Spuntveggen vil bli etablert først slik at massar frå mudringa kan fyllast i eit kontrollerbart basseng.

STORT POSITIVT OMFANG

Ytre hamn

Dei utfylte landareala i planområdet er planlagt utvikla med infrastruktur og nærings- og bustadbygg. Laster på grunnen vil kunne medføre setningar dersom fyllingane er ustabile, men det er truleg mogleg å pele til fjell. Massar til deponi skal plasserast innafor føremålsområdet og avgrensast mot innseglinga med steinsjete (avgrensa steinfylling). Dagens ytre hamn vert fylt heilt igjen. Det er ein føresetnad at steinsjeteen vert etablert stabilt slik at ein ikkje får utgliding eller setningar. Moloen vil bli etablert først, slik at massar frå mudring kan fyllast i bassenget bak moloen. Planlagd tiltak vil truleg ikkje påverke grunntilhøva (stabilitet og miljøtilstand) i ytre hamn i særleg grad.

INTET OMFANG

3.1.3 Konsekvens

Indre hamn

MIDDELS POSITIV KONSEKVENS (++)

Ytre hamn

UBETYDELEG KONSEKVENS

3.1.4 Forslag til avbøtende tiltak

Det kan vere aktuelt å nytte skjermende tiltak (partikkelsperre/siltskjørt) ved inngrep i sedimenta i indre hamn. Partikkelspreiing må overvakast med turbiditetsmålingar. Stabilitet og risiko for utgliding/setning må vurderast i samband med detaljprosjektering av tiltak i planområda.

3.2 Støy

3.2.1 Dagens situasjon

Informasjon om dagens situasjon er henta frå Multiconsult sin støyrapport 415161/01, som vart utarbeidd i samband med områdereguleringsplan ID-201263 for Fosnavåg hamn.

Kriterium for vurdering av tilstand/belastning:

Raud sone	Gul sone	Kvit sone
<p>Støy over grenseverdier jf. gjeldande retningslinje for støy i arealplanlegging (T-1442/2012)</p> <p>Vurdering av behov for fasadetiltak og uteplasstiltak</p>	<p>Vurdering av behov for uteplasstiltak</p>	<p>Ingen tiltak</p>

Indre hamn

For vegtrafikk er ÅDT, skilta hastigheit og tungtrafikk på fylkesvegane henta frå Nasjonal vegdatabank. For kommunale vegar er Statens vegvesen si handbok 146 nytta. Det er berekna for prognose 10 år fram i tid. Trafikktalla er framskrivne med 2 % auke kvart år.

For industri er det berekna med båt-trafikk til og frå to bedrifter i hamna (Notbøteriet og Fosnavåg Pelagic) gjennom eit travelt driftsdøgn. 15 båtar til/frå notbøteriet, 12 båtar mellom 07.00 og 19.00 og 3 båtar mellom 19 og 23.00. Kvar båt ligg til kai 1 time. 10 båtar til Pelagic mellom 07.00 og 19.00. Kvar båt ligg til kai 1 time.

For båtar til kai over natta er det berekna for eit døgn med hjelpemotor i gang.


Konklusjonen er at det ikkje er overskridingar for vegtrafikkstøy i planområdet, det er heller ikkje overskridingar for støy frå industriverksemd. Når det ligg båtar som har hjelpemotorar i drift til kai over natta i hamna, vert det grenseoverskriding for ein del bustader kring hamna. Båtar som beveger seg ut og inn gjennom «kanalen» støyar også noko over grenseverdiane for bustader nær leden.

Sårbare omgjevnader med mange bustader tett på.


STOR VERDI



Figur 3-1 Vegtrafikkstøy. Lden 4 m over bakkenivå.



Figur 3-2 Industristøy, eitt driftsdøgn. Lden 4m over bakkenivå



Figur 3-3 Støy frå båt til kai over natta. Lden 4m over bakkenivå

Ytre hamn

Det er ikkje berekna støy for ytre hamn. Situasjonen kan samanliknast med indre hamn for belastning frå båt-trafikk inn og ut av hamna, men i mindre omfang. For båtar som overnattar og nyttar hjelpemotor vil belastninga på omgjevnaden vere lik som for indre hamn.

Området er noko meir skjerma enn i indre hamn, men ikkje langt til bustader her heller.

STOR VERDI

3.2.2 Omfang av endring

Indre hamn

Det vil ikkje vere særleg auke i biltrafikk som følgje av mudring og deponering. Arbeida skal i hovudsak utførast frå båt.

Det vil vere vesentleg støy frå mudringsfarty i hamna gjennom anleggsperioden. Berekingane som ligg føre for industristøy er truleg relevante som samanlikning då dei tek utgangspunkt i kontinuerleg aktivitet med båt frå klokka 07.00 til 23.00. Korleis drifta vert lagt opp vil vere avgjerande for det samla bildet. Skal transporten til og frå bedriftene oppretthaldas også i anleggsperioden slik at ein får støy både frå fiskefarty og mudringsfarty? Truleg vil ein også av andre årsaker måtte tilpasse slik at hamna vil vere stengt for fiskefarty når mudringa går føre seg.

Støy-utfordringa knytt til båtar ved kai over natt med hjelpemotor i gang vil truleg vere aktuell også i anleggsfase då ein har farty og mannskap som skal opphalde seg i Fosnavåg i lengre periode. Dette må løysast i plan for gjennomføring. Rapporten som ligg føre syner at dette truleg vil vere den største støy-ulempa.

MIDDELS NEGATIVT OMFANG

Ytre hamn

Det kan vere aktuelt å køyre til stein med bil i samband med etablering av molo. Ein vil då få ein periode med steinlast-transport gjennom sentrum.

Båtar med deponimasse vil bevege seg att og fram mellom indre og ytre hamn.

Ytre hamn kan truleg i første del av anleggsperioden vere aktuell som liggehamn for mudringsfarty over natt.

MIDDELS NEGATIVT OMFANG

3.2.3 Konsekvens

Konsekvensar av støy i anleggsperioden avheng mykje av korleis arbeidet vert lagt opp. KU-graderingen vi kjem fram til er førebels, og delvis baserte på anslag, men vurderingane signaliserer likevel at dette er eit viktig tema som må følgjast opp vidare.

Indre hamn

STOR NEGATIV KONSEKVENNS (- - -)

Ytre hamn

MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS (- -)

3.2.4 Forslag til avbøtande tiltak

Etablering av infrastruktur for landstrøm.

Det bør i føresegnene til reguleringsplanane settast krav til utarbeiding av plan for vern av omgjevnaden mot støy og andre ulemper i bygge- og anleggsfasen. Plana skal følge søknad om igangsetting. Plana skal mellom anna gjere greie for driftstider og støytilhøve. Plana skal beskrive kva miljøkrav som skal oppfyllest og korleis tiltak skal utarbeidast, følgast opp og dokumenterast, og kven som har ansvar for dei ulike prosessane. Naudsynte vernetiltak skal vere etablert før bygge- og anleggsarbeider kan settast i gang.

MD sine retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 og rettleiar (M-128 kap. 4) skal leggast til grunn for anleggsperioden.

3.3 Støv, lukt

3.3.1 Dagens situasjon

Indre hamn

Noko rapportering om luktpproblem også i dag når botnmassar blir virvla opp. Generelt eksisterande «luktmiljø» knytt til næringsaktiviteten kring hamna.

MIDDELS VERDI

Ytre hamn

Noko rapportering om luktpproblem også i dag når botnmassar blir virvla opp. Generelt eksisterande «luktmiljø» knytt til næringsaktiviteten kring hamna.

MIDDELS VERDI

3.3.2 Omfang av endring

Indre hamn

Dei forureina massene inneheld mykje organisk materiale som truleg vil gi ein luktproblematikk under arbeidet, både ved mudring og deponering. Det vil og kunne bli eit problem med svevestøv etter kvart som massane tørker ut i deponiet.

Det er fleire bustader og meir aktivitet kring områda i indre hamn, og fleire vil truleg bli ramma av desse ulempene her enn i ytre hamn.

MIDDELS NEGATIVT OMFANG

Ytre hamn

Same som for indre hamn, men færre blir påverka.

MIDDELS NEGATIVT OMFANG

3.3.3 Konsekvens

Indre hamn

MIDDELS NEGATIV KONSEKVENS (- -)

Ytre hamn

MIDDELS NEGATIV KONSEKVENS (- -)

3.3.4 Forslag til avbøtande tiltak

Det bør settast krav i reguleringsplanføresegnene for støv og lukt på same måte som for støy jf. pkt 3.2.4. Problemstillinga knytt til lukt kan vere vanskeleg å finne løysing på. Den må truleg akseptrast i anleggsperioden.

3.1 Trafikksikkerheit

3.1.1 Dagens situasjon

Indre hamn

Plangrensa ligg i ytterkant av køyrebana på Gerhard Voldnes veg i vest og Nørvågvegen i sør. Tilhøva for mjuke trafikantar i området er dårleg med manglande fortau i Gerhard Voldnes veg og særskilde knappe fortau langs Nørvågvegen. Bebuarar aust for hamna må nytte desse vegane for å kome til sentrum. I gjeldande reguleringsplan kjem Gerhard Voldnes veg med fortau inn i planområdet.

Bedrifta Fosnavåg Pelagic har særskilde tronge tilhøve for framkomst og manøvrering på sitt landareal.

MIDDELS VERDI

Ytre hamn

Planområdet har ikkje trafikksikkerheits-utfordringar i dag, p.g.a. liten aktivitet i området.

LITEN VERDI

3.1.2 Omfang av endring

Indre hamn

Arbeidet med mudring og deponering er planlagt utført frå båt og vil ikkje i særleg grad påverke trafikken på land. Det vil bli noko transport av anleggsutstyr på bil.

LITE NEGATIVT OMFANG

Ytre hamn

Situasjon lik som for indre hamn, med unntak av massar til steinmolo som truleg må fraktast til staden med lastebil. Kjørety må ferdas gjennom Fosnavågen for å kome til planområdet.

MIDDELS NEGATIVT OMFANG

3.1.3 Konsekvens

Indre hamn

LITEN NEGATIV KONSEKVENNS (-)

Ytre hamn

LITEN NEGATIV KONSEKVENNS (-)

3.1.4 Forslag til avbøtande tiltak

Det bør i føresegnene til reguleringsplanane settast krav til utarbeiding av plan for vern av omgjevnaden mot ulemper i bygge- og anleggsfasen. Plana skal følge søknad om igangsetting. Plana skal mellom anna gjere reie for driftstider og andre tilhøve.

4 KU – VARIG SITUASJON

4.1 Naturmangfold

4.1.1 Dagens situasjon

	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Landskaps-økologiske sammenhenger	Områder uten landskapsøkologisk betydning	Områder med lokal eller regional landskapsøkologisk funksjon. Arealer med noe sammenbindingsfunksjon mellom verdisatte delområder (f.eks. naturtyper) Grøntstruktur som er viktig på lokalt/regionalt nivå	Områder med nasjonal, landskapsøkologisk funksjon. Arealer med sentral sammenbindingsfunksjon mellom verdisatte delområder (f.eks. naturtyper) Grøntstruktur som er viktig på regionalt/nasjonalt nivå
Vannmiljø/ Miljøtilstand	Vannforekomster i tilstandsklasser svært dårlig eller dårlig Sterkt modifiserte forekomster	Vannforekomster i tilstandsklassene moderat eller god/lite påvirket av inngrep	Vannforekomster nær naturtilstand eller i tilstandsklasse svært god
Verneområder, nml. kap. V		Landskapsvernområder (nml. § 36) <u>uten</u> store naturfaglige verdier	Verneområder (nml. §§ 35, 37, 38 og 39)
Naturtyper på land og i ferskvann	Areal som ikke kvalifiserer som viktig naturtype	Lokaliteter i verdikategori C, herunder utvalgte naturtyper i verdikategori C	Lokaliteter i verdikategori B og A, herunder utvalgte naturtyper i verdikategori B og A
Naturtyper i saltvann	Areal som ikke kvalifiserer som viktig naturtype	Lokaliteter i verdikategori C	Lokaliteter i verdikategori B og A
Viltområder	Ikke vurderte områder (verdi C) Viltområder og villtrekk med villtvekt 1	Viltområder og villtrekk med villtvekt 2-3 Viktige viltområder (verdi B)	Viltområder og villtrekk med villtvekt 4-5 Svært viktige viltområder (verdi A)
Funksjonsområder for fisk og andre ferskvannssarter	Ordinære bestander av innlandsfisk. ferskvannsforekomster uten kjente registreringer av rødlistearter	Verdifulle fiskebestander, f.eks. laks, sjøørret, sjørøye, harr m.fl. Forekomst av alvassdrag med gytebestandsmål/ årlig fangst av anadrome fiskearter < 500 kg Mindre viktig områder for elvemusling eller rødlistearter i kategoriene sterkt truet EN og kritisk truet CR Viktig område for arter i kategoriene sårbar VU, nærtruet NT.	Viktig funksjonsområde for verdifulle bestander av ferskvannsfisk, f.eks. laks, sjøørret, sjørøye, alv, harr m.fl. Nasjonale laksevassdrag Vassdrag med gytebestandsmål/årlig fangst av anadrome fiskearter > 500 kg Viktig område for elvemusling eller rødlistearter i kategoriene sterkt truet EN og kritisk truet CR
Geologiske forekomster	Områder med geologiske forekomster som er vanlige for distriktets geologiske mangfold og karakter	Geologiske forekomster og områder (geotoper) som i stor grad bidrar til distriktets eller regionens geologiske mangfold og karakter Prioriteringsgruppe 2 og 3 for kvartærgeologi	Geologiske forekomster og områder (geotoper) som i stor grad bidrar til landsdelens eller landets geologiske mangfold og karakter Prioriteringsgruppe 1 for kvartærgeologi
Artsforekomster		Forekomster av nær truede arter (NT) og arter med manglende datagrunnlag (DD) etter gjeldende versjon av Norsk rødliste Fredete arter som ikke er rødlistet	Forekomster av truede arter, etter gjeldende versjon av Norsk rødliste: dvs. kategoriene sårbar VU, sterkt truet EN og kritisk truet CR

Figur 4-1 Kriterium for vurdering av verdi

Indre hamn

Undersøkingar syner at sedimenta i hamnebassenget er forureina av miljøgifter.

Jf. Miljødirektoratets portal VannMiljø er økologisk tilstand i Fosnavåg indre hamn antatt moderat pga. utslepp frå punktkjelder samt diffuse utslepp frå urban avrenning. Dette er under utbetring med at utsleppa skal koplast på kommunalt reinseanlegg. Kjemisk tilstand vert vurdert som ikkje god.

Det finst ikkje registreringar av spesielle naturtypar i planområdet eller i indre hamn jf. Miljødirektoratets Naturbase. Viktig naturtype (BN00038799), nordvendt kystberg og blokkmark, er registrert i skråninga sør for planområdet.

Artane fiskemåke og ærfugl er observerte i Fosnavåg. Artane har særlig stor forvaltningsinteresse (nær trua - NT). Svartbak, skjærpipelerke og gråtrost er også observert. Desse kjem under kriteria ansvarsartar.

Med utgangspunkt i dagens situasjon vert naturmangfald i indre hamn vurdert til å ha dårlege tilhøve.

LITEN VERDI*Ytre hamn*

Landareala i ytre planområde er utfylte, nakne flater med få naturverdiar. For hamna er det naturleg å anta at botnfauna er naturleg artsrik og mangfaldig.

MIDDELS VERDI**4.1.2 Omfang av endring***Indre hamn*

Mudring og dumping av massar gir risiko for spreiding av partiklar og forureining. Det er ein føresetnad at spreingshindrande tiltak blir etablert saman med overvaking. Det er også ein føresetnad at det ikkje skal lekke forureining frå ferdig deponi.

Sterkt forureina sediment skal fjernast frå sjøbotnen.

Dersom ein får betre kontroll på utsleppa til hamna, vil kvaliteten på vatnet betrast og ein unngår truleg ny sedimentering av forureina massar.

STORT POSITIVT OMFANG*Ytre hamn*

Eksisterande hamn vert fylt opp av deponimassar. Dei store, nakne fyllingsflatene som ligg i planområdet i dag er planlagt utvikla med nye bygningar, vegsystem og grøntareal.

LITE NEGATIVT OMFANG**4.1.3 Konsekvens***Indre hamn*

MIDDELS POSITIV KONSEKVENNS (++)

Ytre hamn

LITEN NEGATIV KONSEKVENNS (-)

4.1.4 Forslag til avbøtande tiltak

Tiltak for indre hamn – siltskjørt.

For ytre hamn vil det vere aktuelt å legge til rette for areal med større potensiale for artsriksdom på delar av planområdet.

Tiltak med føremål å hindre spreing av forureining i samband med etablering av deponi i dette området vil truleg ikkje gi vesentleg effekt, av di sedimenta i naboareal er tilsvarende eller meir påverka av påviste forureiningar. Partikkelspreing må likevel overvakast i samband med inngrep.

4.2 Landskap

4.2.1 Kriterier for vurdering av landskapets verdi jf. Statens vegvesen si handbok V712.

	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Naturområder og naturpregete områder	- Områder med reduserte visuelle kvaliteter	- Områder med visuelle kvaliteter som er typiske/representative for landskapet i et større område/region - Områder med vanlig gode visuelle kvaliteter	- Områder med spesielt gode visuelle kvaliteter, som er uvanlige i et større område/region - Områder der landskapet er unikt i nasjonal sammenheng, herunder landskapsvernområder
Spredtbebygde områder	- Områder med reduserte visuelle kvaliteter - Områder hvor landskap og bebyggelse/anlegg til sammen gir et mindre godt totalinntrykk	- Områder med visuelle kvaliteter som er typiske/representative for landskapet i et større område/region - Landskap og bebyggelse/anlegg med vanlig gode visuelle kvaliteter	- Områder med spesielt gode visuelle kvaliteter, som er uvanlige i et større område/region - Områder hvor landskap og bebyggelse/anlegg til sammen gir et spesielt godt eller unikt totalinntrykk
Tettbygde og urbane områder	- Områder som bryter med byformen og utgjør et mindre godt totalinntrykk - Områder som har reduserte eller dårlige visuelle kvaliteter eller utgjør et mindre godt totalinntrykk	- Områder med vanlig gode visuelle kvaliteter - Områder som er tilpasset byformen og gir et vanlig godt totalinntrykk	- Områder som forsterker byformen og utgjør et spesielt godt totalinntrykk - Områder som har spesielt gode visuelle kvaliteter eller utgjør et spesielt godt totalinntrykk

Tabell 1 - Kriterier for verdisetting av landskapsbilde

4.2.2 Dagens situasjon

Dei naturgitte føresetnadane var grunnlaget for framveksten av staden Fosnavåg. Hornseten, Tverrfjellet, Litlehornet og Grønfjellet formar ei beskyttande skål kring den tronge indre hamna som dannar botnen i landskapsrommet. Den særprega vågen like nord for Stadhavet har til alle tider vore ei kjærkommen hamn for dei som ferdast i desse utsette havområda. Frå indre hamn opnar landskapsrommet seg mot havet rett nord og mot ei større terrengflate i nord-vest.

Busetnaden krinsar langs innfartsvegen som kjem inn til Fosnavåg gjennom det tronge skaret mellom Tverrfjellet og Litlehornet. Vidare utover ligg det bygningar tett kring vågen på

begge sider. Vest for vågen breier busetnaden seg ut på den store terrengflata kring Grønfjellet, og sentrum i dagens Fosnavåg ligg på denne flata like nord for Grønfjellet.



Figur 4-2 Karakteristiske landskapstrekk

Indre hamn

Samspelet mellom landform og sjø har danna den særspesielle hamna i Fosnavåg. Dette samspelet vert vurdert som det viktigaste identitetsskapande elementet for byen.

STOR VERDI

Ytre hamn



Figur 4-3 Flyfoto frå 1965. Kjelde: Kart.finn.no

Området kring ytre hamn er meir fragmentert og prega av nyare utfyllingar som flyfoto frå 1965 (figur 4-2) syner. Det er likevel ei hamn og representerer difor kjernen i Fosnavåg sin identitet.

MIDDELS VERDI

4.2.3 Omfang av endring

Indre hamn

Det vert etablert ei ny, stor flate framføre Fosnavåg Pelagic. Flata vert om lag 9,5 daa og skal avgrensast med kaifront mot nord og aust. Kaifronten mot nord vert om lag 130 m lang. Det er foreløpig uvisst kva deponiflata kan og skal nyttast til på sikt.

Etablering av deponiet reduserer den totale vassflata i indre hamn med 15,5%.

Tiltaket vert omfattande i storleik i samanlikning med eksisterande fysiske strukturar elles i området.

MIDDELS NEGATIVT OMFANG

Ytre hamn

Heile ytre hamn vert fylt att og fjerna som landskapselement. Det er planlagt ny busetnad i forlenging av dagens sentrumsområde i planområdet kring hamna.

MIDDELS NEGATIVT OMFANG

4.2.4 Konsekvens

Indre hamn

Det er ein tradisjon for att-fylling av bukter og vikar i Fosnavåg sidan dette har gått føre seg i generasjonar. Likevel rører slike endringar i stor grad ved dei lokale kjerneverdiane i landskapet. Møtet mellom sjø og land er her frå naturens side forma med variasjon og i småskala målestokk. Tilrettelegging for moderne fiskeridrift med lange rette kaier, store flater, store farty og betydeleg reduksjon av indre hamnebasseng, vil vere i utakt med dei naturgitte føresetnadene og redusere opplevingsverdien av hamna som landskapsrom.

STOR NEGATIV KONSEKVENNS (- - -)

Ytre hamn

Att-fylling vil vere dramatisk også i ytre hamn då denne hamna med den planlagde oppfyllinga no vert heilt borte. Området har likevel ikkje den same heilskaplege landskapsverdien som indre hamn og er allereie prega av større utfyllingar. Etablering av ny busetting i planområdet vert i utgangspunktet vurdert som positivt for landskapsbildet (under føresetnad av god struktur og utforming).


MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS (- -)

4.2.5 Forslag til avbøtande tiltak

Tilrettelegging for variasjon og opplevingsverdi i nye tiltak. Tilpassing til lokal skala.

4.3 Kulturmiljø

4.3.1 Dagens situasjon



Figur 4-4 Registrerte kulturminne i Fosnavåg hamn

Indre hamn



Figur 4-5 Kystkulturmiljø i indre hamn.

Fosnavåg kystkulturmiljø (ID 257-34. Regional delplan) ligg inne i sjølve Fosnavågen, og vert omtala som eit fiskevær-sjøbruksanlegg med regional verdi. Det kulturhistoriske miljøet er vurdert til å ha både kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi. Regional delplan markerer kulturmiljøet som eit punkt midt i vågen og områdedefinisjonen blir av den årsak noko uklår i ein arealplanprosess. Fleire av sjøbuene i Fosnavåg og Neremslippen er regulert til bevaring. Det finst og 20 ståande SEFRAK-bygningar frå nyare tid. Objekta har verneverdi kvar for seg, men den kulturhistoriske verneverdien er størst knytt til det samanhengande kystkulturmiljøet dei inngår i.

STOR VERDI

Ytre hamn

For ytre hamn finn ein ikkje samansette kulturmiljøverdier med same tyngde, sjølv om det også her ligg bygningar og kaier med historie knytt til fiskeria og Fosnavåg sin identitet.

LITEN VERDI

4.3.2 Omfang av endring

Indre hamn

Det er planlagt etablering av strandkantdeponi i indre hamn som ei utviding av arealet framføre bedriftene. Avgrensinga av deponiet vil gi ny, stramt forma kaifront langs store delar av sør-hamna. Den planlagde endringa med kai og deponi innfører store, nye strukturar som endrar eksisterande mønster og målestokk, samstundes som det særprega og knappe hamnebassenget vert ytterlegare redusert.

MIDDELS NEGATIVT OMFANG

Ytre hamn

Heile bassenget er planlagt fylt igjen av deponi og sjølve hamna blir dermed borte. Bygningar og kaier som i dag ligg kring hamna er på sikt tenkt fjerna eller tilpassa annan aktivitet. Det skal etablerast ny infrastruktur og ny busetnad i planområdet.

LITE NEGATIVT OMFANG

4.3.3 Konsekvens

Sjølv om tiltaket ikkje kjem i direkte konflikt med registrerte kulturminnelokalitetar innafør Fosnavåg kystkulturmiljø, vil det regionalt viktige fiskeværet og hamneområdet bli prega. Tiltaket er relativt stort i høve til hamna sin storleik. Hovedstrukturen i Fosnavåg kystkulturmiljø blir endra, noko som medfører ein negativ påverknad på kulturmiljøet.

Sjøfronten ved fabrikkene innerst i Vågen blir endra, og den nære kontakten mellom fabrikkene og sjøen blir broten.

Indre hamn

STOR NEGATIV KONSEKVENNS (- - -)

Ytre hamn

LITEN NEGATIV KONSEKVENNS (-)

4.3.4 Forslag til avbøtande tiltak

Nye tiltak vert tilpassa eksisterande kulturmiljøverdiar.

4.4 Skred


Temaet er berre aktuelt for planområdet i indre hamn.

4.4.1 Dagens situasjon

Det er gjennomført detaljert skredfarevurdering av den bratte skrenten som dannar sørveggen kring Fosnavåg-bassenget. Delar av planområdet for ny regulering ligg innaføre NVE sine aktsemdsoner for steinsprang og snøskred (www.atlas.nve.no). Av relevante skredtypar går det fram at steinsprang er mest aktuelt i dette området.

Det er registrert tidlegare steinsprang frå skråninga. Langs store deler av vegstrekninga som avgrensar planområdet i sør (Nørvågvegen) er det difor bygd ein vernemur i betong. Muren er mellom 2 og 4 meter høg i bakkant. Jf. lokale informantar er muren bygd på 60-talet.

Terrenget med muren lagt inn er modellert og det er utført berekningar på steinsprang. Berekningane syner at mesteparten av planområdet i dag vert beskytta av muren. Delar av planområdet i sørvest manglar mur. Utan mur vert det vurdert at steinsprang med årleg sannsyn større enn 1/100 kan nå inn i planområdet.



Figur 4-6 Mur langs Nørvågvegen



Figur 4-7 Betongmuren med gamle og nye (pil) steinsprangblokker. Fleire blokker på veg frå skrentane..


STOR VERDI / FARE (for områda som ikkje er beskytta av mur)

4.4.2 Omfang av endring

Eksisterande busetnad i planområdet er regulert til næring i gjeldande plan. Føremålet vert oppretthalde også i ny plan.

MIDDELS NEGATIVT OMFANG

4.4.3 Konsekvens



Figur 4-8 Faresonekart - med markering av romslege grenser for planområde

For byggverk i skredfarleg område skal sikkerheitsklasse for skred fastsettast. Byggverk skal plasserast, dimensjonerast eller sikrast mot skred slik at største nominelle sannsyn i tabellen under ikkje vert overskride.

Sikkerheitsklasse for skred	Konsekvens	Største nominelle sannsyn	Faresone
S1	liten	1/100	Rosa
S2	middels	1/1000	Raud
S3	stor	1/5000	Oransje

S1

Denne klassen gjeld tiltak der skred vil ha liten konsekvens. Dette er byggverk der det normalt ikkje oppheld seg personer, og det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Dette kan for eksempel være mindre garasjar og lagerskur.

S2

Denne klassen gjelder tiltak der et skred vil ha middels konsekvens. Dette kan være byggverk der det normalt oppheld seg anslagsvis maksimum 10 personer og/eller der det er middels økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Eksempel er einebustader, tomannsbustad, fritidsbustad med inntil to einingar, små bygg for næringsverksemd og mindre driftsbygningar i landbruket.

S3

Denne klassen gjelder tiltak der konsekvensen av en skredhendings er stor. Dette er byggverk der det normalt oppheld seg anslagsvis over 10 personer og/eller der det er store økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar.

Døme kan være einestader i kjede/rekkehus med tre einingar eller meir, bustadblokker, brakkeriggjar, næringsbygg, større driftsbygningar, skular, barnehagar, lokale beredskapsinstitusjonar, overnattingssteder og publikumsbygg.

Oppsummering konsekvens

For at faresonene skal vere slik kartet syner, må betongmuren langs Nørvågvegen oppretthaldast. Det manglar mur på ein liten del av strekninga (ved raud og rosa sone). Muren bør supplerast for å oppnå tilfredsstillande sikringsnivå i samsvar med planføremålet.

STOR NEGATIV KONSEKVENNS (- - -) (Gjeld områda som ikkje er beskytta av mur).

4.4.4 Avbøtande tiltak

Supplere muren slik at den vert samanhengande og gir tilstrekkeleg vern i samsvar med føremål i ny reguleringsplan. Evt. andre ras-førebyggjande tiltak. Leggje inn omsynssone i plankartet.

4.5 Trafikksikkerheit**4.5.1 Dagens situasjon***Indre hamn*

Plangrensa ligg i ytterkant av køyrebana på Gerhard Voldnes veg i vest og Nørvågvegen i sør. Tilhøva for mjuke trafikantar i området er dårleg med manglande fortau i Gerhard Voldnes veg og særskilte knappe fortau langs Nørvågvegen. Bebuarar aust for hamna må nytte desse vegane for å kome til sentrum. I gjeldande reguleringsplan kjem Gerhard Voldnes veg med fortau inn i planområdet.

Bedrifta Fosnavåg Pelagic har særskilte trange tilhøve for framkomst og manøvrering på sitt landareal.

MIDDELS VERDI*Ytre hamn*

Dårlege siktilhøve frå Igesundvegen inn mot Fv20. Fortau manglar. Sentrumsområde med mykje bustader Fv20 er tilkomstveg til Nerlandsøya.

STOR VERDI**4.5.2 Omfang av endring***Indre hamn*

Etablering av attraktiv næringskai og nye næringsbygg. Dette vil truleg gi meir aktivitet i planområdet og auka transport til og frå, særleg av store køyrety.

LITE NEGATIVT OMFANG

Ytre hamn

Nye bustadområde og forretningsaktivitet vil gi betydeleg trafikkauke til og frå planområdet.

MIDDELS NEGATIVT OMFANG

4.5.3 Konsekvens

Indre hamn

Auka aktivitet gir noko belastningsauke på vegnettet. Betra tilhøve internt i planområdet.

LITEN NEGATIV KONSEKVENNS (-)

Ytre hamn

Auka aktivitet. Kan vere behov for tiltak på tilgrensande vegnett.

MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS (- -)

4.5.4 Forslag til avbøtande tiltak

Det er i føresegnene til reguleringsplan for ytre hamn sett krav til utarbeiding av belastningsberekningar for trafikk til framtidig aktivitet i planområda, vurdert opp mot kapasitet og sikkerheitstilhøve på tilgrensande vegnett.

4.6 Havnivåstigning og stormflo

4.6.1 Dagens situasjon

Indre hamn

Figur 4-9 Innmålte kaihøgder indre hamn

Planområdet er vurdert som sårbart for havnivåstigning og stormflo. Vurderingane tek utgangspunkt i førekomst av konstruksjonar og aktivitet under kt. 2,6.

MIDDELS VERDI

Ytre hamn



Figur 4-10 Innmålte kaihøgder ytre hamn

Planområdet er vurdert som sårbart for havnivåstigning, stormflo og bølgepåverknad. Vurderingane tek utgangspunkt i førekomst av konstruksjonar og aktivitet under kt. 2,6, samt eksponering mot sjø og vind.

MIDDELS VERDI

4.6.2 Omfang av endring

Indre hamn

Det skal etablerast nye kaier og nye landareal bak desse. Det vert regulert næringsareal jf. gjeldande reguleringsplan. Sannsynleg kan det bli aktuelt å erstatte eksisterande bygningar med nye. Det vert føreset at nye kaier andre utvendige areal skal oppfylle krav til F1 jf. TEK 10 og ha erosjonssikra, fast dekke på minimum kt. 2,40 (NN2000) jf. DSB sine tabellar.

Nye bygningar skal for lågaste innvendig golv nytte returnivå for 200 års stormflo (F2) jf. DSB sine tabellar = kt. 2,60 (NN2000)

LITE NEGATIVT OMFANG

Ytre hamn

Det skal etablerast moloar og nye landareal bak desse. Det vert regulert sjønær busetnad og infrastruktur. Det vert føreset at utvendige areal skal oppfylle krav til F1 jf. TEK 10 og ha erosjonssikra, fast dekke på minimum kt. 2,40 (NN2000) jf. DSB sine tabellar. I tillegg skal det gjerast ei vurdering av eventuelt bølgepåslag.

Nye bygningar skal for lågaste innvendig golv nytte returnivå for 200 års stormflo (F2) jf. DSB sine tabellar = kt. 2,60 (NN2000). I tillegg skal det gjerast ei vurdering av eventuelt bølgepåslag.

Jf. vurdering frå Meteorologisk institutt utarbeidd i samband med utbygging på Vågsholmen (samanliknbar belastning for planområdet i ytre hamn), ser det ut til at særleg bølger frå nordaust kan treffe planområdet. Isolert sett vil ein maks-situasjon leggje til om lag 1m til DSB sine tal for havnivå, men dette må undersøkast nærare.

Registrert havnivå/stipulert havnivå		Bølgjehøgde/netto høgde 60 % av bølga	Høgde sjø (topp bølge) sett i forhold til samanfallande maks havnivå og maks bølge
Registrert maks høgde sjø Fosnavåg	2,04	1,1	3,14
<i>Klimatilpassing Norge for Fosnavåg, 200 års gjentak År 2050 relativt år 2000. 200 års gjenntaksintervall</i>	2,27	1,1	3,37
<i>Klimatilpassing Norge for Fosnavåg, 200 års gjentak År 2100 relativt år 2000. 200 års gjenntaksintervall</i>	2,79	1,1	3,89

Figur 4-11 Havnivå og bølgjehøgde (Vågsholmen)

INTET OMFANG

4.6.3 Konsekvens

Indre hamn

Nye tiltak vert føreset etablert i samsvar med gjeldande krav og vil difor vere sikra. Eldre kaier og bygningar ligg til dels på svært lågt nivå. Her må ein truleg rekne med noko skade.

LITEN NEGATIV KONSEKVENNS (-)

Ytre hamn

Nye tiltak vert føreset etablert i samsvar med gjeldande krav og skal difor vere sikra. Full sikring mot dei høgaste bølgjene i eit 200 års gjenntaksintervall (ved høgaste havnivå) må vurderast, men vil truleg ikkje vere aktuelt eller nødvendig langs heile strandlinja.

INGEN KONSEKVENNS

4.6.4 Forslag til avbøtande tiltak

Krav i føresegnene om at ferdig golv på nye bygg ikkje skal plasserast lågare enn kt. 2,6. I tillegg skal det takast omsyn til bølgepåverknad.

I område der ein må tilpasse seg høgdenivå på eksisterande bygg, uteområde og infrastruktur, kan høgdenivået vurderast senka etter eiga risiko-vurdering. Bygningar og konstruksjonar skal då først opp i material som periodevis toler å bli utsett for vatn. Kote 2,4 vert tilrådd som lågaste nivå i slike høve. Også her skal det takast omsyn til bølgepåverknad.

Bølgjevern/sikring av anlegg må utformast slik at vernet toler dei bølgekraftene som skal dimensjonerast for jf. gjeldande sikringsklasse etter §7-2 i TEK.

4.7 Manøvreringstilhøve i hamn og innløp

4.7.1 Dagens situasjon

Indre hamn

Indre hamn er tilnærma rektangelforma med breidde om lag 150m og lengde 280m. Dagens djupne i indre hamnebasseng er om lag -6m. Innseglingskanalen er tidligare utdjupa til kt. - 7,3. Det er i hovudsak djupna og ikkje snutilhøva som gjer at farty i dag må tilpasse seg tidevatnet eller ikkje kan anløpe hamna.

MIDDELS VERDI

Ytre hamn

Hamnelomme vest for innseglinga kor båtar kan legge til langs ei om lag 100m lang kai. Hamna er om lag 60 m brei. Hovuddjupne er 6,6m. Det vert djupare mot nord og langs nordlegaste del av kaia er det om lag 8m djupt.

MIDDELS VERDI

4.7.2 Omfang av endring

Indre hamn

Utdjuping av hamnebasseng til -8,3m. Deponering av massar bak spuntvegg i indre hamn og bak steinsjete i ytre hamn jf. Kystverket sitt forprosjekt. Etablering av kai langs spuntveggen. Deponiet tek opp ca. 15 % av dagens sjøareal i indre hamn. Dette vil gjere hamna trongare og meir krevjande for manøvrering.

LITE POSITIVT OMFANG

Ytre hamn

Hamna vert borte med etablering av nytt deponi.

STORT NEGATIVT OMFANG

4.7.3 Konsekvens

Indre hamn

Indre hamn vert djupare, men det vert noko mindre areal att til manøvrering i hamna. Kystverket nyttar i sitt forprosjekt dimensjonerande båt (Smaragd) med lengde 67m og breidde 15,8m. Smaragd stikk 7,8m djupt. Kystverket har ikkje funne det nødvendig å køyre simulering av tiltaket. Herøy kommune nyttar ein mindre båt som dimensjonerande (Hunter). Denne båten er 45 m lang og 11m brei.

Etter vurdering frå kystskipper er tilbakemeldinga at båtar på storleik med Hunter ikkje vil ha problem med å manøvrere i Fosnavåg hamn. Det er ein føresetnad at ein har kontroll på tilhøve som kan påverke manøvreringa før ein går inn. Det gjeld mellom anna kva båtar som allereie ligg i hamna, vind og flo/fjøre. Det vil også framleis vere mogleg å legge til kaia på 33/84 (like aust for deponi og spunkai), men truleg kan det vere aktuelt å inngå samarbeid om å nytte den nye spunkaia når den er etablert.

LITEN POSITIV KONSEKVENNS (+)

Ytre hamn

STOR NEGATIV KONSEKVENNS (- - -)

4.7.4 Forslag til avbøtende tiltak

Gode løsninger for kommunikasjon mellom farty og organisering av trafikk på sjø.

4.8 Konsekvensar for barn og unge

Temaet er mest aktuelt for planområdet i ytre hamn.

4.8.1 Dagens situasjon

Ytre hamn

Planområdet er ikkje tilrettelagt for barn i dag og delar av området er farleg og ikkje eigna for opphald.

LITEN VERDI

4.8.2 Omfang av endring

Ytre hamn

Transformasjon til bumiljø.

STORT POSITIVT OMFANG

4.8.3 Konsekvens

Ytre hamn

Krav i føresegnene om tilrettelegging for leikeareal og fortau.

MIDDELS POSITIV KONSEKVENNS (+ +)

5 SAMLA VURDERING AV KONSEKVENSAAR

5.1 Anleggsfase

	TEMA	KONSEKVENNS
Anleggsfase	Grunntilhøve	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Middels positiv (++)</i>
	<i>Ytre hamn</i>	<i>Ingen (0)</i>
	Støy	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Stor negativ (- - -)</i>
	<i>Ytre hamn</i>	<i>Middel negativ (- -)</i>
	Støv, lukt	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Middels negativ (- -)</i>
	<i>Ytre hamn</i>	<i>Middels negativ (- -)</i>
	Trafikksikkerheit	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Liten negativ (-)</i>
	<i>Ytre hamn</i>	<i>Liten negativ (-)</i>

5.2 Varig situasjon

	TEMA	KONSEKVENNS
Varig situasjon	Naturmangfold	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Middels positiv (++)</i>
	<i>Ytre hamn</i>	<i>Liten negativ (-)</i>
	Landskap	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Stor negativ (- - -)</i>
	<i>Ytre hamn</i>	<i>Middel negativ (- -)</i>
	Kulturmiljø	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Stor negativ (- - -)</i>
	<i>Ytre hamn</i>	<i>Liten negativ (-)</i>
	Skred	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Stor negativ (- - -)</i>
	Trafikksikkerheit	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Liten negativ (-)</i>
	<i>Ytre hamn</i>	<i>Middels negativ (- -)</i>
	Havnivåstigning og stormflo	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Liten negativ (-)</i>
	<i>Ytre hamn</i>	<i>Ingen (0)</i>
	Manøvreringstilhøve i hamn og innløp	
	<i>Indre hamn</i>	<i>Liten positiv (+)</i>
	<i>Ytre hamn</i>	<i>Stor negativ (- - -)</i>
Konsekvensar for barn og unge		
<i>Ytre hamn</i>	<i>Middels positiv (++)</i>	

5.3 Kommentar – samla vurdering

Anleggsfase

Grunntilhøva (stabilitet og miljøtilstand) vert betra for indre hamn ved at ein får djupare botn og meir stabil og roleg sandbotn/berg etter mudring. For ytre hamn vert ikkje grunntilhøva rekna som endra.

Støy i anleggsfase har potensiale til å verte eit vesentleg problem og må takast omsyn til. Det er mange bebuarar kring hamnebassenget. Også kring ytre hamn kan folk bli plaga, men her vil truleg ikkje aktiviteten vere like stor.

Lukt kan truleg bli eit problem i anleggsfasen. Prøvene som er tekne opp frå indre hamn luktar ikkje godt. Dette kan det bli utfordrande å gjere noko med. Det kan også bli støv frå dei flyktige massane ein tek opp om desse tørkar ut utan tildekking. Desse tilhøva talar for at ein bør søkje å gjere deponeringsprosessen for dei aktuelle massane så kort som råd slik at tildekking kan ta til.

Trafikksikkerheit vert ikkje vurdert som ei vesentleg problemstilling i anleggsfase då transport og aktivitet for ein stor del vil gå føre seg på sjø. Det vil truleg i periodar vere noko auke på veg og difor noko ulempe.

Varig situasjon

For naturmangfald vert mudring og deponering vurdert som særst positivt for indre hamn då tiltaket betrar tilhøva for artar som lever av og i sjø og sediment. Sannsyn for spreining av kritisk forureining minkar. For ytre hamn vert endringa dramatisk negativ for naturmangfald i sjø og sediment i hamna, men omfanget av skade vil vere relativt lite. Det vil vere potensiale for å betre situasjonen for naturmangfald på landareala.

For tema landskap vil etablering av deponiarealet i indre hamn vere ei betydeleg negativ varig endring. Deponiet legg beslag på 15,5 % av dagens hamneareal og grip inn i staden sin identitet som naturleg hamn forma av samspelet mellom land og sjø. Det same vil vere tilfellet for ytre hamn, men konsekvensen vil ikkje vere like stor her då denne ikkje har same ikoniske verdi i utgangspunktet.

Det heilskaplege kulturmiljøet i hamna vil bli belasta av deponiet. Tiltaket sin skala, struktur og innhald kan vanskeleg tilpassast dei eksisterande kulturminnekvalitetane i miljøet kring indre hamn. For ytre hamn er ikkje verdiane like sterke og dermed konsekvensen mindre.

Begge planen legg opp til meir aktivitet frå planområda og dermed auka trafikk. For indre hamn vert ikkje trafikksikkerheit og situasjon vurdert som vesentleg endra. For ytre hamn gir tilrettelegging for bustader samt publikumsaktivitetar vesentleg trafikkauke frå både køyrande og mjuke trafikantar og situasjonen bør klarerast.

Planområdet i indre hamn ligg i sona for steinsprang frå skrenten sør for planområdet. Delar av planområdet vert tilstrekkeleg sikra av eksisterande betongmur, men muren dekkjer ikkje heile planområdet.

Nye tiltak i planområda vil måtte tilpasse seg krava som gjeld for havnivåstigning og stormflo. Dette vil truleg kunne løysast. Eksisterande busetnad ligg relativt lavt og her vil det kunne vere fare for skade.

Dimensjonerande farty vil greitt kunne manøvrere i hamna også etter etablering av deponi om tilhøva elles ligg til rette (Hamna er ikkje fylt opp av andre båtar o.l.).

6 REFERANSAR OG GRUNNLAGSDATA

Skriftlege og digitale kjelder nytta i analysen:

- Miljødirektoratet, <http://miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>
- Gislink, <http://www.gislink.no/kart/index.html?Viewer=GisLink>
- SVV, <http://www.vegvesen.no/Fag/Teknologi/Nasjonal+vegdatabank>
- NGU, <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>
- Riksantikvaren, Kulturminnesøk - <http://www.kulturminnesok.no/>
- VannMiljø, Miljødirektoratet. <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>
- Miljøgeologiske undersøkelser, 417849-RIGm-RAP-001, Multiconsult.
- Geoteknisk datarapport, 417849-RIG-RAP-001, Multiconsult.
- M-rap-001-Kartlegging av forurenset sjøbunn i Fosnavåg – 24-09-2013. Rambøll.
- M-rap-001-MTGU Fosnavåg-11-5-2015. Rambøll
- M-rap-002-Tiltaksplan mot forurenset sjøbunn i Fosnavåg – Herøy kommune-6-12-2013. Rambøll.
- 417849-RIGm-RAP-001. Miljøgeologiske undersøkelser. Multiconsult 2016.
- 417849-RIG-RAP-001. Geoteknisk datarapport. Multiconsult 2016
- NGI Rapport. Fosnavåg fiskerihavn. 20100182-00-2-R. 13.10.2010.
- Støyvurdering Multiconsult. 415161/01.
- Skredfarevurdering, Asplan Viak, 13.12.2016.



Herøy Kommune

Detaljregulering indre hamn Fosnavåg. Risiko- og sårbarheit

Utgåve: 1

Dato: 18.05.2017

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjevar:	Herøy Kommune
Rapporttittel:	Detaljregulering indre hamn Fosnavåg. Risiko- og sårbarheit.
Utgåve/dato:	1/ 18.05.2017
Filnamn:	Risiko- og sårbarheit. Analyse.docx
Arkiv ID	
Oppdrag:	606432-01–Detaljregulering deponier i Fosnavåg havn
Oppdragsleder:	Yngvild Meinseth
Avdeling:	Samferdsel
Fag	Reguleringsplan
Skrevet av:	Yngvild Meinseth
Kvalitetskontroll:	Skriv inn namn på KS-person
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

FORORD

Asplan Viak har vore engasjert av Herøy kommune for å utarbeide ROS-analyse for planområdet til Detaljreguleringsplan indre hamn – Fosnavåg, Herøy. Planområdet ligg sør i indre hamn. Yngvild Meinseth har vore kontaktperson for oppdraget. Alf Idar Småge, Leif Egil Friestad, Birgit Kathrine Rustad, Kjell Arne Valvik og Sigurd Kjeldstrup har delteke i oppdraget. Kontaktar i Herøy kommune har vore Erlend Sporstøl Vikestrand og Jarl Martin Møller. Vurderingane er delvis baserte på kunnskap om området gjennom synfaringar samt temautreiingar i samband med planprosessen.

Molde, 18.05.2017

Yngvild Meinseth

Oppdragsleiar

Nils Husabø

Kvalitetssikrar

INNHALDSFORTEGNELSE

Bakgrunn.....	4
Analyseobjektet.....	4
Metode	5
Uønskete hendinger og tiltak.....	7
Oppsummering.....	11
Kjelder.....	12

BAKGRUNN

I følge plan- og bygningslova § 4-3 skal myndighetene ved utarbeiding av planer for utbygging sjå til at analyse for risiko- og sårbarheit vert gjennomført for planområdet. Analysen skal syne risiko- og sårbarheit-tilhøve som er viktige for om arealet er egna for føremålet, og eventuelle endringar i slike tilhøve som følge av planlagt utbygging. Denne ROS-analysen skal ivareta dette kravet.

For nærare detaljar om planområdet og planlagt arealbruk vert det vist til planomtalen.

ANALYSEOBJEKTET

Kystverket og Herøy kommune har planar for mudring av hamna i Fosnavåg for å betre manøvrerings- og miljøtilhøva. Hamna har i dag seglingsdjupne på kt. -6. Seglingsdjupna er planlagt auka til kt. -8,3. Samstundes er det ønskeleg å miljømudre den sterkt forureina hamna. Utslepp frå bedriftene kring hamna har sedimentert seg på botnen og etter kvart danna eit betydeleg lag med forureina masse med til dels høgt organisk innhald. Massane er planlagt plasserte i to deponi, eit innerst i hamna i sør (denne detaljreguleringsplanen) og eit i ytre hamn ved innløpet til Fosnavågen (eigen detaljreguleringsplan).

I indre hamn skal deponiet avgrensast med spuntvegg mot hamna. Langs kanten skal det etablerast næringskai. Innføre kaia vert det regulert til næringsføremål med moglegheit for oppføring av næringsbygningar. Gjeldande reguleringsplan skal i størst mogleg grad vidareførast for andre delar av planområdet (næringsføremål).



Figur 0-1 Reguleringsplanområde (varsla grenser) og tiltaksområde for mudring.

METODE

Analysen er gjennomført med utgangspunkt i sjekkliste frå DSB sin rettleiar, ROS i arealplanlegginga. Analysen er basert på føreliggande forslag til reguleringsplan og tilhøyrande temarapportar samt Kystverket sitt forprosjekt for utdjujing av Fosnavåg hamn. I risikovurderingane er det teke utgangspunkt i gjeldande krav.

Moglege uønskete hendingar er sorterte i hendingar som kan påverke planområdet sin funksjon, utforming m.m. (konsekvensar for planen), og hendingar som direkte kan påverke omgivnaden (konsekvensar av planen). Tilhøve som er med i sjekklista, men ikkje er til stades i planområdet eller i planen, er kvittert ut i kolonnen «Aktuelt» og berre unntaksvis kommentert.

Vurdering av **sannsyn** for uønskete hendingar er delt i:

1. Lite sannsynleg – hendelsen er ikkje kjent frå tilsvarende situasjonar/tilhøve, men det er ein teoretisk sjanse

2. Mindre sannsynleg – kan skje (ikkje usannsynleg)

3. Sannsynleg – kan skje av og til; periodisk hending

4. Svært sannsynleg – kan skje regelmessig; tilhøvet er kontinuerleg til stades

Kriterier for vurdering av **konsekvensar** for uønskete hendingar:

	Personskade	Miljøskade	Skade på eigedom, forsyning mm
1. Ubetydeleg	<i>Ingen alvorleg skade</i>	<i>Ingen alvorleg skade</i>	<i>Systembrot er uvesentleg</i>
2. Mindre alvorleg	<i>Få/små skadar</i>	<i>Ikkje varig skade</i>	<i>Systembrot kan føre til skade dersom reservesystem ikkje finst</i>
3. Alvorleg	<i>Behandlingskrevjande skader</i>	<i>Midlertidig/behandlingskrevjande skade</i>	<i>System vert sett ut av drift over lengre tid; alvorleg skade på eigedom</i>
4. Svært alvorleg	<i>Personskade som medfører død eller varig handikap; mange skadde</i>	<i>Langvarig miljøskade</i>	<i>System vert sett varig ut av drift; uoppretteleg skade på eigedom</i>

Tabell 1. Prinsipp for samla risikovurdering som funksjon av sannsyn og konsekvens

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
Sannsyn:				
4. Svært sannsynleg				
3. Sannsynleg				
2. Mindre sannsynleg				
1. Lite sannsynleg				

- Hendingar i raude felt: *Tiltak nødvendig*
- Hendingar i gule felt: *Tiltak skal vurderast ut frå kostnad jf. nytte*
- Hendingar i grøne felt: *«Billege» tiltak skal gjennomførast*
- Tiltak som reduserer sannsyn skal vurderast først. Om dette ikkje gir effekt eller er mulig, skal tiltak som reduserer konsekvensane vurderast.

UØNSKTE HENDINGAR OG TILTAK

Tabell 2. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og mulige tiltak

Hending/situasjon	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Natur- og miljøtilhøve					
<i>Ras/skred/flom/grunntilhøve: Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko for:</i>					
1. Masseras/-skred	Ja	3	3		Det førekjem jamt steinsprang frå skrenten sør for planområdet.
2. Snø-/isras	Nei				
3. Flomras	Nei				
4. Elveflaum	Nei				
5. Tidevassflaum	Ja	4	2		Kai-områder ligg under kt. 2. Nytt terreng og nye bygningar må etablerast på anbefalt nivå jf. DSB sine tabellar.
6. Ustabile grunntilhøve	Ja	4	2		Midlertidig på deponiflata til setningsperiode er avslutta. Framleis usikkert om deponiflata blir eigna som byggegrunn utan peling.
7. Radongass	Nei				
<i>Ver-, vindeksponering. Er området:</i>					
8. Vindutsett	Nei				
9. Særleg nedbørutsett	Nei				Ikkje spesielt
Natur- og kulturområde					
10. Sårbar flora	Nei				
11. Sårbar fauna/fisk	Ja	3	3		Artane fiskemåke og ærfugl er observerte i Fosnavåg (nær trua). Svartbak, skjærpipelærke og gråtrost er også observert (ansvarsartar).
12. Verneområde	Nei				
13. Vassdragsområde	Nei				
14. Fornminne (afk)	Nei				

15. Kulturminne/-miljø	Ja	4	3		Regional delplan for kulturminne. Fleire bygningar kring hamna SEFRAK-registrerte og regulert til bevaring. Samanhengande kystkulturmiljø.
Menneskeskapte forhold					
<i>Strategiske område og funksjonar. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for:</i>					
16. Veg, bru, knutepunkt	Nei				
17. Hamn, kai-anlegg	Ja	4	3		Kaiene i planområdet vert endra/borte. Store konsekvensar for næringsdrivande i anleggsfasen
18. Sjukehus/-heim, kyrke	Nei				
19. Brann/politi/sivilforsvar	Ja	2	4		Det må leggest til rette for tilgjenge for utrykkingskjørety fram til nye kaiar/ny busetnad.
20. Kraftforsyning	Ja	3	2		Det vil vere naturleg å vurdere tilrettelegging for landstrøm for båtar i samband med etablering av ny kai.
21. Vassforsyning	Ja	4	1		Vassleidning til Fosnavaag Pelagic må leggest midlertidig om i anleggsperiode.
22. Avløpsnett	Ja	4	1		Avløpsleidning gjennom hamnebassenget må leggest midlertidig om i anleggsperiode.
23. Forsvarsområde	Nei				
24. Tilfluktsrom	Nei				
25. Område for idrett/lek	Nei				
26. Park, rekreasjonsområde	Ja	4	1		Hamna og mange av kaiene i sentrum kan reknast som rekreasjonsområde.

27. Vassområde for friluftsliv	Ja	4	2		Fritidsbåtar ligg til kai i Fosnavåg. Hamna kan i periodar verte stengd under mudringa. Hamnemiljøet kan verte prega av anleggsperioden.
<i>Forureiningskjelder: Vert planområdet rørt av:</i>					
28. Akutt forureining	Nei				
29. Permanent forureining	Nei				
30. Støv og støy; industri	Nei				
31. Støy; trafikk	Ja	4	1		Støy frå båtar
32. Støy; andre kjelder	Nei				
33. Forureina grunn	Nei				Landareala i planområdet er ikkje påvist forureina i samband med miljøteknisk grunnundersøking.
34. Forureining i sjø	Ja	4	3		Sjøbotnen i planområdet er påvist forureina
35. Høgspenlinje	Nei				
36. Risikofylt industri mm (kjemikalier/eksplosivar, olje/gass, radioaktivitet)	Nei				
37. Avfallsbehandling	Nei				
<i>Medfører planen/tiltaket:</i>					
38. Fare for akutt forureining	Ja	2	3		Ved uhell i anleggsfase eller uønskte hendingar/lekkasjar frå ferdig deponi.
39. Støy og støv frå trafikk	Ja	4	2		Det vil vere støy frå farty i anleggsperioden.
40. Støy og støv frå andre kjelder	Ja	2	2		Dersom deponimassane tørkar ut utan tildekking kan det bli støvproblem.
41. Forureining i sjø	Ja	4	2		Det vil vere risiko for uhell knytt til mudring og

					deponering.
42. Risikofylt industri mm (kjemikalier/ eksplosivar og liknande.)	Nei				
<i>Transport. Er det risiko for:</i>					
43. Ulykke med farleg gods	Nei				
44. Forstyrning for flytrafikk	Nei				
45. Vær/føre reduserer tilgjenge til området	Nei				
<i>Trafikksikkerheit</i>					
46. Ulykke i av-/påkørsler	Nei				
47. Ulykke med gåande/syklende	Nei				
48. Ulykke ved anleggsgjennomføring	Ja	2	3		Risiko må førehandsvurderast. Det må takast omsyn til at anleggsarbeidet går føre seg tett på/i publikumsområde.
49. Andre ulykkepunkt	Nei				
<i>Andre tilhøve</i>					
50. Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	Nei				
51. Er det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken	Nei				
52. Regulerte vassmagasin med særskilt fare for usikker is, endringar i vasstand m.m.	Nei				
53. Naturlege terrengformasjoner som utgjer <i>særskilt</i> fare (stup, etc.)	Nei				
54. Gruver, opne sjakter, steintipper etc.	Nei				

55. Spesielle tilhøve ved utbygging/gjennomføring	Ja	4	2		Mudring, deponering og andre tiltak må tilpassast anna aktivitet i området.
---	----	---	---	--	---

OPPSUMMERING

Tabell 3. Oppsummering

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
Sannsyn:				
4. Svært sannsynleg	21, 22, 26, 31	5, 6, 27, 39, 41, 55	15, 17, 34	
3. Sannsynleg		20	1, 11	
2. Mindre sannsynleg		40	38, 48	19
1. Lite sannsynleg				

Hendingar/situasjonar som er vurdert å være sannsynlege til svært sannsynlege og/eller ha alvorlege til svært alvorlege konsekvensar, krev tiltak, jf. tabell 1. Område med slikt risikonivå vert her kommentert nærmare.

Natur- og miljøtilhøve

Det førekjem jamt steinsprang frå skrenten sør for planområdet. Nesten heile planområdet er sikra av langsgåande betongmur sør for køyrevegen. Sikring må oppretthaldast for oppnå tilstrekkeleg sikkerheitsnivå for veg og bygningar. Delar av planområdet manglar sikring.

Eksisterande kai og bygningar i planområdet ligg lavt i høve til tidevassflaum. Nytt terreng og ny busetnad må etablerast på anbefalt nivå jf. DSB sine tabellar.

Ein bør i vidare planlegging/utbygging søkje å betre tilhøva for sårbare fugleartar.

Vasskvaliteten i hamnebassenget er dårleg og bør utbetrast.

Indre hamn er oppført i Regional delplan for kulturminne. Hamna representerer eit samanhengande kystkulturmiljø. Vidare utvikling bør støtte opp under desse verdiane.

Menneskeskapte forhold

Kaiene i planområda vert endra/borte. Bruksmessige konsekvensar og utforming av nye kaier må avklarast med brukarar/grunneigarar.

Det må leggast til rette for tilgjenge for utrykkingskøyrety fram til båtar som ligg ved kai.

Delar av hamna vert avstengd og prega av anleggsarbeid i lengre periodar i samband med mudring og deponering. Konsekvensar må avklarast med interessentar på førehand.

Sjøbotnen i planområda er påvist forureina. Situasjonen er alvorleg. Tiltaka som er planlagde vil bøte på dette.

Det vil bli støy frå anleggsarbeidet og kanskje også frå anleggsbåtar til kai om natta. Det er bustader tett på hamna. Plan for arbeidet må utarbeidast i samsvar med gjeldande regelverk og formidlast.

Det vil vere betydeleg risiko for spreining av forureina partiklar i anleggsperioden. Det må utførast risikovurdering med utgangspunkt i vald framgangsmåte og planleggast tiltak.

KJELDER

Skriftlege og digitale kjelder nytta i analysen:

- Miljødirektoratet, <http://miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>
- Gislink, <http://www.gislink.no/kart/index.html?Viewer=GisLink>
- SVV, <http://www.vegvesen.no/Fag/Teknologi/Nasjonal+vegdatabank>
- NGU, <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>
- Riksantikvaren, Kulturminnesøk - <http://www.kulturminnesok.no/>
- VannMiljø, Miljødirektoratet, <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>
- Miljøgeologiske undersøkelser, 417849-RIGm-RAP-001, Multiconsult.
- Geoteknisk datarapport, 417849-RIG-RAP-001, Multiconsult.
- M-rap-001-Kartlegging av forurenset sjøbunn i Fosnavåg – 24-09-2013. Rambøll.
- M-rap-001-MTGU Fosnavåg-11-5-2015. Rambøll
- M-rap-002-Tiltaksplan mot forurenset sjøbunn i Fosnavåg – Herøy kommune-6-12-2013. Rambøll
- 417849-RIGm-RAP-001. Miljøgeologiske undersøkelser. Multiconsult 2016
- 417849-RIG-RAP-001. Geoteknisk datarapport. Multiconsult 2016
- NGI Rapport. Fosnavåg fiskerihavn. 20100182-00-2-R. 13.10.2010.
- Skredfarevurdering, Asplan Viak, 13.12.2016.


DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 34, BNR. 379 MFL., I FOSNAVÅG, HERØY KOMMUNE

(TILRETTELEGGING FOR ETABLERING AV MASSEDEPONI)



PLANPROGRAM

29.8.2016



HERØY KOMMUNE

INNHALDSLISTE

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn for planarbeidet.....	3
1.2 Mål med planarbeidet	4
1.3 Planstatus	5
1.4 Planavgrensing	6
2. Planprosess	6
2.1 Forslag til framdrift.....	6
2.2 Medverknad.....	7
2.3 Konsekvensutgreiing (KU) og planprogram	7
2.4 ROS-analyse	7
3. Skildring av planområdet	8
3.1 Lokalisering.....	8
3.2 Arealbruk.....	9
3.3 Landskap.....	10
3.4 Vegetasjon, dyre- og planteliv	11

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Bakgrunnen for planarbeidet er at Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn, frå dagens - 6 meter til – 8.3 meter. Arbeidet er planlagt igangsett i 2017. I samband med mudring av hamna, er det behov for etablering av lokalt deponi for forureina og reine masser.

Kystverket sin plan går så langt ut på å etablere ei tradisjonell steinfylling / molo, der mudringsmassene vert deponert bak moloen. Over massene må det leggjast på eit stabilt topplag, før etablering av dekke for bygging eller etablering av kai.

Deponiet kan utformast på ulike måtar. Endeleg utforming vert prosjektert av Kystverket og vil gå fram av forslag til reguleringsplan.

Vedtak i Kommunestyret - 25.05.2016

Herøy kommunestyre vedtek at det kan etablerast deponi som skissert på kartskisse datert 25.05.2016.

Deponia skal nyttast til mottak av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

Avtalar av økonomisk karakter skal leggjast fram for Herøy kommunestyre for godkjenning snarast råd.

Administrasjonen får fullmakt til å utarbeide, legge ut og annonsere planprogram for etablering av massedeponi på indre hamn. Herøy kommunestyre skal vedta programmet



Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak, vert det sett i gong detaljreguleringsplanarbeid med tanke på tilrettelegging for etablering av massedeponi.

1.2 Mål med planarbeidet

Hovudformålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan som legg til rette for etablering av massedeponi i samband med mudring av Fosnavåg hamn. Det skal planleggast for utfylling og utplanering for næringsareal på land.

Formålet med planprogrammet er å avklare:


- Kva problemstillingar som er vesentlege i høve til miljø, naturressursar og samfunn.
- Kva tema som krev ytterlegare kartlegging og utgreiing.

Vidare skal planprogrammet sikre at konsekvensutgreiinga fokuserer på tilhøve som det er nødvendig å få sett søkjelys på.

Denne saka må sjåast i samanheng med planprogrammet i sak detaljreguleringsplan for gnr. 35, bnr. 31 mfl. i Fosnavåg, datert 2.2.2016.

1.3 Planstatus Reguleringsplan


Området som skal regulerast omfattar del av gjeldande reguleringsplan for Fosnavåg Hamn (godkjent 26.03.2015, plan ID 1515_2012_63).



Figur 1. Utsnitt frå planbase – eksisterande reguleringsplanar i området

Kommuneplanen sin arealdel 2014-2025 (plan ID 201250)

Planområdet er i vist som regulert i kommuneplanen sin arealdel. Planen vart godkjent i kommunestyret 30.10.2014, plan ID 201250).



Figur 2. Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel

1.4 Planavgrensing

Planområdet er avgrensa som vist på kartutsnittet nedanfor. Området på om lag 22,5 daa.



Figur 3. Avgrensing av planområdet

2. Planprosess

2.1 Forslag til framdrift

Varsel om oppstart av reguleringsplan og utlegging av planprogram var gjort i juni 2016, og det er pr. i dag skissert følgjande framdrift i planarbeidet:

Aktivitet	Ca. tidsplan
Planprogram og varsel om oppstart vert sendt ut på høyring. Frist 6 veker	Juni-juli 2016
Planprogrammet vert justert. Vedtak i kommunestyret.	August-september 2016
Utarbeiding av konsekvensutgreiing og reguleringsplan	Juni – november 2016
Sakshandsaming – reguleringsplan ut til offentlig ettersyn	November 2016
Reguleringsplan med konsekvensutgreiing ut til offentlig ettersyn (6 veker)	Desember 2016-januar 2017
Revisjon av planforslag etter høyring	Februar-mars. 2017
Vedtaksprosess, handsaming i formannskap og kommunestyre	April-mai 2017

Skissert framdriftsplan er usikker. Justeringar vil bli gjennomført under vevs i planarbeidet.

2.2 Medverknad

Det vert lagt opp til medverknad på fleire nivå under planprosessen. Ein ønskjer god kontakt med fylkeskommune, fylkesmann og andre regionale mynde og høyringsorgan, berørte partar, interessegrupper og andre.

Annonsering av oppstart av planarbeidet skjer samstundes med at planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn (6 veker). Kommunen skal på bakgrunn av innkomne uttalar/merknader, fastsetje endeleg planprogram for plan- og utgreiingsarbeidet. Det skal gjerast greie for innkomne uttalar og merknader og korleis desse er vurdert og ivaretekne i planprogrammet. Planprogrammet skal vedtakast av kommunestyret.

Informasjon og medverknad elles i planprosessen vil bli sikra på vanleg måte ved offentleg ettersyn. Som del av planarbeidet vil det bli halde folkemøte der grunneigarar, naboar, organisasjonar og «særskilde» grupper vil bli innkalla.

2.3 Konsekvensutgreiing (KU) og planprogram

Herøy kommune har vurdert tiltaket etter «Forskrift om konsekvensutredning for plan- og bygningsloven» og har konkludert med at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing.

Planen fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing, jf. forskrifta, § 2, bokstav d) og f. Området er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd.

Konsekvensutgreiinga skal ta opp tema naturmangfald, landskap, forureining (både under og etter anleggsfasen, herunder forureining av sjø og land, støy, støv og lukt), beredskap og ulukkesrisiko, trafikktryggleik i anleggsperioden, havnivåstigning, stormflo og grunntilhøve. Eit tema skal også vere korleis planen påverkar manøvreringsromet i hamna etter at deponi/molo og nye kaianlegg er etablert. Det kan kome til fleire moment som følgje av planprosessen.


2.4 ROS-analyse

Analysen skal avdekke farar og kome med framlegg til tiltak som kan hindre at uønskte hendingar skjer.

3. Skildring av planområdet

3.1 Lokalisering

Planområdet ligg i ytre del av Herøy kommune, nærare bestemt Fosnavåg sentrum. Fosnavåg er kommunesenteret i kommunen, som er ei av dei største fiskerikommunene i landet. Hamna er ein fin stoppestad før og etter Stadt. Frå planområdet er det kort veg til nesten alle sentrumsfunksjonar.



Figur 4. Lokalisering av planområdet



Figur 5. Planområdet sett frå lufta (foto: Harald M Valderhaug)



Figur 6. Planområdet sett frå lufta

3.2 Arealbruk

Store delar av arealet innanfor plangrensa er sjøområde som ikkje er bebyggt/utfyllt. Fosnavåg Pelagic sine lokaler ligg nær til området og tiltaket legg til rette for vidareutvikling av bedrifta. Det er fast produksjon i lokala det siste året.



Figur 7. Avgrensing av planområdet (skravur) med deponiområde (raud flate)

Det er planar om å leggje til rette for utviding av industriareal, molo og kai innanfor området. Kai, trafikkareal, industriareal og ferdselsområde vil og vere naturlege formål i planen.

3.3 Landskap

Landskapet på Bergsøya er eit strandflatelandskap forma av is og hav. Kystlinja er dominert av bratte svaberg med innslag av langgrunne strender. Busetnaden er konsentrert til lune vikar og hovudvekta av strandlinebusetnad ligg i det lune området mot Straumane og Leinøya. Store delar av Bergsøya består av ope lende, med innslag av skogsområde og litt dyrka mark. Sørsida er relativt flat og dominert av eit større våtmarksområde i tilknytning til Myklebustvatnet. Nordsida av øya, der planområdet er lokalisert er dominert av eit aust/vest-gåande høgdedrag med bratte fjellsider og med fjellplatå på over 200 moh.

Planområdet ligg inne i hamneområdet.



Figur 8. Plassering av planområdet

3.4 Vegetasjon, dyre- og planteliv

Ingen særskilte registreringar.

3.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor området.

3.6 Landskap og jordvern

Det er ikkje registrert viktige naturtypar, friluftsområde, kulturlandskap eller artsdata innanfor planområdet.

3.7 Forureining (støy, luft og vatn)

Det kommunen kjenner til er det registrert forureining innanfor området.

3.8 Lokalklimatiske forhold

Området er ikkje særskilt utsett til i høve til vind og bølger.

3.9 Risiko for havstigning

Området kan vere sårbart for ekstremver inkl. havnivåstigning.

Fosnavåg 29.08.2016.
Erlend Sporstøl Vikestrand



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/1037
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
210/17	Formannskapet	28.11.2017

OMREGULERING FRÅ PARKERING TIL PARK/LEIK. HØYRING/OFFENTLEG ETTERSYN.

Tilråding:

Med heimel i § 12-10 i plan- og bygningslova vedtek Herøy formannskap å legge framlegg til reguleringsendring frå parkering til park/leik, datert 21.11.2017, ut til offentlig ettersyn.

Særutskrift:

Vedlegg:

- 1 solparken21112017
- 2 Planomtale for Solparken, 21.11.2017
- 3 Reguleringsføresegner for Solparken, 21.11.2017
- 4 Fosnavåg_Skisseprosjekt_Plan+Beskrivelse_2017-11-21
- 5 Offentlig høring - høringssvar
- 6 Uttale frå Eldrerådet 08.05.17
- 7 Omregulering frå parkering til park / leik i Fosnavåg sentrum - Varsel om oppstart - Uttale sendt fra Statens vegvesen
- 8 Områderegulering - reguleringsplan - frå parkering til park/leik i Fosnavåg sentrum - fråsegn ved varsel om oppstart.
- 9 Omregulering frå parkering til park/leik i Fosnavåg sentrum
- 10 Merknader frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal - reguleringsplan frå parkering til leik/park
- 11 Omregulering frå parkering til park/leik

Samandrag av saka:

I F-sak 69/17 den 25.04.17 vart det vedteke å starte opp planarbeid med sikte på å omregulere føremål ved Valaker til føremål offentleg parkområde/leik.

Det er kome inn 7 innspel til varsel om oppstart.

Eit planforslag med tilhøyrande føresegner og planomtale ligg føre. I tillegg har arkitektane Ghilardi+Hellsten utarbeidd ei skisse med beskriving som er grunnlag for vidare planlegging av området. Skissa viser kva slags funksjonar vi ynskjer å legge til rette for i Solparken og korleis vi tenkjer at området skal fungere.

Rådmannen rår til at planforslaget og tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring/offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Saksopplysningar:

Til varsel om oppstart er det kome inn 7 innspel. Desse finn du vedlagt til saka. Her er ein kortversjon av innspela og vår kommentar til desse:

1. Kristin Tysse, privatperson, Myklebust, 28.4.2017

Tysse meiner at leikeparken som var laga til der sist, var lite interessant for barna og heller ikkje laga etter forskrift for leikeplass. Ho meiner det oftast er fullt på alle parkeringsplassar i sentrum og at det fortsatt kan vere parkeringsplass, eller så må ein lage til ein skikkeleg leikeplass med god kvalitet, helst innegjerda.

Kommentar: Leikeplassen som var laga til sist var midlertidig. Ein satsar på høg kvalitet og ein attraktiv stad. I tillegg skal den fungere som både park og leik, slik at den vert attraktiv for fleire brukargrupper.

2. Eldrerådet, 8.5.2017

Eldrerådet støttar omreguleringa i Solparken. Dei ber om at eldre blir tatt med i vurderinga av tilrettelegginga av parken. Dei viser til at dei tidlegare har peika på at

forhold for eldre ikkje er med i dei gjennomgåande perspektiva i kommuneplanen, og ber som at eldre/funksjonshemma sine behov og synspunkt vert ivaretatt.

Kommentar: Det er eit viktig signal at eldrerådet støttar omreguleringa. Særleg er det ei viktig tilbakemelding frå dei eldre i dialogen om parkering i sentrum. Vi er einig i at det er svært viktig at plassen vert gjort attraktiv for dei eldre. Dette vil bli tatt med i planlegginga. Skisser for området vil bli gjort kjent og eldrerådet vil få muligheit til å kome med vurdering/innspelel.

3. Statens vegvesen, 1.6.2017

Ingen særskild merknad og/eller innspel til varsla reguleringsarbeid.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune, 26.5.2017.

Fylkeskommunen er positiv til tiltaket og håper ein legg opp til eit innhald slik at ein kan møtast på tvers av generasjonar og kulturar. Dei rår til at synspunkt frå kulturavdelinga vert tekne med i den vidare planlegginga. Ein bør sjå områda i ein samanheng. Trafikksikkerheit for dei mjuke trafikantane må takast i vare i området kring park/leikeplass.

Aksen frå rådhustrappa til brygga bør dyrkast vidare til ein hyggeleg gangpassasje med kvalitetar. Han bør ha preg av einskap i detaljar slik at han vert synleggjort. Rådhuset er foreslått teke med i kulturminneplanen. Det er ikkje eit "paradebygg", men har offentleg tilgjengelege tenester til folk flest i eit nøkternt, lett tilgjengeleg bygg.

Kommentar: Fylkeskommunen ber oss om å vere spesielt merksam på funksjon for området og at aksen og trappa til rådhuset vert spesielt arbeidd for å synleggjere og bruke til gangareal. Dette innspelet er tatt med vidare for innarbeiding i skisser. Ein har fokus på trafikktrygging for mjuke trafikantar, særleg i høve viktige gangaksar frå omliggande parkering mm. Vi innarbeider dette i skissene.

5. Jon-Arne og Karen Lillebø, Ekko Eigedom, motteke 27.6.2017

For dei ser det ut til at planane kan kome i konflikt med visse mulegheiter til å utvikle Ekko Eigedom.

Lillebø har plan om å sette inn vindaug på veggen mot den nye parken og ser at det kan kome i konflikt med eit eventuelt tak inn mot Ekkoveggen.

Dei meiner planen kjem i konflikt med deira biloppstillingsplassar og forslår som løysing å bygge ei dobbelgarasje langs Ekko-veggen mot park-/leikeområdet med utkøyring i begge endar.

Kommentar:

Konflikt tak/vindu:

Eitt av skisseforslaga til Ghilardi+Hellsten viste eit bygg/klimatisk rom der vegg og tak låg inntil Ekko-veggen. Det er i hovudsak to grunnar til at vi har gått vekk frå dette alternativet: Vi ser at det vil bli konflikt med tilkomst for varelevering om vi byggjer att området. I tillegg vil eit bygg krevje meir drift og vedlikehald enn ein open plass. Kommunen sitt noverande planforslag for området kjem såleis ikkje i konflikt med eller i berøring med veggen på Ekko-bygget.

Konflikt med Ekko sine biloppstillingsplassar:

Lillebø viser til arealet mellom Ekko-bygget og bygget der Nordea held til. Dette området ligg utanfor det området vi no regulerer og er såleis ikkje i konflikt med planområdet for Solparken. Området som Lillebø viser til er per i dag regulert til gangfelt og forretning/kontor, men tidvis parkerer folk bilane sine langs veggen til både Ekko-bygget og Nordea-bygget. Arealet som Lillebø ynskjer makebyte for, er i planforslaget regulert til offentleg føremål park/leik. Av skissa ser vi at her er tenkt eit gangareal med høve til inn- og utkøyring for varelevering. Dersom vi skal legge til rette for privat føremål på delar av eit offentleg fellesareal bør der vere vektige grunnar til det. Solparken er ikkje større enn det som trengs for dei funksjonane som ein ynskjer at parken skal omfatte inkludert gangareal. I tillegg vil privat tilkomst for bil i begge retningar vere negativt for tilkomsten inn til parken for mjuke trafikantar, då bilane må køyre på og/eller krysse gangareala. Det omsøkte området er i dag regulert og utbygd til gangareal og veg. Området som vert søkt erstatta/makebyte er ikkje regulert til privat parkering og heller ikkje gjenstand for denne reguleringsendringa. Vi kan ikkje sjå at her er vektige grunnar for å vurdere makebyte som foreslått.

6. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 28.6.2017

Fylkesmannen applauderer Herøy kommune sin vilje til å prioritere område for park/leik innanfor sentrum av Fosnavåg. Dei er nøgde med at universell utforming vert lagt til grunn for planen. Dei trur at tiltaket vil bidra til meir folkeliv i sentrum av Fosnavåg og viser til veileidar M100-2014 for gode innspel til planprosessen vidare.

7. Fortuna AS, 19.7.2017

Dei eig Fortuna-bygget der Valaker held til og legg inn protest mot omregulering av parkeringsplass til park. Dei meiner at eigeidomen blir vesentleg forringa utan parkeringsplass og at det blir svært vanskeleg å drive både butikk- og kafedrift i lokala. Dei meiner at omreguleringa vil gå hardast utover Valaker som er heilt avhengig av at kundane får parkere nærast mogleg. Konditoriet blir dagleg nytta av mange eldre og personar med bevegelseshemmingar. I verste fall vil Fosnavåg miste ein kjærkommen samlingsplass for både lokale og tilreisande. Dei foreslår som eit kompromiss at halvparten av parkeringsplassen blir omgjort til park og resten forblir parkering.

Kommentar:

Vi gjer merksam på at det ikkje er nokon private, men offentlege parkeringsplassar som no vert omregulert. Kva effekt endringa vil få for butikken og kafeen, får vi ikkje vite med sikkerheit før tiltaket er realisert. Idéen er at her skal bli ein stad for fleire å opphalde seg og setje seg ned. Når fleire oppheld seg her over litt tid vil ein ha behov for mat og drikke. Ein kafé plassert så sentralt i forhold til eit godt uteopphaldsareal, trur vi vil verte ein vinn-vinn situasjon for både kafeen og for folk i parken. Vi ser for oss at eit opphald i parken også vil gi muligheit til å ta ein kik innom dei mest nærliggande butikkane, til dømes medan barna leiker.

Argumentet om at Valaker er heilt avhengig av at kundane får parkere nærast mogleg, meiner vi ikkje kan stemme. Parkeringsanalyser viser at parkeringsplassen ved Valaker ofte er 100 % belagt med parkering før Valaker opnar kl 09:00 og at bilane står her meir eller mindre heile arbeidsdagen.

Planforslaget:

Arealet for omreguleringa er vist på kart datert 21.11.2017.

Planområdet omfattar to føremål:

1. Anna uteopphaldsareal; Park/leik
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur; køyreveg.

Reguleringsføresegner datert 20.11.2017 høyrer til plankartet. Føresegnene omfattar dei to aktuelle føremåla.

Planomtalen for Solparken, datert 21.11.2017, beskriv føremåla i parken nærare.

Den vedlagde skissa over parken viser eit forslag til møblering av parken og korleis dei ulike funksjonane er tenkt ivaretatt.

Skissa viser blant anna:

- Gangvegtraséar rundt og internt i parken
- tilkomst for varelevering
- ryddeområde/serveringsbord Valaker
- sitjeplassar
- vassleik/fontene
- leikesone for dei aller minste
- areal for scene/opptreden
- Tre og plantar
- vindmølar
- solur
- sykkelstativ

Bakgrunn

Forslaget om å gjere parkeringsplassen ved Valaker om til park-/leikeområde, er eit resultat av byutviklingsprosjektet i Herøy kommune. Fosnavåg har fleire butikkar i sentrum med gangavstand, men ingen park eller opphalds-/leikeområde nede i sentrum. Det er vérhardt i Fosnavåg og plassen er valt ut frå sine vérmessige fortrinn. Her er solrikt, og i større grad enn andre alternativ i sentrum, er plassen meir skjerma for vind.

Kva brukargruppe skal parken leggest til rette for?

I fjor (2016) vart det gjennomført eit prøveprosjekt der parkeringsplassen vart gjort om til leikeplass med sitjebenkar. Når vi no ynskjer å legge til rette for eit permanent park-/leikeområde, er det viktig at den er attraktiv for ei brei gruppe brukarar og at materiala er av estetisk og god/haldbar kvalitet. Parken skal vere tiltalende og funksjonell. Vi ynskjer å utforme parken slik at alle skal føle seg velkomne.

Trafikktrygging

Det skal vere enkelt og trygt å kome seg til/frå parken. Som trafikktryggingstiltak utanfor reguleringsplanområdet foreslår vi difor å etablere to oppheva gangfelt over Rådhusgata og endring av dekke på bilvegen mellom desse to gangfelta.

Det er ikkje lagt til rette for biltrafikk innanfor parkområdet, med unntak av varelevering til bygget til Fortuna AS (Valaker og butikk Gudrun Remøy).

Det er i dag utbygd gangveggar rundt heile parkområdet. Desse tenkjer vi å behalde. I tillegg ynskjer vi å legge til rette for kryssing for gåande og syklande på tvers av parken (sjå skisse). Dette vil vere snarveggar for dei gåande og i tillegg vil det vere med å gi liv til parken når gåande kan gå gjennom og ikkje treng å gå rundt parken.

Seks gjennomgåande perspektiv og ein visjon om berekraftig sentrumsutvikling.

I kommuneplanen er det vedtatt seks perspektiv som skal vere gjennomgåande satsingsområde i all kommunal aktivitet. Desse er:

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

I saksutgreiinga til vedtak om oppstart (F-sak den 28.04.2017) gjorde vi greie for kva som kan ligge i desse begrepa. Vi tatt med oss perspektiva gjennom utarbeidinga av skissa for parken. Beskrivelsen av skissa og enkeltelementa i parken speglar og forklarar korleis perspektiva er tatt i vare. Sjå vedlegg "Beskrivelse av Solparken".

I byutviklingsprosjektet for Fosnavåg er visjonen om ei berekraftig sentrumsutvikling sentral. Når vi ynskjer eit berekraftig sentrum ynskjer vi kanskje desse tinga:

- Ein stad der det er lett å bevege seg og kome seg fram utan bil
- Ein stad der det er lite luftforureining
- Ein stad der byggjeområde vert godt nytta
- Ein stad med grønne lunger å opphalde seg i
- Ein stad utbygd med fornybare material og naturlege material
- Ein stad som brukar fornybar energi
- Ein stad for alle uavhengig av sosial status og økonomi

Det er ei målsetjing at Solparken skal vere lett å kome til og frå for mjuke trafikantar. Vidare ynskjer vi å utforme parken slik at den speglar berekraftsbegrepet godt, i form og innhald. Les meir om korleis i "beskrivelse av Solparken" som er vedlagt.

Vurdering

Reguleringsplan, føresegner og planomtale er dei formelle dokumenta i saka. I skissa og beskrivinga vert prinsippa og intensjonen med parken forklart på ein meir inngående måte. Vi ynskjer å syne skissa og beskrivinga ilag med plankartet, føresegnene og planomtalen. Dette håper vi vil gi ei god forståing av kva parken/leikeområdet skal innehalde. Vi håper dette vil gjere det lettare å kome med tilbakemeldingar på planforslaget. Vi ynskjer også innspel på element vi ikkje har tenkt på til no.

Rådmannen rår til at planforslaget med tilhøyrande dokument vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring slik dei no ligg føre.

Fosnavåg, 21.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann


Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth



TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)



Anna uteopphaldsareal

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)



Køyreveg

Linjer og tekst

--- Planen si avgrensing

— Formålsgrense


Abc Påskrift feltnavn

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart: Geovekst
 Dato for basiskart: 04.09.2017
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
 Høgdegrunnlag: NN 2000

Ekvidistans 1m
 Kartmålestokk 1:1000 (A3)



HERØY
kommune

AREALPLAN ETTER PBL AV 2008

Solparken

Nasjonal arealplan-ID
201713

Plantype:
Detaljplan

Forslagsstillar:
Herøy kommune

Saksnr i saksbehandlingssystem:
2013/519

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Kunngjeringsdato for planvedtak:

Dato for siste revisjon av plankart: 21.11.2017

Behandlingsorgan

Motesaksnr Dato Sign

Planvedtak:

Høring og offentlig ettersyn frå/til:

Kunngjering av oppstart av planarbeidet:

Formannskapet

F-sak 69/17

25.04.2017

TR

PLANEN ER UTARBEIDD AV:

Herøy kommune/Utviklingsavdelinga



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Planomtale for Solparken



Plankonsulent: Utviklingsavdelinga i Herøy kommune
Tiltakshavar: Herøy kommune
Type plan: Detaljplan etter plan- og bygningslova 2008
Rapport: Planomtale Solparken
Referanse: Sak 2017/1037
Dato: 21.11.2017



Innholdsliste

1. Bakgrunn for planarbeidet

1.1 Føremålet med planarbeidet

1.2 Tiltakshavar, eigarforhold

2. Planområdet

2.1 Lokalisering og planavgrensing

3. Planprosess og rammer

3.1 Planprosess

3.2 Eksisterande reguleringsplan

4. Planforslaget

4.1 Planen sitt innhald

4.2 Arealstorleik

4.3 Beskriving av føremåla

5. Konsekvensar av planforslaget

5.1 Vurdering av planprogram og konsekvensutgreiing

5.2 Endringar i arealbruk



1. Bakgrunn for planarbeidet

1.1 Føremålet med omreguleringa

Føremålet med omreguleringa er å gjere om parkeringsplassen ved Valaker i Fosnavåg sentrum til park-/leikeområde.


Planforslaget er ei detaljregulering etter plan- og bygningslova 2008.

1.2 Tiltakshavar, eigarforhold

Tiltakshavar for prosjektet er Herøy kommune. Utviklingsavdelinga i Herøy kommune er utførande konsulent. Herøy kommune eig størsteparten av planområdet. Ein mindre del er eigd av Skipsregneskap AS.

2. Planområdet

2.1 Lokalisering og planavgrensing



Figur 1 Kartutsnitt som viser planområde og reguleringsføremål.

Planområdet er om lag 1,5 daa og er lokalisert i Fosnavåg sentrum ved Valaker. På motsatt side av bilvegen i sørvest ligg rådhuset. Området er avgrensa i søraust mot vegggen til Ekko-bygget, i nordaust mot bygget til Fortuna AS (butikk Gudrun Remøy og Valaker), i nordvest mot Sparebank1 og i sørvest mot bilvegen i Rådhusgata.




3. Planprosess og rammer

3.1 Planprosess

Vedtak om oppstart av omregulering vart gjort i formannskapet i f-sak 69/17 den 25.04.2017. I samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 vart det sendt brev til aktuelle partar og offentleg mynde den 19.05.2017, med first for innspel den 03.07.2017. Oppstart vart annonsert i Vestlandsnytt den 28.04.2017 og kunngjort på Herøy kommune sine nettsider. Det er kome inn 7 innspel som følgje av oppstartsvarsel.

3.2 Eksisterande reguleringsplan

Reguleringsplanen inneber ei reguleringsendring i reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, plan ID 198701.



Figur 2 Eksisterande reguleringsplan

Planområdet består i dag av parkeringsplass med 30 plassar og omliggande gangvegar

4. Planforslaget

4.1 Planen sitt innhald

Planforslag og føresegner er datert 21.11.2017.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for eit park- og leikeområde i sentrum

Planforslaget legg til rette for to arealføremål:



§ 12-5 nr 1: Bygningar og anlegg

SOSI-kode 1690: Anna uteopphaldsareal; Park/leik

§ 12-5 nr 2: Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

SOSI-kode 2011: Køyreveg.

Arealføremåla er vist på reguleringsplankartet med tilhøyrande reguleringsføresegner.

4.2 Arealstorleik

Anna uteopphaldsareal, park/leik er på 1,5 daa

4.3 Beskrivelse av føremåla

Anna uteopphaldsareal; Park/leik

Området er valt ut frå si beliggenheit. Området ligg sentralt, her er gode solforhold og bygningsfasadane rundt plassen gir ein del vern mot vinden. Her skal leggst til rette for ein bypark med sitjesoner og forskjellige element som høyrer naturleg til i ein bypark. Her skal etablerast element som kan fengje interesse og nyttast til leik.

Køyreveg

Vegen er del av køyreveg i Rådhusgata som ligg inntil parken.

5 Konsekvensar av planforslaget

5.1 Vurdering av planprogram og konsekvensutgreiing

Utviklingsavdelinga har ut frå type plan, storleik, funksjon og utforming vurdert det slik at reguleringsendringa ikkje vil få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Ein vurderer det slik at det difor ikkje vil vere naudsynt med utarbeiding av planprogram etter PBL § 4-1 eller konsekvensutgreiing etter PBL § 4-2.

5.2 Endringar i arealbruk

Planforslaget medfører endring i reguleringsplan for Fosnavåg sentrum Plan-ID 198701.

Reguleringsendringa medfører følgjande endringar innanfor plangrensa:

- Tidlegare område P3 (Parkering) vert erstatta med nytt P/L (Park/leik)
- Delar av tidlegare område GS (Gang-/sykkelveg) vert erstatta med nytt P/L (Park/leik)
- Tidlegare område kjørevei vert erstatta med same føremål V1 (køyreveg)

Innanfor parkområdet skal gang-/sykkelveg etablerast både rundt og gjennom parken.

Varetransport er tillatt i gangsoner nærast Ekko-bygget og framfor Fortuna-bygget (Valaker og Gudrun Remøy).

Reguleringsføresegner for Solparken i Fosnavåg sentrum

Plan-ID: 201713

- § 1 Generelt
- § 1.1 Disse reguleringsføresegnene gjeld for område vist med reguleringsgrense på plankart datert 21.11.2017.
- § 1.2 Planen er ei reguleringsendring innanfor reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, Plan-ID 198701.
- § 1.3 Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.
- § 2 Reguleringsføremål
Området innanfor planen er regulert til to føremål
1. Anna uteopphaldsareal
 2. Køyreveg
- § 3 Arealbruk
- a. Anna uteopphaldsareal er eit offentleg park-/leikeområde. Gang- og sykkeltrasé skal etablerast både rundt og gjennom parken. Gangarealet nærast veggen til Ekko-bygget kan nyttast for varelevering til Fortuna AS sitt bygg. Området skal leggest til rette for opphald og leik. Området utanfor Valaker skal særleg tilretteleggast med tanke på muleg uteservering/naturleg ryddesone for Valaker.
 - b. Køyreveg V1 er kommunal bilveg i Rådhusgata. Her kan etablerast fartsreducerande tiltak i samband med etablering av park-/leikeområde.

Utviklingsavdelinga, Fosnavåg, 21.11.2017.

FOSNAVÅG


“SOLPARKEN”

SKISSEPROSJEKT


21.11.2017

Solplassen skal bli et aktivt og lekent byrom som samler aktiviteter både for barn og voksne. I stedet for et åpent torg er solplassen fylt av romlige strukturer som inviterer til ulike typer av bruk både til hverdag og fest. Som et overordnende tema skal plassen by på innovasjoner og opplevelser som bidrar til å oppleve ulike ‘realfaglige’ installasjoner. Ved å blande ulike typer aktiviteter er det tenkt at plassen ikke skal føles tom selv om det til daglig ikke er alltid er store evenement. Konsept for Solplassens utforming baserer seg på de 6 perspektivene fra kommuneplanen:


FOLKEHELSE
UNIVERSELL UTFORMING
BARN OG UNGE
LIKESTILLING
VERDISKAPING
MILJØ OG KLIMA



0. SITUASJON




De naturlige aksene fremheves ved hjelp av plassens rektangulære form. Naturlige flytlinjer bevares diagonalt gjennom plassen.




Bygulvet (1) Formaliserer plassens forhold til byen og omkringliggende bygg,
Kjernen (2) Samler ulike funksjoner og aktiviteter. De ulike sonene tematiseres etter beliggenhet.

I. PLAN



Skala 1:200 (A3)



II. ELEMENTER


Plassen er basert på to komplimenterende elementer – bygulvet (1) og aktivitetsskjernen (2).

Bygulvet (1) består av et klassisk stenbelegg som markerer hovedaksene i byen og formidler møter med de omkringliggende fasadene, ikke minst inngangen til rådhuset. Denne overflaten er åpen og fleksibel og tillater fri flyt mellom målpunkter inkludert uttrykning, service og vareleveringer til bedrifter med bil.

I kjernen (2) samles flere lekfulle elementer, møbler og planter på en sammenhengende flate. De ulike funksjonene kobles gjennom et sirkulært mønster som blander innholdet uten å miste et overordnet formelt grep. De naturlige aksene fremheves ved hjelp av plassens rektangulære form. Naturlige flytlinjer diagonalt gjennom plassen opprettholdes. Flaten er tenkt støpt i lys betong med innslag av tre og detaljer av stål.






— Beskrivelse

— Dimensjon




II. OBJEKTER

Som et verktøy for å samle og systematisere de ulike møblene og aktivitetene presenteres en katalog av multifunksjonelle elementer som foreslås integrert i designen av kjernen. Disse 'realfaglige' elementene har alle som ambisjon å bidra til et sikkert, lekent og stimulerende byrom. Tilsammen byr de på varierte muligheter for å bruke Solplassen både for aktive brukere eller tilskuere. De fleste elementer fungerer som møbler utover sin grunnleggende funksjon og inviterer til at flest mulig ulike brukere kan finne en plass i solen.



Objekt 01



“SOLUR”



Beskrivelse

Soluret representerer en av de eldste og mest fundamentale 'realfaglige' instrumentene. Plassert i midten av solplassen og i krysset mellom plassens diagonaler, er den et naturlig sted å møtes og studere solens og tidens gang. Platen støpes i betong og detaljer markeres i syrefast stål.

Dimensjon



Referanser




Menneskelig solur
Bexhill-on-Sea



Jacob Javits Plaza
Martha Schwartz
New York


“SPIRAL”



— **Beskrivelse**

Spiralen er en leken sitteplass plassert i direkte nærhet til Valaker. Her kan barn og unge leke mens andre drikker kaffe. Den kan også brukes som talerstol under ulike evenement. Dens ikoniske form er fremtredende i parken og kan eventuelt også formes til å brukes som sklie.

— **Dimensjon**



— **Referanser**



Dansk Paviljong
BIG
Expo Shanghai 2010




CoFuFun Plaza
Nendo
Nara

Objekt
03

“SERVERINGSGULV”



— Dimensjon



— Beskrivelse

Gulvet fremfor Valaker er reservert servering. Plassen er omringet av enkle benker og har også plass til et antall bord med stoler (28 stk.) Fremfor butikken finnes også en mindre flate som kan brukes til torgaktiviteter.

— Referanser




Betong benk med treinnslag




Metallspor integrert i belegg

“SVABERG”



— Dimensjon



— Beskrivelse

Utøver vanlige benker finnes også en ergonomisk formet polert betongplate for mere uformelle møter. Her kan brukere legge seg ned for å nyte solen, lese en bok eller ha piknik. Platen har Wifi dekning og kan tenkes oppvarmet under de kalde årstidene.

— Referanser



Lungo Mare
Landscape furniture
EMBT Arquitectos




Fungus Chairs
MAD Architects




Objekt 05

“VANN SPEIL”



— Dimensjon



— Beskrivelse

Vannspeilet er et av hovedelementene på solplassen og er et tydelig plassdannende element. Plassert ved siden av hovedaksen mellom rådhuset og Vågen bidrar den estetisk samtidig som den reflekterer sollys på plassen. Vannspeilet har steiner i overflaten som inviterer til å «øyhopping» fra den ene siden til den andre. Den kan også utrustes med interaktive pumper der brukere kan bidra til å gjøre effekter i vannflaten slik at elementet får en utvidet lekfull dimensjon. Hele vannspeilet avgrenses av en sittebenk.

— Referanser




Serpentine Pavilion
Herzog & De Meuron
London



Stravinsky Fontene
Jean Tinguely + Niki de Saint
Phalle
Paris

“AKTIVITETSGULV”



— Dimensjon



— Beskrivelse

Aktivitetsgulvet mot Ekkobygget er det største åpne arealet på plassen. Her tilrettelegges det for å opptredener, utekino på vegg eller man kan rigge en scene etter behov. Plassen utrustes med lys og høyttalere for også å muliggjøre spontane evenement. Det bueformede arealet er tilrettelegger for at man kan sette opp midlertidige benker i en amfi-/tribune form.

— Referanser




CoFuFun Plaza
Nendo
Nara




Israels plads
COBE
København

“BABY BOO”



— Dimensjon



— Beskrivelse

Valaker plassen er omringet elementer som er tilpasset de aller minste brukerne. Det er soner i direkte tilknytning til kafeen som gir god oversikt og trygg lek i nærheten av voksne. Denne plassen er avgrenset med en 40 cm høy benk og kan inneholde faste leker for småbarn.

— Referanser




CoFuFun Plaza
Nendo




Spun chair
Thomas Heatherwick studio

Objekt
08

“VÆRTÅRN”



— Dimensjon




— Beskrivelse

Værtårnet produserer vindenergi og registrerer klimarelatert data. Samlet energi utløser effekter i form av lys og effekter. Tårnet kan soluret med en kalenderfunksjon gjennom markering av årstider og data

— Referanser




Luft Tre
Ecosistema Urbano
Expo Shanghai 2010




Vindturbin Observasjonstårn
Michael Jantzen

“LYS SKOG”



— Dimensjon



— Beskrivelse

Lysskogen er utrustet med «Pavegen» gulvflater som samler kinetisk energi fra fotsteg. Her kan brukere trække frem lyseffekter og bidra til solplassens lysstyrke uansett vær. Lyspinner konstruert av fiberrør utgjør skogen som også blir et sterkt romlig element.

— Referanser




Urban Light
Chris Burden
Los Angeles




Le Bassin
Takis
Paris

Pavegen



“PLANTEKASSER”



— Dimensjon

(Dimensjoner varierer)

— **Beskrivelse**

Innenfor det sirkulære mønsteret integreres 3 ulike typer av plantekasser. I kassene plantes robuste, vintergrønne stedegne planter som trenger lite vedlikehold. Vegetasjon må også være av slik art den kan være romdannende på plassen, strategisk plassert slik at de skjermer for vind og vær. Plantetyper kan være:

A) Lavt gras/ Mose - lokale plantearter som sjelden er brukt i bysammenheng.

B) Lav Busk/lyng - bidrar med farger og reflekterer sesonger

C) Høy busk –romdannende planter som skjermer godt.

— **Referanser**




Plantekasser i betong



Sky garden
MVRDV
Seoul

II. BELYSNING



Belysning:
Lyskonsept er basert på 3 overordnede prinsipper. 1) Gulv 2) Objekter 3) Plasser

- 1) Lys er integrert i gulvet og framhever de viktigste traseene. Lys kan evt. programmeres for å variere over året eller i forhold til evenement.
- 2) Utvalgte objekter har egne lyskonsepter som framhever funksjon/aktivitet eller objektets karakter.
- 3) Utvalgte aktivitetsplasser får spotlight som kan justeres etter behov.




01


Eksempler på lys integrert i gulv



02



03



04



05

Eksempler på objekter med egne lyskonsepter



06



07



08



09

Eksempler på plasser med spotlight

**Herøy kommune**

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>**Offentlig høring - hørings svar**

Innsender		
Innsender er: Privatperson		
Fornavn og ev. mellomnavn Kristin	Etternavn Tysse	
Adresse Myklebustvegen 26	Postnr. 6092	Poststed Fosnavåg
E-postadresse oliversnorri@gmail.com		Mobilnr. 91177932

Saken gjelder
Hvilken sak vil du uttale deg om? Omregulering frå parkering til park/leik
Saksnr. 2013/519
Høringssvar Ser ikke heilt vitsen med å gjøre detta når ungene ikke er interessert i å leke dar. Dem syns det er for uspenning. Så var parken i fjor sommer ikke laget etter de strenge sikkerhetskrava som er for en leikeplass/park. Ser ikke det som trygt å la ungene leike dar og barna syns det var uspenning og så ble de fleste leikene ødelagte med engang eller tatt. Kan like godt bare la det fortsette å være parkeringsplass. Så vis dere heller ikke har merket det så er det alle fleste dager i året fullt på alle parkeringsplasser i sentrum. Spar heller pengene til noe annet. Eller lag en sikkert leikeplass/park som står året rundt og helst inngjerdet med sikklige leikeapparater som for eksempel de har laget i huldalen.

Dokumentasjon		
Beskrivelse	Last opp dokumentasjon	Ettersendes per post

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Dokumentsenter og politisk sekretariat

Saksnr
2013/519

Arkivkode
L05

Dato
12.05.2017

UTTALE FRÅ ELDRERÅDET 08.05.17

Eldrerådet støttar oppstart av reguleringsplanarbeid, Solparken. Omregulering av parkering til park/leik ved Valaker, Fosnavåg sentrum.

I tilrådinga sitt punkt 3, ber Eldrerådet om at eldre vert tatt med i vurderinga av tilrettelegginga av parken. Eldrerådet har tidlegare peika på at forhold for eldre ikkje er med i dei gjennomgåande perspektiva i kommuneplanen, og ber om at eldre/funksjonshemma sine behov og synspunkt vert ivaretatt.



Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
17/73355-2

Dykkar referanse:
2013/519

Vår dato:
01.06.2017

Herøy kommune – Omregulering frå parkering til park / leik i Fosnavåg sentrum – Varsel om oppstart – Uttale

Viser til brev av 19.5.2017 frå Herøy kommune.

Vi har ingen særskild merknad og/eller innspel til varsla reguleringsarbeid.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/519	19.05.2017	62037/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	26.05.2017


Herøy kommune - områderegulering - reguleringsplan - frå parkering til park/leik i Fosnavåg sentrum - fråsegn ved varsel om oppstart

Vi meiner det er veldig positivt at det blir lagt til rette for leikeplass i sentrum, på ein lun plass ved kafé, og framfor rådhuset. Dette området vil kunne bli ein viktig møteplass i Fosnavåg sentrum, og vi håper ein legg opp til eit innhald slik at ein kan møtast på tvers av generasjonar og kulturar. Vi viser elles til merknader frå kulturavdelinga og rår til at ein tar med deira synspunkt i den vidare planlegginga. Her bør ein nytte høve til å sjå områda i ein samanheng. Uansett alternativ må ein ta omsyn til trafikksikkerheit for dei mjuke trafikantane i området kring park/leikeplass.

Kulturminne frå nyare tid

Frå trappa på rådhuset er det ein akse mellom bygningane fram til vågen, med avslutting i ei brygge. Aksen er ein gangakse som går over ein annan uteplass nede ved kjøpesenteret ved vågen. I samband med istandsettinga av plassen er aksen verd å dyrke vidare til ein hyggeleg gangpassasje med kvalitetar. Han bør ha noko preg av einskap i detaljar slik at han vert synleggjort.

Rådhuset i Herøy er eit "hyggeleg" bygg med flott trapp inn til servicetorg rett innanfor. Vi har foreslått å ta med rådhuset i lokal kulturminneplan for å vere medviten kvalitetane i framtidig planlegging i Fosnavåg. Fosnavåg er ein stad som i stor grad har vakse fram etter at båtar fekk motor, etter den store sildefisketida frå kring 1900 til ca 1950, og vidare med Voldnes fabrikkar til moderne shipping. Slik har Fosnavåg ei fortetta samling av norgeshistoria med utvikling frå eit ganske fattig land, med modernisering til eitt av verdas rikaste land på om lag 100 år. Framveksten av eit samfunn med fordeling av gode til folk flest, med relativt streng offentleg styring utan maktdemonstrasjon er ein del av dette. Rådhuset er ikkje eit «paradebygg», men har offentlege tilgjengelege tenester til folk flest i eit nøkternt, lett tilgjengeleg bygg.



Grøn pil syner passasjen.

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til merknader ovanfor.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar:

Kulturminne frå nyare tid: rådgivar kulturvern Toril Moltubakk, tlf. 71 28 03 37

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Herøy kommune

Postboks 274

6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
27 JUNI 2017	

SAKSNR. 2013/519 - Omregulering frå parkering til park/ leik i Fosnavåg sentrum

Vi viser til tilsendt informasjon og teikningar for dei nye planane kommunen har for parkeringsområdet som ligg inntil vår eigedom. For oss kan det sjå ut til at desse planane vil kome i konflikt med visse mulegheiter til å utvikle Ekko Eigedom. Vi vil nedanfor få informere litt om våre planar og foreslår ei løysing som vi trur er i kommunen si interesse i den vidare utviklinga av sentrum.

Vi har bl.a. planar om å sette inn vindauge på veggen mot denne nye parken og vi ser at dette kan kome i konflikt med taket som kommunen vil ha sett opp i dette området inntil vårt hus. Planane kjem også i konflikt med våre biloppstillingsplassar.

Kommunen planlegg å ha eit tak over den delen av plassen som ligg nærmast Ekko Eigedom. Vi vil anta at eit slikt tak vil bli plassert forholdsvis høgt oppe og kanskje til og med hindre oss i å sette inn vindauge i 2. etasje. Sjølv om det skulle bli ei klaring mellom vindauga og dette taket, vil det utgjere ei stor forringing av utsynet for dei som skal bruke denne delen av bygget. Å måtte ha eit tak heilt inntil vindaugget, er lite triveleg. Vi gjer merksam på at vi allereie har søkt kommunen om denne fasadeendringa og fått medhald.

I denne samanheng vil vi få trekke inn eit anna moment som inngår i våre planar for Ekko Eigedom. Det er for mange år sidan blitt søkt om og vi fekk løyve til å sette opp ei lang garasje for 3 bilar med gjennomkøyring – altså utkøyring i begge endane. Denne er tenkt sett opp på den delen av eigedomen vår som ligg mellom vårt bygg og Nordea. Her eig vi halve breidda av gangvegen (i husets lengde) og vi nyttar i dag dette arealet til biloppstillingsplassar for oss og vår leigetakar. Her må ofte den bilen som står lengst framme mot parkeringsplassen, køyre ut via denne plassen de no vil gjere om til park. Det vil kanskje føre til at det blir umuleg å køyre denne vegen med desse planane de har for plassen. Dersom vi skulle kunne realisere planane om ei gjennomgåande garasje for 3 bilar, må vi ha ei mulegheit til å køyre ut av denne frå begge endane. Og det kan verte vanskelegare å kome seg til offentleg veg for den bilen som står inst mot plassen.

Vi har tenkt litt over dette problemet og har kome fram til ei løysing som vi håper kommunen vil vurdere. Etter vår meining vil dette vere ei god løysing også for kommunen og sentrumsutviklinga totalt sett.

For oss kunne det vere greitt nok å ha denne garasjen på veggen mot parkeringsplassen. Dersom vi kan ha innkøyring i begge endane (altså 2 garasjar), slepp ein å køyre over den nye parken til Rådhusgata. Vi tenker oss altså at innkøyring i eine garasjen vil vere ved sidan av dagens garasje mot Rådhusgata, medan innkøyringa til den andre garasjen må vere på hjørnet mot Nordea og parkeringsplassen. I denne enden må vi få køyre ut i Kjøpmannsgata via gangvegen. Med denne løysinga vil vi kunne ha ei terrasse på deler av garasjen og får dermed taket som kommunen planlegg, litt unna vindauga på denne veggen. Kommunen kan då få feste taket inntil denne garasjen. Denne planen omfattar, som ein forstår, eit makebyte mellom kommunen og Ekko Eigedom. Sjølv om denne løysinga ikkje er heilt ideell for oss, vi får garasje plass til 2 bilar og ikkje 3, som i opprinneleg plan, og taket kommunen planlegg vil berre bli flytta litt ifrå veggen vår og vindauga som skal inn her. Men vi har tenkt at vi kan greie oss med desse løysingane.

Med ei slik ordning får vi også ein annan fordel for sentrumsutviklinga. Kommunen får ei betre løysing for gangvegen. Den vil då få same breidde heilt fram til Kjøpmannsgata. Vi må berre ha ei løyve til å nytte gangvegen mellom oss og Nordea for å køyre til og frå garasjen /Kjøpmannsgata.

Vi går ut ifrå at kommunen er interessert i at eigedomane i sentrum kan bli utnytta. Våre planar omfattar å nytte huset både til næringsverksemd og bueningar. Utan denne justeringa av kommunen sine planar, vil det vere store problem for oss å gjennomføre våre planar. Kommunen vil i neste omgong krevje at vi sørger for parkering for brukarane av huset, og då er det viktig at parkeringsforholda til eigedomen ikkje blir forringa i den prosessen kommunen er inne i no.

Vi reknar med at kommunen forstår vårt syn i saka og at vi vil finne fram til gode løysingar for begge partar.

Med helsing

Ekko Eigedom



Jon-Arne Lillebø



Karen Lillebø



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Herj nr.	Saksbe K
30 JUNI 2017	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J.M.	Eks. nr.
Klassasjon	

Herøy kommune Omregulering - reguleringsplan frå parkering til park / leik i Fosnavåg sentrum

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Saka gjeld oppstart reguleringsplan for å omregulere føremål parkeringsplass og gang-/sykkelveg til føremål offentleg parkområde/leik. Området utgjør om lag 1,5 dekar.

Barn og unge/folkehelse

Det er gjort greie for at parken skal appellere til alle brukargrupper i alder og funksjon. Parkar og friområder fungerer som møteplassar, der ein både kan vere fysisk aktive og oppleve sosial kontakt. Vi applauderer Herøy kommune sin vilje til å prioritere område for park/leik innanfor sentrum av Fosnavåg.

Universell utforming

Det går fram av oppstartsmeldinga at plassen skal vere ein god stad også for rørslehemma og synshemma, slik at gangveg- og stisamanhengar i parken må vere tilrettelagt for rullestolavhengige. Vi er nøgde med at dette leggst til grunn for planen.

KONKLUSJON:

Tiltaket vil truleg bidra til at det blir meir folkeliv i sentrum av Fosnavåg, og gjere staden meir attraktiv for menneske i alle aldrar. Vi viser elles til miljødirektoratet sin veileder M100-2014 – Planlegging av grønstruktur i byer og tettsteder, som kanskje kan gi gode innspel i planprosessen vidare.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 19.07.2017 08:28:11
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Omregulering frå parkering til park/leik, 2013/519

Fra: Gudrun Remøy [<mailto:post@gudrunremoy.no>]
Sendt: 16. juli 2017 23:04
Til: postmottak
Emne: Omregulering frå parkering til park/leik, 2013/519

På vegne av Fortuna AS legg vi med dette inn ein protest på omregulering av parkeringsplass til park.
Slik vi ser det blir eigedomen vesentlig forringa utan parkeringsplass. Som vi tidlegare har uttrykt blir det svert vanskeleg å drive både butikk- og kafédrift i lokala. Dette vil gå hardest utover Valaker som er heilt avhengig av at kundane får parkere nærast mogeleg. Konditoriet blir dagleg nytta av mange eldre og personar med bevegelseshemmingar. I verste fall vil Fosnavåg miste ein kjærkommen samlingsplass for både lokale og tilreisande.
Som eit kompromiss foreslår vi at halvparten av parkeringsplassen blir omgjort til park og resten forblir parkering.

Med vennleg helsing
Perry Remøy



Stab

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2017/547
		Arkiv:	440

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
33/17	Arbeidsmiljøutvalet	27.11.2017
211/17	Formannskapet	28.11.2017
	Kommunestyret	14.12.2017

RAPPORT VEDKOMANDE RESULTAT OG EVALUERING AV 10-FAKTOR 2017 I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 27.11.2017

Rapporten vert teken til vitande.

Tilråding:

Rapporten vert teken til vitande.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudverneombod
- Hovudtillitsvalde

Vedlegg:

- Rapport vedkomande resultat og evaluering av 10-FAKTOR 2017 i Herøy kommune
- Tilsegn OU-mildar
- Gjennomføring av 10-FAKTOR og leiarutviklingsprogram 2017

Samandrag av saka:

Herøy kommune gjennomførte KS sin 10-FAKTOR medarbeidarundersøking i mai 2017 og eit tre dagar langt leiarutviklingsprogram. Prosjektplanen for gjennomføringa vart handsama i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) den 10. mai. 2017 sak 15/17.

Saksopplysningar:

Utgangspunktet for gjennomføringa av 10-FAKTOR medarbeidarundersøkinga var bl.a. hovudmåla i Herøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk.

Med måla i arbeidsgjevarpolitikken som grunnlag, har ein i leiarutviklingsprogrammet jobba med å:

- skape forståing av 10-FAKTOR som utviklingsverky, partane sine roller, sikre deltaking, gjennomføring og oppfylging i organisasjonen
- gje kunnskap om oppfølging av resultat, innføring i analyseverky og identifisere realistiske mål og tiltak
- etablere 10-FAKTOR som verky for å jobbe med kvalitet, arbeidsmiljø og effektivitet i organisasjonen

Rådmannen bestemte at arbeidet med 10-FAKTOR skulle evaluerast, for bl.a. å samle kunnskap om prosess, gjennomføring og resultat.

Det vert synt til evalueringsrapporten og andre vedlegg i sin heilskap.

Vurdering og konklusjon:

Det vert synt til evalueringsrapporten og andre vedlegg i sin heilskap.

Fosnavåg, 09.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad


Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Rådmann

Kommunalsjef Stab

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

RAPPORT VEDKOMANDNE RESULTAT OG EVALUERING AV 10-FAKTOR I 2017



HERØY KOMMUNE

10.11.2017

Herøy kommune gjennomførte KS sin 10-FAKTOR medarbeidarundersøking i mai 2017 og eit tre dagar langt leiarutviklingsprogram. Prosjektplanen for gjennomføringa vart handsama i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) den 10. mai. 2017 sak 15/17.

Utgangspunktet for gjennomføringa av 10-FAKTOR medarbeidarundersøkinga var bl.a. hovudmåla i Herøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk:

- *gje uttrykk for dei strategiar kommunen vel i arbeidet med å tilby riktige tenester med rett kvalitet gjennom effektiv ressursbruk*
- *fremje medarbeidarane sitt engasjement, innsats og utvikling*
- *fremje gjensidig respekt og lojalitet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar*

Med måla i arbeidsgjevarpolitikken som grunnlag, har ein i leiarutviklingsprogrammet jobba med å:

- skape forståing av 10-FAKTOR som utviklingsverktøy, partane sine roller, sikre deltaking, gjennomføring og oppfylgning i organisasjonen
- gje kunnskap om oppfølging av resultat, innføring i analyseverky og identifisere realistiske mål og tiltak
- etablere 10-FAKTOR som verky for å jobbe med kvalitet, arbeidsmiljø og effektivitet i organisasjonen

Rådmannen bestemte at arbeidet med 10-FAKTOR skulle evaluerast, for bl.a. å samle kunnskap om prosess, gjennomføring og resultat.

I nærværande rapport vert fylgjande delar av 10-FAKTOR-projektet evaluert:

1. Prosjektplan for 10-FAKTOR
2. Resultat 10-FAKTOR medarbeidarundersøking
3. Gjennomføringa av 10-FAKTOR medarbeidarundersøking
4. 10-FAKTOR leiarutviklingsprogrammet

1. Prosjektplan for 10-FAKTOR

Stab ved Personal- og organisasjonsavdelinga fekk oppdraget med å syte for planlegging, opplæring og gjennomføring av 10-FAKTOR i Herøy kommune. Det vart i den samanheng utarbeidd ein prosjektplan, sjå vedlegg «Gjennomføring av 10-FAKTOR og leiarutviklingsprogram 2017».

1.1. Status

	Tiltak/Aktivitet	Tidspunkt	Gjennomføring	Ansvarleg	Status
1	Forankringsfasen: 10-faktor vert gjort kjent i organisasjonen og det er skapt ein felles forståing for mål og hensikt				
A	Informasjon og diskusjon om verktøyet	2016/2017	I rådmannen si leiargruppe og Kontaktutvalet	Kommunalsjef Stab	Gjennomført
B	Avspark med Linda Lai i Ørsta	8. mars	Leiarar og hovudtillitsvalde deltek på samling	Kommunalsjef Stab	Gjennomført
C	Telefonmøte med KS-konsulentane	13. mars	Kommunalsjef Stab og personalkonsulent	Kommunalsjef Stab	Gjennomført
D	Informasjon ut i organisasjonen	Mars/april	Informasjon til alle medarbeidarar personalmøte i sektorane eller liknande	Kommunalsjefar, mellomleiarar og tillitsvalde	Gjennomført
E	Teknisk opplæring ved Kommuneforlaget	23. mars	Kommunalsjef Stab, og tilsette ved Personal- og organisasjonsavdelinga og IKT-avdelinga tek del	Kommunalsjef Stab	Gjennomført
F	Leiarsamling 1 med KS-konsulent, sjå vedlegg	31. mars	Rådmann, kommunalsjefar, mellomleiarar, HTV og HVO	Kommunalsjef Stab	Gjennomført
2	Gjennomføringsfasen: Gjennomføring av 10-faktor medarbeidarundersøking og leiarutviklingsprogram				
A	Innsamling av e-postar	Veke 14	Leiarane sender naudsynt informasjon/liste til Ann Kristin Eiken	Leiarane og personal- og organisasjonsavdelinga	Gjennomført
B	Struktur i datasystemet og leggje inn e-postadresser	5., 6. og 7 april	Byggje opp struktur KF i systemet, leggje inn start og stoppdato	Kommunalsjef Stab og personal- og organisasjonsavdelinga	Gjennomført
C	Forankring i avdelingane	April	Informasjon til medarbeidarane	Leiarane	Gjennomført
D	Informasjon til alle tilsette	Veke 16/17	Sende ut informasjonsskriv til alle og info på intranett	Kommunalsjef Stab	Gjennomført
E	Utsending av 10-faktor medarbeidarundersøking	2. mai (2. til 16. mai)	E-post med lenkje til undersøkinga	Kommunalsjef Stab og personal- og organisasjonsavdelinga	Gjennomført
F	Sende purring	5., 10. og 15. mai	Leggje inn purring til dei som ikkje har svart	Kommunalsjef Stab og personal- og organisasjonsavdelinga	Gjennomført
G	Orientering og forankring i AMU	10 mai	Presentasjon og informasjon om 10-faktor og medarbeidarundersøkinga	Kommunalsjef Stab	Gjennomført
H	Utsending av rapportar	Veke 23	Ta ut rapportar til alle leiarar	Kommunalsjef Stab og personal- og organisasjonsavdelinga	Gjennomført
3	Oppfølgingsfasen: Oppfølging av resultat gjennom dialog, samarbeid og gode prosessar ute i organisasjonen				
A	Leiarsamling 2 med KS-konsulent, sjå vedlegg	28. august	Rådmann, kommunalsjefar, mellomleiarar, HTV og HVO. Oppfølging av resultat, verktøy for analyse	Kommunalsjef Stab	Gjennomført
B	Presentasjon og handsaming av resultat i Kontaktutvalet	30. august	Kontaktutvalet analyserer og drøftar resultatet	Kontaktutvalet og kommunalsjefar	Gjennomført
C	Presentasjon og handsaming av lokalt resultat i kvar sektor/avdeling	September	Analyse, dialog og prosess	Kommunalsjefar, leiarar og tillitsvalde	Under arbeid
D	Utarbeiding av lokal HMS-plan (tiltaksplan)	Oktober	Utarbeiding av lokale tiltak på bakgrunn av resultatet sektoren/avdelinga	Leiarar og tillitsvalde	Under arbeid

E	Leiarsamling 3 med KS-konsulent, sjå vedlegg	24. oktober	Rådmann, kommunalsjefar, mellomleiarar, HTV og HVO. 10-faktor som verkty i høve kvalitet, arbeidsmiljø og ressursbruk.	Kommunalsjef Stab og personal- og organisasjonsavdelinga	Gjennomført
F	Leggje fram resultat av 10-faktor for AMU, formannskap og kommunestyre	November/ desember	Resultat skal rapporterast på overordna nivå	Rådmannen	Gjennomført
G	Evaluering av 10-faktorprosessen i sak til AMU	November/ desember	Resultat skal rapporterast på overordna nivå	Rådmannen	Gjennomført

1.2. Oppsummering

Rådmannen såg tidleg i førebuinga at det var naudsynt med ei god forankring, planlegging, prosess og opplæring. Eit så pass omfattande prosjekt har sjølv sagt vore krevjande, både med tanke på økonomi, tid og menneskelege ressursar. Prosjektplanen, med klåre milepålar og aktivitetar, har i den samanheng vore til god hjelp både for utførarar av prosessen og deltakarane. Personal- og organisasjonsavdelinga melder at gjennomføringa å gått i tråd med prosjektplan. Det har likevel vore krevjande for organisasjonen å få tid til å utføre alle arbeidsoppgåvene i prosjektet, i tillegg til dei daglege oppgåvene.

Herøy kommune søkte KS om OU-midlar for prosjektet og har fått tilsegn på 195 500,- kroner til gjennomføringa, sjå vedlegg «Tilsegn OU-midlar».

Personal- og organisasjonsavdelinga, som praktisk gjennomførte undersøkinga, meiner det var avgjerande viktig at det vart gjennomført teknisk opplæring, ved konsulent frå Kommuneforlaget. Dette gav nyttig kunnskap om oppbygginga, gjorde det lettare å sette opp undersøkinga og svare på praktiske spørsmål under vegs.

Det er i seg sjølv positivt at den utvida leiargruppa i Herøy kommune samlast og arbeider i lag med felles utfordringar, prosessverktøy og mål. Dette er med på å skape og styrkje «vikjensla».

Status per dags dato er at det vert arbeidd med å analysere resultat og utarbeide konkrete tiltak i sektorane, avdelingane og seksjonane. Det er i arbeidsprosessen viktig å syte for god dialog og medverknad, og inkludere tillitsvalde og vernetenesta so langt dette praktisk let seg gjere.

KS konsulent har gjeve Herøy kommune gode tilbakemeldingar vedkomande prosjektet, både knytt til planlegging, gjennomføring og evaluering.

Konklusjon: Prosjektet har vore krevjande for organisasjonen, men prosjektplanen har vore eit godt reiskap. Gjennomføringa har i all hovudsak gått som planlagt. Rådmannen ser det ikkje som naudsynt med ein like omfattande prosess ved neste gjennomføring av 10-FAKTOR medarbeidarundersøking. Dette av di organisasjonen bl.a. kan nytte allereie utarbeidde planar og tileigna kompetanse m.m.

2. Resultat av 10-FAKTOR medarbeidarundersøking

10-FAKTOR er ei heilt ny medarbeidarundersøking som er utvikla av KS i samarbeid med professor Linda Lai, ved Institutt for ledelse og organisasjon ved Handelshøyskolen BI i Oslo. 10-FAKTOR er spesielt tilpassa norske kommunar og fylkeskommunar. 10-FAKTOR er ei kort og konkret undersøking, der medarbeidar og leiar svarer ved å ta stilling til i alt 36 påstandar, dvs. tre til fem påstandar for kvar av dei ti faktorane. Svarskalaen er fem-delt, frå «svært ueinig» til «svært einig».

10-FAKTOR er:

- Forskingsbasert: kva som er viktige innsatsfaktorar for å oppnå gode resultat.
- Konkret og avgrensa: ti faktorar som er dokumentert viktige. Det skal ta kort tid å svare på undersøkinga.
- Både medarbeidarskaps- og leiingsorientert: fangar opp viktige faktorar på medarbeidar-, gruppe-, organisasjons- og leiarnivå.
- Utviklingsorientert: måler faktorar som leiar og medarbeidar kan påverke, og som skal danne grunnlag for medarbeidar-, organisasjons- og leiarutvikling.

2.1. Presentasjon av resultat og deltaking for Herøy kommune samla sett

Faktor	Namn på faktor	Herøy kommune	Landssnitt for alle einingar som er registrert som: Kommune	Forklaring av faktor
Faktor 1	Oppgåvemotivasjon	4,2	4,2	Motivasjonen for oppgåvene i seg sjølv, det vil si om oppgåvene vert opplevd som ein drivkraft og som spanande og stimulerande. (Også kalla indre jobbmotivasjon)
Faktor 2	Mestringstru	4,2	4,3	Mestringstru speglar kvar einiskild medarbeidar si tiltru til eigen kompetanse og moglegheit til å meistre utfordringar i jobbsamanhang.
Faktor 3	Sjølvstende	4,1	4,2	Medarbeidaren si oppleving av å ha moglegheit til å jobbe sjølvstendig og gjere eigne vurderingar i jobben, basert på eigen kompetanse, og innan ein definert jobbrolle.
Faktor 4	Bruk av kompetanse	4,1	4,2	Medarbeidaren si oppleving av å få brukt eigen jobbrelevante kompetanse på ein god måte i sin jobb.
Faktor 5	Meistringorientert leiing	3,8	3,9	Leiing som vektlegg at den einskilde medarbeidar skal få utvikle seg og bli best mogleg ut frå sine eigne føresetnader, slik at medarbeidaren opplever mestring og yter sitt beste.
Faktor 6	Rolleklårheit	4,1	4,2	Høg rolleklårheit inneber at forventningane til den jobben medarbeidaren skal gjere er tydeleg definert og kommunisert.
Faktor 7	Relevant kompetanseutvikling	3,5	3,7	Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidar til ein kvar tid er best mogleg rusta til å utføre sine oppgåver med høg kvalitet, og er avgjerande for kvaliteten på de teneste som vert levert, uansett kva for type teneste vi snakkar om.
Faktor 8	Fleksibilitetsvilje	4,4	4,4	Medarbeidaren sin vilje til å vere fleksibel på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til nye behov og krav.
Faktor 9	Mestringsklima	3,9	4,0	I eit mestringsklima vert medarbeidarane motivert av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode, framfor å rivalisere om å bli best.
Faktor 10	Nytteorientert motivasjon	4,5	4,6	Motivasjon for å gjere noko nyttig og verdifullt for andre, også kalla prososial motivasjon, er ein viktig drivkraft for mange og har ein rekke godt dokumenterte, positive effektar.
	Snitt:	4,1	4,2	

	Planlagte svar	Svar	Svarprosent
10-FAKTOR	991	672	68
Kommunalsjefer	4	4	100
Sektor Helse og Omsorg	548	341	62
Sektor Oppvekst	274	203	74
Sektor Samfunnsutvikling	73	58	79
Sektor Stab	92	66	72

2.2. Oppsummering

Om resultatet:

Herøy kommune står fram som ei gjennomsnittskommune samanlikna med nasjonale resultat. Dett er vi ikkje er nøgd med, all den tid visjonen er å vere «ei båtlengd føre».

Det er mest truleg mange grunnar og forklaringar på det samla resultatet. Arbeidsgjevar trur at det er tre høve som særskilt kan ha gjort seg gjeldande:

a) Over tid har organisasjonen utvikla seg organisatorisk ulikt og med ulikt fokus:

Dei siste par-tre åra har det vore rimeleg klart at organisasjonen lenge har vore mogen for ei omorganisering. Sidan tidleg på 2000-talet har Herøy kommune vore organisert etter ein flat struktur, med mellom 12-14 leiarar i rådmannen si leiargruppe. Grunngevinga var eit ynskje om ei tettare oppfylging og fokus på tenesteleveranse og brukarane. Denne flate organisasjonsmodellen har truleg ført til at avdelingane har prioritert og fokusert ulikt, ut i frå sine faglege utfordringar, ressursar og tenester m.m. Dette kan på den eine sida vere positivt, men på den andre sida kan det over tid utvikle seg til eigne kulturar og «organisasjonar i organisasjonen». Det vert vanskelegare å ha ein heilskapleg og strategisk styring av heile organisasjonen, og ein kan få framvekst av «dei og oss» mentalitet.

b) Relativt lang omorganiseringsperiode frå januar 2016 til dags dato:

Det kan vere grunn til å tru at den langvarige omorganiseringsprosessen også har kome til uttrykk i undersøkinga. Høve som uvisse kring leiing, endringar og nye arbeidsoppgåver m.m., veit vi kan føre til fall i motivasjon, utryggheit og frustrasjon. I førebuinga av undersøkinga vart dette temaet diskutert både internt og med KS konsulent. Trass dei rådande omstenda meinte arbeidsgjevar at det var viktig å gjennomføre medarbeidarundersøkinga.

c) Manglande fokus på leiar- og medarbeidarskap:

Det er heile 7 år sidan siste medarbeidarundersøking (2010). Berre det å faktisk gjennomføre medarbeidarundersøkingar er med på å skape ei bevisstgjerung og auke fokus på leiar- og medarbeidarskap. Dette vert støtta av medarbeidarane sine meldingar attende, sjå kapittel 3. Medarbeidarundersøkingar er eit viktig premiss og dannar faktagrunnlag for dei strategiske og praktiske tiltak ein organisasjon vel å sette i verk for å fylgje opp og styrkje leiar- og medarbeidarskapen. Vurderingane her har langt på veg støtte i Kommunekompass-undersøkinga Herøy kommune gjorde i 2016, under fokusområde 6) Kommunen som arbeidsgjevar:

Styrker	Utfordringer	Svakheter
<ul style="list-style-type: none"> • Har en helhetlig lønnspolitikk • Flinke til å ta inn lærlinger 	<ul style="list-style-type: none"> • Har en helhetlig og god arbeidsgiverstrategi, men det må arbeides med å forankre denne i organisasjonen • Utvikle og følge opp en overordnet strategi for rekruttering i hele organisasjonen • Oppdatere systematikken når det gjelder medarbeidersamtaler • Oppdatere oversikten over tilgjengelig kompetanse i organisasjonen • Oppdatere kartleggingen og analyse av kompetanse og kompetansebehov i hele organisasjonen • Jobbe systematisk med arbeidsmiljøutvikling i hele organisasjonen • Utvikle et mer helhetlig "friskhetstilbud" til ansatte • Følge opp arbeidet med likestilling i et bredt perspektiv (kjønn, alder, funksjonsnivå, etnisitet) 	<ul style="list-style-type: none"> • Har ikke et system for budsjettering og rapportering av midler avsatt / brukt til kompetanseheving • Kommunen markedsfører seg ikke som en attraktiv arbeidsgiver • Har ikke kultur for å belønne individuelle og gruppers prestasjoner • Gjennomfører ikke systematiske medarbeiderundersøkelser i hele organisasjonen • Gjennomfører ikke lønnsamtaler • Driver ikke med medarbeiderskap • Benytter ikke systematiske metoder for å vurdere og forbedre arbeidsmiljø • Bruker ikke mangfoldet i kommunen som en ressurs i kommunens serviceorganisasjon

Konklusjon: Rådmannen er ikkje nøgd med at Herøy kommune er på gjennomsnittet. Likevel har rådmannen stor tru på at Herøy kommune har sett i verk tiltak, som vil gjere oss betre i stand til å arbeide og styre mot felles målsettingar, t.d. omorganisere, satse på leiarutvikling og medarbeidarperspektivet. Vidare er det sett i gang tiltak for å stryke medverknaden, som t.d. gjennomføring av medarbeidarundersøkinga og HMS-grupper.

Om deltaking:

Herøy kommune har ein svarprosent på 68 %. Medarbeidarundersøkinga var i utgangspunktet open f.o.m. 2. mai t.o.m. 16. mai, men vart forlenga t.o.m. 19. mai. Tilrådinga frå KS konsulent var å halde undersøkinga open i 2 til 3 veker. Staben ved Personal- og organisasjonsavdelinga sende ut 3 påminningar om undersøkinga i løpet av perioden.

Strategien og målet var å gje så mange medarbeidarar som mogleg høve til å ta del på undersøkinga. Undersøkinga vart difor også sendt ut til medarbeidar med små stillingsprosentar og vikarar. Tilbakemeldingane kan tyde på at mange i små stillingar og i vikariat likevel ikkje har svara på undersøkinga. Dette kan bl.a. skuldast at dei ikkje arbeidde i undersøkingsperioden og/eller at det ikkje vart optimalt lagt til rette for å ta del.

Ikkje alle medarbeidarar har dagleg tilgang til datamaskinar. Dette er sjølvstøtt ei utfordring, all den tid undersøkinga går via nettet. Dette i kombinasjon med små stillingsbrøkar, har truleg gjeve utslag på deltakinga i einskilde sektorar og avdelingar. Likevel er det mange leiarar som har gjort ein god jobb med å leggje til rette for deltaking.

Konklusjon: Rådmannen hadde helst sett at fleire tok del i medarbeidarundersøkinga. Undersøking bør difor vare i minst 3 veker, informasjonen til medarbeidarane i førekant må verte betre og det må gjerast meir for å leggje til rette for at fleire medarbeidarar kan ta del. Det bør også vurderast om ein skal sette somme avgrensingar på deltaking, t.d. krav til stillingsprosent eller liknande.


3. Gjennomføringa av 10-FAKTOR medarbeidarundersøking

Etter gjennomføringa av 10-FAKTOR medarbeidarundersøking var det sendt ut ei spørjeundersøking til alle tilsette i Herøy kommune. I undersøkinga vart det stilt 10 spørsmål knytt opp til gjennomføringa av undersøkinga. Medarbeidarane har fått 3-5 svaralternativ per spørsmål. Knappe 200 medarbeidarar har gjeve tilbakemelding. Det er så pass mange som har svara at det gjev ein god indikator på kvar vi har lukkast med, og kva vi bør jobbe meir med ved neste gjennomføring av medarbeidarundersøking.

3.1. Medarbeidarane si oppfatning av gjennomføringa

1) Kva rolle har du i Herøy kommune (arbeidsgjevar)?


187 svar



Det er høvesvis fleire leiarar enn medarbeidarar som har svara på evalueringa. Kring 30-40 leiarar har svara, medan om lag 150 medarbeidarar utan leiarrolle har svara. Sjølv om det er overvekt av leiarar som har svara, relativt sett, er det likevel viktig å merkje seg og ta omsyn til dei tilbakemeldingane som kjem.

2) Tykkjer du det er positivt at arbeidsgjevar gjennomfører medarbeidarundersøkingar?


189 svar



Heile 92 % av dei som svara i Herøy kommune, meiner det er positivt at arbeidsgjevar gjennomfører medarbeidarundersøking. Det er ei ålmann og sams oppfatning, både blant forskarar og partane i arbeidslivet, at medarbeidarundersøkingar vert sett på som eit positivt tiltak i seg sjølv.

3) Kor ofte tykkjer du arbeidsgjevar bør gjennomføre medarbeidarundersøking?


189 svar



Om lag 40 % av medarbeidarane meiner at ein minst bør ha medarbeidarundersøking kvart andre år. Tek ein med dei som ynskjer medarbeidarundersøking kvart år, er godt over 70 % som ynskjer medarbeidarundersøking *minst* kvart andre år. Dette er eit tydeleg signal på at det er behov og ynskjeleg med regelmessig medarbeidarundersøking.

4) Kva er ditt inntrykk av sjølve medarbeidarundersøkinga?


189 svar



Det er over 70 % av medarbeidarane som har eit veldig godt eller godt inntrykk av sjølve 10-FAKTOR medarbeidarundersøkinga. Vi registrere at vel 14 % har eit mindre godt inntrykk. Det kan tyde på at arbeidsgjevar har langt på veg lukkast i å forankre og informere om 10-FAKTOR i organisasjonen, men at det er eit forbedringspotensiale.

5) Fekk du informasjon i førekant eller under gjennomføringa av medarbeidarundersøkinga?

189 svar




Over 60 % melder at dei fekk nok informasjon i samband med medarbeidarundersøkinga. Vel 30 % opplever å ha fått lite eller ingen informasjon. For å nå ut med informasjon til alle i organisasjonen vart det nytta e-post og informasjon på intranett, i tillegg til at leiarane hadde

informasjonsoppdrag på sine respektive arbeidsplassar. Her har vi eit forbettringspotensiale i å sikre at enda fleire medarbeidarar har god og rett informasjon i førekant av undersøkinga.

6) Vart det lagt til rette, frå arbeidsgjevar si side, slik at du kunne svare på medarbeidarundersøkinga?


189 svar



Det er positivt at godt over 50 % av medarbeidarane opplever at det vart lagt til rette for å kunne ta del i medarbeidarundersøkinga. For mange var det heller ikkje naudsynt med særskilt tilrettelegging. Vel 8 % melder at det ikkje vart lagt til rette for deltaking. Arbeidsgjevar må ha som målsetting at det vert lagt til rette for alle medarbeidarar.

7) Trur du medarbeidarundersøkingar kan vere med på sette fokus på arbeidsmiljøarbeidet i Herøy kommune?


189 svar



9 av 10 medarbeidarar har tru på at medarbeidarundersøkingar i seg sjølv er med på å sette fokus på arbeidsmiljøarbeidet. Resultatet er monaleg positivt, men det gjev òg eit klart uttrykk for forventingar. Positiviteten må nyttast som eit momentum i heile organisasjonen i det vidare arbeidet.

8) Trur du medarbeidarundersøkingar kan vere med på betre arbeidsmiljøarbeidet i Herøy kommune?


184 svar



Over 80 % melder at medarbeidarundersøkinga i seg sjølv kan vere med på å betre arbeidsmiljøet. Det vil sei at medarbeidarane i stor grad meiner at medarbeidarundersøkinga har kraft i seg til å vere meir enn ein metodisk innhenting av fakta. Det er også eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med arbeidsmiljøet i heile organisasjonen.

9) Tykkjer du mai månad eit bra tidspunkt å gjennomføre medarbeidarundersøking på?


189 svar



Ein stor del (63 %) av medarbeidarane er samd i at medarbeidarundersøkinga bør gjennomførast fyrste halvår.

10) Vil du ta del om arbeidsgjevar gjennomfører ei ny medarbeidarundersøking?

188 svar



Nesten alle medarbeidarar (94 %) er positive til å ta del neste gong det vert gjennomført medarbeidarundersøking. Dette syner at medarbeidarundersøkinga har stor legitimitet i organisasjonen og at medarbeidarane ynskjer at det vert gjennomført slike undersøkingar. Dette meiner arbeidsgjevar er svært positive signal, som ein vil ta på stort alvor.

3.2. Oppsummering

Tilbakemeldinga frå medarbeidarane syner klart ei positiv haldning til gjennomføring av medarbeidarundersøking (punkt 2 og 10), og at det bør gjennomførast medarbeidarundersøking med få års mellomrom (punkt 3). Heile 7 av 10 medarbeidarar har eit godt inntrykk av 10-FAKTOR medarbeidarundersøkinga (punkt 4). I stor grad har arbeidsgjevar luktast med å informere om og leggje til rette for medarbeidarundersøkinga, men at vi ser at vi kan verte betre (punkt 5 og 6). Over 80 % av medarbeidarane meiner arbeidsmiljøundersøking er ein viktig faktor for å sette fokus på og betre arbeidsmiljøet (punkt 7 og 8).

Konklusjon:

Rådmannen er overtydd om at Herøy kommune må gjennomføre medarbeidarundersøkingar med jamne mellomrom. Tilbakemeldingane i evalueringa stadfester behovet for dette. Det er i den samanheng avgjerande viktig å gje god informasjon i førekant og leggje til rette for at medarbeidar får take del.

4. 10-FAKTOR leiarutviklingsprogrammet

I samband med gjennomføring av 10-FAKTOR medarbeidarundersøking, bestemte rådmannen at dette skulle koplust saman med eit leiarutviklingsprogram. Deltakarane i programmet var leiarar med personalansvar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod.


KS konsulent vart bedne om å lage eit kursopplegg som tok utgangspunkt i 10-FAKTOR medarbeidarundersøkinga og metodikken kring arbeidet med undersøkinga. Leiarutviklingsprogrammet gjekk over 3 dagssamlingar:

Ledersamling nr. 1, 31. mars 2017	Marlen/ Hildegunn
Målgruppe: Rådmann, kommunalsjefer, virksomhetsledere, mellomledere, hovedverneombud og hovedtillitsvalgte.	
Tema: Fokus på forankring, forståelse av 10 FAKTOR som utviklingsverktøy, partene sine roller og bidrag, hvordan den enkelte leder sikrer oppslutning om, gjennomfører og følger opp undersøkelsen i egen avdeling.	
Arbeidsform: Faglige innledninger ved KS-K der teori og praksis kobles til undersøkelsen, i vekslings med egenrefleksjon, gruppe og plenumsarbeid. Idéutveksling rundt hvordan forankringsarbeidet og prosessen kan gjennomføres på egen arbeidsplass.	
Resultat: Ledere, tillitsvalgte og verneombud har fått en felles forståelse av 10-FAKTOR undersøkelsen og hvordan den skal brukes i utviklingsarbeidet på hver arbeidsplass.	
Mellomarbeid: Alle ledere orienterer om undersøkelsen og formålet med den på egen arbeidsplass. Arbeidet gjøres i samråd med tillitsvalgte og verneombud. 10-FAKTOR gjennomføres på alle arbeidsplasser.	
Ledersamling nr. 2, 28. august 2017	Marlen/ Hildegunn
Målgruppe: Rådmann, kommunalsjefer, virksomhetsledere, mellomledere, hovedverneombud og hovedtillitsvalgte.	
Tema: Fokus på oppfølging av resultat, innføring og utprøving av verktøy for analyse, identifisere realistiske mål og tiltak, oppfølging og evaluering.	
Arbeidsform: Korte faglige innledninger ved KS-K i vekslings med egenrefleksjon, gruppe og plenumsarbeid. Erfaringsdeling og idéutveksling underveis. Utprøving av verktøy.	
Resultat: Ledere, tillitsvalgte og verneombud er godt rustet til å ta tak i analyse og oppfølging på egen arbeidsplass når undersøkelsen gjennomføres.	
Mellomarbeid: Resultatene analyseres og følges opp på hver enkelt arbeidsplass.	
Ledersamling nr. 3, 24. oktober 2017	Marlen/ Hildegunn
Målgruppe: Rådmann, kommunalsjefer, virksomhetsledere, mellomledere, hovedverneombud og hovedtillitsvalgte.	
Tema: Fokus på 10 FAKTOR som et verktøy for å jobbe med kvalitet, arbeidsmiljøet og effektivitet i organisasjonen.	
Arbeidsform: Korte faglige innledninger ved KS-K i vekslings med egenrefleksjon, gruppe og plenumsarbeid. Erfaringsdeling. Hvordan kan organisasjonen opprettholde tilstrekkelig trykk på de 10 faktorene som et virkemiddel for å sikre kvalitet og effektivitet i organisasjonen?	
Resultat: Konkrete innspill til hvordan organisasjonen kan nyttiggjøre seg 10 FAKTOR som et integrert verktøy for mestring, kvalitet og effektivitet.	

4.1. Leiarar og tillitsvalde si vurdering av leiarutviklingsprogrammet

1) Kva er di rolle i Herøy kommune?


37 svar



Opp mot 80 % av deltakarane har svara på evalueringsundersøkinga. Det tyder at tilbakemeldingane i stor grad kan seiast å vere representative.

2) Kor mange samlingar tok du del på?


37 svar



Over 75 % av leiarane og dei tillitsvalde tok del på alle samlingane. Det er ein definitiv styrkje og føremon at så mange har teke del på heile samlinga. Dette er viktig for det vidare arbeidet i sektorane. Likevel ser vi at 25 % berre har fått med seg delar av opplæringa. Det kviler eit stort ansvar på desse leiarane å sette seg inn i alt materiale som er delt ut i samband med opplæringa.

3) Tykkjer du opplæringa var relevant og nyttig for deg?


37 svar



Heile 97 % meiner at utviklingsprogrammet var relevant og nyttig. Ein kan trygt konkludere med at arbeidsgjevar og KS konsulent langt på veg har lukkast med innhaldet i programmet.

4) Kva var ditt læringsutbytte?


37 svar



Over 70 % meiner å hatt stort eller veldig stort læringsutbytte, og om lag 30 % melder at dei har hatt noko læringsutbytte. Ein må med eit slikt resultat kunne konkludere med at deltakarane i det vesentlegaste har fått tilført mykje kompetanse. Dette samsvarar godt med tilbakemeldingane i spørsmål 3 og 2.

5) I kor stor grad var det viktig at du hadde opplæring i 10-FAKTOR, då du byrja på analyse- og oppfølgingsarbeidet?


37 svar



På spørsmål om opplæringa var viktig med tanke på analyse- og oppfølgingsarbeidet, svarar over 67 % at dette i veldig eller stor grad var viktig for arbeidet. Resultatet er ikkje overraskande, sidan metodikken var direkte knytt opp til 10-FAKTOR medarbeidarundersøkinga. At 27 % melder at det var noko viktig, kan t.d. skuldast at fleire leiarar og tillitsvalde har tileigna seg likande kompetanse tidlegare, gjennom studie eller kurs. I alle høve syner svara at utviklingsprogrammet var eit viktig og naudsynt tiltak.

6) Trur du at du vil ha nytte av og/eller bruke nokre av metodane du har lært i andre samanhengar seinare?

37 svar




Alle leiarane og dei tillitsvalde som har svarta meiner dei vil, eller mest truleg vil, bruke metodikken dei har lært i andre situasjonar og samanhengar. Dette er monaleg positivt å

registrere. Ein del av grunngjevinga for utviklingsprogrammet var å skape felles forståing, kunnskap og arbeidsmetodar, som ein skal nytte på tvers av organisasjonen. Det handlar om å skape felles kultur.

7) Sett under eit, kva er ditt samla inntrykk av opplæringa i 10-FAKTOR?

37 svar



Heile 92 % av leiarane og dei tillitsvalde har eit positivt inntrykk av opplæringa i 10-FAKTOR.

4.2. Oppsummering

Rådmannen er nøgd med god deltaking på leiarutviklingsprogrammet. Samla sett er tilbakemeldingane veldig positive. Nesten alle meiner at opplæringa var relevant, læringsutbytte stort og ein har samla sett eit godt inntrykk av utviklingsopplegget.

Konklusjonen: Rådmannen konkluderer med at Herøy kommune og KS konsulent i stor grad har lukkast med både innhald og gjennomføringa utviklingsprogrammet. Dette vil danne eit godt fundament for det vidare arbeidet med 10-FAKTOR. Det er naturleg å byggje vidare på same mal og opplegg i det vidare arbeidet med å utvikle gode leiarar.

Fosnavåg den 10. november 2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Kommunalsjef Stab

GJENNOMFØRING AV 10-FAKTOR OG LEIARUTVIKLINGSPROGRAM 2017

Sist oppdatert: 28.03.2017



INNHALD

1. BAKGRUNN OG FORANKRING.....	2
2. 10-FAKTOR SOM UTVIKLINGSVERKTY	4
3. 10-FAKTOR SOM DIALOGVERKTY.....	6
4. ORGANISERING	7
5. MÅL, GJENNOMFØRINGSPLAN OG PROSSES	7
6. VEDLEGG	9

1. BAKGRUNN OG FORANKRING

Arbeidsgjevarpolitikken i Herøy kommune har som hovudmål å:

- gje utrykk for dei strategiar kommunen vel i arbeidet med å tilby riktige tenester med rett kvalitet gjennom effektiv ressursbruk
- fremje medarbeidarane sitt engasjement, innsats og utvikling
- fremje gjensidig respekt og lojalitet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar

Kommunestyret har i K-sak 17/10 vedtatte fylgjande strategi for arbeidsmiljø og tenester:

Arbeidsmiljø

- Utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- Utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelege ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova

Kommunestyret vedtok i 2015 i K-sak 192/16 at Herøy kommune skulle gjennomføre Kommunekompasset og organisatoriske endringar:

«Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen. For å styrke organisasjonen si evne til å gjere dei nødvendige omstillingane, vert leiarutviklingsprogrammet vidareført. Kommunestyret vil også gjennomføre Kommunekompasset».

Ved gjennom av resultatet av Kommunekompasset innanfor fokusområde 6, Kommunen som arbeidsgjevar (fig. 1), har rådmannens leiargruppe kome til at organisasjonen bl.a. skal jobbe med arbeidsgjevarpolitikken, medarbeidarperspektivet og leiarutvikling, gjennom bruk av 10-faktor.

10-faktor og leiarutviklingsprogram har over tid vore tema for diskusjon og drøfting både i rådmannen si leiargruppe og Kontaktutvalet (partsamansett organ bestående av rådmannen, kommunalsjef stab, hovudtillitsvalde og hovudverneombod). Nærverande dokument vart drøfta og endeleg godkjend i rådmannen si leiargruppe den 24.01.17. Dokumentet og gjennomføring av 10-faktor som medarbeidarundersøking og som grunnlag for eit leiarutviklingsprogram er drøfta i Kontaktutval den 25.01.17. Kontaktutvalet er nøgd med at det vert gjennomført medarbeidarundersøking, at det vert lagt opp til at tillitsmannsapparatet vert med på leiarutviklingsprogrammet og at det vert lagt opp til prosess kring medverknad og deltaking i samband med utviklingsarbeid i dei einskilde avdelingane.

fig. 1.

Styrker	Utfordringer	Svakheter
<ul style="list-style-type: none"> ♦ Har en helhetlig lønnspolitikk ♦ Flinker til å ta inn lærlinger 	<ul style="list-style-type: none"> ♦ Har en helhetlig og god arbeidsgiverstrategi, men det må arbeides med å forankre denne i organisasjonen ♦ Utvikle og følge opp en overordnet strategi for rekruttering i hele organisasjonen ♦ Oppdatere systematikken når det gjelder medarbeidersamtaler ♦ Oppdatere oversikten over tilgjengelig kompetanse i organisasjonen ♦ Oppdatere kartleggingen og analyse av kompetanse og kompetansebehov i hele organisasjonen ♦ Jobbe systematisk med arbeidsmiljøutvikling i hele organisasjonen ♦ Utvikle et mer helhetlig "friskhetstilbud" til ansatte ♦ Følge opp arbeidet med likestilling i et bredt perspektiv (kjønn, alder, funksjonsnivå, etnisitet) 	<ul style="list-style-type: none"> ♦ Har ikke et system for budsjettering og rapportering av midler avsatt / brukt til kompetanseheving ♦ Kommunen markedsfører seg ikke som en attraktiv arbeidsgiver ♦ Har ikke kultur for å belønne individuelle og gruppers prestasjoner ♦ Gjennomfører ikke systematiske medarbeiderundersøkelser i hele organisasjonen ♦ Gjennomfører ikke lønnsamtaler ♦ Driver ikke med medarbeiderskap ♦ Benytter ikke systematiske metoder for å vurdere og forbedre arbeidsmiljø ♦ Bruker ikke mangfoldet i kommunen som en ressurs i kommunens serviceorganisasjon

Resultat av Kommunekompasset er tidlegare drøfta og gjennomgått i plenumsmøte med tilsette og med dei tillitsvalde og vernetenesta i vårt Kontaktutval.

Med bakgrunn i gjeldande strategi og dei resultat som kjem fram av Kommunekompasset, har leiding og medarbeidarar blitt samde om å sette i verk fleire utviklingstiltak for å styrkje og betre Herøy kommune som arbeidsgjevar.

Tiltaksplan for 2017:

1. Medarbeidarundersøking 10-faktor
2. Leiarutviklingsprogram i samband med 10-faktor
3. Opplæringsprogram for nytilsette
4. Opplæringsprogram leiarar
5. Gjennomgang og revisjon av arbeidsgjevarpolitikken

2. 10-FAKTOR SOM UTVIKLINGSVERKTY

10-faktor er eit utviklingsverktøy. Resultatet av medarbeidarundersøkinga ynskjer vi å nytte som grunnlag for å utvikle oss på dei områda vi kan verte betre, men samstundes styrkje dei områda vi er god på. Vi ynskjer særskilt å arbeide med å utvikle betre medarbeidarskap og leiarkultur.


Skal vi lukkast med dette, er det avgjerande å analysere resultatet av medarbeidarundersøkinga og sette i verk tiltak organisasjonen har tru på. Det er ein føresetnad at leiarar, tillitsvalde og medarbeidarar ser på oppfølginga som ein del av eit heilskapleg og målretta utviklingsarbeid i organisasjonen som heilskap.

Som ein ser av sektordiagrammet nedanfor (fig. 2) er det estimert at 80% av arbeidet med 10-faktor er knytt til analyse, tiltak og oppfølging.

fig. 2.

Prosentvis fordeling av dei ulike fasane

Kjelde: Marianne Hauan Molstad og Tone Aarum Sæter (2014)



Målsettinga må vere at alle leiarar og medarbeidar tileignar seg kunnskap om og nyttar dei ti faktorane (fig. 3) som grunnlag for sitt vidare utviklingsarbeid.


fig. 3

1. Oppgåvemotivasjon
 - Motivasjon for sjølve oppgåva ("indre motivasjon")
2. Meistringstru
 - Tiltru til eigen jobbkompetanse
3. Sjølvstende
 - Opplevd tillit og høve til å jobbe sjølvstendig ("autonomi")
4. Bruk av kompetanse
 - Opplevd bruk av eigen kompetanse ("kompetansemobilisering")
5. Meistringorientert leiing
 - Leiing med vekt på å gjere medarbeidarane best mogleg ut frå førestnadene sine
6. Rolleklarheit
 - Tydeleg kommuniserte forventningar
7. Relevant kompetanseutvikling
8. Flexibilitetsvilje
 - Vilje til å vere fleksibel på jobb
9. Meistringsklima
 - Kultur for å samarbeide og gjere kvarandre gode
10. Nytteorientert motivasjon
 - Ynske om å medverke til andre si måloppnåing ("prososial motivasjon")



10-faktor vert eit utviklingverty når måling av opplevd arbeid og arbeidsmiljø dannar grunnlag for god dialog og samarbeid, sjå illustrering i fig. 4. Målet for samarbeidet i dei ulike delane og nivå i organisasjonen, skal vere å utvikle et godt og trygt arbeidsmiljø, godt leiarskap og medarbeidarskap og god tenestekvalitet.

fig. 4



3. 10-FAKTOR SOM DIALOGVERKTY

Oppfølgingsarbeidet skal skje i dialog og samarbeid med dei som har teke del i undersøkinga. Det tyder at når resultatet ligg føre skal ein nytte samtalen som verkty for at leiar og medarbeidar skal forstå resultatata og skape ei felles forståing av oppfølging og handling.

Kvar er bra? Kva er mindre bra? Kva skal ein arbeide vidare med? Kva tiltak skal nyttast? Dette er spørsmål som må stillast i kjølvatnet undersøkinga.

Når medarbeidarundersøkinga vert nytta som dialogverkty i samarbeid, vert både leiar og medarbeidar ansvarleg for utviklingsarbeidet, sjå illustrering fig. 5.

Dialogmodellen har fem ulike trinn/nivå som må gjennomførast systematisk frå ein til fem:

- 1.Presentasjon av resultat
- 2.Forankring og innspel
- 3.Val av forbetnings- og bevaringsområde
- 4.Tiltak og framlegg av handlingsplan
- 5.Oppfølging og evaluering

fig. 5



4. ORGANISERING

Det er Personal- og organisasjonsavdelinga som er ansvarleg for gjennomføring av medarbeidarundersøkinga og for å ta ut rapportar. IKT-avdelinga bidreg med datateknisk kompetanse. Det vert gjennomført kurs i regi av Kommuneforlaget for nemnde ressursar den 23. mars.

Alle leiarane med personalansvar må vente seg å ta del i innhenting og rapportering av naudsynt informasjon i høve gjennomføringa. Alle leiarar med personalansvar er ansvarleg for førebuing, forankring og gjennomføring av utviklingsprosessen i etterkant innan for sitt ansvarsområde.

5. MÅL, GJENNOMFØRINGSPLAN OG PROSSES

Mål og delmål for gjennomføring av 10-faktor som medarbeidarundersøking og utviklingsverktøy bygger på Herøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsmiljøstrategi, i tillegg til Kommunekompasset og rådmannen sin utviklingsstrategi.

Hovudmålet er at innan utgangen av 2017 er alle ledd i organisasjonen godt kjend med både innhald og samanhengane mellom dei ulike faktorane utviklingsverktøyet 10-faktor. Dette ved at alle fasane i medarbeidarundersøkinga er gjennomført og den samla prosessen er evaluert.

Delmål 1. Forankring av 10-faktor blant leiarar, tillitsvalde og medarbeidarar

Delmål 2. Gjennomføre 10-faktor medarbeidarundersøking og leiarutviklingsprogram

Delmål 3. Oppfølging av resultat

*Ikkje alle tidspunkt er datofesta.

	Tiltak/Aktivitet	Tidspunkt*	Gjennomføring	Ansvarleg
1	Forankringsfasen: 10-faktor vert gjort kjent i organisasjonen og det er skapt ein felles forståing for mål og hensikt			
A	Informasjon og diskusjon om verktøyet	2016/2017	I rådmannen si leiargruppe og Kontaktutvalet	Kommunalsjef stab
B	Avspark med Linda Lai i Ørsta	8. mars	Leiarar og hovudtillitsvalde deltek på samling	Kommunalsjef stab
C	Telefonmøte med KS-konsulentane	13. mars	Kommunalsjef stab og personalkonsulent	Kommunalsjef stab
D	Informasjon ut i organisasjonen	Mars/april	Informasjon til alle medarbeidarar personalmøte i sektorane eller liknande	Kommunalsjefar, mellomleiarar og tillitsvalde
E	Teknisk opplæring ved Kommuneforlaget	23. mars	Kommunalsjef stab, og tilsette ved Personal- og organisasjonsavdelinga og IKT-avdelinga tek del	Kommunalsjef stab
F	Leiarsamling 1 med KS-konsulent, sjå vedlegg	31. mars	Rådmann, kommunalsjefar, mellomleiarar, HTV og HVO	Kommunalsjef Stab
2	Gjennomføringsfasen: Gjennomføring av 10-faktor medarbeidarundersøking og leiarutviklingsprogram			
A	Innsamling av e-postar	Veke 14	Leiarane sender naudsynt informasjon/liste til Ann Kristin Eiken	Leiarane og personal- og organisasjonsavdelinga
B	Struktur i datasystemet og leggje inn e-postadresser	5. 6. og 7 april	Byggje opp struktur KF i systemet, leggje inn start og stoppdato	Kommunalsjef stab og personal- og organisasjonsavdelinga
C	Forankring i avdelingane	April	Informasjon til tilsette	Leiarane
D	Informasjon til alle tilsette	Veke 16/17	Sende ut informasjonsskriv til alle og info på intranett	Kommunalsjef stab
E	Utsending av 10-faktor medarbeidarundersøking	2. mai (2. til 16. mai)	E-post med lenkje til undersøkinga	Kommunalsjef stab og personal- og organisasjonsavdelinga
F	Sende puring	5. 10. og 15. mai	Leggje inn puring til dei som ikkje har svart	Kommunalsjef stab og personal- og organisasjonsavdelinga

G	Orientering og forankring i AMU	10 mai	Presentasjon og informasjon om 10-faktor og medarbeidarundersøkinga	Kommunalsjef stab
H	Utsending av rapportar	Veke 23	Ta ut rapportar til alle leiarar	Kommunalsjef stab og personal- og organisasjonsavdelinga
3 Oppfølgingsfasen: Oppfølging av resultat gjennom dialog, samarbeid og gode prosessar ute i organisasjonen				
A	Leiarsamling 2 med KS-konsulent, sjå vedlegg	28. august	Rådmann, kommunalsjefar, mellomleiarar, HTV og HVO. Oppfølging av resultat, verkty for analyse	Kommunalsjef Stab
B	Presentasjon og handsaming av resultat i Kontaktutvalet	30. august	Kontaktutvalet analyserer og drøftar resultatet	Kontaktutvalet og kommunalsjefar
C	Presentasjon og handsaming av lokalt resultat i kvar sektor/avdeling	September	Analyse, dialog og prosess	Kommunalsjefar, leiarar og tillitsvalde
D	Utarbeiding av lokal HMS-plan (tiltaksplan)	Oktober	Utarbeiding av lokale tiltak på bakgrunn av resultatet sektoren/avdelinga	Leiarar og tillitsvalde
E	Leiarsamling 3 med KS-konsulent, sjå vedlegg	24. oktober	Rådmann, kommunalsjefar, mellomleiarar, HTV og HVO. 10-faktor som verkty i høve kvalitet, arbeidsmiljø og ressursbruk.	Kommunalsjef stab og personal- og organisasjonsavdelinga
F	Leggje fram resultat av 10-faktor for AMU, formannskap og kommunestyre	November/ desember	Resultat skal rapporterast på overordna nivå	Rådmannen
G	Evaluering av 10-faktorprosessen i sak til AMU	November/ desember	Resultat skal rapporterast på overordna nivå	Rådmannen

Fosnavåg 25. januar 2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmannen

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Kommunalsjef Stab

6. VEDLEGG



Agenda 10-faktor

Målgruppe:

Personer som skal ha det overordnede ansvaret for 10-faktor oftest personer fra personal/HR. I tillegg bør en person delta som har oversikt over hvilke rapporter dere får ut av personalsystemene, eventuelt AD slik at vi kan finne ut hvordan importen av enheter og ansatte bør være hvis vi skal lage/importere en struktur slik dere er organisert. Den personen bør ha god innsikt i excel og inneha en god IT kompetanse

Opplæringen koster kr.13.500,- + mva. og vi beregner ca. 5 timer +/-

- Struktur
 - Gjennomgang av strukturen (import av enheter) eventuelt manull innlegging av enheter
- Gjennomgang av import ansatte (e-post)
- Brukere - Legge inn brukere (Roller)
- Undersøkelse trinn for trinn
 - Vi ser på mulighetene som ligger i systemet som utsending, tilpassing av undersøkelsene, innlegging av e-postadresser osv.
- Rapporter

Ledersamling nr. 1, 31. mars 2017

Marlen/

Målgruppe: Rådmann, kommunalsjefer, virksomhetsledere, mellomledere, hovedverneombud og hovedtillitsvalgte.

Hildegunn

Tema: Fokus på forankring, forståelse av 10 FAKTOR som utviklingsverktøy, partene sine roller og bidrag, hvordan den enkelte leder sikrer oppslutning om, gjennomfører og følger opp undersøkelsen i egen avdeling.

Arbeidsform: Faglige innledninger ved KS-K der teori og praksis kobles til undersøkelsen, i veksling med egenrefleksjon, gruppe og plenumsarbeid. Idéutveksling rundt hvordan forankringsarbeidet og prosessen kan gjennomføres på egen arbeidsplass.

Resultat: Ledere, tillitsvalgte og verneombud har fått en felles forståelse av 10-FAKTOR undersøkelsen og hvordan den skal brukes i utviklingsarbeidet på hver arbeidsplass.

Mellomarbeid: Alle ledere orienterer om undersøkelsen og formålet med den på egen arbeidsplass. Arbeidet gjøres i samråd med tillitsvalgte og verneombud. 10-FAKTOR gjennomføres på alle arbeidsplasser.

Ledersamling nr. 2, 28. august 2017

Marlen/

Målgruppe: Rådmann, kommunalsjefer, virksomhetsledere, mellomledere, hovedverneombud og hovedtillitsvalgte.

Hildegunn

Tema: Fokus på oppfølging av resultat, innføring og utprøving av verktøy for analyse, identifisere realistiske mål og tiltak, oppfølging og evaluering.

Arbeidsform: Korte faglige innledninger ved KS-K i veksling med egenrefleksjon, gruppe og plenumsarbeid. Erfaringsdeling og idéutveksling underveis. Utprøving av verktøy.

Resultat: Ledere, tillitsvalgte og verneombud er godt rustet til å ta tak i analyse og oppfølging på egen arbeidsplass når undersøkelsen gjennomføres.

Mellomarbeid: Resultatene analyseres og følges opp på hver enkelt arbeidsplass.

Ledersamling nr. 3, 24. oktober 2017

Marlen/

Målgruppe: Rådmann, kommunalsjefer, virksomhetsledere, mellomledere, hovedverneombud og hovedtillitsvalgte.

Hildegunn

Tema: Fokus på 10 FAKTOR som et verktøy for å jobbe med kvalitet, arbeidsmiljøet og effektivitet i organisasjonen.

Arbeidsform: Korte faglige innledninger ved KS-K i veksling med egenrefleksjon, gruppe og plenumsarbeid. Erfaringsdeling. Hvordan kan organisasjonen opprettholde tilstrekkelig trykk på de 10 faktorene som et virkemiddel for å sikre kvalitet og effektivitet i organisasjonen?

Resultat: Konkrete innspill til hvordan organisasjonen kan nyttiggjøre seg 10 FAKTOR som et integrert verktøy for mestring, kvalitet og effektivitet.



Peo

Herøy kommune Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Att: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN		Vår referanse:	11/00250-41
2013/1012		Arkivkode:	X70
27 MARS 2017		Saksbehandler:	Marianne Christine Sand
Kode P		Deres referanse:	14.03.2017
Dato:			
Arkiv kode S			
J III		Dok III	
Kassasjon			

Tilsagn om OU-midler - Herøy kommune Møre og Romsdal

Det vises til søknad datert 14.03.17 og e-post datert 14.03.17 om tilskudd fra OU-midlene til opplæring og gjennomføring av 10-Faktor i mars-desember 2017.

Søknaden er behandlet og det gis tilsagn om tilskudd, stort kr. **195 900**.

Tilsagnet gis på de vilkår som er gjort kjent på KS sine internettsider, www.ks.no/ou-midler.

Tilsagnet står ved lag i 12 måneder fra dato og utbetales på bakgrunn av innsendte kopier av kvitteringer som viser kommunens utgifter til denne lederopplæringen.

OU-midlene dekker ikke merverdiavgiften da denne kan søkes dekket via momsrefusjonsordningen for kommunene.

Tor Arne Gangsø
Områdedirektør

Sissel Haugen Daldosso
Rådgiver

Delegerte saker frå avdelingane

DS 30/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 31/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 32/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 33/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 34/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 35/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 17.11.2017 00:00:00

DS 36/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 37/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 17.11.2017 00:00:00

DS 38/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 39/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 40/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 17.11.2017 00:00:00

DS 41/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 42/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 17.11.2017 00:00:00

DS 43/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 44/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 45/17 Tilskot til trus- og livssynssamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 46/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 17.11.2017 00:00:00

DS 47/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 48/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 49/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 50/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 51/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 52/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 53/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 54/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 17.11.2017 00:00:00

DS 55/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 56/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 57/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 17.11.2017 00:00:00

DS 58/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 59/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 60/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 17.11.2017 00:00:00

DS 61/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 62/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 63/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 64/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 17.11.2017 00:00:00

DS 65/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 66/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 15.11.2017 00:00:00

DS 67/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 68/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00

DS 69/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 70/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 20.11.2017 00:00:00

DS 71/17 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2017 15.11.2017 00:00:00